



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2007–2008)

FOR BUDSJETTÅRET 2008

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470

Inntektskapittel: 4510–4550, 5445–5446, 5470 og 5607

Innhold

Del I

Innleiande del 7

1	Fornyng for velferd og verdiskaping	9
1.1	Ein forvaltningspolitikk for betre organisering og leiing	9
1.2	Arbeidstidsordningar	10
1.3	IKT som verkty for fornying og effektivisering	11
1.4	Konkurranse som verkemiddel	13
1.5	Fornyings- og administrasjonsdepartementet si rolle i arbeidet med fornying	14
1.6	Oppmodingsvedtak	14
1.7	Utgifter fordelt på kapittel	15

Del II

Budsjettforslag 19

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar 21

<i>Programkategori 00.10 Det kongelege hus</i>	21
Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga	21
Kap. 2 H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa	22

Programområde 01 Fellesadministrasjon 23

<i>Programkategori 01.00 Administrasjon m.v. ...</i>	23
Kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet	23
Kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde	27
Kap. 1506 Noreg.no	28

Programkategori 01.10 Fylkesmannsembeta ... 29

Kap. 1510 Fylkesmannsembeta	38
Kap. 4510 Fylkesmannsembeta	39

Programkategori 01.20 Forvaltnings- og IKT-utvikling 40

Kap. 1520 Statskonsult	40
Kap. 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT	41
Kap. 4521 Direktoratet for forvaltning og IKT	44

Kap. 1522 Servicesenteret for departementa ..	45
Kap. 4522 Servicesenteret for departementa ..	47
Kap. 1523 Tilskot til kompetanseutvikling	47

Programkategori 01.30 Partistøtte 49

Kap. 1530 Tilskot til dei politiske partia	49
--	----

Programkategori 01.40 Pensjonar m.m. 53

Kap. 1541 Pensjonar av statskassa	55
Kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse ...	55
Kap. 1543 Arbeidsgjevaravgift til folketrygda ..	57
Kap. 1544 Bustadlån for statstilsette	58
Kap. 1546 Yrkesskadeforsikring	59
Kap. 4546 Yrkesskadeforsikring	59
Kap. 1547 Gruppelivsforsikring	60
Kap. 4547 Gruppelivsforsikring	60
Kap. 2470 Statens Pensjonskasse	60
Kap. 5470 Statens Pensjonskasse	64

Kap. 5607 Renter av bustadlånsordninga for statstilsette	64
--	----

Programkategori 01.50 Konkurransepolitikk ... 66

Kap. 1550 Konkurransetilsynet	71
Kap. 4550 Konkurransetilsynet	74

Programkategori 01.60 IKT-politikk 75

Kap. 1560 Spesielle IKT-tiltak	76
Kap. 1561 Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram	82

Kap. 1562 Elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosessar	84
Kap. 1563 IKT-tryggleik	85

Programkategori 01.70 Personvern 86

Kap. 1570 Datatilsynet	86
Kap. 1571 Personvernennemnda	88

Programkategori 01.80 Statsbygg 90

Kap. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigeforeininga	94
Kap. 1581 Eigedomar til kongelege føremål	97
Kap. 4581 Eigedomar til kongelege føremål	98

Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet	98
---	----

Kap. 1583 Utvikling av Pilestredet Park	99
---	----

Kap. 2445 Statsbygg	100
---------------------------	-----

Kap. 5445 Statsbygg	104
---------------------------	-----

Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu	104
---	-----

Del III	
Orienteringar	105
3 Omtale av særlege emne	107
Oppmodingsvedtak nr. 247.....	107
Sektorovergripande miljøvernpolitikk.....	108
Statsbygg	109
Fornyning, organisasjons- og strukturendring i statsforvaltninga	110
Oppfølging av § 1a i likestillingslova	111
Omtale av tilsetjingsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemder	115
Forslag til vedtak om løvving for budsjettåret 2008, kapitla 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470, 4510–4550, 5445–5446, 5470 og 5607	117
Vedlegg 1	
Tal på arbeidstakrar/årsverk i staten per 01.03.2007	125
Vedlegg 2	
Oppgåve frå departementa over konstitueringar i embete og over mellom- belse og oppretta stillingar i perioden 01.07.2006–30.06.2007	151

Figuroversikt

Figur 2.1 Årsverk fordelt etter
departementsområde. 29

Figur 3.1 Tre mål på lønnskilnader mellom
kvinner og menn i staten.
1987–2006. Prosent lågare
timeløn for kvinner 113

Tabelloversikt

Tabell 2.1 Inntekter og utgifter til Pensjonskassa.	56
Tabell 2.2 Balanse Statens Pensjonskasse ..	64
Tabell 2.3 Oppstarta byggjeprosjekt under kap. 1580 (i mill. kr)	95
Tabell 2.4 Ordinære byggjeprosjekt under kap. 2445	102
Tabell 2.5 Statsbyggs balanse	103

Tabell 3.1 Tal årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk 01.10.2002–01.10.2006	112
Tabell 3.2 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiar- stillingar i statleg sektor 2000– 2006	113



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2007–2008)

FOR BUDSJETTÅRET 2008

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470

Inntektskapittel: 4510–4550, 5445–5446, 5470 og 5607

*Tilråding fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 14. september 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

*Del I
Innleiande del*

1 Fornyning for velferd og verdiskaping

Det er ei viktig oppgåve for Regjeringa å styrke, fornye og vidareutvikle velferdssamfunnet. Det trengst ein sterk og effektiv offentleg sektor for å sikre velferda, folk må kunne stole på det offentlege og dei løysingane som det offentlege tilbyr.

Regjeringa sitt mål med fornying av offentleg sektor er å oppnå meir velferd og mindre administrasjon, meir lokal fridom og mindre detaljstyring, jf. Soria Moria-erklaeringa. Regjeringa skal hausten 2007 presentere fornyingsstrategien. Strategien gjev hovudretning for Regjeringa sitt arbeid med fornying av offentleg sektor og skal stimulere til at fornying vert ein naturleg del av det daglege arbeidet i alle offentlege verksemder.

Tre store reformer, NAV-reforma, pensjonsreforma og forvalningsreforma pregar arbeidet med fornying. I tillegg kjem mange tiltak som kvar for seg ikkje er store eller banebrytande. Det er summen av alle tiltaka og ein god heilskap som skapar ein betre offentleg sektor. Det er breidda i arbeidet, at arbeidet held fram og viljen til omstilling og fornying som er avgjerande.

Arbeidet med fornying må samordnast og gjevast ei retning. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvaret for dette og for å sikre at det vert gjort eit aktivt fornyingsarbeid i offentleg sektor.

I arbeidet med å utvikle offentleg sektor skal ynskjer og etterspurnad fra innbyggjarane takast på alvor:

- sommaren 2006 bad Regjeringa om innspel som kunne brukast som ein del av grunnlaget for fornyingsstrategien. Invitasjonen vart sendt til 100 ulike verksemder i privat, offentleg og friviljug sektor og over halvparten kom med innspel
- våren 2007 arrangerte Fornyings- og administrasjonsdepartementet Regjeringa sin innbyggjarkonferanse. Folk fra heile landet vart inviterte til å medverke med sine røynsler i ein dialog med representantar for departementet og andre styresmakter
- med jamne mellomrom vert det halde møte med arbeidstakarorganisasjonane der Fornyings- og administrasjonsdepartementet mellom anna får synspunkt på utviklingstrong, omstillingar osv. Vi får òg innspel fra leiarane i staten, mellom anna gjennom toppleiarkonferansane.

Eit viktig område i Regjeringa sin fornyingsstrategi er at offentleg sektor skal gå føre når det gjeld mangfold, etikk og miljø. Auka deltaking og medverknad frå innbyggjarar og tilsette vil gje betre løysingar. Eit anna hovudelement er å nytte ny teknologi til å legge offentlege tenester og informasjon til rette elektronisk. Når forvaltninga brukar mindre tid og ressursar på rutinemessige førespurnader, vert det òg meir tid til dei som treng det mest. Innbyggjarar som har behov for samansette tenester må få eit heilskapleg tilbod. Eit gjennomgåande omsyn i strategien er at dei tenestene og produkta som offentleg sektor leverer innbyggjarane, skal vere prega av høg kvalitet og effektiv produksjon, men det er ikkje berre kvalitet og effektiv produksjon som medverkar til konkurransesevilkår. Gjennom gode velferdsøysingar medverkar ein sterk offentleg sektor òg til vekst og verdiskaping for norsk næringsliv. Fornyingsstrategien vil innehalde både mål for fornyingsarbeidet og forslag til einskilde tiltak.

I tillegg til det tverrgående fornyingsarbeidet som vil fylgje av fornyingsstrategien, er Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine eigne fagområde: IKT-politikk, konkurransepolitikk, personalpolitikk i staten og forvaltningspolitikk sentrale verkemiddel i fornyingsarbeidet.

1.1 Ein forvaltningspolitikk for betre organisering og leiing

Departementet vil halde fram arbeidet med ei ny plattform for organisering og leiing i staten. I tråd med måla for fornyingsarbeidet skal forvaltninga vere prega av effektivitet, brukarretting, openheit, medverknad og kvalitet. Forvaltningspolitikken skal støtte fornyingsarbeidet og samstundes sørge for at forvaltninga fyller si rolle i det demokratiske systemet i tråd med strenge krav til fagleg kvalitet og rettstryggleik. Dette set store krav til leiarane og til medverknad frå dei tilsette og deira organisjonar.

Eit meir komplekst samfunn og aukande forventingar til offentleg sektor når det gjeld kvalitet i og auka omfang av velferdsgoder, stiller statsforvaltninga framfor store og til dels nye utfordringar. Dei ressursane som vert stilte til disposisjon for offentleg sektor, skal nyttast så effektivt som

mogleg. I Noreg freistar vi å kome fram til organisasjonsutformingar og styringsformer som sikrar samordning, gode arbeidsprosessar, effektiv ressursutnytting og likehandsaming på tvers av sektorar, forvaltningsnivå og organisasjonseiningar.

For å oppnå høveleg organisering, god leiar- skap og effektivitet må ein ofte vege ulike dilemma eller mål opp mot kvarandre, som til dømes:

- folkevald og politisk styring og kontroll med viktige avgjerder, og samstundes delegere mynde nedover i systemet og byggje gode og sterke fagmiljø
- desentralisering av avgjerder til lågast mogleg effektive nivå, og samstundes sikre nasjonale politiske mål, god fordeling, rettstryggleik og likebehandling
- mål- og resultatstyring og god kontroll med ressursbruken innanfor offentleg sektor, og samstundes unngå overrapportering, detaljkontroll og målforskuving
- samordning og heilskaptenking på tvers av sektorar og einingar, og samstundes ha ei klår ansvarsdeling og unngå for kompliserte strukturar og avgjerdssprosesser
- bruk av marknaden og marknadsliknande prin- sipp der det gjev det beste resultatet for samfunnet, og samstundes sikre politisk styring og offentleg ansvar på dei områda der marknaden kjem til kort eller produserer ulikskap, miljøfor- ringing eller andre negative sideeffektar

Korleis desse omsyna skal vektast i valet av organisatoriske og andre verkemiddel, vil variere mellom sektorar og frå oppgåve til oppgåve. Det er samstundes svært viktig at slike kontinuerlege utfordingar vert handsama på ein heilskapleg måte. Vi må sikre at det ikkje er ugrunna variasjon, at like og harmoniserte ordningar vert fremja der det er mogleg, og at ulike delar av forvaltninga kan lære av kvarandre. Det er òg viktig at forvaltninga har eit eige apparat som kan støtte det kontinuerlege utviklingsarbeidet og som kan peike på område der det trengst forbetring. Dette er ein vesentleg årsak for opprettinga av det nye Direktoratet for forvaltning og IKT.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal støtte arbeidet med å sikre at organisatoriske endringar er høvelege. Det skal òg sørge for at det vert utvika og formidla kunnskap om kva for effektar ulike endringar har på sektorpolitikken og korleis alternative organisasjonsutformingar og andre verke- middel fungerer i høve til dei tverrgåande og overordna politiske måla. IKT vil vere eit viktig verke- middel i arbeidet med å betre samhandling og effektivitet i forvaltninga, og gjev òg grunnlag for betre innsyn og openheit i høve til innbyggjarane.

Gjennomføring av forvaltningsreforma inneber at fleire oppgåver skal flyttast frå statleg nivå til folkevalde regionar. På fleire områder må ein difor finne fram til andre samordningsmekanismar og samarbeidsformer mellom stat og region enn i dag. Dette arbeidet vil involvere så vel dei aktuelle fagdepartementa som Fornyings- og administrasjonsdepartementet med det administrative ansvaret departementet har for fylkesmennene og organiseringa av regional stat.

Staten som arbeidsgjevar møter mange utfordingar. Ei stadig satsing på partssamarbeid, medverknad frå tilsette og brukarar og ei open forvaltning, er føresetnader for fornying og utvikling av statleg sektor. Statleg sektor skal også ha eit godt omdøme og vise god etisk åtferd.

Andre utfordringar er mellom anna å gjere seg nytte av informasjonsteknologien, å ta omsyn til den demografiske utviklinga med ein eldre arbeidsstokk, ein stram arbeidsmarknad og eit meir fleirkulturelt samfunn og auka internasjonalisering.

Departementet vil difor legge til rette for eit auka fokus på kompetanse, talent- og karriereutvikling i staten og eit inkluderande arbeidsliv med eit sterkare mangfold. Det trengst kompetanse og dugleik for å kunne levere tenester av god kvalitet til innbyggjarane.

Statens leiatar spelar ei viktig rolle i fornyingsarbeidet. Det er i dag mangel på samla og systematisert kunnskap om statlege leiatar sin bakgrunn og karriereutvikling, i tillegg til deira haldningar og forventingar til eiga leiarrolle. Regjeringa vil difor styrke kunnskapsgrunnlaget om statleg leiing og leiatar ved betre utnytting av eksisterande data og målretta kartleggingar. Departementet har starta arbeidet med å formulere eit felles verdiset for leiing i statleg sektor. Dette vil bli meisla ut i ei felles leiarplattform. Det vert stilt store krav til statlege leiatar, ikkje minst i høve til gjennomføring av ein utviklande personalpolitikk og kravet til inkluderande arbeidsliv, og det trengst difor handlefri- dom. Fornyings- og administrasjonsdepartementet ynskjer å legge meir ressursar i å støtte og utvikle statleg leiarskap i ei strategisk retning, og å legge til rette for å styrke personalleiinga. Mellom anna skal auka bruk av tenlege verktøy, betre metodar for erfaringsutveksling og betre personleg rettleiing vurderast.

1.2 Arbeidstidsordningar

Kor lang arbeidstida skal vere og korleis den skal organiserast og fordelast over livsløpet, er ein nøkkelfaktor i korleis samfunnet fungerer. Tidsorganiseringa er styrande for kor godt og effektivt vi løyser

produksjonsoppgåvene i arbeidslivet. Men denne organiseringa har også store konsekvensar for korleis vi handterer oppgåver i andre samanhengar, slik som i familien, i grannelaget, i organisasjonslivet og i fritida.

Ei utfordring for den norske velferdsstaten er at det vil vere knapt med arbeidskraft i åra framover. Yrkesaktiviteten i Noreg er allereie høg i internasjonal målestokk, og arbeidskraftreservane er små. Avgangen frå arbeidslivet til ulike helserelaterte trygdeordningar har auka med heile 50 pst. den siste tiårsperioden. Redusert eller betre tilpassa arbeidstid kan vere eit verkemiddel for å halde på eller få fleire i arbeid. Dette gjeld særleg for visse grupper av arbeidstakrarar.

Det er gjort lite forsking på samanhengen mellom redusert arbeidstid og sjukefråvær, pensjoneringstidspunkt, deltidsarbeid, offentlege finansar osv. Regjeringa har difor sett i gang eit prosjekt om tilpassa arbeidstid fram mot 2009. Prosjektet vil omfatte forsøksverksemd om arbeidstidsreformer i samarbeid med partane i arbeidslivet og forsking for å sjå korleis redusert arbeidstid verkar.

Forsøka starta hausten 2007. Om lag 330 medarbeidarar som er 62 år eller eldre i Skatteetaten, Statens vegvesen, fylkesmannsembata og to bispedøme fekk tilbod om å arbeide 80 pst. av vanleg arbeidstid med full løn. Forsøka vil halde fram til hausten 2009, og målet er å undersøkje om tilpassa arbeidstid kan medverke til at eldre arbeidstakrarar ventar med å gå av med pensjon. Forsøka må dokumenterast og evaluerast for at dei skal gje nyttig kunnskap. Eit eksternt kompetansemiljø er gjeve i oppdrag å følgje aktiviteten med analysar og dokumentasjon både ved oppstart, under og etter forsøka.

1.3 IKT som verkty for fornying og effektivisering

Regjeringa la i desember 2006 fram St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle* (IKT-meldinga) for Stortinget. Norsk næringsliv må halde fram med å nytte dei moglegheiter som IKT generelt gjev for auka produktivitet og styrka konkurransesevne. Vidare er alle store og små IKT-verksemder innan ulike avanserte nisjar viktige, til dømes Opera med sin nettlesar og Fast med sin søkjemotor.

Sektoransvarsprinsippet står sentralt i norsk forvaltning, og det er den einskilde sektoren og etaten som er ansvarleg for eigne IKT-løysingar. IKT-politikken har over åra vore prega av store svingingar og spenningar i tilhøvet mellom suverene, individuelle løysingar og trøngen for felles-

løysingar. I dag trengst det tettare samarbeid og fellesløysingar for å kunne utnytte føremonene ved informasjonssamfunnet best mogleg, både gjennom tilbod til brukarane og billegare løysingar for det offentlege.

IKT er eit viktig verkemiddel for utvikling av betre tenester og effektivisering av heile forvaltninga. Regjeringa vil ha ei sterke samordning og styring av IKT i offentleg sektor. Ved etablering av det nye Direktoratet for forvaltning og IKT frå 01.01.2008, vil ein styrke arbeidet med IKT-politikken og legge til rette for effektivisering gjennom sterke samordningsgrep. Direktoratet skal medverke til god utnytting av IKT i utviklinga av forvaltninga og meir effektiv elektronisk samhandling, og utvikling av betre tenester for innbyggjarar og næringsliv. På IKT-området vil direktoratet primært ha operative oppgåver knytte til gjennomføring av politikken, jf. kap. 1521. Det er brei politisk semje om at alle skal kunne delta i informasjonssamfunnet, uavhengig av alder, funksjonsevne, bustad og økonomi. Derfor legg Regjeringa mellom anna særskilt vekt på offensive tiltak retta mot eldre, innvandrarar og funksjonshemma.

Oppfølging av IKT-meldinga ligg til dei ansvarlege departement innanfor deira fagområde. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil ha samordningsansvaret for ei god oppfølging av meldinga. I 2008 vil Fornyings- og administrasjonsdepartementet ha særleg fokus på dei områda som vert omtala nedanfor.

Offentlege elektroniske tenester og samhandling

Både kommunar og statlege etatar tilbyr i dag gode elektroniske tenester til innbyggjarar og næringsliv, og tilnærma alle har lagt ut informasjon og enkle tenester på Internett. Innbyggjarportalen Miside vart lansert 18.12.2006 (www.maside.no) og tilbyr innbyggjarane ein felles nettstad for dialog med det offentlege. Målet med Miside er å gjøre tilgangen til offentlege tenester så enkel som mogleg for brukarane. Det er viktig at arbeidet med innbyggjarportalen Miside og næringslivsportalen Altinn vert vidareført. Departementet vurderer kontinuerleg føresetnader og rammevilkår for nye elektroniske offentlege tenester i tråd med målet om døgnopen forvaltning. Difor aukar Regjeringa samordningsløyvinga for 2008.

Utvikling av ei eID-løysing for offentleg sektor er ein sentral føresetnad for å få auka det elektroniske tenestetilbodet. For mange etatar og kommunar som arbeider med å sikre at flest mogleg brukarar nyttar dei elektroniske tenestene, er eID ein viktig premiss for å få med fleire. Eit forslag til stra-

tegi for eID og e-signatur for offentleg sektor har vore på omfattande høyring, og er no til handsaming i departementet.

Arbeidet med offentleg IKT-arkitektur og -standardar er grunnleggjande føresetnader for auka elektronisk samhandling og utarbeiding av nye elektroniske tenester. Forvaltninga må i større grad nytte dei same standardane og gjennom dette gjere elektronisk samhandling enklare mellom offentlege aktørar. Dette vil òg føre til at det trengst meir standardiserte innloggingsløysingar og grensesnitt for innbyggjarane. Arbeidet i standardiseringsrådet skal vidareførast i 2008. I tillegg har Fornyings- og administrasjonsdepartementet etablert eit samarbeid med statlege etatar og komunesektoren som skal initiere og koordinere det vidare arbeidet med til dømes IKT-arkitektur i offentleg sektor.

Fri programvare

Det er eit mål at offentlege verksemder i større grad tek i bruk løysingar baserte på fri programvare. Bruk av fri programvare kan gjere det mogleg med gjenbruk av løysingar på tvers av offentlege verksemder. Særleg innanfor kommunal sektor kan det vere gevinstar å hente på denne måten, fordi alle kommunar i hovudsak skal tilby same type tenester til innbyggjarane sine. Auka bruk av fri programvare i offentleg sektor kan skape grunnlag for auka kompetanseutvikling i samfunnet. Ein kultur for å dele eigenutvikla programvare vil kunne kome organisasjonar, bedrifter, studentar og IKT-spesialistar til gode.

Sikker utveksling av informasjon

Regjeringa har vedteke nye retningsliner for informasjonstryggleik i september 2007. Formålet med å gje ut nasjonale retningsliner for informasjonstryggleik er å skape ei sams forståing for kva slag tryggleiksutfordringar vi står framfor på IKT-området, og identifisere kvar det trengst å gjere ein ekstra innsats for å styrke informasjonstryggleiken i Noreg.

Personvern

Vi går mot eit stadig meir gjennomregistrert samfunn og personvernet vert ofte sett under press. Regjeringa vil at det skal takast omsyn til personvernet ved utforming av nytt regelverk, ved utarbeiding av nye tekniske løysingar og i samband med all handsaming av personopplysingar. For å få eit betre grunnlag for personvernarbeidet, har

Regjeringa sett ned ein personvernkommisjon som skal gå igjennom status og greie ut korleis ein kan unngå at personvernet må vike i møte med andre interesser. Kommisjonen skal ta for seg den sårbare stillinga personvernet har i møte med den teknologiske utviklinga, og leggje fram forslag som kan betre personvernet. Eit viktig verkemiddel i personvernarbeidet er Datatilsynet. Regjeringa ser det som særsviktig å sørge for at tilsynet har dei ressursane som trengst for å ta hand om oppgåvane i samband med informasjon og tilsyn på personvernområdet.

Breiband

For å nå målet om at heile landet skal ha tilbod om tilknyting til breibandssnett innan utgangen av 2007, støttar Regjeringa den marknadsbaserte breibandsutbygginga gjennom ei utviding og tilpassing av Høykom-ordninga. Medrekna løyvingane i RNB, er det i 2007 løyvd om lag 222 mill. kroner til breiband over Høykom sitt budsjett. I tillegg til løyvingane til breiband via Høykom kom i 2007 nær 155 mill. kroner til fylkeskommunane over KRD sitt budsjett, jf. St.prp. nr. 69 (2006–2007) – KRDs kap. 551, post 61. Dette gjev ei total løyving til breiband på om lag 377 mill. kroner i 2007. Kombinert med lokal offentleg og privat finansiering er det venta at dette vil gje rundt rekna 750 mill. kroner til breibandsutbygging i område som ikkje er kommersielt lønsame. Førebelse utrekningar viser, basert på tal frå søkerane, at når desse midlane er disponerte vil over 99 pst. av innbyggjarane ha tilgang til breiband. Regjeringa følgjer utviklinga i breibandsdekninga og vil fortløpende vurdere om det trengst ytterlegare tiltak for å auke breibandsdekninga.

Eit inkluderande og demokratiserande informasjonssamfunn

Når tenester i aukande grad vert digitaliserte, vert det særleg viktig å gjere tenestene brukarvennlege og universelt utforma. Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider difor saman om eit forslag om lovfesting av krav om at all IKT retta mot allmenta skal vere universelt utforma. Ein indikator som seier noko om i kva retning utviklinga går, er Noreg.no si årlege kvalitetsvurdering av offentlege nettstader. Andre døme er konkrete initiativ retta mot minoritetskvinner og IKT, barnehagar som arena for digital kompetanse, og eldre og IKT gjennom til dømes arbeidet til Seniornett.

Aktiv tilnærming til internasjonalt IKT-samarbeid

IKT-utviklinga er i aukande grad internasjonalt orientert. Svært mange land har som Noreg ambisiøse IKT-politiske målsetjingar. Særleg ser ein at EU legg sterk vekt på IKT som verkemiddel for fornying av offentleg sektor og som drivkraft for økonomisk vekst. Innan EØS-området er IKT stadig viktigare i handel og samkvem på tvers av landegrensene. Utfordringane til tryggleik er internasjonale. Gjennom medverknad i sentrale EU-program ynskjer Regjeringa å få til ei meir strategisk tilnærming til IKT og forvaltningsutvikling. Difor er det viktig å sikre at offentleg sektor og næringslivet nyttar den kompetansen og dei moglegheitane Noreg får gjennom medverknad i desse programma.

1.4 Konkurranse som verkemiddel

Konkurranse er eit viktig verkemiddel for å nå målet om effektiv bruk av ressursane i samfunnet. Riktig bruk av ressursane er ein viktig del av Regjeringa sin fornyingspolitikk. Verksam konkurranse gjer at marknadsaktørane vert meir effektive, og at verksemndene står sterkare i konkurransen på internasjonale marknader. Konkurranse medverkar til at forbrukarane står framfor eit betre tilbod av varer og tenester av god kvalitet til rimeleg pris.

Marknadsløysingar og konkurranse er hovudregelen i organiseringa av den norske økonomien. I mange marknader treng ein ikkje å setje i verk særskilde tiltak, eller offentlege tiltak kan gjennomførast utan stor innverknad på konkurransen. Dette krev like fullt eit aktivt tilsyn med marknadene, slik at styresmaktene kan gripe inn når det trengst. Konkurranselova og EØS-konkurranselova skal motverke framferd som freistar å hindre marknadsmekanismane i å verke, slik som misbruk av marknadsmakt og konkurranseavgrenzande avtalar mellom føretak.

Effektiv bruk av ressursane i samfunnet til beste for forbrukaren, kan ein best syte for ved ei streng konkurranselov og eit handlekraftig konkurransetilsyn.

Dei tiltaka som konkurransestyresmaktene har gjennomført i luftfartsmarknaden, er døme på at konkurranse kan medverke til lågare priser og meir effektiv ressursbruk. I 2002 fastsette Konkurransetilsynet forbod for SAS/Braathens mot å tilby opptering av bonuspoeng innanlands. Våren 2007 fastsette Fornyings- og administrasjonsdepartementet ei forskrift som avløyste dette vedtaket, og som sette eit generelt forbod mot opptening av bonuspoeng innanlands. Dette vil gjere sitt til å

oppretthalde konkurransen og rimelege priser på flyreiser innanlands. Rimelege priser på flyreiser er viktig for folk og næringsliv i distrikta.

Det er samstundes viktig å minne om at marknaden ikkje sjølv løyser marknadssvikt i form av til dømes forureiningar, naturleg monopol som i kraftnettet og/eller produksjon av kollektive gode som vegar. Marknaden åleine tek heller ikkje tilstrekkeleg omsyn til fordeling av velferd. Offentleg styring og kontroll er naudsynt for å handtere ulike former for marknadssvikt.

Konkurranse er ikkje alltid eit effektivt verkemiddel for å nå viktige samfunnsmål. Marknaden skal takast i bruk der den verkar og støttar opp om Regjeringa si satsing på løysingar for fellesskapet. Innanfor viktige område som til dømes helse, omsorg og utdanning skal ein byggje på felleskapsløysingar og offentleg styring framfor marknad og konkurranse. Regjeringa ynskjer ikkje ei kommersialisering av desse områda.

I tillegg til konkurranselova skal regelverket for offentlege innkjøp stimulere konkurransen. Regelverket er viktig for å sikre konkurranse om offentlege innkjøp for 276 mrd. kroner årleg. Dette gjev meir att for dei offentlege midlane, noko som igjen gjev ein betre offentleg sektor. Det er difor ei viktig oppgåve for Regjeringa å syte for at dette regelverket vert følgt. Etterleving og handheving av reglane syter for å minske problema knytte til kameraderi og korruption, som er avdekte i media det siste året. Regjeringa har arbeidd for at det skal verte enklare å etterleve reglane, mellom anna gjennom å lage eit nyt og betre innkjøpsregelverk, supplert med ein omfattande rettleiar. Handhevinga av regelverket er òg styrka gjennom å innføre eit gebyr på opptil 15 pst. av verdien på ulovlege direkte innkjøp. Det nye direktoratet for forvaltning og IKT skal arbeide for at offentlege innkjøp skjer på ein ryddig og samfunnstenleg måte, og for at miljøpåkjenningsknytt til offentlege innkjøp vert minimert. Gjennom arbeidet med innføring av heilskaplege elektroniske innkjøpsprosessar i offentleg sektor vil direktoratet medverke til betre, enklare og sikrare offentlege innkjøp.

Reglane om offentleg støtte skal sikre at aktørane i næringslivet vert møtt på ein føreseeileg og lik måte. God etterleving av reglane vil hindre at norske verksemder opererer under andre og mindre gunstige vilkår enn konkurrentar i andre EØS-land. Reglane om offentleg støtte forbyr som hovudregel konkurransevidande støtte, men ei rekke unntak tillet støtte. Unnataka er viktige og til dels omfattande, og dei skal ta hand om styresmaktene sine ynskje om å stimulere til dømes til meir forsking og innovasjon, miljøtiltak, kompetanseheving og distriktsutvikling. Det er viktig for

Regjeringa å nytte handlingsrommet innanfor reglane til å føre ein aktiv nærings- og distriktpolitikk. Vidare er det viktig for Regjeringa å finne moglegheiter innanfor reglane om offentleg støtte til å gjennomføre ambisiøse miljøtiltak som til dømes CO₂-reining av gasskraftverk og auka produksjon av fornybar energi.

1.5 Fornyings- og administrasjonsdepartementet si rolle i arbeidet med fornying

Fornyings- og administrasjonsdepartementet leiar arbeidet med å utvikle ein heilskapleg fornyingspolitikk for Regjeringa og har eit overordna ansvar for Regjeringa sitt fornyingsarbeid. Departementet skal mellom anna:

- vere pådrivar og koordinator for Regjeringa sitt fornyingsarbeid
- gje støtte til andre sektorar som driv omstilling og ta initiativ på eigne fagområde
- følgje og støtte fornyingstiltak i andre departement.

Viktige tiltak i Regjeringa sitt fornyingsarbeid er:

NAV-reforma

Frå 01.07.2006 vart Trygdeetaten, Aetat og kommunane si sosialteneste samordna, og ein ny stor etat vart etablert. Innan utgangen av 2007 vil det vere etablert 135 NAV-kontor. Det er planar om å etablere om lag 140 NAV-kontor i 2008 og 180 NAV-kontor i 2009. Auka bruk av sjølvbeteningsløysingar på Internett og samling av forvaltninga av regelstyrte ytingar i spesialeiningar, skal medverke til ei meir effektiv forvaltning, som kan frigjere tid til individuell rettleiing og oppfølging.

Pensjonsreforma

Stortinget vedtok i eit breitt forlik hovudprinsippa for ei pensjonsreform i mai 2005. Regjeringa arbeider vidare med offentleg tenestepensjon, AFP og andre ordningar knytte til pensjonssystemet.

Samla skal ordningane sørge for å nå måla for det nye pensjonssystemet.

Forvaltningsreforma

Frå 1. januar 2010 skal det gjennomførast ei ny og omfattande forvaltningsreform. Noreg skal framleis ha tre forvaltningsnivå, men nye folkevalde regionar skal erstatte dagens fylkeskommunar, ansvars- og oppgåvedelinga mellom forvaltningsnivå skal avklårast og ein skal gå igjennom den regionale statlege forvaltninga.

Redusert arbeidstid

Forsøk med redusert arbeidstid med tilbod til 330 tilsette som er 62 år eller eldre i staten er sett i gang. Forsøka skal gå over to år og gjennomførast i Skatteetaten, Statens vegvesen, to bispedøme og fylkesmannsembeta. Målet er å undersøkje om tilpassa arbeidstid kan medverke til at eldre arbeids takarar ventar med å gå av med pensjon.

Innvandrarar sitt møte med offentleg sektor

Regjeringa vil kartlegge etnisk diskriminering og undersøkje korleis innvandrarar opplever møte med offentleg sektor.

Ei meir omfattande oversikt over fornyingstiltak vil gå fram av Regjeringa sin fornyingsstrategi. Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine eigne fornyingsprosjekt er omtala under dei respektive kapittel i del II, jf. også oversyn i del III.

1.6 Oppmodingsvedtak

I propositionens del III er følgjande oppmodingsvedtak omtala:

Vedtak nr. 247, 9. mars 2004:

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for å øke takten i bredbåndsutbyggingen slik at målet om bredbånd til alle husstander, bedrifter og offentlige institusjoner kan nås i løpet av 2007. Regjeringen bes kommentere status for framdrift i budsjettene.»

1.7 Utgifter fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	(i 1 000 kr)
					Pst. endr. 07/08
Det kongelege hus					
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	129 182	143 968	145 930	1,4
2	H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa	16 606	18 529	20 287	9,5
	<i>Sum kategori 00.10</i>	<i>145 788</i>	<i>162 497</i>	<i>166 217</i>	<i>2,3</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>145 788</i>	<i>162 497</i>	<i>166 217</i>	<i>2,3</i>
Administrasjon mv.					
1500	Fornyings- og administrasjons- departementet	231 126	263 954	277 099	5,0
1503	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde	109 180	110 256	115 348	4,6
1506	Noreg.no	35 566	35 344		-100,0
	<i>Sum kategori 01.00</i>	<i>375 872</i>	<i>409 554</i>	<i>392 447</i>	<i>-4,2</i>
Fylkesmannsembeta					
1510	Fylkesmannsembeta	1 300 266	1 089 484	1 113 506	2,2
	<i>Sum kategori 01.10</i>	<i>1 300 266</i>	<i>1 089 484</i>	<i>1 113 506</i>	<i>2,2</i>
Forvaltnings- og IKT-utvikling					
1520	Statskonsult	29 000			
1521	Direktoratet for forvaltning og IKT			112 943	
1522	Servicesenteret for departementa	425 015	412 851	436 247	5,7
1523	Tilskot til kompetanseutvikling	1 746	20 000	20 000	0,0
	<i>Sum kategori 01.20</i>	<i>455 761</i>	<i>432 851</i>	<i>569 190</i>	<i>31,5</i>
Partistønad					
1530	Tilskot til dei politiske partia	294 785	303 937	323 003	6,3
	<i>Sum kategori 01.30</i>	<i>294 785</i>	<i>303 937</i>	<i>323 003</i>	<i>6,3</i>
Pensjonar m.m.					
1541	Pensjonar av statskassa	24 572	20 900	23 800	13,9
1542	Tilskot til Statens Pensjonskasse	7 589 954	7 567 000	9 443 000	24,8
1543	Arbeidsgjevaravgift til folketrygda	849 000	829 000	852 000	2,8
1544	Bustadlån for statstilsette	1 084 747	1 900 000	1 300 000	-31,6
1546	Yrkesskadeforsikring	70 711	96 800	85 000	-12,2
1547	Gruppelivsforsikring	70 104	78 700	84 000	6,7
2470	Statens Pensjonskasse	20 028	25 174	31 465	25,0
	<i>Sum kategori 01.40</i>	<i>9 709 116</i>	<i>10 517 574</i>	<i>11 819 265</i>	<i>12,4</i>
Konkurransepolitikk					
1550	Konkuransetilsynet	105 706	83 112	84 209	1,3
	<i>Sum kategori 01.50</i>	<i>105 706</i>	<i>83 112</i>	<i>84 209</i>	<i>1,3</i>

Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	(i 1 000 kr)		
			Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
IKT-politikk					
1560	Spesielle IKT-tiltak	138 891	152 546	60 899	-60,1
1561	Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram	6 441	10 500	22 500	114,3
1562	Elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosessar	1 400	1 400	1 400	0,0
1563	IKT-tryggleik	4 000	4 000	4 000	0,0
<i>Sum kategori 01.60</i>		<i>150 732</i>	<i>168 446</i>	<i>88 799</i>	<i>-47,3</i>
Personvern					
1570	Datatilsynet	24 264	25 059	25 443	1,5
1571	Personvernennemnda			1 600	
<i>Sum kategori 01.70</i>		<i>24 264</i>	<i>25 059</i>	<i>27 043</i>	<i>7,9</i>
Statsbygg					
1580	Byggjeprosjekt utanfor husleigeforeninga	1 142 085	1 500 236	1 561 616	4,1
1581	Eigedomar til kongelege føremål	113 072	84 765	59 457	-29,9
1582	Utvikling av Fornebuområdet	72 003	57 500	44 500	-22,6
1583	Utvikling av Pilestredet Park	7 421			
2445	Statsbygg	1 100 801	1 248 804	1 094 404	-12,4
<i>Sum kategori 01.80</i>		<i>2 435 382</i>	<i>2 891 305</i>	<i>2 759 977</i>	<i>-4,5</i>
<i>Sum programområde 01</i>		<i>14 851 884</i>	<i>15 921 322</i>	<i>17 177 439</i>	<i>7,9</i>
<i>Sum utgifter</i>		<i>14 997 672</i>	<i>16 083 819</i>	<i>17 343 656</i>	<i>7,8</i>

Inntekter fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	(i 1 000 kr)		
			Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
Administrasjon mv.					
4500	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	3 223			
4506	Noreg.no	8 973	21		-100,0
<i>Sum kategori 01.00</i>		<i>12 196</i>	<i>21</i>		<i>-100,0</i>
Fylkesmannsembeta					
4510	Fylkesmannsembeta	257 550	14 728	15 361	4,3
<i>Sum kategori 01.10</i>		<i>257 550</i>	<i>14 728</i>	<i>15 361</i>	<i>4,3</i>
Forvalnings- og IKT-utvikling					
4521	Direktoratet for forvaltning og IKT			5 022	
4522	Servicesenteret for departementa	144 718	129 994	135 584	4,3
<i>Sum kategori 01.20</i>		<i>144 718</i>	<i>129 994</i>	<i>140 606</i>	<i>8,2</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
Pensjonar m.m.					
4546	Yrkesskadeforsikring	147 426	165 000	116 000	-29,7
4547	Gruppelivsforsikring	42 939	42 000	43 000	2,4
5470	Statens Pensjonskasse	33 571	40 898	17 059	-58,3
5607	Renter av bustadlånsordninga for statstilsette	360 643	465 000	772 000	66,0
<i>Sum kategori 01.40</i>		<i>584 579</i>	<i>712 898</i>	<i>948 059</i>	<i>33,0</i>
Konkurransepolitikk					
4550	Konkurransetilsynet	2 937	193	201	4,1
<i>Sum kategori 01.50</i>		<i>2 937</i>	<i>193</i>	<i>201</i>	<i>4,1</i>
Personvern					
4570	Datatilsynet	491			
<i>Sum kategori 01.70</i>		<i>491</i>			
Statsbygg					
4581	Eigedomar til kongelege føremål	337	120	125	4,2
5445	Statsbygg	1 020 589	1 335 555	900 000	-32,6
5446	Sal av eigedom, Fornebu	30 908	7 400		-100,0
<i>Sum kategori 01.80</i>		<i>1 051 834</i>	<i>1 343 075</i>	<i>900 125</i>	<i>-33,0</i>
<i>Sum programområde 01</i>		<i>2 054 305</i>	<i>2 200 909</i>	<i>2 004 352</i>	<i>-8,9</i>
<i>Sum inntekter</i>		<i>2 054 305</i>	<i>2 200 909</i>	<i>2 004 352</i>	<i>-8,9</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
01-23	Driftsutgifter	10 681 507	10 459 738	12 474 064	19,3
24-24	Driftsresultat	-350 723	-371 448	-466 318	25,5
30-49	Nybygg, anlegg mv	2 776 551	3 282 316	3 275 824	-0,2
50-59	Overføringer til andre statsrekneskapar	251 957	270 344	161 795	-40,2
70-79	Overføringer til private	533 633	542 869	598 291	10,2
90-99	Utlån, avdrag mv.	1 104 747	1 900 000	1 300 000	-31,6
<i>Sum under departementet</i>		<i>14 997 672</i>	<i>16 083 819</i>	<i>17 343 656</i>	<i>7,8</i>

Under Fornyings- og administrasjonsdepartementet blir stikkordet foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30-49

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2007	Forslag 2008
1500	21	Spesielle driftsutgifter		112 867
1500	22	Forskning		10 000
1521	21	Spesielle driftsutgifter		9 283
1521	22	Miside		13 000
1523	70	Tilskot		20 000
1560	22	Samordning av IKT-politikken		50 899
1560	50	Breiband		10 000
1561	70	Tilskudd til internasjonale program		22 500
1582	21	Spesielle driftsutgifter		1 000

Del II
Budsjettforslag

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar**Programkategori 00.10 Det kongelege hus**

Utgifter under programkategori 00.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	129 182	143 968	145 930	1,4
2	H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa	16 606	18 529	20 287	9,5
	Sum kategori 00.10	145 788	162 497	166 217	2,3

Allmenn omtale

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvaret for løvringane til kongehuset. I tillegg til løvringane under kap. 1 H.M. Kongen og H.M.

Dronninga og kap. 2 H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa, vert følgjande midlar nyttå til kongelege føremål i 2008:

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Kap. 1581 Eigedommar til kongelege føremål 59 457 000

Utanriksdepartementet

Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet 9 232 000

Forsvarsdepartementet

Div. kapittel (H.M. Kongens adjutantstab)

Kap. 1732 Sjøforsvaret (Kongeskipet og K/B Stjernen) 20 900 000

Justisdepartementet

Kap. 441 Oslo politidistrikt (eskorteteneste) Oppgis ikkje

Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Apanasje	7 752	7 900	8 256
50	Det Kongelege Hoff	121 430	112 068	122 299
51	Særskilde prosjekt ved Det Kongelege Hoff		24 000	15 375
	Sum kap. 1	129 182	143 968	145 930

Post 01 Apanasje

Løyvinga vert nytta til personlege utgifter for H.M. Kongen og H.M. Dronninga, medrekna utgifter i samband med diverse offisielle oppgåver, og til drift og vedlikehald av eigne eigedommar.

Post 50 Det Kongelege Hoff

Løyvinga vert nytta til kongehuset sine utgifter til offisielle oppgåver, drift av organisasjonen, infrastruktur og mindre investeringar til vedlikehald. Løyvingsforslaget tek omsyn til at det er naudsynt å auke bemanninga innanfor IKT-drift, samstundes som bemanninga til hushaldsdrift må aukast når Bygdøy Kongsgard vert teke i bruk.

Løyvinga skal òg dekkje utgifter til jamleg indre vedlikehald og utvikling av dei kongelege

eigedomane Det Kgl. Slott, Bygdøy Kongsgard (hovudhuset m/sidebygning og park) og Oscarshall slott.

Post 51 Særskilde prosjekt ved Det Kongelege Hoff

Forslaget til løyving på 15 mill. kroner gjeld interiørprosjektet ved Oscarshall slott, som Det Kongelege Hoff har ansvaret for. Prosjektet har ei totalramme på 45 mill. kroner, og omfattar innvendig rehabilitering av bygget, inkludert sikring og restaurering av kunst, møblar og anna inventar. Rehabiliteringa hadde oppstart i 2007 og tek siktet på å vere klar i 2009, slik at lystslottet kan opnast for publikum. Statsbygg har ansvaret for utvendig rehabilitering og teknisk infrastruktur, sjå omtale under kap. 1581 post 45.

Kap. 2 H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Apanasje	5 205	5 900	6 166
50	H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa sin stab mv.	11 401	12 629	14 121
	Sum kap. 2	16 606	18 529	20 287

Post 01 Apanasje

Løyvinga skal dekkje kronprinsparet sine personlege utgifter og midlar til løpende drift og vedlikehald av dei private eigedomane.

Post 50 H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa sin stab mv.

Løyvinga skal dekkje utgifter til kronprinsparet sin stab på Det Kgl. Slott og betening på Skaugum, og dessutan utgifter i samband med kronprinsparet sine offisielle oppgåver. På grunn av auka representasjon, og meir bruk av Skaugum til offisielle føremål, er løyvinga auka for å styrkje bemanninga i staben.

Programområde 01 Fellesadministrasjon

Programkategori 01.00 Administrasjon m.v.

Utgifter under programkategori 01.00 fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	(i 1 000 kr)
					Pst. endr. 07/08
1500	Fornyings- og administrasjons-departementet	231 126	263 954	277 099	5,0
1503	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde	109 180	110 256	115 348	4,6
1506	Noreg.no	35 566	35 344		-100,0
	Sum kategori 01.00	375 872	409 554	392 447	-4,2

Kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	(i 1 000 kr)
01	Driftsutgifter	151 503	154 114	154 232	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	79 623	109 840	112 867	
22	Forskning, <i>kan overførast</i>			10 000	
	Sum kap. 1500	231 126	263 954	277 099	

Betre kunnskap om omstilling

Forvaltningspolitikken skal vere tufta på kunnskap om korleis ulike organisasjons- og styringsformer verkar, kunnskap om korleis endringane innanfor offentleg sektor dei siste åra har verka på sentrale politiske mål og dei røynslene andre land har gjort i sitt fornyingsarbeid. Fornyingsarbeidet skal òg byggje på ei brei deltaking frå relevante fagmiljø, brukarar og dei tilsette sine organisasjonar. Ein vil gå igjennom ulike sider ved tilhøvet mellom departement og underliggende verksemder. Gjennomgangen har som mål å få fram tiltak og verkemiddel som kan betre den politiske styringa og sikre betre samordning og varetaking av heilskapssynet innanfor dagens varierte struktur.

Med dei til dels omfattande omstillingane som har skjedd innanfor staten dei seinare åra, er det

no trond for meir systematisk å hente inn kunnskap om kva for føresetnader som må vere på plass for at omstillingar og innføring av ny teknologi skal gje dei venta effektiviseringsgevinstane. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil evaluere nokre utvalde omstillingar for betre å kunne gje råd i samband med omstillingar og innføring av ny teknologi i statsforvaltninga. Departementet arbeider òg med å utvikle ein rettleiar i utrekning av samfunnsøkonomiske kostnader og gevinstar ved personalmessig omstilling i staten.

Forvaltningsdatabasen er eit register over alle einingar i departementa og alle statlege verksemder som er eller har vore direkte knytte til departementa i åra 1947–2006. Databasen vert nytta til forsking om statsforvaltninga si oppbygging og verke-måte og er viktig for å utvikle ein kunnskapsbasert

forvaltningspolitikk i staten. Departementet legg vekt på kunnskapsspreiing om utviklinga i forvaltinga og om organisering og leiing i staten, mellom anna gjennom ulike rettleiarar og utgjevinga av Forvaltningsutsyn.

Styring og leiing for å fremje kvalitet

I styringa og leiinga av underliggende statlege verksemder legg Fornyings- og administrasjonsdepartementet vekt på omsyn til fagleg kvalitet, at innbyggjarane skal vere nøgde med tenestene, eit arbeidsmiljø som fremjar god helse og ei kontinuerleg oppbygging av kompetansen i verksemda, samstundes som ein har god kostnadskontroll. Ein gjennomgang av ulike modellar for styring og leiing i statlege verksemder, som Statskonsult AS har gjort på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, syner at leiarar arbeider med fleire av desse kvalitetselementa, men at dei sjeldan vert sett i samanheng. Departementet vil vurdere desse funna i samband med arbeidet med ei leiarplattform for staten. Departementet vil òg gjennomføre ei brukarundersøking blant tilsette i staten om arbeidstilhøva deira. Kunnskapen skal brukast i vidareutviklinga av personal- og leiarpolitikken i statsforvaltninga.

Eit meir inkluderande arbeidsliv (IA)

Fornyings- og administrasjonsdepartementet si oppgåve er å sikre at staten som arbeidsgjevar er eit døme på godt IA-arbeid, og sette i verk tiltak i høve til alle delmåla innanfor IA-avtala.

Avtala om eit meir inkluderande arbeidsliv er vidareført for perioden 2006–2009 med fleire nye verkemiddel for å nå dei måla som vart sett i den førre avtaleperioden.

Kvart departement skal omtale planlagde og gjennomførte tiltak i tillegg til resultatutvikling i høve til eigne måltal på IA-området i det einskilde departementsområdet.

I 2006 var sjukefråværet i staten om lag uendra frå 2005 på 5,6 pst., og det vil verte krevjande å nå målet som er sett på 4 pst. i 2. kvartal for 2009. Fornyings- og administrasjonsdepartementet følgjer utviklinga av sjukefråværet kvart kvartal og informerer alle departementa systematisk.

Staten har ein tiltaksplan som skal få statlege arbeidsgjevarar til å rekruttere fleire tilsette med nedsett funksjonsevne. Tiltaksplanen er ambisiøs og gjev store utfordringar til statlege arbeidsgjevarar. Det er sett eit mål om at minst 5 pst. av alle nytildette i det statlege tariffområdet skal vere personar med nedsett funksjonsevne. Departementet innhenta data frå statlege verksemder både hausten 2005 og hausten 2006. Rapporteringane viste at måltaket ikkje vart nådd med 2,4 pst. i det fyrste

planåret og 1,2 pst. i det andre planåret. Departementet er ikkje nøgd med desse tala og har sett i verk fleire tiltak for å auke rekrutteringa av personar med nedsett funksjonsevne, mellom anna traineeprogram, fagpanel, krav til stillingsannonsering, fylkesvise møte og rettleiing i IA-arbeid. På oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet har Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) gjennomført ei oppfølgingsundersøking av desse resultata. Målet var å sjå nærare på statlege arbeidsgjevarar sine haldningar og rekrutteringspraksis. AFI konkluderar med at sjølv om tiltaksplanen ikkje har nådd sitt mål på 5 pst. innan mars 2006, så ser det ut til at satsinga har hatt positive effektar.

I mai 2007 starta Fornyings- og administrasjonsdepartementet eit eittårig trainee-program i sentralforvaltinga, for personar med høg utdanning og nedsett funksjonsevne. Programmet som Statskonsult AS gjennomfører, er populært både hos søkerar og arbeidsgjevarar. Det var 126 søkerar til dei 17 trainee-plassane. Oppfølginga av tiltaksplanen og delmål to i IA-avtala, som omhandlar personar med nedsett funksjonsevne, vil være eit sentralt tema på fylkesvise møte med statlege arbeidsgjevarar.

Den gjennomsnittlege pensjoneringsalderen i staten steig fra 58,9 år i 2003 og 2004, til 59,4 i 2005 og 60,4 år i 2006 (tala inkluderer særaldersgrenser, uførepensjon, alderspensjon, AFP og førtidspensjon). Ein auke på 18 månader er klårt over det målet som er sett i IA-avtala.

I arbeidet på det seniorpolitiske feltet vil Regjeringa mellom anna legge vekt på at eldre arbeidstakrar lettare skal bli verande i arbeid. Fleire tiltak er sett igang:

- staten som arbeidsgjevar samarbeider med Senter for seniorpolitikk om ny nasjonal strategi på det seniorpolitiske området mot 2010
- delmål tre i IA-avtala, som omhandlar avgangsalder, vil være eit sentralt tema på dei fylkesvise møta med arbeidsgjevarane
- fridagar for seniormedarbeidarar etter Hovedtariffavtala 2006–2008.

Ved årsskiftet 2006–2007 undersøkte Fornyings- og administrasjonsdepartementet korleis statlege arbeidsgjevarar arbeidde med oppfølging av IA-avtala. I hovudsak viste det seg at statlege leiarar har ei positiv haldning til IA-avtala og tru på dei tiltaka som no er sett i verk. Individuelle oppfølgingsplanar og -samtal med dei som er sjukmeldte er vurdert som effektive verkemiddel. Om lag halvparten av verksemndene har konkrete planar for å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne, og nærare tre firedelar av verksemndene har seniorpolitiske tiltak.

I ein serie møte i alle fylka vil Fornyings- og administrasjonsdepartementet hente inn røynsler frå arbeidslivssentra og lokale toppleiarar for å kartlegge trøngen for ytterlegare initiativ. Møta vert gjennomført i samarbeid med hovudsamslutningane i staten.

Inkludering av innvandrargruppene

Statlege verksemder, som skal tilsette i ledige stillingar, er pålagde å innkalle minst ein kvalifisert søker med ikkje-vestleg bakgrunn til intervju. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har pålagt departementa å melde tilbake korleis dei følger opp dette. Ei kartlegging viste at om lag 1 450 søkerar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn vart innkalla i samband med dei nesten 6 300 kunn gjeringane av ledige stillingar i perioden, og 327 av dei innkalla fekk stillinga som dei hadde sokt (22 pst. av dei intervjua).

I staten skal det vere nulltoleranse når det gjeld diskriminering. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil følgje opp dette. Med bakgrunn i alvorlege påstandar om diskriminerande haldningar i det offentlege, har Regjeringa sett i verk ei brei og systematisk kartlegging av den faktiske situasjonen når det gjeld etnisk diskriminering innan offentleg sektor. På bakgrunn av kartlegginga vil trøngen for meir analyse og kunnskap og aktive tiltak verte vurdert. Tiltak for å auke bevisstgjering og for å styrke arbeidet mot diskriminering vil byggje på resultat av det innsamla datamaterialet.

Staten og tenestemennene sine hovudsamslutningar har etter Hovudtariffavtala pkt. 5.6 sett av midlar i tariffperioden 2006–2008. Det er gjeve støtte til mellom anna prosjekt som omfattar språkopplæring, opplæringsplassar, informasjonstiltak og haldningsskapande kurs og seminar, jf. omtale under kap. 1523.

Trass i nedgang i arbeidsløysa for personar med innvandrarbakgrunn, er det framleis mange av dei som ikkje har arbeid. Staten vil difor prøve ut eit nytt verkemiddel for å nå målet om full sys selsetjing for innvandrarar. Det skal gjennomførast eit toårig forsøk med moderat kvotering for personar med innvandrarbakgrunn, i ein del statlege verksemder. Leiropplæring skal gjennomførast som eit administrativt støttetiltak. Det skal òg gjennomførast ei følgjeevaluering for å sjå kva effektar ordninga har med omsyn til rekrutteringsåtferd i forsøksverksemduene. I samband med evalueringa skal bruk av § 9 i forskrift til tenestemannslova, som opnar for å kunne sjå bort frå kvalifikasjonsprinsippet med omsyn til tilsetjing av funksjonshemma/yrkeshemma, undersøkjast nærmare.

Forsøk med redusert arbeidstid

Frå hausten 2007 startar forsøka med redusert arbeidstid. Hovudmålet med forsøka og forskinga er å bidra til ei auke i den effektive arbeidsstyrken. Det er teke utgangspunkt i at forsøka med kortare arbeidsdag for eldre arbeidstakarar skjer i statlege verksemder. Forsøka er innretta slik at tenesta som vert utført ikkje vert svekt ved at verksemda får kompensasjon slik at tapte arbeidstimar kan dekkjast opp med fleire tilsette.

Staten er ulik andre sektorar med omsyn til yrke, utdanningsnivå, arbeidsvilkår med meir. Resultat frå forsøka kan dermed ikkje ukritisk overførast til andre typar tilsette og verksemder. Men eit godt gjennomført forsøk i staten bør kunne vere grunnlag for viktige refleksjonar også om moglege tiltak i høve til seniorar for andre sektorar eller for heile arbeidsmarknaden.

Om lag 330 medarbeidarar som er 62 år eller eldre i Skatteetaten, Statens vegvesen, fylkesmannsembeta og to bispedøme har fått tilbod om å arbeide 80 pst. av vanleg arbeidstid med full løn. Verksemduene vil sende første rapportering til Fornyings- og administrasjonsdepartementet i november 2007.

Forsøka vil halde fram til hausten 2009, og målet er å undersøkje om tilpassa arbeidstid kan medverke til at eldre arbeidstakarar ventar med å gå av med pensjon. Forsøka skal dokumenterast og evaluerast for at dei skal gje nyttig ny kunnskap. Eit eksternt kompetansemiljø er gjeve i oppdrag å følgje aktiviteten med analysar og dokumentasjon både ved oppstart, under og etter forsøka. Resultata av forsøka vil gje viktig kunnskap i arbeidet med å utvikle arbeidsgjevarpolitikken i møtet med redusert tilbod av arbeidskraft.

Offentleg elektronisk postjournal – OEP

I 2008 skal ei ny publiseringsteneste på Internett setjast i drift og gje allmenn tilgang til offentleg elektronisk postjournal. Denne tenesta skal kome i staden for den gamle ordninga som skriv seg frå 1993, og som har vore avgrensa til eit utval medie redaksjonar. Tenesta vil medverke til eit meir ope og demokratisk samfunn der det er lett å finne opplysningar om eit dokument i forvaltninga. Samstundes skal ein syte for at personvernet òg vert varetake.

Alle departementa og Statsministerens kontor vil vere med i den nye tenesta frå starten. Det er òg eit mål at denne tenesta med elektroniske postjournalar seinare skal kunne omfatte store delar av offentleg sektor.

Auka tillit til statsforvaltninga

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil fastsetje retningslinjer for utarbeiding av lokale varslingsrutinar i statlege verksemder i samband med dei nye reglane i arbeidsmiljølova. Dei nye reglane pålegg arbeidsgjever å utarbeide rutinar eller sette i verk andre tiltak som legg tilhøva til rette for intern varsling. Rutinar for varsling er meint å gjere det lettare for tilsette å vite korleis dei skal gå fram dersom dei meiner det er trøng for å varsle.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg stor vekt på å gjøre forvaltninga meir open og inkluderande. Eit tiltak i denne samanhengen var Regjeringa sin innbyggjarkonferanse 2007. På konferansen deltok innbyggjarar frå heile landet, og i alle aldersgrupper. Hensikta med konferansen var å få innspel frå dei som har direkte røynsler med offentleg forvaltning, om korleis ho kan verte meir brukarvenleg og korleis kvaliteten på dei offentlege tenestene kan bli betre.

Betre dokumentasjon av statleg ressursbruk og resultat

I 2006 gjennomgjekk departementet konsekvensanalysar innanfor ulike statlege sektorar. Gjennomgangen viste at det er store manglar når det gjeld kunnskap om samanheng mellom ressursbruk og resultat. Departementet følgjer dette opp mellom anna gjennom arbeidet med StatRes.

StatRes skal gje alle betre informasjon om statleg ressursbruk og kva denne skapar, gjennom å utvikle og formidle kunnskap om ressursbruk, produksjon, kvalitet og resultat. Via Internett skal innbyggjarar, offentleg tilsette, forskrarar og andre kunne følgje med i korleis staten sine pengar vert brukte, og dei skal kunne følgje utviklinga i indikatorar knytte til statlege sektorar og verksemder.

Statistisk sentralbyrå utviklar StatRes på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og i nært samarbeid med involverte fagdepartement og etatar. Prosjektet held seg i stor grad til internasjonale standardar, noko som legg til rette for framtidige samanlikningar med andre land i dei høve det gjev mening. Det er laga ei brukarvenleg løysing med relevante, etterrettelege og oppdaterte data. Den første publiseringa hausten 2007 dekkjar eit overordna nasjonalt nivå og tre pilotområde: spesialisthelsetenesta, høgare utdanning og statleg barnevern. Frå 2008 skal fleire delar av statsforvaltninga inkludera i StatRes. Samstundes skal dei eksisterande pilotane få betre indikatorar og tal, og den tekniske løysinga skal òg utviklast vidare.

Ny undersøking om tilfredsheit med offentlege tenester

Eit viktig mål for Regjeringa er at alle publikumsretta statlege etatar skal gjennomføre brukundersøkingar og at resultata som hovudregel skal offentleggjera. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil i samarbeid med fleire departement og etatar setje i verk ei ny, større undersøking av tilfredsheit med offentlege tenester. Denne skal gje tenesteytarar og styresmakter betre føresetnader for å vidareutvikle kvaliteten på tenestene. Undersøkinga vil medverke til at viktig kunnskap om tenestekvalitet og brukartilfredsheit vert betre kjent og sikre at offentlege tenester vert utvikla i tråd med dei forventningane innbyggjarane har.

Forenkla offentleg innkrevjing

Hausten 2005 vart det sett ned eit offentleg utval med mandat til å vurdere heilskapen i offentleg innkrevjing av midlar, og fremje tiltak og utbetrinigar. Utvalet skal levere utgreiinga si til Fornyings- og administrasjonsdepartementet 01.11.2007. Departementet vil følgje opp saka i 2008.

Statens kulturhistoriske eigedomar

Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar starta opp ved årsskiftet 2003/2004 med bakgrunn i eit gjennomført forprosjekt. Fornyings- og administrasjonsdepartementet leier prosjektet som har ei referansegruppe med deltaking frå Miljøverndepartementet, Kunnskapsdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet, Forsvarsdepartementet, Riksantikvaren, Statsbygg og Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. Prosjektet har eige sekretariat som yter stønad til departement og statlege verksemder som deltek i prosjektet.

Føremålet med prosjektet er å utføre ei systematisk vurdering av dei kulturhistoriske verdiane som staten sin eigedomsmasse representerer. Dette vert gjort ved at kvart departement lagar ein landsverneplan for sin sektor. Krav om dette er nedfelt i kongeleg resolusjon av 15.08.2006, Overordna føresegner om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedomar. Ein landsverneplan er ei samla oversikt over ei utvald gruppe kulturminne og kulturmiljø innanfor ein statleg sektor, vurdert i nasjonal samanheng med siktet på at dei skal vernast. I den nemnde resolusjonen vert det òg stilt krav om at det vert laga forvaltningsplanar for eigedome som vert del av ein landsverneplan.

Det er stor oppslutning om prosjektet. Samla sett er om lag 10 millionar kvadratmeter bygningsmasse eigd av staten, statlege selskap og føretak til vurdering i samband med prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar. Dette er til dømes fire

gonger meir enn den bygningsmassen Statsbygg forvaltar.

Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar (www.statenskulturhistoriskeeindommer.no) skal mellom anna assistere og koordinere arbeidet med landsverneplanar i dei ulike sektorane, formidle og gje råd om Regjeringa sin strategi for forvaltning av dei kulturhistoriske eigedomane som staten eig og arbeidet med forvaltningsplanar. Dessutan skal prosjektet sikre informasjon og røysnsleoverføring mellom deltakarane i prosjektet, og stå for drift og vedlikehald av det nettbaserte eigedomsregisteret med data frå alle deltakarane i prosjektet. Registeret inneheld bilet og informasjon om alle eigedome i dei ulike sektorane, og utgjer den mest omfattande kartlegginga som nokon gong er gjort av statlege kulturhistoriske eigedomar. Registeret er utforma slik at sider herifrå kan nyttast direkte som sider i ein landsverneplan. Dette vil effektivisere arbeidet vesentleg.

Budsjett

Post 01 Driftsutgifter

Løyvingsforslaget dekkjer mellom anna departementet sine løns- og driftsutgifter. Posten dekkjer òg kjøp av brukarbaserte tenester frå Servicesenteret for departementa.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvingsforslaget skal mellom anna dekkje utgifter til fornyingsarbeidet i departementet, sikring

av regjeringsbygningane og områda rundt, gjennomføring av større analysar og forsøk med redusert arbeidstid. I tillegg vert det løyvd midlar til utvikling av e-læringsprogram for nyttilsette i staten. Løyvinga til dette skal stillast til disposisjon for Direktoratet for forvaltning og IKT.

Post 22 Forsking

Forsking er viktig for å ha eit kunnskapsgrunnlag for gode politiske avgjørder.

Departementet vil i 2008 førebu og legge fram forslag til eit særskilt program for forsking retta meir generelt mot fornyingsarbeidet i offentleg sektor. Som pådrivar for fornying i offentleg sektor ynskjer Fornyings- og administrasjonsdepartementet ei langsigkt utvikling av kunnskap om bruk av verkemiddel og effektar.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil i dette arbeidet fokusere på dei delane av staten der det er størst trong for kunnskap om fornying, og legge særleg vekt på dei områda som kan kome fleire sektorar til gode.

Departementet vil etablere nær kontakt med andre departement og forskingsmiljø, mellom andre Noregs Forskningsråd, i samband med utarbeidninga av programmet.

Det skal leggjast stor vekt på formidlingssida i programmet og at resultata skal ha praktisk nytte.

Kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskot	85 051	86 127	91 219
71	Bidrag frå arbeidstakarane	24 129	24 129	24 129
	Sum kap. 1503	109 180	110 256	115 348

Allmenn omtale

Staten og organisasjonane har i HTA 2006–2008 avtale om at staten skal løyve tilskot til tenestemannsorganisasjonane sine opplærings- og utviklingstiltak. Avtalen vart oppretta etter mønster av tilsvarende avtale mellom LO og NHO, og vidareført i seinare oppgjer. Ordningar er òg etablerte i andre tariffområde i privat sektor og i kommunsektoren.

Etter avtalen skal midlane nyttast som støtte til organisasjonane si opplæring av tillitsvalde i staten, mellom anna i organisasjons- og tillitsvaldarbeid, miljø- og vernearbeid, sjukefråvær, medbestemming, personalpolitiske spørsmål, omstilling, effektivisering og samfunnsøkonomi m.m.

Etter gjeldande tariffavtale er prosentsatsen for tilskot fastsett til totalt 0,24 pst. av årleg utbetalt løn etter hovudregulativet (A-tabell). Summen vert rekna ut når løns- og sysselsettingsstatistikken per

01.10.2007 ligg føre våren 2008, og skal fremjast i eigen proposisjon.

Arbeidstakarane medverkar til finansieringa på 200 kroner per år av bruttoløn etter A-tabellen. Arbeidstakarane sine bidrag kjem fram under post

71, og vert budsjettert i eigen proposisjon. Staten er pliktig til å følgje opp avtalen med tilsvarande opplærings- og informasjonstiltak på arbeidsgjevar-sida. Desse utgiftene må dekkjast av budsjetta til kvar av verksemndene.

Kap. 1506 Noreg.no

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	29 563	22 344	
21	Miside, <i>kan overførast</i>	6 003	13 000	
	Sum kap. 1506	35 566	35 344	

Noreg.no vil fra 1.1.2008 inngå i det nye Direktoratet for forvaltning og IKT. Generell omtale av Noreg.no og Miside står difor under kap. 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT.

Rapport

Noreg.no er ein offentleg informasjonsportal og vegvisar med ei viktig oppgåve som folkeopplysar. Dette ansvaret er enno meir sentralt og fokusert etter at Miside vart lansert.

Nettstaden noreg.no

Noreg.no måler bruken av nettportalane norge.no, noreg.no og norway.no mellom anna gjennom talet på sidevisinger. I 2006 registrerte Noreg.no 20,2 mill. sidevisinger. I tillegg vert det registrert kor mange som tek kontakt med Noreg.no på telefon, netprat, SMS og epost med spørsmål knytte til det offentlege.

I gjennomsnitt hadde noreg.no 73 113 sidetilvisinger dagleg i 2006. Dei mest populære tema i portalen var arbeid, skatt, arbeidssøking, skule og utdanning, i tillegg til bustad og eigedom. Nær 30 000 personar kontakta Noreg.no i 2006 med spørsmål om informasjon og tenester på noreg.no og i det offentlege generelt.

Miside

Miside vart lansert 18. 12. 2006 som ein del av nettstaden Noreg.no. Innbyggjarane kunne ta i bruk Miside etter kvart som dei fekk tilsendt skattekortet med PIN-kodane. Til no har omlag 230 000 personar registrert seg som brukarar av Miside. Etter lanseringa har det kome flest nye tenester innanfor kommunal sektor. Målet er at innbyggjarportalen Miside står fram som innbyggjarane sitt naturlege val for elektronisk dialog med offentleg sektor.

Felles innlogging for offentlege tenester (Minid)

Noreg.no fekk i 2006 òg oppgåva med å etablere og drive den mellombelse innloggingsløysinga til Miside. Fleire andre brukarstader, til dømes Altinn, og mange kommunar har teke innloggingsløysinga i bruk på eigne nettpotalar. Per juni 2007 har Minid 300 000 brukarar, 80 000 av desse er brukarar av andre tenester enn Miside, i hovudsak Altinn.

Kvalitet på offentlege nettstader

Noreg.no har eit pådrivaransvar for å oppnå auka kvalitet på offentlege nettstader. I dette ligg oppfølging av offentlege nettstader sin bruk av WAI-standen og arbeidet knytt til kvalitetsmerking av offentlege nettstader. I 2006 gjennomførte Noreg.no den femte kvalitetsvurderinga der kvaliteten på 691 offentlege nettsider vart testa. Vurderingane vart gjorde etter kor tilgjengeleg, brukartilpassa og nytig innhaldet var. Resultatet viste at det er ei forbetring i høve til 2005. I statleg sektor er det størst betring på området brukartilpassing, medan dei fylkeskommunale og kommunale nettstadene viste størst betring på området tilkomst.

Offentleg tenestestruktur

Noreg.no overtok ansvaret for det tidlegare LivsIT-prosjektet 01. 01. 2005. Forslag frå to arbeidsgrupper sett ned i 2005 vart brukt som utgangspunkt for gjenoppbygginga av systemet. Det nye systemet har fått namnet Los og er eit klassifiserings-system for informasjon om offentlege tenester. Målet med Los er mellom anna å gjøre det enklare for innbyggjarane å finne fram i det offentlege.

Programkategori 01.10 Fylkesmannsembeta

Utgifter under programkategori 01.10 fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2006	budsjett 2007	2008	Pst. endr. 07/08
1510	Fylkesmannsembeta	1 300 266	1 089 484	1 113 506	2,2
	Sum kategori 01.10	1 300 266	1 089 484	1 113 506	2,2

Inntekter under programkategori 01.10 fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2006	budsjett 2007	2008	Pst. endr. 07/08
4510	Fylkesmannsembeta	257 550	14 728	15 361	4,3
	Sum kategori 01.10	257 550	14 728	15 361	4,3

Hovudmål for fylkesmannsembeta

Fylkesmannen er statens fremste representant i fylket. Fylkesmannen skal setje i verk statleg sektorpolittikk lokalt og regionalt – rettsleg korrekt, heilskapleg og samordna.

For å nå dette målet har Fylkesmannen myndighet på fleire sentrale politikkområde som skal sjåast i samanheng. Fylkesmannen har ein særleg viktig funksjon i grenseflata mellom statleg sektorpolittikk og kommunalt sjølvstyre, og mellom kommunane og innbyggjarane.


Politikkområda omfattar oppgåver frå til saman 13 departement. Fagområda er nærmare omtala i fagproposisjonane til dei respektive departementa. Kvart fagdepartementet er fagleg overordna embeta på det aktuelle fagområdet, medan Fornyings- og administrasjonsdepartementet er administrativt overordna fylkesmannsembeta. Det parlamentariske ansvaret for Fylkesmannens verksamhet er dermed delt mellom statsrådane.

I arbeidet med å setje i verk politikken til Regjeringa, skal Fylkesmannen ta hand om fleire funksjonar:

- vere bindeledd og samordnar mellom stat, kommune og innbyggjarar
- utøve myndighet, rettstryggleiks- og kontrollfunksjon
- ta hand om fornyings- og utviklingsverksemd.

Regjeringa arbeider med ei forvaltningsreform som vil få innverknad for Fylkesmannens rolle og oppgåver frå 2010, jf. St.meld. nr. 12 (2006–2007) «Regionale fortrinn – regional framtid» og Innst.S. nr. 166 (2006–2007). Hovudmåla for Fylkesmannen ligg likevel fast for 2008.

Det er eit mål for Regjeringa at omstillinga som forvaltningsreforma krev, ikkje skal føre til utstøyting frå arbeidslivet eller auka sjukefråvær. For å sikre ein god prosess må embeta vere budd på å starte omstillingsarbeidet allereie i 2008.



Figur 2.1 Årsverk fordelt etter departementsområde. Kjelde: fylkesmannsembeta. Data er frå august 2006. I kategorien «andre departement» inngår Forsvarsdepartementet, Kultur- og kyrkje-departementet, Samferdselsdepartementet og Utanriksdepartementet.

Boks 2.1 Fylkesmannsembeta

- utfører oppgåver for 13 departement og 9 direktorat/tilsyn
- har 2213 tilsette som utfører 2068 årsverk (Kjelde: Statens Sentrale Tenestemannsregister 01. 03. 2007)
- 9 av 18 fylkesmenn er kvinner, mens 36 % av anna leiing i fylkesmannsembeta er kvinner
- har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid for klagesaker etter sosialtenestelova i 2006 på 1,8 månader, mot 1,6 månader i 2005 (og 2,1 månader i 2004)
- har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid for klagesaker etter plan- og bygningslova på 3,0 månader i 2006, mot 2,6 månader i 2005 (og 3,6 månader i 2004).

Bindledd og samordnar mellom stat, kommune og innbyggjar

Fylkesmannen skal formidle heilskapleg statleg politikk og forventingar til kommunane, på tvers av alle politikkområda. I den samanhengen er Fylkesmannen bindledd og samordnar mellom staten og kommunane og skal òg vere meklar mellom ulike statlege sektorar, kommunar og fylkeskommunar.

Fylkesmannen skal medverke til samordning av kommuneretta verksemder i regionale statsetatar. Fylkesmannen skal arbeide for å vidareutvikle møteplassar der Fylkesmannen, fylkeskommunane, kommunane, KS – kommunesektorens Interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon og andre regionale aktørar kan møtast og gjensidig utveksle erfaringar, tilbakemeldingar og formidle forventingar.

Fylkesmannen har ansvar for å hjelpe til med kunnskap om bruk av lover og gje rettleiing om generell sakshandsaming i kommunane slik at kvaliteten vert sikra. Fylkesmannen er ein sentral informasjonskanal frå kommunane og innbyggjarane attende til staten og departementa.

Fylkesmannen skal medverke til utveksling av røynsler med samhandling mellom kommunale helse- og sosialtenester og dei andre helsetenestene (spesialisttenester og tannhelsetenesta). Fylkesmannen skal medverke til at gode løysingar vert gjort kjende, og skape møteplassar som stimulerer til auka samarbeid på tvers av sektorar og fagområde.

Oppvekst og levekår for barn og unge har stor innverknad på deira fysiske, psykiske og sosiale utvikling. Gjennom ansvaret for samordning, skal

Fylkesmannen gje råd til og motivere kommunane til samarbeid mellom tenester og ulike institusjoner som arbeider for og med barn og unge og deira familiær. Dette gjeld mellom anna helsestasjonar, barnehagar, skular, barnevern og ulike friviljuge organisasjonar.

Fylkesmannens oppgåver i samband med kommune- og fylkesplanlegginga er sentrale verkemiddel for formidling av statleg sektorpolitikk på viktige område. Samstundes skal Fylkesmannen fremje heilskapleg statleg politikk i planleggingsarbeidet og medverke med heilskapleg formidling av statleg arealpolitikk slik at dei nasjonale måla for lokal og regional omstilling og utvikling på kvart område er i samsvar med andre nasjonale mål. I høve til innbyggjarane og næringslivet skal Fylkesmannen som klageinstans sikre at kommunale planvedtak prosessuelt og innhaldsmessig er i samsvar med plan- og bygningslovgjevinga og nasjonale interesser.

Fylkesmannen har ei viktig rolle ved kriser og katastrofar i fred som samordnar av samfunnstryggleiksarbeidet i fylket. Fylkesmannen rettleiar kommunane, og arbeidar nært med Forsvaret og andre statsetatar i dette.

Utøving av myndighet, rettstryggleiks- og kontrollfunksjon

Fylkesmannen er forvaltnings- og tilsynsstyremakt etter fleire lover. Fylkesmannen skal føre tilsyn med at kommunane og andre offentlege og private verksemder etterlever nasjonalt regelverk. Fylkesmannen er vidare ein viktig rettstryggleiksinstant for innbyggjarane i klagesaker der kommunane fattar rettsleg bindande vedtak. Innbyggjarane skal oppleve Fylkesmannen som ein uhilda instans, som vektlegg rettstryggleik som grunnlag for vedtaka sine. Ved handsaminga av søknader om fri saksførsel og fritt rettsråd sikrar Fylkesmannen innbyggjarar med mindre god økonomi naudsynt juridisk bistand i saker som har mykje å seie for dei personleg eller for velferda deira.

Fylkesmannsembeta har auka sakshandsamingstida for klagesaker etter sosialtenestelova og plan- og bygningslova, jf. boks 2.1. Talet på klagesaker har òg auka. Rask handsaming av klagesaker er viktig for rettstryggleiken. Fylkesmennene skal difor i 2008 halde fram med arbeidet for ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på under tre månader på desse områda.

Fylkesmannen har ei omfattande og viktig oppgåve med å føre tilsyn på ulike samfunnsområde som er viktige for velferd, helse og tryggleiken til innbyggjarane og for miljøtilhøva i fylket.

For å utøve tilsyn og kontroll med at verksemde følgjer lover og reglar, nyttar Fylkesmannen

seg av ulike metodar i høve til ulike tilsynsobjekt og tenesteområde. Det er eit mål at Fylkesmannen skal utvikle ei størst mogleg samordna tilsynsverksemd og -metodikk. Fylkesmannen har ei lovfesta rolle som samordnar av statleg tilsyn retta mot kommunane, jf. kommunelova kap. 10A. Praktiske omstende rundt tilsyn og tilsyna sin bruk av reaksjoner skal samordnast, mellom anna for å leggje til rette for vurdering og diskusjon om dei påleggja som tilsyna gjev. Det er eit mål å unngå at tilsyn på ein sektor gjev utilsikta konsekvensar på andre sektorer.

Rapport frå Statens landbruksforvaltning av april 2007 om kontroll av tilskot i landbruket, viser at det er trong for å styrke Fylkesmannens funksjon som kontrollmyndighet på området. Kontrollen skal betrast gjennom ei vidareutvikling og tilpassing av oppgåver, regelverk og rutinar.

Fornyings- og utviklingsverksemd

Fylkesmennene skal stimulere til lokalt omstilings- og fornyingsarbeid og medverke til å skape ein kultur for omstilling i kommunane. Fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying må òg sjåast i samband med arbeidet knytt til rettleiing, samordning, skjønstildeling og likestilling.

For å nå Regjeringa sine distriktpolitiske mål skal Fylkesmannen gjennom regionale tilpassingar leggje til rette for utvikling av ny næringsaktivitet, auka verdiskaping, miljøtiltak og attraktive bustader parallelt med å oppretthalde eit levande landbruk med ein variert bruksstruktur over heile landet. I den samanhengen er det viktig at innsatsen innan næringsutvikling, innovasjon og forsking vert sett under eitt. Gjennom Regjeringa si satsing på kommunane som samfunns- og næringsutviklarar skal Fylkesmannen framleis medverke til ei vidareutvikling og styrking av landbruket si rolle i dette arbeidet.

Arbeidet med styrking av lokalt miljøvern skal vidareførast. Regjeringa ser dette i samanheng med fornyingsarbeidet i kommunal sektor med sterkare fokus på kommunane si rolle som samfunnsutviklarar. Fylkesmannen skal medverke i gjennomføringa med fagleg støtte og deltaking i nettverkssamarbeid, rettleiing og kompetanseutvikling. Arbeidet skal samordnast med det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet.

Handlingsplan for auka tilkomst gjennom universell utforming gjeld for perioden 2005–2009. Fylkesmannen skal integrere universell utforming som strategi i verksemda si og særlig leggje vekt på å rettleie kommunane om universell utforming på alle relevante politikkområde.

Som eit ledd i arbeidet med å sikre god rettsstryggleik, rask sakshandsaming og effektiv bruk av ressursar i fylkesmannsembeta, vil det i 2008

verte innført eit elektronisk system for handsaming av søknader om fri rettshjelp. Saksystemet for fri rettshjelp vil, gjennom elektronisk tilgang til ein rekke offentlege organ, kunne stadfest og kontrollere elektronisk at det er riktige partar, rett dokument og riktige opplysningar i saka. Bruk av saksystemet vil medverke til ei meir effektiv og raskare handsaming av søknader både for advokatar/klientar og for Fylkesmannen.

For å betre grunnlaget for avgjerder internt i forvaltinga, styrke rettstryggleiken og utvikle kontakten med brukarane, skal embeta bruke stadfesta informasjon (kart) og geografiske informasjonssystem i arbeidet. Det er ein føresetnad at Fylkesmannen og fylkeskartkontora samarbeider, slik at kommunar og andre brukarar opplever ein heilskapleg regional kartpolitikk.

Dei neste tiåra vil Noreg oppleve demografiske endringar med ein gradvis aldrande folkesetnad. Gruppa eldre av ikkje-vestlege innvandrarar vil òg auke i åra som kjem. Fylkesmannen skal førebu kommunane på dei auka oppgåvene dette kan føre til på helse- og sosialtenesta sitt område og sørge for at dette vert sett på dagsordenen i kommunal planlegging. Fylkesmannen skal gje råd og stimulere til auka brukarstyring og aktiv deltaking frå dei eldre. Den kommunale omsorgstenesta dekker etter kvart heile livsløpet, og har dei siste åra fått mange nye brukargrupper med langvarige og samansette problem og lidingar, som krev anna fagleg kompetanse enn heimetenestene tradisjonelt har rådd over. Fylkesmannen skal hjelpe kommunane i det utviklings- og omstillingsarbeidet desse nye utfordringane krev, spesielt i høve til kompetanse og fagleg breidde.

Regjeringa legg vekt på å betre barneverntenesta si evne til å setje inn eigna hjelpe- og omsorgs tiltak for barn som vert utsette for omsorgssvikt og mishandling. Fylkesmannen skal gjennom sin kontakt med kommunane stimulere til nytenking, organisasjons- og tiltaksutvikling og kompetanseutvikling i barneverntenesta. Fylkesmannen skal òg bidra til at kontakt og samarbeid mellom det statlege barnevernet og kommunane vert til beste for barn og unge.

Oppgåver på dei einskilde politikkområda

Velferd, helse og personleg tenesteyting

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at innbyggjarane får den behandlinga av kommunane som dei i følgje lov og andre føresegner har krav på innan barnevern, rusomsorg, helse- og sosialtenester, utdanning og verjemål. Fylkesmannen skal føre tilsyn med at både kommunale og andre verksemder, mellom andre helseføretaka, rettar seg etter dei

plikter som følgjer av lovene. Dette er ikkje minst viktig når det gjeld likeverdige tenester i høve til personar med minoritetsbakgrunn.

Helsetilsynet i fylket skal i 2008 og 2009 gjennomføre eit toårig landsomfattande tilsyn med spesialisthelsetenester til vaksne med psykiske lidningar. Fylkesmannen skal medverke til at opptrapningsplanen for psykisk helse vert gjennomført i tråd med måla. I 2008 er det viktig å leggje til rette for at kommunane kan setje i verk tiltak og arbeidsmåtar som kan verke etter at planperioden er over.

Fylkesmannen skal vere med i utviklinga av kompetanse og kvalitet i sosialtenesta og leggje til rette for utvikling av bustadsosialt arbeid, rettleiing i personleg økonomi og andre oppgåver i kommunane knytt til innsatsen mot fattigdom. Fylkesmannen deltek i NAV-reforma i samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten og representantar frå kommunane i fylket. Fylkesmannen si rolle er særleg knytt til kompetanseutvikling i sosialtenesta, deltaking i den regionale samordninga av reforma, og dessutan å gje råd til kommunane i arbeidet med å etablere ei felles statleg og kommunal arbeids- og velferdsforvaltning (NAV-kontor). Fylkesmannen skal mekle i tvistar som hindrar Arbeids- og velferdsetaten og kommunane i å inngå avtale om felles, lokale NAV-kontor, jf. forskrift til arbeids- og velferdsforvaltningslova av 12. mars 2007. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylka skal følgje omorganiseringa når det gjeld integrering av andre sosialtenester med tanke på å identifisere område med fare for svikt.

Fylkesmannen skal, i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet og dei regionale kompetansesentra for rusmiddelsspørsmål, hjelpe kommunane å betre kvaliteten på rusarbeidet. Fylkesmannen skal følgje praktiseringa av sals- og skjenkeløyve etter alkohollova i kommunane og hjelpe til med oppgåver i dei kommunale tenestene knytte til Opptrapningsplanen for rusfeltet.

Stortinget har vedteke eit nytt kapittel 4A om helsehjelp utan samtykke i lova om pasientrettar, jf. Ot.prp. nr. 64 (2005–2006) og Innst.O. nr. 11 (2006–2007). Embeta vil verte styrkja over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett for å kunne drive med kompetanseoppbyggjande tiltak i høve til kommunane i 2008.

Fylkesmannen skal formidle nasjonale satsningar i folkehelsepolitikken og medverke til samordning av ulike politikkområde som har innverknad på folkehelsa, syte for helsefagleg kunnskap, rådgjeving og rettleiing i folkehelsespørsmål regionalt og lokalt, og delta aktivt i den regionale partnarskapen for folkehelse. Ei av desse nasjonale satsingane er Handlingsplan for betre kosthald i befolkninga (2007–2011) som er ei tverrdeparte-

mental satsing som inneber tiltak innanfor fleire sektorer. Fylkesmannen skal medverke til at tiltaka i planen vert gjennomførde.

I tråd med St.meld. nr. 25 (2005–2006) «Mestring, muligheter og mening» skal Fylkesmannen syte for at dei komande omsorgsutfordringane vert sett på dagsorden i kommunane og initiere og følgje opp det langsiktige planarbeidet i kommunane for å møte desse utfordringane. Fylkesmannen skal gje kommunane bistand i arbeidet med å fornye sjukeheimane og utvikle og styrke heimeteor nestene og medverke til at kommunane møter dei nye brukarane av omsorgstenestene med større tverrfagleg breidde og meir aktiv omsorg. Vidare skal Fylkesmannen i samarbeid med mellom andre KS og Husbanken sikre at alle tiltaka og delplanane i Omsorgsplan 2015 vert følgde opp som ein heilskapleg plan i tråd med St.meld. nr. 25 (2005–2006) om omsorgsutfordringane i framtida. I tillegg til kompetanselyftet vert det i 2008, som ein del av Omsorgsplan 2015, sett særskilt fokus på omsorgskjeden for menneske med demens. Samstundes vil Husbanken i samarbeid med Fylkesmannen få ansvaret for den nye investeringsordninga til bygging og fornying av sjukeheimspllassar og omsorgsbustader for dei som treng omsorg og bistand heile døgnet. Fylkesmannen vert styrka med særskilte midlar over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett til denne oppgåva.

Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Fylkesmannen skal følgje opp alle kommunane i arbeidet med å dimensjonere for full barnehagedekning. Fylkesmannen skal ha særleg fokus på dei kommunane som ikkje har nådd målet om full barnehagedekning, men òg gjere sitt til at dei kommunane som har nådd full barnehagedekning held denne oppe. Fylkesmannen skal medverke i oppfølginga av barnehagelova, rammeplanen for barnehagar og kompetansestrategien for barnehage sektoren. Fylkesmannen skal forvalte dei statlege midlane til lokale kompetansetiltak. Tilsyn med kommunen som barnehagestyresmakt skal vere ei prioritert oppgåve for Fylkesmannen. Føremålet med tilsynet er å sikre at krava i barnehagelova vert oppfylte og å medverke til å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.

På utdanningsområdet skal tilsyn vere hovudoppgåva for Fylkesmannen i 2008. Rapporteringa frå tilsynet med grunnopplæringa i 2006 og 2007 viser at det er trong for å styrke tilsynet i 2008. Tilsynet skal medverke til at grunnopplæringa vert gjennomført i samsvar med opplæringslova og privatskulelova med tilhøyrande forskrifter. Fylkesmannen skal rette særleg merksemrd mot skular og

skuleeigarar der det er grunn til å tru at rettane til elevane ikkje er oppfylte. Fylkesmannen skal gjennomføre nasjonalt tilsyn med felles metodikk (systemrevisjon) på utvalde område innanfor utdanningssektoren. Fylkesmannen skal òg følgje opp reforma Kunnskapsløftet, særleg på områda nasjonale prøver og kompetanseutvikling for dei tilsette i grunnopplæringa.

Innan området familierett har Fylkesmannen sakshandsamings- og informasjonsoppgåver etter ekteskapslova og barnelova. Fylkesmannen sine oppgåver på meklingsområdet vert frå 1. januar 2008 overførde til Barne-, ungdoms- og familierektoratet. Fylkesmannen skal framleis føre tilsyn med familievernkontora.

Tilsyn er hovudoppgåva til Fylkesmannen på barnevernområdet. Fylkesmannen skal oppfylle krava i lovverket om individretta og systemretta tilsyn i offentlege og private barneverninstitusjonar. Det er viktig at rettstryggleiken for barn og unge vert sikra i samsvar med regelverket og at embata prioriterer samtalar med kontroll og oppfølging av barn og unge. Fylkesmannen skal i 2008 gjennomføre landsomfattande tilsyn med kommunale tenester til barn og unge. Tema er korleis helsetenesta, sosialtenesta og barneverntenesta i kommunane samordnar tenester og tiltak i høve til barn og unge som treng hjelp frå alle dei tre tenestene. I 2008 vil revisjonsleiaropplæring og arbeid i tilsynsforum òg vere sentrale oppgåver.

Fylkesmannen skal som ein del av sitt samarbeid med kommunane, rettleie og følgje opp kommunane i arbeidet deira med å betre rutinane og prosedyrane etter kravet om internkontroll med eige verksemrd. Fylkesmennene skal òg halde naudsynt oversikt over og føre tilsyn med utviklinga i barneverntenesta i kommunane, og syte for at feil og manglar vert retta opp.

Fylkesmannen skal arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling gjennom å påverke og rettleie kommunane på alle politikkområda.

Arealdisponering og byggjesaker

Fylkesmannen har ansvar for at nasjonal politikk vert formidla og teke vare på i handsaminga av kommunale og regionale planar. I samsvar med St.meld. nr. 26 (2006–2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand» skal Fylkesmannen medverke til å utvikle eit samfunn som tek vare på viktige felles verdiar og grunnleggjande levevilkår for ulike grupper innan rammene av ei berekraftig utvikling. Det er eit mål for Regjeringa at Fylkesmannen medverkar til å forsterke måloppnåing og til å synleggjere kommunane sitt handlingsrom på

plan- og miljøområdet gjennom kompetanseoppbygging i høve til prioriterte kommunar.

Fylkesmannen skal samordne statlege forventingar og interesser i høve til kommunar og fylkeskommunar og er ansvarleg for at regional stat medverkar i regionale planprosessar og i gjennomføring av godkjende planar. Fylkesmannen og regionale statsetatar skal delta i ulike partnarskap for å stimulere den regionale utviklinga.

Fylkesmannen skal leggje til rette for verdiskaping, næringsutvikling, gode bustadar og bumiljø, og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet. Fylkesmannen skal leggje til grunn universell utforming som strategi for inkludering og likeverd på alle relevante område. Arbeidet skal samstundes fremje folkehelse og samfunnstryggleik og sikre vern av verdfulle natur- og kulturmiljø, jordbruksareal, landskap og viktige kvalitetar i omgivnadene.

Det er Regjeringa sitt mål å halvere den årlege omdisponeringa av viktige jordressursar innan 2010 i høve til den gjennomsnittlege omdisponeringa dei siste 10 åra. Fylkesmannen skal medverke til at ivaretaking av viktige landbruksområde vert sett på den politiske dagsorden i kommunane. Regjeringa legg opp til ei meir restriktiv line når det gjeld omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. Det er difor viktig at Fylkesmannen følgjer med på kommunane si praktisering av reglane i jord- og konsesjonslovjevinga, mellom anna i saker om deling, omdisponering og buplikt, og at prisane på landbrukseigedomar vert haldne på eit nivå som tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

Det skal arbeidast for at måla i Regjeringa si satsing på kulturlandskapet vert nådd. Fylkesmannen skal støtte og gje råd til kommunane i arbeidet med å registrere og prioritere viktige område for jordbruk og kulturlandskap. Målet er å hindre attgroing ved både auka og meir målretta beiting, samt skjøtseltiltak tilpassa dei ulike miljøverdiane. Regjeringa har starta arbeidet med å dokumentere og peike ut særleg verdfulle kulturlandskap, og rapporten «Utvilte kulturlandskap i jordbruket» er ferdigstilt. Arbeidet skal halde fram i 2008. Fylkesmannen vil saman med fylkeskommunen mellom anna få ansvaret for å finne fram til ein til tre aktuelle kulturlandskapsområde i kvart fylke som grunnlag for vidare planlegging og verkemiddelbruk. Fylkesmannen skal vidare ha ei rolle i oppfølginga av verdsarvområda i dei fylka der dette er aktuelt.

Fylkesmannen skal i 2008 ha særleg merksemrd på at kommunane tek omsyn til tryggleik og beredskap i planlegginga, og særleg legg vekt på tiltak som reduserer konsekvensar av ekstremhendin-

gar som storm, ras, skred og flom. Kommunane skal oppfordrast til å sjå heilskapleg på ny og gammal reguleringsplanlegging.

Regjeringa vidarefører ein differensiert strandsonopolitikk med eit strengare vern i område der det er sterkt konkurranse om areala. Kommunane skal oppfordrast til å sjå på regulerte område på nytt. Fylkesmannen skal ha særleg merksemd på at kommunane skal halde fram med ein streng praksis ved handsaming av plansaker i strandsona og i fjellområda. Vidare skal Fylkesmannen sjå til at kommunane sikrar miljøverdiar og friluftsliv i vassdragsnaturen, gjennom innføring av byggje forbod nærmere innsjøar og vassdrag enn 50–100 meter.

Fylkesmannen skal medverke i arbeidet med å sikre grønstruktur og friområde i byar og tettstader, mellom anna gjennom rettleiing og strengare handheving av Rikspolitiske retningsliner for barn og unge. Ved handsaming av plansaker, skal Fylkesmannen sjå til at kommunane tek omsyn til truga artar. Fylkesmannen skal medverke i arbeidet med å sikre villreinen sitt leveområde gjennom regionale planprosessar, og at kommunar med reindrift sikrar reindrifta sitt areal gjennom planlegging, og at arbeidet byggjer på oppdaterte kommuneplanar.

Fylkesmannen skal leggje til rette for ein differensiert arealpolitikk for å oppretthalde og auke busetjinga i distrikta. Dei nasjonale måla for bygningspolitikken skal takast vare på og formidlast. Dette inneber at Fylkesmannen skal arbeide for god kvalitet i det bygde miljø og for ein god og effektiv byggeprosess både når det gjeld eiga handsaming av klager og når det gjeld sakshandsaminga i kommunane.

Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Regjeringa har som mål å stanse tapet av biologisk mangfold innan 2010. Fylkesmannen skal gjennom sitt arbeid medverke til å nå målet ved å sikre verdiar som er viktige for å ta vare på naturressursar og livsmiljø.

Fylkesmannen skal følgje opp nasjonal strategi for landbruksbasert næringsutvikling «Ta landet i bruk», og gjennom strategiarbeidet målrette næringsutviklingsarbeidet og miljøarbeidet i fylket. Det er vidare viktig å sjå den nasjonale strategien for landbruksbasert næringsutvikling i samanheng med den nye strategien for forsking og forskingsbasert innovasjon i landbruks- og matsektoren. På grunnlag av ei eiga evaluering skal Fylkesmannen i 2008 syte for ei rullering av dei regionale miljøprogramma i landbruket. Fylkesmannen

skal vidare arbeide med tiltak for å redusere forureininga frå landbruket.

Regjeringa har sett som mål at 15 % av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk innan 2015. Fylkesmannen skal medverke i Regjeringa si satsing på dette området mellom anna gjennom å følgje opp tiltak i dei fylkesvise handlingsplanane på økologisk landbruk.

Fylkesmannen skal i 2008 delta i arbeidet med å vidareutvikle «Inn på tunet» som eit tenestetilbod, og følgje opp tiltaka knytte til den nye nasjonale handlingsplanen for Inn på tunet. Fylkesmannen skal vidare støtte opp om arbeidet med utviklinga av Grønt reiseliv i Noreg. Fylkesmannen skal òg medverke i Regjeringa sitt arbeid med berekraftig forvaltning og auka utnytting av skogressursane med sikt på auka bruk av tre og bioenergi mellom anna gjennom deltaking i bioenergiprogrammet og det trebaserte innovasjonsprogrammet i regi av Innovasjon Norge.

I Ot.prp. nr. 68 (2006–2007) er det gjort framlegg om å etablere eit kommunalt ansvar for å syte for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsetpersonell. Med etterhald om at Stortinget vedtek lovendringa, vil det nye kommunale ansvaret kome til å gjelde frå 1. januar 2008. Fylkesmannen vil verte styrka over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett for å handsame søknader frå kommunane om midlar til dei særskilde tiltaka.

Fylkesmannen skal medverke til auka samordning av landbrukspolitiske og miljøpolitiske verkemiddel i område der det kan oppstå konflikt mellom beiteinteresser og vern av rovvilt.

Fylkesmannen skal vidare sikre ei god oppfølging og eit godt samarbeid med rovviltnemndene i regionen. I område der det vert utøvd reindrift skal Fylkesmannen sjå til at reindrifta sine interesser vert vurderte og ivaretakne.

Fylkesmannen skal oppretthalde tempoet i verneplanarbeidet, med mellom anna gjennomføring av marin verneplan, nasjonalparkplanen og skogvern, med tilhøyrande forvaltningsoppfølging. Vidare skal Fylkesmannen arbeide med lakseforvaltning og medverke i implementeringa av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Fylkesmannen skal betre kunnskapen om dei truga artane i sitt fylke og medverke til utarbeiding og gjennomføring av handlingsplanar for truga artar.

Fylkesmannen skal delta i landsomfattande aksjonar, og følgje opp industriverksemder og avfallsanlegg innan sitt myndighetsområde som eit ledd i styrkinga av tilsynet med prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikaliar og farleg avfall. Fylkesmannen vert styrkt med særskilde midlar over Miljøverndepartementet sitt budsjett for å

vidareføre karakteriseringa av vassførekostane og arbeidet med tiltaksprogram og forvaltningsplan for vassregionen, og skal dessutan leie vassregionutval. Arbeidet med grunnforeining og nedlagde avfallsdeponi skal vidareførast, og Fylkesmannen skal følge opp og setje i verk tiltaksplanar for forureina sediment.

Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen skal ha oversikt over det breie og samansette risiko- og trusselbiletet for regionen. Denne oversikta må vere grunnlaget for vidareberedskapsarbeid for Fylkesmannen, andre statlege etatar og kommunane.

Fylkesmannen skal arbeide med samfunnstryggleik og førebygging av ulukker, kriser og katastrofar, og sikre ei god handtering om hendingar skulle skje. Hendingar skal handterast raskt og effektivt ved bruk av dei regionale ressursane.

Kommunane skal følgjast opp og rettleiast av Fylkesmannen i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Fylkesmannen må leggje til rette for at planar vert oppdaterte og samordna innan og mellom kommunane.

Gjennom Fylkesmannen si planlegging for å sikre at samfunnet er best mogleg budd på å handtere kriser og ulukker, skal risiko- og sårbarheitsanalysar gjennomførast, beredskapsplanar vidareutviklast, og øvingar og opplæring setjast i verk. Riktig dimensjonerte og øva rednings- og beredskapsorganisasjonar er viktige føresetnader for god handtering av ulukker og kriser.

Fylkesmannen skal støtte Miljøverndepartementet, Justis- og politidepartementet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap i deira arbeid for klimatilpassing, mellom anna ved å medverke til at det vert teke omsyn til den auka faren for naturutløyste hendingar i planlegging og arealforvaltning.

Rapport 2006

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Fylkesmennene har i 2006:

- gitt rettleiing og informasjon til sosialtenesta i kommunane
- teke del i arbeidet med oppfølging av Tiltaksplan mot fattigdom
- teke del i arbeidet med nedbygging av hinder for personar med nedsett funksjonsevne m.a. gjennom å sjå til at universell utforming brukast som strategisk verkemiddel for betre tilgjenge til helse- og omsorgstenester
- teke del i arbeidet med samordning av Aetat, trygdeaten og kommunesektoren (NAV-refor-

men) på fylkesnivå gjennom informasjon og aktiv deltaking

- informert om dei økonomiske og juridiske rammevilkåra for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og introduksjonsordninga
- handsama om lag 50 klager (mot 15 klager i 2005) på kommunale vedtak etter lov om norskopplæring og introduksjonsordning for nykomne innvandrarar (introduksjonsloven)
- gjennomført statsborgarseremoni i Oslo og Akershus, Hedmark, Vest-Agder, Hordaland og Troms. Oppslutninga om ordninga var i 2006 på om lag 20 pst.

Barne- og likestillingsdepartementet

Fylkesmennene har i 2006:

- ført tilsyn med barnevernsinstitusjonane og barnevernstenesta i kommunane. Kvaliteten i tilsynsarbeidet har betra seg mellom anna som følgje av auka kompetanse i systemrevisjon. I det individretta tilsynet i institusjonane er måloppnåinga no nær 100 pst. Fylkesmennene har også følgt godt opp systemrevisjonar i institusjonane, og dei kvantitative måla er med få unnatak nådd i fylka
- gjort ein god innsats i det landsomfattande tilsynet i 2006 som handla om tilsyn med sentrale delar av føreskrifta om barn og unge sine rettar i institusjonane «Vern om den personlege fridomen». Tilsynet viser m.a. at barnevernsinstitusjonane foretar ein del restriksjonar i bebuarnes mogelegheit til å ha kontakt med andre, utan at det vert gjort tilstrekkelige vurderingar av den einskildes individuelle situasjon og/eller at det ikkje vert fatta naudsynte vedtak for å vareta rettstryggleiken rundt avgjerdene. Det er ikkje avdekka store forskjellar mellom statlege og private institusjonar
- medverka i vesentlig grad til gjennomføring av dei regionale konferansane med kommunane om nye rutinehandbøker og rettleiarar til bruk i dei kommunale barnevernstenestene. Innføring av internkontroll i kommunane var eit sentralt tema på konferansane
- i trå med behovet for nytenking og organisasjonsutvikling har embeta i 2006 gjeve naudsynt rettleiing til kommunar mellom anna om forsøk om interkommunalt samarbeide i barnevernstesta og etablering av internkontroll
- arbeidd med likestillingslovas aktivitetsplikt med sikte på å styrke embetas kunnskap og rettleiingsrolle i høve til kommunane.

Helse- og omsorgsdepartementet

Fylkesmennene har i 2006:

- gjennomført 168 tilsyn som systemrevisjonar med sosiale tenester. Av desse gjaldt 59 landsomfattande tilsyn med rettstryggleiken ved bruk av tvang og makt overfor einskilde personar med psykisk utviklingshemming og 40 gjaldt landsomfattande tilsyn med habiliteringstenester til barn. Tilsyna ble gjennomførte i 155 kommunar og bydelar. Verksemd og tema for dei siste 69 tilsyna er valt ut frå informasjon som Fylkesmannen har om risiko og sårbarheit i fylket. Tema var mellom anna tenestetilbod til rusmiddelmisbrukarar og sakshandsaming av heimebaserte tenester. I 28 av systemrevisjonane vart det ikkje funne brot på lov eller forskrift
- gjennomført 244 stadlege tilsyn knytt til vedtak etter sosialtenesteloven kap. 4A om rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming. I tillegg blei det gjennomført 18 tilsyn med rusinstitusjonar
- behandla til saman 5 351 klagesaker etter sosialtenestelova. Over 85 %. av sakene blei gjort ferdige innan tre månader. Talet på klagesaker etter sosialtenestelova er fallande i forhold til tidlegare år
- medverka til ei styrking av folkehelsearbeidet i fylke og kommunar gjennom fagleg rådgjeving og rettleiing på ulike nasjonale tematiske innsatsområde
- medverka til å handheve alkohollova gjennom klagesakshandsaming. I tillegg kjem rådgiving og rettleiing av kommunane knytt til alkohollova
- drive rådgiving og informasjonsverksemd overfor helsetenesta, sosialtenesta og pleie- og omsorgstenesta
- medverka i arbeidet med Opptrappingsplan for psykisk helse gjennom rådgjeving til kommunane, samt medverka til god samhandling på individ- og systemnivå. Fylkesmannen har formidla oversikt og status på feltet til sentrale styresmakter
- gjennom rådgjeving og rettleiing til kommunane hatt eit tydlig fokus på tenester til eldre.
- medverka til gjennomføring av tiltaka i Rekrutteringsplan for helse- og sosialpersonell 2003–2006
- gjennomført opplærings- og informasjonstiltak på rusfeltet, medverka til at kunnskaps- og kompetansetiltaka på fagområdet er forankra i kommunane sine planar, og at kommunal kompetanseheving vert organisert som ein kontinuerleg

prosess. Fylkesmannen har òg etablert faglege fora for kommunar med fokus på tverrfagleg tenesteutvikling.

Helsetilsynet i fylka har i 2006:

- gjennomført 249 tilsyn som systemrevisjonar med helsetenester, av desse 87 med spesialist-helsetenesta og 157 med kommunehelsetenesta. Av dei 249 vart 61 ledd i landsomfattande tilsyn med habiliteringstenester til barn og 25 ledd i landsomfattande tilsyn med tverrfaglege spesialiserte tenester til rusmiddelmisbrukarar
- avslutta 2 124 tilsynssaker (enkeltsaker om mogeleg svikt i helsetenesta). Det er store forskjellar i saksbehandlingstidene mellom fylka
- avslutta 867 klagesaker om manglande oppfylling av rettskrav på helsetenester.

Justis- og politidepartementet

Fylkesmennene har i 2006:

- ført tilsyn med, og halde kurs for, overformynderia i kommunane
- gjennomført tilsyn og øvingar i kommunane når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap
- ivaretake samordningsansvaret innan regional krisehandtering gjennom øving av eigen krisestab, møter i Fylkesberedskapsrådet og øvingar for Atomberedskapsutvala (ABU)
- i samarbeid med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) arbeidd for å styrke varslings- og rapporteringsrutinar på samordningskanal
- utarbeidd eigen fylkes-ROS med oversikt over risiko- og sårbarheitssituasjonen i fylket, med unnatak av fire embete som er i ferd med å utarbeide dette.

Kommunal- og regionaldepartementet

Fylkesmennene har i 2006:

- arbeidd for at statleg forvaltning fungerer mest mogleg samordna i sin dialog med kommunane. For å tilpasse arbeidet til lokale forhold og føresetnadar er det lagt vekt på stor grad av fridom i korleis Fylkesmannen løyser samordningsoppgåvane
- stimulert kommunane i omstillings- og fornyingsarbeidet deira, og medverka til å skape kultur for omstilling i kommunane. Fylkesmannen har i 2006 gitt om lag 97 mill i skjønnsmidlar til 395 utviklingsprosjekt. Prosjekta har vore gjennomført i einskildkommunar og interkommunale samarbeid og har mellom anna omhandla politiske og administrative endringar, utvikling av

serviceerklæringer og prosjekt med innbyggjarperspektiv

- rettleidd kommunane i økonomiforvaltninga. Fylkesmennene kontrollerte og godkjende budsjett og låneopptak for kommunar som er ført opp i Register for vilkårsbunden godkjenning og kontroll (ROBEK). I 2006 blei det satt i verk 88 legalitetskontrollar av budsjett, der 9 ikkje blei godkjend. Av 195 søknader om låneopptak frå ROBEK-kommunane blei 174 godkjend. Embeta følgde òg opp arbeidet med forpliktande plan for omstilling og kostnadsreduksjoner i ROBEK-kommunane. Andre halvår 2006 var det registrert 73 kommunar i ROBEK godkjent til saman 165 kommunale garantiar av dei 170 som det vart fatta vedtak om
- utført lovlegkontroll av kommunale vedtak. I 2006 blei til saman 96 saker handsama, mens 99 saker blei handsama i 2005. 14 kommunale vedtak vart kjende ugyldige i 2006
- handsama 4 356 klagesaker etter plan- og bygningslova i 2006. Det var ein auke i både tal saker og sakshandsamingstid i 2006
- hatt auka fokus på å rettleie kommunane om rapportering av KOSTRA-data innan fristen. Satsinga har gitt gode resultat, heile 382 kommunar (som til saman utgjer 96 % av befolkninga) rapporterte innan fristen.

Kunnskapsdepartementet

Fylkesmennene har i 2006:

- prioritert arbeidet med full barnehagedekning gjennom møte og samlingar med kommunane og informasjons- og rettleiingsarbeid
- medverka til at ny barnehagelov og revidert rammeplan vart sett i verk
- gitt informasjon og rettleiing mellom anna til lokale skoleeigarar
- ført tilsyn og kontroll med at lover og anna regelverk vert følgde. Rapporteringa viser store variasjonar mellom embeta i kvalitet på tilsynet
- gjennomført det første felles nasjonale tilsynet på utdanningsområdet med systemrevisjon som metode. Temaet var krav i opplæringslova om at skoleeigar skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i lov og forskrift vert oppfylde. Resultata viste at det var avvik i 38 av dei 55 kommunane det vart ført tilsyn med (70 %). Som ei oppfølging av tilsynet er det mellom anna utarbeidd ei skriftleg rettleiing til kommunane
- medverka til god oppfølging av reforma Kunnskapsløftet mellom anna gjennom informasjonsarbeid, oppfølging av læreplangrupper og innføring av nye læreplanar i grunnopplæringa. Vidare har Fylkesmannen medverka til gjen-

nomføring av Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008

- medverka til oppfølging av nasjonale strategiplanar knytt til mellom anna lesing og rekning
- utført faste oppgåver knytt til eksamen, klagesakshandsaming (2730 saker) og tilskottsforvaltning.

Landbruks- og matdepartementet

Fylkesmennene har i 2006:

- arbeidd for å ivareta dei nasjonale måla i landbrukspolitikken og vore ansvarlege for gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken på regionalt nivå
- vore utviklings- og kompetanseorgan på landbruksområdet generelt, og vidareutvikla kompetansesenterfunksjonen ovanfor kommunane gjennom mellom anna rettleiing, kompetansehevingstiltak og møteverksemd
- styrkt dialogen med rådmenn og ordførarar og soleis medverka til at landbrukspolitikken i større grad vert sett på den politiske dagsorden i kommunane gjennom møteverksemd, regionale samlingar med mer
- arbeidd med revidering av dei regionale strategiane for landbruksbasert næringsutvikling og følgd opp strategiane og tilskotsordningane i regionale miljøprogram. Innovasjon Norge, fylkeskommunane, kommunane og næringsorganisasjonane har delteke i arbeidet
- stimulert til samarbeid og fellestiltak, innovasjon og verdiskaping gjennom nasjonale satsingar som verdiskapingsprogrammet for matproduksjon, trebasert innovasjonsprogram og bioenergiprogrammet
- arbeidd med å auke avverkinga i skogbruket regionalt
- utarbeidd tiltak for å redusere forureininga i landbruksområdet
- medverka til auka samordning av landbrukspolitiske og miljøpolitiske verkemiddel i områder der det har oppstått konflikt mellom beiteinteresser og vern av rovvilt, mellom anna gjennom oppfølging av rovviltnemndene
- samarbeidd med fylkeskommunar, kommunar og anna statleg forvaltning om utviklingsprosjekt, fylkesplanar, kommuneplanar, og andre strategiske næringsplanar
- arbeidd for å hindre at kulturlandskap gror igjen og at dyrka jord vert bygd ned, mellom anna gjennom dialog med kommunane og deltaking i planprosessar. Arbeidet er gjort i tråd med målsetjinga om å halvere den årlege omdisponeringa av viktige jordressursar og å vareta spesielt verdifulle kulturlandskap innan 2010

- hatt eit regionalt ansvar for forvaltning og kontroll av dei direkte tilskota i jord- og skogbruket. Ordningane er ein del av det totale verkemiddeapparatet.

Miljøverndepartementet

Fylkesmennene har i 2006:

- arbeidd med gjennomføring av verneplanar, mellom anna nasjonalparkplanen og utvida skogvern, og med forvaltning av verneområda
- medverka i arbeidet med gjennomføring av statleg rovviltpolitikk og -forvaltning
- medverka i arbeidet med å utrydde lakseparasitten Gyrodactylus salaris i aktuelle fylke arbeidd med kartlegging av biologisk mangfald i kommunane
- formidla og handsama nasjonal miljøpolitikk i høve til sektormyndigheter og kommunar, og medverka til samordning av statlege interesser i handsaming av kommunale og fylkeskommunale planar
- i tråd med Regjeringas politikk, ført ei streng praksis ved handsaming av plansaker i strandsona og fjellområda
- medverka i gjennomføringa av det femårige utviklingsprogrammet på lokalt miljøvern og samfunnsutvikling

- hatt auka fokus på universell utforming i høve til planlegging og har rettleia kommunane om dette i samband med kommuneplanar og reguleringsplanar
- teke hand om rolla som forureiningsstyremakt, både mot næringsliv og kommunale verksamder. Delteke også i 2006 i tre landsdekkjande og tre regionale kontrollaksjonar. Aksjonane har vist at det framleis er eit stort behov for meir tilsyn, særleg knytt til miljøgifter og farleg avfall
- gjennomført grovkarakteriseringa av vassdrag og kystområde, arbeidd med å få vannregionmyndighet og vannregionutval operative
- arbeidd med nytt regelverk for avløp og mellom anna kursa kommunane i nytt regelverk.
- sette i gang arbeidet med å gjennomføre tiltakspanar for forureina sediment i dei prioriterte fjordområda
- arbeidd med å gi nye løyver til dei avfallsdeponia som skal oppretthalde drifta etter 2009 og vidareført arbeidet med å avslutte dei deponia som ikkje skal drive vidare
- arbeidd med å hente inn miljødata og formidle miljøtilstand og utvikling
- i aktuelle fylke, teke del i internasjonalt samarbeid.

Kap. 1510 Fylkesmannsembeta

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	1 072 746	1 074 721	1 098 108
21	Spesielle driftsutgifter	227 520	14 763	15 398
	Sum kap. 1510	1 300 266	1 089 484	1 113 506

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje ordinære løns- og driftsutgifter for fylkesmannsembeta.

Det vert føreslege å overføre 1,125 mill. kroner frå kap. 1510 post 01 til Barne- og likestillingsdepartementet sitt kap. 858 post 01 i samband med at Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet tek over oppgåver knytte til mekling frå 01.01.2008.

I samband med at ei stilling som oppsynsmann hos Fylkesmannen i Oslo og Akershus vert flytta til Statens naturoppsyn, vert det føreslege å overføre 400 000 kroner frå kap. 1510 post 01 til Miljøverndepartementet sitt kap. 1426 post 01.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

I løpet av budsjettåret får Fylkesmannen ekstra oppdrag frå andre departement og direktorat/tilsyn som det ikkje er avsett ressursar til innanfor kap. 1510. Oppdraga er knytte til mellom anna handlingsplanar og prosjekt, eller det vert gjeve ei førebels styrking av eit fagområde gjennom overføring av midlar frå budsjettet til det ansvarlege fagdepartementet. Tilleggsfinansieringa frå andre departement vert ført på kap. 4510 post 01 Inntekter ved oppdrag og post 02 Ymse inntekter.

Kap. 4510 Fylkesmannsembeta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Inntekter ved oppdrag	17 055	2 263	2 360
02	Ymse inntekter	210 769	12 465	13 001
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	772		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	8 998		
17	Refusjon lærlingar	431		
18	Refusjon sjukepengar	19 525		
	Sum kap. 4510	257 550	14 728	15 361

Post 01 Inntekter ved oppdrag

Det vert vist til omtale under kap.1510 post 21.

Post 02 Ymse inntekter

Det vert vist til omtale under kap.1510 post 21.

Programkategori 01.20 Forvaltnings- og IKT-utvikling

Utgifter under programkategori 01.20 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	Pst. endr.
		2006	budsjett 2007	2008	07/08
1520	Statskonsult	29 000			
1521	Direktoratet for forvaltning og IKT			112 943	
1522	Servicesenteret for departementa	425 015	412 851	436 247	5,7
1523	Tilskot til kompetanseutvikling	1 746	20 000	20 000	0,0
	Sum kategori 01.20	455 761	432 851	569 190	31,5

Inntekter under programkategori 01.20 fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	Pst. endr.
		2006	budsjett 2007	2008	07/08
4521	Direktoratet for forvaltning og IKT			5 022	
4522	Servicesenteret for departementa	144 718	129 994	135 584	4,3
	Sum kategori 01.20	144 718	129 994	140 606	8,2

Kap. 1520 Statskonsult

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2006	budsjett 2007	2008
70	Tilskot til restrukturering		9 000	
96	Innskudd egenkapital Statskonsult AS		20 000	
	Sum kap. 1520		29 000	

Allmenn omtale

Med verknad frå 01.01.2004 vart Statskonsult endra til eit heileigd statleg aksjeselskap. Det tidlegare Statskonsult sine eigneluter, rettar og plikter vart overførde til Statskonsult AS som tinginnskot for staten. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2007 vart det bestemt å avvikle Statskonsult AS som aksjeselskap og føre verksemda vidare i ein interimsorganisasjon med verknad frå 01.07.2007. Frå 01.01.2008 vil interimsorganisasjo-

nen gå inn i Direktoratet for forvaltning og IKT, jf. kap. 1521

Rapport

Selskapet verka i samsvar med føresetnadane for å fremje god forvaltningsutvikling og tilby tenester som evalueringar, utgreiingar, rådgjeving og kompetanseutvikling. Regjeringa såg likevel at eit ordinært forvaltningsorgan ville vere betre eigna til å møte utfordringane innan fornying og IKT.

Kap. 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter			90 660
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>			9 283
22	Miside, <i>kan overførast</i>			13 000
	Sum kap. 1521			112 943

Allmenn omtale

Regjeringa ynskjer å styrke gjennomføringskrafta innan fornyingsarbeidet, IKT, leiing, organisering og omstilling, informasjonspolitikk, innkjøpspolitikk og kompetanseutvikling. Regjeringa og forvaltninga treng eit felles støtteapparat som skal hjelpe departementa og forvaltninga elles, både med operative oppgåver og med analyse og utgreining på desse fagområda. Opprettinga av Direktoratet for forvaltning og IKT skal møte denne trangen.

Statskonsult AS vart lagt ned 01.07.2007 og Statskonsult interim vart etablert under Fornyings- og administrasjonsdepartementet, med ein interimsdirektør og ein liten stab i tillegg til dei tilsette frå Statskonsult AS. Frå 01.01.2008 vil interimsorganisasjonen gå inn i Direktoratet for forvaltning og IKT, saman med Noreg.no og Ehandelssekretariatet. I tillegg er det òg sett i gang ein prosess for å klårgjere eventuelle oppgåver og ressursar som skal overførast frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til direktoratet. Regjeringa vil av den grunn kome tilbake med moglege konsekvensar for budsjettet i revidert nasjonalbudsjett for 2008.

I tråd med framlegg frå Regjeringa ved avviklinga av Statskonsult AS og etableringa av eit nytt forvalningsorgan under Fornyings- og administrasjonsdepartementet, jf. St.prp. nr. 69 (2006–2007) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2007* og Innst. S. nr. 230 (2006–2007), legg Regjeringa nedanfor fram ei konkretisering av føremål, oppgåver og arbeidsform for det nye direktoratet.

Føremål

Føremålet med direktoratet er å medverke til at statsforvaltninga kan kjenneteiknast av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad og at ho er organisert og leidd på ein god og målretta måte, med naudsynleg samordning på tvers av sektorar.

Direktoratet skal bistå i gjennomføringa av forvalningspolitikken og fornyingsarbeidet til Regjeringa, og styrke Regjeringa si gjennomføringskraft knytt til IKT. Direktoratet skal òg assistere i oppföl-

ginga av regelverk på innkjøpsområdet, samt vere pådrivar for innføring av elektroniske forretningsprosessar og ehandel i heile den offentlege sektor.

Direktoratet skal støtte det primære lineansvaret for forvalningsutviklinga gjennom å ta hand om det felles, tverrgåande som trengst (regelverk og fellestiltak), og vere til hjelp for lineleiinga i sektorane og verksemndene, mellom anna med utgreningar og rådgjevingar når det trengst. Direktoratet si tilnærming skal vere kunnskapsbasert og verke for kontinuerleg utvikling og forbetring av offentleg sektor ved bruk av spisskompetanse og formidling av kunnskap på tvers av sektorar og fagområde. Leveransane skal halde høg kvalitet, bygd på god kompetanse på kvart fagområde og tverrgåande kunnskap om forvaltninga nasjonalt og internasjonalt.

Arbeidsområde og målsetjingar

Direktoratet vil ha fire hovudarbeidsområde med ulike roller, målgrupper og funksjonar. Arbeidsområda med oppgåver og mål for direktoratet er beskrive nedanfor.

1: Medverke til ein god offentleg sektor

For å sikre ei god og effektiv statsforvaltning er det viktig å utvikle, systematisere og formidle kunnskap om forvalningsutviklinga, organisering, leiing og andre strukturelle verkemiddel som kan nyttast i ei kontinuerleg forbetring og fornying av offentleg sektor. Direktoratet for forvaltning og IKT skal støtte arbeidet med å sikre at organisatoriske endringar er føremålstenlege, gjennomtenkte og effektive, mellom anna gjennom rådgjeving og rettleiing. Direktoratet skal òg sørge for at det vert utvikla og formidla kunnskap om kva for effektar ulike endringar har på sektorpolitikken, og korleis alternativ organisering og andre verkemiddel fungerer i høve til dei tverrgåande og overordna politiske måla.

Direktoratet skal, i samarbeid med eksterne fag- og forskingsmiljø, sikre kunnskapsutvikling om korleis ulike verkemiddel knytte til organisasjon og leiing i staten verkar.

Andre viktige ansvarsområde er:

- medverke til gode omstillingsprosesser i staten, mellom anna ved kunnskapsformidling og rådgjeving
- saman med andre aktørar medverke til å verkeleggiere utgreiingsinstruksens målsetjingar om gode avgjerdsprosesser tufta på kunnskap og fakta
- medverke til å legge grunnlaget for og forvalte ein god statleg informasjonspolitikk og gje innbyggjarane rettleiing og råd i kontakten med offentleg sektor.

Direktoratet skal i 2008:

- støtte og hjelpe departementa i arbeidet med å gjennomføre Regjeringa sin fornyingsstrategi
- yte hjelp i arbeidet med å gjennomgå forvalningspolitikken på direktoratet sitt fagområde
- medverke i arbeidet med brukarretting av statsforvaltninga og utviklinga av brukarundersøkingar som reiskap for mellom anna å sikre betre kvalitet og rettstryggleik i statlege verksemder
- hjelpe til i arbeidet med å utvikle statens informasjonspolitikk
- gje innbyggjarane rettleiing og råd i kontakten med offentleg sektor gjennom brukarkontakten og tenestene knytte til Noreg.no.

2: Assistere i ei aktiv personal- og kompetanseutvikling

Direktoratet skal medverke til å styrke kompetansen og leiarskapen og betre kunnskapsforvaltninga i staten, med fokus på gjennomgående regelverk og felles verdiar, og vere ein pådrivar for betre personal-, leiar- og kompetanseutvikling. Direktoratet skal legge til rette og arrangere kurs og anna opplæring for tilsette og leiarar og tilby metodar, verktøy og prosessar for læring og kompetanseutvikling.

Hovudansvarsområde for direktoratet sitt arbeid på dette området er:

- medverknad til naudsint tverrgåande kompetanse og forankring av felles verdiar i statsforvaltninga gjennom kurs og andre arenaer for kompetanseoverføring
- Betring av kompetanse knytt til gjennomgående regelverk på Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt område
- utvikling av god leiarskap i statlege verksemder.

Direktoratet skal i 2008:

- utvikle eit kurs- og kompetansetilbod retta inn mot statens særlege trøng

- gjennomføre tiltak i høve til statlege leiarar på ulike nivå for å vidareutvikle leiarkompetansen på tvers av statsforvaltninga.

3: Leggje til rette for koordinert og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor

IKT er eit viktig verkemiddel for å nå mål om ei samordna forvaltning som er kjenneteikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad.

Regjeringa varsla i St.meld. nr. 17 (2006–2007) «Eit informasjonssamfunn for alle» ei sterke samordning og styring av IKT i offentleg sektor. Direktoratet skal medverke til god utnytting av IKT i utviklinga av forvaltninga og effektiv elektronisk samhandling med innbyggjarar, næringsliv og internt i forvaltninga.

På IKT-området vil direktoratet primært ha operative oppgåver knytte til gjennomføring av politikken, først og fremst ansvar for å etablere og forvalte felles IKT-løysingar og IKT-standardar for offentleg sektor og medverke til at offentlege verksemder tek desse i bruk.

Direktoratet vil også ha ansvar for nokre felles nettstader retta mot innbyggjarane. Portalen noreg.no er ein vegvisar for brukarar av offentlege tenester og skal gjere det oversiktleg å finne fram til offentleg informasjon og tenester. Miside er den personlege delen av noreg.no og gjev på ein lettfatteleg måte kvar innbyggjar høve til å få utført offentlege tenester og få innsyn i informasjon om seg sjølv i offentlege register.

Direktoratet skal gjennomføre analysar og utgreiingar som grunnlag for strategiutforming i departementa når det trengst.

Hovudansvarsområde for direktoratet vil vere:

- å utarbeide forslag til, forankre og sikre gjennomslag for felles forvalningsstandardar, IKT-arkitektur og retningsliner for IKT i offentleg sektor
- å etablere og forvalte felles IKT-løysingar og medverke til at offentlege verksemder tek desse i bruk
- å tilby brukarvenlege nettstader og tenester
- å medverke til auka brukskvalitet og universell utforming av elektroniske tenester
- å medverke til overføring av erfaring og læring mellom offentlege verksemder, mellom anna gjennom dokumentasjon og fokus på gevinstrealisering
- å gjennomføre analysar og utgreiingar som grunnlag for utforming av IKT-strategiar.

Direktoratet skal i 2008:

- forvalte offentleg elektronisk postjournal

- forvalte og vidareutvikle tenestetilbodet på portalen noreg.no inklusiv Miside
- medverke til etablering av felles løysingar for elektronisk ID og signatur for offentleg sektor
- utarbeide forslag og forvalte ein referansekatolog over forvalningsstandardar, og forvalte statens standardavtalar for IT
- medverke til etablering av ein overordna felles IKT-arkitektur
- medverke til at offentlege verksemder skal bruke felles IKT-standardar og felles IKT-løysingar.

4: Legge til rette for samfunnstenlege, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp

Forvaltningsorganet skal medverke til auka verdiskapning gjennom mest mogleg effektiv ressursbruk ved offentlege innkjøp. Forvaltningsorganet skal også medverke til at offentlege innkjøp skjer på ein ryddig og samfunnstenleg måte, og arbeide for at miljøbelastinga knytt til offentlege innkjøp vert minimert. Gjennom arbeidet med innføring av heilskaplege elektroniske innkjøpsprosesser i offentleg sektor vil direktoratet medverke til betre, enklare og sikrare offentlege innkjøp.

Mål for direktoratet sitt arbeid på dette området er å medverke til at offentlege innkjøparar følgjer regelverk for offentlege innkjøp og sikrar effektiv og miljøvenleg bruk av offentlege ressursar.

Hovudansvarsområda vil vere:

- kunnskapsspreiing og informasjon om offentlege innkjøp
- utvikle, drifte og vere pådrivar for bruk av elektroniske løysingar
- oppfølging av Regjeringa si handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Ein viser til nærmere omtale i Miljøverndepartementet sin St.prp. nr 1 (2007–2008) kap. 1447 Miljøomsyn i offentlege innkjøp
- deltaking i internasjonalt samarbeid for å medverke til standardisering og gjennomføring av offentlege innkjøp på tvers av landegrenser.

Direktoratet skal i 2008:

- forvalte og vidareutvikle eksisterande tenestetilbod på Ehandel.no og Doffin.no for å sikre kostnadseffektiv og enkel tilgang til e-verktøy som støttar innkjøpsprosessen
- i samråd med brukarane utvikle verkty som kan gjere innkjøpsprosessen enklare og betre
- leggje til rette for auka bruk av e-verktøy gjennom rettleiing og informasjonsspreiing
- leggje til rette for realisering av gevinstar frå e-verktøy gjennom å synleggjere beste praksis.

Arbeidsform og styring

Regjeringa føreslår at direktoratet vert oppretta som eit ordinært bruttobudsjettert forvaltningsorgan.

Regjeringa legg opp til at direktoratet skal ha ulike roller, målgrupper og funksjonar på kvart arbeidsområde og at direktoratet skal kunne utføre forvalningsoppgåver for Fornyings- og administrasjonsdepartementet og for departementa og deira underliggjande verksemder. Ei viktig oppgåve for direktoratet vil også vere å ta opp problemstillingar som gjeld forvaltninga på eige initiativ.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil utarbeide retningsliner for direktoratet si prioritering av oppgåver som skal utførast for andre. Det vert lagt til grunn at oppgåvene og det arbeidet direktoratet skal ha med desse er nyttig, fagleg relevant og har overføringsverdi til andre delar av forvaltninga. Departementa skal framleis kunne nytte private konsulentselskap og forskingsinstitutt som i dag. Direktoratet skal ikkje konkurrere om oppdrag i marknaden.

For det nye direktoratet vert det viktig å byggje eksterne samarbeidsrelasjonar med fagmiljø nasjonalt og internasjonalt for å sikre ei brei fagleg tilnærming. Det skal leggjast til rette for mobilitet mellom direktoratet og andre delar av staten, til dømes gjennom ei mogleg hospiteringsordning som sørger for at dei tilsette i departementa og statlege verksemder kan hospitere i direktoratet, og omvendt.

Tilhøvet til andre statlege verksemder på området

Regjeringa legg opp til at direktoratet og Senter for statleg økonomistyring ikkje skal byggje opp overlappande kompetanse eller ha tilbod på dei same fagområda, jf. St.prp. nr. 69 (2006–2007). Direktoratet og Senter for statleg økonomistyring bør samarbeide tett, for at kompetansen og tilboden til dei to etatane skal utfylle kvarandre på ein god måte.

Det trengst også eit tett samarbeid mellom direktoratet og andre miljø innan IT-standardisering, arkitektur og felles infrastruktur for å sikre at ulike sektorovergripande initiativ er godt koordinerte og i størst mogleg grad utfyller kvarandre.

Når det gjeld IKT- og innkjøpsområda vil direktoratet ha eit breitt nedslagsfelt i heile den offentlege forvaltninga, medan Servicesenteret for departementa framleis skal ha hovudfokus på yting av administrative driftstenester for departementa.

Strategiutvikling

Det vil ta tid før omstillinga til eit nytt direktorat vil gje full effekt. Strategiar, organisering, arbeidsformer og kompetanse må utviklast og endrast før direktoratet kan dekkje alle område like godt. Dette skal det arbeidast vidare med i den komande strategiprosessen for direktoratet.

Budsjett

Post 01 Driftsutgifter

Posten skal dekkje løns- og driftsutgifter. Heilårsefekt på 01-posten ved overføring av Statskonsult AS er rekna ut til 65,1 mill. kroner, når det er gjort fratrekk for overføring av ressursar knytte til Senter for statleg økonomistyring på 2,9 mill. kroner. Sjå òg St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Finansdepartementet.

Det vert gjort framlegg om å overføre dei totale løns- og driftsutgiftene for Noreg.no på 22,3 mill.

kroner frå kap 1506 post 01. Det er òg gjort framlegg om å overføre lønsutgifter på 3 mill. kroner for Ehandelssekretariatet frå kap. 1522 post 01.

Direktoratet vil ha om lag 100 tilsette. I tillegg kjem det som ein vurderer å overføre av ressursar og tilsette frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten skal dekkje driftsutgifter knytte opp mot Ehandelssekretariatet på 9,3 mill. kroner som er overførte frå kap. 1522 post 21.

Post 22 Miside

Posten skal dekkje utgifter knytte til vidareutvikling av Miside. Heile løyvinga vert overført frå kap. 1506 post 21.

Kap. 4521 Direktoratet for forvaltning og IKT

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Salg av informasjonstjenester			22
02	Andre inntekter			5 000
	Sum kap. 4521			5 022

Post 01 Salg av informasjonstjenester

Heile inntektsløyvinga til Miside vert det føreslege å rammeoverføre frå kap. 4506 post 01 Salg av informasjonstjenester.

Post 02 Andre inntekter

Posten består av inntekter på kontraktar som vart inngått av Statskonsult AS og som direktoratet gjennomfører. Det kan òg verte aktuelt med nokre inntekter frå deltakaravgift på kurs- og kompetansetiltak.

Kurs- og kompetansetiltaka skal underbyggje hovudmåla for direktoratet, og skal som hovudregel dekkjast gjennom ordinær rammefinansiering. Kursa kan likevel ha deltakaravgifter for å hjelpe til med å regulere etterspurnaden og motverke manglende oppmøte. Deltakaravgiftene skal i snitt ligge vesentleg under kostnadene ved å tilby opplæringa.

På grunn av uvisse om storleiken på inntektene har Fornyings- og administrasjonsdepartementet og føreslege ei fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1521 post 01 Driftsutgifter, med ein sum tilsvarende meirinntekter under kap. 4521 postane 01 og 02, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1522 Servicesenteret for departementa

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	334 251	312 538	318 840
21	Spesielle driftsutgifter	9 120	8 900	
22	Fellesutgifter for R-kvartalet	66 890	74 839	77 119
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	14 417	16 574	40 288
50	Vidarefakturering av fellesstenester	337		
Sum kap. 1522		425 015	412 851	436 247

Allmenn omtale

Servicesenteret for departementa skal vere eit kompetent og effektivt verkty for departementa og Statsministerens kontor. Verksemda skal sørge for administrative fellesstenester som er i samsvar med det som trengst, og innhald og kvalitet på tenestene skal vere etter avtale med departementa. Vidare skal verksemda ha eit kostnadsmedvite fagmiljø på tenesteområda.

Servicesenteret for departementa skal mellom anna levele følgjande interne tenester til departementa og Statsministerens kontor:

- teknisk og fysisk trygging av typen tilgangskontroll og vakt- og resepsjonsteneste
- sentralbord og basis infrastruktur for datanettverk og telefoni
- utvikling og drift av regjeringa.no og interne web-tenester
- IKT (inkludert tryggleik)
- økonomistenester
- reinhald, intern postutdeling og kopiteneste
- produksjon og utsending av publikasjonar i tråd med designprogrammet for departementa
- bedriftshelseteneste
- fellesbibliotek.

Servicesenteret for departementa vart skipa 01.01.2006 og har fått eit større ansvar for administrative fellesstenester i departementa og Statsministerens kontor enn den tidlegare verksemda, Statens forvaltingsteneste, hadde. Det inneber mellom anna at oppgåver innanfor IKT, løn og rekneskap er samla i Servicesenteret for departementa.

Omlegginga starta i 2006 og vil halde fram til og med 2008. Samlinga av tenestene er venta å ha full effekt i 2010.

Finansieringsmodellen til verksemda er ei blanding av brukar- og løvvingsfinansiering. Det er sett i gang eit arbeid der føremålet er å få på plass ein framtidig modell som skal sørge for ei effektiv sty-

ring og bruk av ressursane. Departementet tek sikte på at ein slik modell vil vere på plass i 2009.

Rapport 2006

Eit av hovudmåla for verksemda i 2006 var å gjennomføre omstillinga innan IKT, løn og rekneskap. I samanheng med omstillinga er om lag 50 årsverk overførte frå departementa.

- hovudprosjektet for overføringa av IKT og løns- og rekneskapsoppgåver med personalressursar frå departementa vart gjennomført etter planen
- løns- og rekneskapsoppgåver for 15 departement vart overførte samstundes som ein innførte elektronisk fakturahandsaming
- etableringa av felles IKT-tenester for 13 departement er sett i gang. I prosjektet «Felles departementsplattform» er det ei forseinking, og innfasing av departementa er utsett i om lag 6 månader.

I tillegg har verksemda arbeidd kontinuerleg med utvikling og levering av tenester. I perioden har det vore fokus på følgjande:

- nivået på vakhald og tryggleik har vore i samsvar med dei gjeldande trusselvurderingane, medrekna IKT-tryggleik
- nettstaden regjeringa.no vart lansert i februar 2007 og erstattar Odin. Bruk av syntetisk tale gjer nettsidene meir tilgjengelege for blinde, svaksynte og personar med lesevanskar
- tenestetilbodet til ei avgrensa brukargruppe på dei sikre datanettverka til departementa er under arbeid. Det er ei kontorstøtteløysing for gradert utveksling av informasjon. Prosjektet har vorte forseinka, i hovudsak som følgje av nye krav frå Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM). Tenesta vil vere klar til bruk for departementa i løpet av 2007
- nyetableringa av det statlege servicesenteret i Engerdal kommune vart fullført. Det har vore

- lagt vekt på tiltak når det gjeld kvalitetsforbedringar
- ei ny løsing for produksjon av Statens personalhandbok inneber at brukarar no har tilgang til både elektronisk og trykt utgåve.

Resultatmål

I 2008 skal Servicesenteret for departementa prioritere følgjande:

- føre vidare prosessen med å
 - styrke brukarorienteringa og kvalitetsutviklinga på alle område, mellom anna halde fram med referanse målinger av tenestene og brukarundersøkingar
 - fase systema til departementa inn i eit nytt sentralt driftsmiljø
- yte fellestester med vekt på å
 - levere vakthald og tryggleiktenester som er i samsvar med gjeldande trusselvurdering, medrekna IKT-tryggleik.
 - levere IKT-tenester av høg kvalitet, mellom anna basert på fleire standardiserte prosesser
 - levere økonomitenester av høg kvalitet, mellom anna basert på effektive støttesystem og auka elektronisk samhandling
 - vidareutvikle regjeringa.no.
- styrke dei infrastrukturelle anlegga i Regjeringskvartalet gjennom å skaffe ny telefonentral og nytt sikringsanlegg.

Det statlege servicesenteret i Engerdal:

Servicesenteret starta opp 01.03. 2006 med åtte tilsette og føremålet er å levere telefonitenester til statlege verksemder. Følgjande verksemder er brukarar av senteret: Husbanken, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Statens Pensjonskasse, Statsbygg, Fylkesmannen i Hedmark, Noregs bank og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking. Det er òg vedteke at NAV skal gjere bruk av senteret.

Servicesenteret for departementa skal leggje til rette for ei stabil og kostnadseffektiv telefonite neste for brukarane.

Miljøomtale

Frå og med 2006 vart det betre samordning av avtaler som gjeld handtering av miljøavfall. Det

inneber at det har kome i stand ei avtale for handtering av miljøavfall internt i Regjeringskvartalet, og ei avtale for transport ut av kvartalet og levering av miljøavfall til korrekt mottak.

Servicesenteret for departementa har innført eit system for miljøleiing som skal utviklast vidare i samarbeid med departementa.

Budsjett

For budsjettåret 2008 vert pris- og finansieringsmodellen frå 2007 videreført. Hovuddelen av verksemda vil framleis vere finansiert gjennom løvinga.

Post 01 Driftsutgifter

Løvinga dekkjer løns- og driftsutgifter. Posten utgjer alle utgifter til prisa tenester og løvingsfinansierte tenester. Inntekter frå dei prisa tenestene vert ført på kap. 4522, jf. post 02 og post 06.

Per 01.03.2007 hadde verksemda ei bemanning tilsvarende 455 årsverk.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

E-handelssekretariatet, som har vore administrativt plassert i Servicesenteret for departementa men fagleg direkte styrt frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, skal leggjast inn i det nye forvaltningsorganet frå 01.01.2008. Sjå kap. 1521 for meir informasjon.

Post 22 Fellesutgifter for R-kvartalet

Løvinga dekkjer fellesutgifter for Regjeringskvartalet, medrekna husleige for fellesareal og statsforvaltinga sin avtale med Kopinor, og drift og utviklingskostnader knytte til regjeringa.no.

Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løvinga dekkjer utgifter i samband med vedlikehald og nyinvesteringar av utstyr som vert nytta ved produksjon av fellestester for departementa. Regjeringa legg fram forslag om å løyve pengar til ekstraordinære tiltak som inneber at verksemda skal skaffe ny telefonentral og nytt sikringsanlegg for å få tidsriktige teknologiske løysingar.

Kap. 4522 Servicesenteret for departementa

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
02	Diverse inntekter	24 883	2 367	2 469
03	Driftsvederlag, Akademika	267		
04	Inntekter, Norsk lysingsblad	74		
05	Inntekter fra publikasjonar	440		
06	Brukarfinsierte tenester	109 261	126 597	131 701
07	Parkeringsinntekter	1 367	1 030	1 414
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	777		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 395		
18	Refusjon sjukepengar	6 254		
Sum kap. 4522		144 718	129 994	135 584

Post 02 Diverse inntekter

På posten vert det ført inntekter frå publikasjonar og vederlag for drift av Akademika.

Post 06 Brukarfinansierte tenester

På posten vert det ført inntekter og anna brukarbeting for tenester som vert leverte til departementa og Statsministerens kontor. I 2007 vert mellom anna følgjande tenester inntektsførte på pos-

ten: telefon basisteneste, fjernaksess, rekneskap, løn, DepSak, innkjøp, konferanse- og møterom, hurtigtrykk, einskildekspederingar, massedistribusjon, lagerhald av publikasjonar, pc basisteneste, departementsdrift og -utvikling.

Post 07 Parkeringsinntekter

På posten vert det ført inntekter frå avgiftsføre-budde parkeringsplassar i Regjeringskvartalet.

Kap. 1523 Tilskot til kompetanseutvikling

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskot, kan overførast	1 746	20 000	20 000
Sum kap. 1523		1 746	20 000	20 000

Allmenn omtale

I hovudtariffavtalen for 2006–2008 mellom Staten og hovudsamanslutningane vart det i lønsoppgjæret 2006 sett av til saman 40 mill. kroner til kompetanseutvikling for tariffperioden, jf. St.prp. nr. 69 (2005–2006).

Av desse midlane er det sett av 30 mill. kroner til å stimulere til forsøks- og utviklingsprosjekt innanfor ulike kompetansetiltak innan organisasjons- og leiarutvikling, metodar og verktøy for kompetanse- og karriereutvikling, kompetanseutvikling for å hindre utstøyting m.a. ved omstillingar, opp-

følging av IA-avtalen og til å kunne dra betre nytte av kompetansen til personar med etnisk minoritetbakgrunn. Vidare er det sett av 10 mill. kroner til felles opplærings- og utviklingstiltak i samarbeidskompetanse og medverknad for leiing og tilitsvalde, med særleg utgangspunkt i Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen i staten.

Avsetningen er gjort med ei løyving på 20 mill. kroner i 2006 og 20 mill. kroner i 2007.

Departementet og hovudsamanslutningane fastset retningslinjer for avsetningen.

Rapport

30 mill. kroner av midlane vart utlyste til søknad for statlege verksemder gjennom personalmelding nr. 2 – 2007 med søknadsfrist 30. mars 2007. Midlane er på det nærmeste fordelte.

Programkategori 01.30 Partistøtte

Kap. 1530 Tilskot til dei politiske partia

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	301	224	960
70	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjoner	190 259	197 440	211 200
71	Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjoner	27 327	26 325	27 457
73	Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjoner	54 977	57 498	59 970
75	Tilskot til partia sine fylkesungdomsorganisasjoner	15 914	16 344	17 047
76	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjoner	6 007	6 106	6 369
Sum kap. 1530		294 785	303 937	323 003

Allmenn omtale

Lov om visse forhold vedrørende de politiske partiene (partilova) og tilhøyrande føresegnere

Den nye partilova (lov 17.06.2005 nr. 102) tro i kraft 1. januar 2006. Målet med lova går fram av § 1 fyrste ledet:

- «å legge til rette for valg etter lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven) gjennom en offentlig registreringsordning for de politiske partiene,
- å etablere rammer for partienes finansielle forhold som bidrar til å sikre dem et finansielt grunnlag gjennom offentlige tilskudd og ellers bidra til å øke partienes selvfinansieringsevne og uavhengighet og
- å sikre offentlighetens rett til innsyn og å motvirke korruption og uønskede bindinger ved at det er åpenhet om finansieringen av de politiske partienes virksomhet.»

Dei administrative oppgåvene i tilknyting til lova ligg til Fornyings- og administrasjonsdepartementet og fylkesmennene. Statistisk sentralbyrå (SSB) skal hente inn, stille saman og offentleggjere informasjon om inntektene til partia.

Departementet har med grunnlag i partilova § 9, § 22 tredje ledet og § 27 fastsett «Forskrift om visse forhold vedrørende de politiske partiene (Partilovforskriften – FOR-2006-03-16-321)». Føresegnene har reglar om registrering av politiske parti, innrapportering av partiinntekter, tilbakehalding av partistøtte og dessutan reglar om Partilovnemnda.

Ved kgl.res. av 3. mars 2006 vart Partilovnemnda oppnemmt med fem medlemer for ein periode på seks år etter § 25 i partilova.

Plikt til å innrapportere inntekter

Kap. 4 i lova om innrapportering av dei politiske partia sine inntekter og inntektskjelder vart sett i verk den 01.07.2005 med verknad frå 01.01.2005. Etter § 18 fyrste ledet pliktar alle registrerte politiske parti, medrekna kvart partiledd som er omfatta av lova, å sende inn årlege inntektsrekneskap etter ein mal i § 19. Ei forenkla innrapportering gjeld dei minste partilaga, det vil seie parti eller partiledd som i rekneskapsåret totalt ikkje har hatt meir enn 10 000 kroner i inntekt etter frådrag av all offentleg stønad. Det krevst i slikt høve berre ei erklæring frå partiet eller partileddet om

at inntektene har vore under dette nivået. Frist for innrapportering og erklæringar til SSB er i lova sett til utgangen av juni.

Eit fullt oversyn over populasjonen «politiske parti og partiledd» er ein føresetnad for ei velfungerande og rettvis innrapporteringsordning. Berre slik vil allmenta kunne sjå kven som følgjer opp innrapportersplikta i lova og kven som ikkje gjer det. Registrerte politiske parti i Noreg har organisert seg ulikt. Nokre partiledd er ført opp som juridiske personar i Einingsregisteret med særskilt organisasjonsnummer – andre er ikkje det. Det har ut ifrå offentleg statistikk tidlegare ikkje vore mogleg å kartlegge heile populasjonen når det gjeld grunndata. Mellom anna gjennom søkeradsordninga for dei politiske partia og kontakt med partia direkte, har SSB registrert at i alt 3 198 parti og partiledd er omfatta av lova. Det faktiske talet kan variere gjennom året.

Departementet har skipa eit eige domene (partifinansiering.no) for offentleggjering av inntektsrekneskap og namn på gjevarar bak gåver over grensene i § 20 i lova. Websida vil verte drifta av SSB. Inntektsrekneskap m.m. for 2006 vart offentleggjort før kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007.

Elektronisk system for handtering av søknader

Departementet har i samarbeid med Statistisk sentralbyrå og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skipa eit prosjekt for å utvikle ei elektronisk søkerads- og rapporteringsordning for alle registrerte politiske parti og partilag. Systemet vil gjøre det enklare for partia å søkje om stønad. Det vil også gjøre administreringa av partilova meir effektiv for fylkesmannsembeta, SSB og departementet, og dessutan gje betre oversikt over populasjonen «politiske parti». Systemet skal etter planen kunne takast i bruk i 2008.

Partilovnemnda si tilråding om stønad til partia sine ungdomsorganisasjonar

Partilovnemnda har i sak 05-06 av 22.06.2006 uttala seg om departementet sin bruk av partilova §§ 11 og 12 tredje leddet om stønad til ungdomsorganisasjonar. I St.prp. nr. 1 (2005–2006) frå dåverande Moderniseringsdepartementet går departementet si tolking av lova på dette punktet fram på side 68. Vedtaket frå nemnda finst på følgjande lenke: www.partilovnemnda.no

Partilovnemnda har einstemmig tilrådd at ein, inntil Stortinget eventuelt endrar partilova, følgjer ordlyden i § 11 tredje leddet og § 12 tredje leddet.

Dette inneber at det ved tildeling av statleg partistøtte på post 75 Tilskot til partia sine fylkesorganisasjonar og post 76 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar, ikkje skal setjast vilkår om at morpartiet har rett til grunnstønad etter §§ 11 og 12 andre ledet i lova.

Europarådet si evaluering av den norske partifinansieringa

Noreg har signert Europarådet (1949) sin straffelagskonvensjon mot korruption i 1999 og ratifiserte konvensjonen i 2004. Den sivillagskonvensjonen mot korruption vart underskriven av Noreg i 1999, men er enno ikkje ratifisert, jf. St.prp. nr. 86 (2006–2007).

GRECO (Group of States against Corruption) vart etablert i 1999 som ein internasjonal samarbeidsavtale og eit verkty for oppfølging under Europarådet. GRECO skal styrke medlemslanda si evne til å kjempe mot korruption gjennom oppsyn med og oppfølging av at medlemslanda set i verk dei rettslege instrumenta. Dei aller fleste landa i Europa tek del i GRECO-samarbeidet. USA er òg med i dette samarbeidet. Noreg har vore medlem av GRECO sidan 2001. Medlemskapen inneber ei plikt til å delta i evalueringa av medlemslanda og å la seg evaluere på det strafferettslege så vel som det sivillagslege området.

GRECO har så langt gjennomført to evalueringsrundar. Evalueringane har omhandla iverksetjing av eit utval artiklar i den strafferettslege konvensjonen og i resolusjon 1997/24. Noreg vart evaluert i 2002 og 2004. Frå 01.01.2007 sette GRECO i gang ein tredje evalueringrunde som òg inneber regulering av openheit rundt finansiering av politiske parti, med referanse til Ministerkomiteens rekommandasjon 2003/4. «Felles reglar mot korruption i finansieringa av dei politiske partia og valkampanjar». Det er venta at ei evaluering av partifinansieringa i Noreg står for tur i 2008 eller 2009. Evalueringa vert gjennomført ved at styresmakten i landet gjer skriftleg greie for lover og føresegner og korleis arbeidet mot korruption vert gjennomført og prioritert innan partifinansieringa. Eit team sett saman av ekspertar frå medlemslanda og leidd av representantar frå sekretariatet i GRECO, gjennomfører deretter eit landbesøk for å granske og supplere det skriftlege materialet. Eit landbesøk vil også omfatte møte med parlamentspolitikarar, departement, politi og rettsvesen med fleire. Evalueringa munnar ut i ein rapport som skal handsamast og vedtakast i plenumsmøte i GRECO. Her kan det verte gjeve tilrådingar om nye tiltak til medlemslandet. Tilrådingar må følgjast opp, og medlemslandet må rapportere

attende til GRECO innan ein gjeven dato om kva som er gjort for å følgje opp tilrådingane.

Europarådet sine konvensjonar er folkerettsleg forpliktande for dei landa som har ratifisert desse. Rekommandasjonar frå Ministerkomiteen er rådgjevande, og er ikkje juridisk bindande plikter på same vis som føresegna i konvensjonen. Likevel vil det verte lagt stor vekt på slike tilrådingar, og medlemslanda vil streve etter å oppfylle desse av politiske og andre omsyn.

Budsjett

Den nye partilova inneber at all statleg partistøtte vert løyvd over kap. 1530. Stønaden til folkevalde organ på lokalt og regionalt plan (tidlegare post 72 og 74) har sidan 1. januar 2006 gått inn i rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane.

I samband med St.prp. nr. 1 (2005–2006) vart det løyvd monaleg meir på post 70 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar for å dempe dei negative verknadene som den nye partilova har ført med seg når det gjeld fordelinga av løyvinga til dei største partia, jf. òg Partifinansieringsutvalet sitt forslag i NOU 2004:25 «Penger teller, men stemmer avgjør». Regjeringa har føreslege å auke løyvinga på post 70 for å kompensere dei største partia betre for fordelingsverknadene av lova. Vidare er det naudsynt å styrkje post 01 Drift, grunna ein vesentleg auke i arbeidsoppgåvane til Partilovnemnda ut over føresetnadene i Ot.prp nr. 84 (2004–2005). I tillegg vil denne posten dekkje skiping av eit elektronisk system for handtering av søknader som nemnt ovanfor.

Post 70 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerk registrerte politiske parti og er delt mellom Stemmostønad (9/10) og Grunnstønad (1/10).

Det vert føreslege å styrkje posten med 6 mill. kroner for betre å innfri intensjonane i Partifinansieringsutvalget si innstilling om at ikkje noko parti skulle kome dårligare ut etter omlegginga av finansieringssystemet for partia.

Stemmostønad

Stemmostønad vert fordelt som ein fast sats per stemme rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå sist føregåande stortingsval.

Grunnstønad

Grunnstønad vert betalt ut til partiet sin hovudorganisasjon dersom partiet fekk minst 2,5 pst. opp-

slutnad på landsbasis eller vann minst éin stortingsrepresentant ved siste stortingsval. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

Post 71 Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjonar

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerk registrerte politiske parti og vert delt mellom Stemmostønad (9/10) og Grunnstønad (1/10). Det er eit krav om at kommunepartia må ha ein organisasjon i den respektive kommunen for å få stemmostønad og grunnstønad. Fylkesmannen tek hand om utbetalingane.

Stemmostønad

Stemmostønad vert betalt ut frå fyrste stemme utan sperregrense. Satsen vert rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå sist føregåande kommunestyreval.

Grunnstønad

Grunnstønad vert løyvd til partia sine kommuneorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4,0 pst. oppslutnad i kommunen eller vann minst éin representant ved kommunestyrevalet. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

Post 73 Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerk registrerte politiske parti og vert delt mellom Stemmostønad (9/10) og Grunnstønad (1/10). Det er eit krav om at fylkespartia må ha ein organisasjon i gjeldande fylke for å få stemmostønad og grunnstønad. Fylkesmannen tek hand om utbetalingane.

Stemmostønad

Stemmostønad vert betalt ut frå fyrste stemme utan sperregrense. Satsen vert rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå sist føregåande fylkestingsval.

Grunnstønad

Grunnstønad vert løyvd til partia sine fylkesorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4,0 pst. oppslutning i kommunen eller vann minst éin representant ved fylkestingsvalet. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

Post 75 Tilskot til dei politiske partia sine fylkesungdomsorganisasjonar

Etter Partilovnemnda si tilråding i sak 05-06 om stønad til ungdomsorganisasjonane, jf. teksten ovanfor, vil løyvinga verte delt i samsvar med morpartiet sin del av det totale talet på stemmer som gjekk til parti med fylkesungdomsorganisasjon. Fylkesmannen tek hand om utbetalingane.

Post 76 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar

Etter Partilovnemnda si tilråding i sak 05-06 om stønad til ungdomsorganisasjonane, jf. teksten ovanfor, vil løyvinga verte delt i samsvar med morpartiet sin del av det totale talet på stemmer som gjekk til parti med sentral ungdomsorganisasjon. Departementet tek hand om utbetalingane.

Programkategori 01.40 Pensjonar m.m.

Utgifter under programkategori 01.40 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2006	budsjett 2007	2008	Pst. endr. 07/08
1541	Pensjonar av statskassa	24 572	20 900	23 800	13,9
1542	Tilskot til Statens Pensjonskasse	7 589 954	7 567 000	9 443 000	24,8
1543	Arbeidsgjevaravgift til folketrygda	849 000	829 000	852 000	2,8
1544	Bustadlån for statstilsette	1 084 747	1 900 000	1 300 000	-31,6
1546	Yrkesskadeforsikring	70 711	96 800	85 000	-12,2
1547	Gruppelivsforsikring	70 104	78 700	84 000	6,7
2470	Statens Pensjonskasse	20 028	25 174	31 465	25,0
Sum kategori 01.40		9 709 116	10 517 574	11 819 265	12,4

Inntekter under programkategori 01.40 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2006	budsjett 2007	2008	Pst. endr. 07/08
4546	Yrkesskadeforsikring	147 426	165 000	116 000	-29,7
4547	Gruppelivsforsikring	42 939	42 000	43 000	2,4
5470	Statens Pensjonskasse	33 571	40 898	17 059	-58,3
5607	Renter av bustadlånsordninga for statstilsette	360 643	465 000	772 000	66,0
Sum kategori 01.40		584 579	712 898	948 059	33,0

Allmenn omtale

Hovudutfordringar og utviklingstrekk

Staten har sidan 1917 hatt ei lovheimla tenestepensjonsordning for embets- og tenestemennene sine, og for skuleverket. Tenestepensjonsordninga er finansiert gjennom bidrag frå arbeidsgjevar og pensjonstrekk i løna til kvar arbeidstakar. Ytingane frå Statens Pensjonskasse omfattar:

- alderspensjon
- uførepensjon
- enkle- og enkjemannspensjon
- barnepensjon.

I tillegg administrerer Statens Pensjonskasse:

- gruppelivsforsikring
- erstatning ved yrkesskade
- vartpengar
- pensjonar av statskassa
- førtidspensjon
- avtalefesta pensjon (AFP)
- bustadlån til tilsette i staten.

Pensjonsytingane vert samordna med ytingane frå folketrygda og andre offentlege tenestepensjonsordningar.

Hovudmål og strategiar

Pensjonsordninga

Hovudmålet med den statlege tenestepensjonsordninga er at tenestepensjonen, saman med ytingar frå folketrygda, skal gje arbeidstakarane i staten eit trygt pensjonisttilvære. Tenestepensjonsordninga er ein sentral del av arbeidstakarane sine løns- og arbeidsvilkår, og medverkar til at staten kan rekruttere og halde på kvalifisert arbeidskraft.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil arbeide for å forenkle og harmonisere lov- og regelverket knytt til den statlege tenestepensjonsordninga og slik gjere informasjonen til medlemene enklare.

Oppfølging av Stortingsmelding nr. 5 (2006–2007) om Pensjonsreforma

Det vert vist til St.meld. nr. 5 (2006–2007) Oppteining og uttak av alderspensjon i folketrygda, og Stortinget si handsaming, jf. Innst.S. nr. 168 (2006–2007). I samsvar med inngått pensjonsforlik, ynskjer eit breitt fleirtal på Stortinget at det vert sett i verk ei utgreiing av fleire tilhøve knytte til offentlege tenestepensjonar generelt og Statens Pensjonskasse spesielt. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil medverke til ei slik utgreiing.

Synleggjering av pensjonskostnader

I Statens Pensjonskasse si medlemsdatabase finst detaljert informasjon om dei opptente pensjonsrettane til kvart medlem. Pensjonskassa har til no ikkje hatt ei fullgod utrekning av kva desse opptente rettane gjev av årlege kostnader for staten og korleis dei utrekna kostnadene høveleg kan fordelast mellom arbeidsgjevarverksemndene. Etter planen skal eit nytt system for utrekning av forsikringstekniske oppgjer takast i bruk frå 2008, jf. omtale nedanfor om investeringsprosjektet SFINX. Dette systemet vil gje eit nytt og betre grunnlag for å få fram systematisk kostnadsinformasjon for analyse, planleggings- og styringsmål innanfor statsforvaltinga. I 2008 skal Statens Pensjonskasse og Fornyings- og administrasjonsdepartementet, i samarbeid med etatane og departementa, arbeide vidare med utforminga og distribusjonen av slik

kostnadsinformasjon med sikte på meir standardisering av rutinane.

Investerings- og utviklingsprosjekt i Statens Pensjonskasse

Statens Pensjonskasse vil få ein markert auke i arbeidsoppgåvene framover. Det er tre hovudårsaker til veksten:

- talet på pensjonar vil auke frå ca. 220 000 til ca. 300 000 i løpet av dei neste 10 åra
- auka krav til individualisert informasjon om framtidige pensjonsrettar både frå medlemer og arbeidsgjevarar
- auka kompleksitet i utrekna pensjon som følgje av nye karrieremønster, endra familielihøve og regelverksendringar m.m.

Det vert stilt store krav til verksemda for å kunne møte volumutfordringane, samstundes som kvalitet og service skal oppretthaldast i tenestelevrangersane. For å møte desse utfordringane gjennomfører Statens Pensjonskasse tre strategiske utviklingsprogram:

- program for IKT-utvikling
- program for elektronisk samhandling
- program for kvalitet og prosess.

I fornyinga av offentleg sektor er gode IKT-løysingar og interaktive tenester sentrale verkemiddel, jf. eNorge-planen for ein meir open og brukartilpassa offentleg sektor. Utviklingsprogramma i Statens Pensjonskasse medverkar til denne eNorge-satsinga. For 2008 kan det i denne samanhengen nemnast særskilt investeringar relatert til ny plattform for Statens Pensjonskasse sitt pensjonssystem og naudsynte tilpassingar til NAV sitt pensjonsprogram. Når det gjeld sambandet med NAV sitt pensjonsprogram, må Statens Pensjonskasse setje i verk ulike tilpassingar til aktuelle endringar i NAV som følgje av den omfattande datautvekslinga mellom verksemndene i samband med samordning og utbetaling av pensjonar.

I tillegg kjem investering i nytt premieutrekningssystem (SFINX). Denne investeringa er ein føresetnad for betre og raskare forsikringstekniske utrekningar og gjennomføring av fleire og meir omfattande årsoppgjer og premieutrekningar. Systemet skal etter planen takast i bruk i 2008.

Kap. 1541 Pensjonar av statskassa

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	24 572	20 900	23 800
	Sum kap. 1541	24 572	20 900	23 800

Allmenn omtale

Ordninga omfattar visse grupper som ikkje har opptente pensjonsrettar i Statens Pensjonskasse. Pensjonar av statskassa vert utbetalte gjennom Statens Pensjonskasse.

Det er to hovudgrupper som mottek pensjon av statskassa:

- arbeidstakrar som har hatt statleg tenestetilknning utan høve til å verte medlemer av Statens Pensjonskasse, kan ytast tilleggspensjon når dei seinare har vorte medlemer og har rett til pensjon derifrå. Det finst særlege retningslinjer om pensjon for krigsteneste

- stadleg tilsette arbeidstakrar ved norske utanriksstasjonar kan gjevast vederlagspensjon av statskassa ut ifrå tilhøva på staden. Denne ordninga vert administrert i samarbeid med Utanriksdepartementet, og pensjonen vert utbetalta gjennom utanrikstenesta.

Budsjett**Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**

Løyvinga skal dekkje forventa utbetalingar til pensjonar av statskassa.

Kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	6 369 759	7 484 000	8 794 000
22	Sluttoppgjer, <i>overslagsløyving</i>	1 150 000		545 000
70	For andre medlemer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	70 195	83 000	104 000
	Sum kap. 1542	7 589 954	7 567 000	9 443 000

Allmenn omtale

Kapitlet dekkjer utgifter til ytingar som etter lov om Statens Pensjonskasse eller andre lover, skal utbetalast av Statens Pensjonskasse. Vidare dekker kapitlet utgifter til avtalefesta førtidspensjon (AFP). Pensjonar frå Statens Pensjonskasse er alderspensjon, uførepensjon, avtalefesta pensjon, enkle-/enkjemannspensjon og barnehjemspensjon.

Rapport

Netto auke i talet på pensjonar var på 7 361 frå 01.01.2006 til 31.12.2006.

Samordning

Det meste av samordningsfrådraga er frådrag for pensjon frå folketrygda. Ytingane frå folketrygda

er regulerte med verknad for samordninga. Per 01.05.2007 utgjer grunnbeløpet i folketrygda (G) 66 812 kroner og særtillegget (i pst. av G) 79,33 pst. for einslege og 74,0 pst. for ektefellar.

Overføringer frå statskassa

Differansen mellom utgifter og inntekter utgjer overføringer frå statskassa. Overføringane i 2006 utgjorde 7,6 mrd. kroner, ein auke på 2,1 mrd. kroner frå 2005. Auken kjem i hovudsak av høgare pensjonsutbetalingar i 2006 i høve til året før, og utbetaling av førebels sluttoppgjer til Posten Noreg AS.

Budsjett

Løyvinga for 2008 byggjer på følgjande føresetnader:

- vekst i talet på pensjonsutbetalingar ekskl. AFP: 3 pst.
- reduksjon i talet på spesielle førtidspensjonar på 12 pst.
- vekst i talet på AFP-pensionar på 15 pst., og ein vekst i gjennomsnittleg utbetalt beløp på 2,5 pst.
- grunnbeløp i folketrygda: 66 812 kroner frå 01.05.2007
- utrekningane legg i hovudsak til grunn at dei verksemndene som er medlemer i Statens Pensjonskasse i dag, held fram med medlemskapen.

Finansieringssystemet i Statens Pensjonskasse bygger på eit utlikningssystem som inneber at dei årlege pensjonsutbetalingane delvis vert dekte av Statens Pensjonskasse sine jamlege inntekter.

Etter § 41 i lov om Statens Pensjonskasse skal den delen av netto pensjonsutgifter som ikkje vert dekt av pensjonsinnskot og fondsavkastning, dekkjast av staten ved årlege tilskot.

I følgje § 16 i lova skal alle medlemene betale innskot med 2 pst. av pensjonsgrunnlaget. Vidare er ei rekke verksemder pålagde å yte ein del frå arbeidsgjevarar. Arbeidsgjevardelen vert rekna aktuarielt for rundt 100 verksemder, og som ein felles-sats for grupper, som til dømes skuleverket. Arbeidsgjevardelen vil difor variere frå verksemd til verksemd, eller for ulike grupper av verksemder, avhengig av til dømes løsnivå, aldersinndeling og pensjonsalder.

Budsjettering og rekneskapsføring er for ca. 40 pst. av medlemene ordna etter ein nettometode, dvs. at ein utelukkande budsjetterer med løn etter frådrag av pensjonsinnskot. Arbeidstakarane i desse institusjonane får utbetalt løn fråtrekt pensjonsinnskotet, men det vert ikkje overført pensjonsinnskot eller arbeidsgjevardel til Statens Pensjonskasse. Statstilskotet må difor i vesentleg grad oppfattast som eit «en bloc-innskot» frå dei verksemndene som ikkje er pålagde å yte innskot direkte.

Tabell 2.1 Inntekter og utgifter til Statens Pensjonskasse.

	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	(i 1000 kr) Forslag 2008
Sluttoppgjer	1 150 000	0	545 000
Pensjonsutbetalingar	13 418 407	14 118 295	14 294 853
AFP-pensionar	997 487	1 075 502	2 787 691
Førtidspensjonar	385 235	397 874	292 290
Yrkesskadeforsikring	8 799	12 377	8 899
Renter pensjonsutbetalingar	16 296	5 181	7 224
Renter refusjonspensionar	0	1 036	1 101
Avskrivningar	44 117	22 795	22 946
Renter av lån av statskassa	360 643	465 000	772 000
Administrasjonsutgifter	306 590	332 000	345 000
Utgifter i alt	16 687 574	16 430 060	19 077 004
Medlemsinnskot	1 264 736	1 324 741	1 337 983
Arbeidsgivarinnskot inkl. AFP	6 957 960	6 535 226	7 057 643
Refusjon yrkesskade	8 087	14 440	11 091
Kapitalavkastning	353 522	457 000	765 000
Refusjon førtidspensionar	374 996	400 982	294 746
Refusjonspensionar andre ordningar	123 420	113 974	152 614
Gebyr Lån	14 898	17 000	15 000
Inntekter i alt	9 097 620	8 863 363	9 634 076
Samla tilskot (utgifter-inntekter)	7 589 954	7 566 697	9 442 928

Utbetalte AFP-pensionar for aldersgruppa 65–67 år etter SPKs regelverk er tidlegare rapportert under lina «Pensjonsutbeta-lingar». Frå 2008 inngår utbetalingane av desse pensionane under lina «AFP-pensionar».

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje differansen mellom premieinntekter og pensjonar utbetalte for tidlegare opprente rettar for medlemer i Statens Pensjonskasse. Ein forventa auke av utbetalte pensjonar (medrekna AFP-pensjonar) i 2008, samt heilårseffekten av løns- og trygdeoppgjaret i 2007 (medrekna G-regulering av pensjonsytингane) påverkar det utrekna tilskotet.

Post 22 Sluttoppgjer, overslagsløyving

Posten skal dekkje sluttoppgjer for verksemder som melder seg ut av Statens Pensjonskasse i 2008. Løyvingsanslaget gjeld eit førebels estimat

for sluttoppgjeren for Mesta (utmeldt frå Statens Pensjonskasse frå 1. januar 2008). Det er knytt stor uvisse til dette anslaget. Den forsikringstekniske sluttoppgjersutrekninga for Mesta vil fyrst ligge føre i løpet av 2. kvartal 2008. Ein tek siktet på at endringar i løyvinga når det gjeld Mesta vert lagt fram i samband med RNB 2008.

Post 70 For andre medlemer av Statens Pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje differansen mellom premieinntekter og pensjonar utbetalte for tilsette i ikkje-statlege sosiale og humanitære institusjonar som er medlemer av Statens Pensjonskasse.

Kap. 1543 Arbeidsgjevaravgift til folketrygda

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	833 000	819 000	843 000
70	For andre medlemer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	16 000	10 000	9 000
	Sum kap. 1543	849 000	829 000	852 000

Allmenn omtale

Postane omfattar arbeidsgjevaravgift til folketrygda av berekna arbeidsgjevardel og medlemsinnskot for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgjevardel og medlemsinnskot direkte til Statens Pensjonskasse. Dette omfattar arbeidsgjevaravgift for statsforvaltninga og for andre medlemer i Statens Pensjonskasse som ikkje betaler premie til Pensjonskassa.

Budsjett

Auken i utrekna tilskot i høve til føregåande år kjem av oppdaterte utrekna premiegrunnlag for dei ikkje-premiebetalande medlemsverksemndene i Statens Pensjonskasse. Kapitlet utgjer ei teknisk utrekning av arbeidsgjevaravgifta.

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Posten gjeld utrekna arbeidsgjevaravgift for arbeidsgjevardelen av pensjonsinnskotet og for medlemsinnskotet for statsforvaltninga.

Post 70 For andre medlemer av Statens Pensjonskasse, overslagsløyving

Posten gjeld utrekna arbeidsgjevaravgift for arbeidsgjevardelen av pensjonsinnskotet og for medlemsinnskotet for andre medlemer i Statens Pensjonskasse som ikkje betaler slikt innskot direkte til Statens Pensjonskasse.

Kap. 1544 Bustadlån for statstilsette

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
90	Lån, overslagsløyving	1 084 747	1 900 000	1 300 000
	Sum kap. 1544	1 084 747	1 900 000	1 300 000

Allmenn omtale

I hovudtariffavtalen er det reglar om ei låneordning som staten som arbeidsgjevar skal ha for sine tilsette. Statens Pensjonskasse administrerer ordninga.

Ordninga vert finansiert ved hjelp av fondet til Statens Pensjonskasse og ved løyvingar over statsbudsjettet når midlane i fondet ikkje strekk til. Lån

vert gjeve for å skaffe bustad eller for å refinansiere bustadlån. Lån vert gjeve mot tryggleik innanfor 80 pst. av marknadsvarden til bustaden. Lånet har ei maksimal nedbetalingstid på 30 år, der tre år kan vere avdragsfrie.

Renta på bustadlån i Statens Pensjonskasse følger normrenta, og satsen kan endrast inntil 6 gonger per år. Maksimalt lånebeløp er 1 250 000 kroner.

Rapport

År	Nye lån	Tal på lån		Summar i mill. kroner		
		Talet på lån totalt	Total utlånsportef. 31.12.	Brutto utlån	Avdrag	Kapitalbehov
1997	408	19 720	1 153	127	348	-221
1998	1 639	17 941	1 425	473	200	273
1999	9 424	23 970	4 075	2 970	325	2 645
2000	7 411	26 566	6 038	2 768	812	1 956
2001	13 713	34 069	10 624	6 227	1 633	4 594
2002	10 581	38 181	14 293	6 159	2 499	3 660
2003	4 296	33 640	13 108	2 710	3 895	-1 185
2004	2 320	30 467	11 935	1 447	2 620	-1 173
2005	3 947	29 985	12 205	2 529	2 259	270
2006	4 620	29 368	13 300	3 859	2 764	1 095

I 2006 utbetalte Statens Pensjonskasse 4 620 nye lån. Den totale porteføljen av utlån var ved utgangen av 2006 på 13,3 mrd. kroner, noko som utgjer ein auke på om lag 7 pst. frå 2005. Talet på lån er redusert med 2 pst. frå 29 985 til 29 368. Resultatkravet for 2006 var ei sakshandsamingstid på ein månad for søknader om nye lån og refinansiering. For søknader om lån til kjøp av bustad har Statens Pensjonskasse vore à jour med sakshandsaminga i heile 2006. Etter auken av maksimal lånesum i samband med hovudtariffoppgjeret steig sakshandsamingstida for andre søknader over kravet frå 2. tertial og ut året. Ved utgangen av året var handsamingstida for søknader om lån til refinansiering og lån til oppussing/ombygging av bustad utrekna til ca. 4 månader.

Budsjett**Post 90 Lån, overslagsløyving**

Løyvinga skal dekkje venta utlån til bustadlån til statstilsette utover det som vert dekt av innbetalte avdrag og fondet til Statens Pensjonskasse.

Overslaget for 2008 er sett på grunnlag av oppdaterte prognosar frå Statens Pensjonskasse. Overslaget for 2007 vart auka med 1,0 mrd. kroner i revidert nasjonalbudsjett, i hovudsak som følgje av ein vesentleg auke i gjennomsnittleg utbetalta beløp per lån.

Kap. 1546 Yrkesskadeforsikring

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	70 711	96 800	85 000
	Sum kap. 1546	70 711	96 800	85 000

Allmenn omtale

Alle som gjer arbeid i teneste for arbeidsgjevar er omfatta av lov av 16. juni 1989 nr. 65 om yrkesskadeforsikring. Staten som arbeidsgjevar er sjøvassurandør, men arbeidstakarar i staten har dei same rettane etter lova som andre arbeidstakarar. Arbeidstakarar som er omfatta av Hovudtariffavtalen i staten er i tillegg dekte av reglane i avtalen om ytingar ved yrkesskadar. Yrkesskadeordninga omfattar personskadar som kjem av arbeidsulykker og sjukdomar som kjem av påverknad frå skadelege stoff eller arbeidsprosessar. Erstatning skal ytast utan omsyn til om nokon har skuld i skaden. Vilkåret er at skaden/sjukdomen skjer i arbeid på arbeidsstaden og i arbeidstida.

Frå 01.01.1996 er yrkesskadeforsikringa i staten basert på eit premiesystem. Dette inneber at det vert kravd ein premie av arbeidsgjevarar kvart år som skal dekkje kostnadene for dei skadane som vert konstaterte dette året, også om skaden vert meldt og gjort opp fleire år seinare. Når Statens Pensjonskasse handsamar saker der skaden vart konstatert før 01.01.1996, utbetalar Statens Pensjonskasse erstatninga for deretter å krevje summen refundert frå den aktuelle arbeidsgjeven. Skadar konstaterte etter 01.01.1996 vert dekte av innbetalt premie.

Etter lov om yrkesskadeforsikring er staten som sjøvassurandør ansvarleg for ei rekke andre grupper som er definerte som arbeidstakarar. Dette er grupper som er sysselsette av staten, men

som likevel fell utanom tenestemannslova og hovudtariffavtalen.

For nokre grupper av arbeidstakarar, eller personar i arbeidsliknande tilhøve, har krav om yrkesskadeerstatning vorte handsama av dei ulike fagdepartementa. Frå 01.01.2004 skal alle krav om erstatning etter yrkesskadeforsikringslova handsamast av Statens Pensjonskasse.

Statens Pensjonskasse treng fleire års erfaring for å kunne seie noko om skadeomfanget for gruppane sidan det gjeld ei avgrensa risikogruppe og fordi det kan ta fleire år frå skaden oppstår og til han vert meldt. Overføringa vil for 2008 få administrative og økonomiske verknader både for Statens Pensjonskasse og for dei departementa saker vert overførte frå.

Rapport

I 2006 hadde Statens Pensjonskasse 191 utbetalinger i yrkesskadesaker. I omlag 81 pst. av sakene vart erstatningane utbetalte innan fire veker etter at naudsynt dokumentasjon låg føre. Resultatkravet for 2006 var at minst 80 pst. av erstatningane skulle utbetalast innan fire veker.

Budsjett**Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**

Framlegg til løyving på denne posten skal dekkje utgiftene til yrkesskadeutbetingane i 2008. Løyvinga skal òg dekkje kostnadene til SPK Forvalningsbedrift for å administrere yrkesskadeordninga, jf. omtalen under kap. 2470.

Kap. 4546 Yrkesskadeforsikring

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Premieinntekter	147 426	165 000	116 000
	Sum kap. 4546	147 426	165 000	116 000

Post 01 Premieinntekter

Framleggget til løyving gjeld innbetaling av yrkeskadeforsikringspremie frå alle arbeidsgjevarane som er omfatta av ordninga. Innbetalt premie er monaleg høgare enn venta utbetalt erstatning i 2008. Dette har samanheng med at det ofte kan ta fleire år før skadetidspunktet vert konstatert, og

utbetalingane kjem dermed ofte fleire år etter at premien er innbetalt. Overslaget for 2007 vart redusert med 30 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett som følgje av ein generell reduksjon i premiesatsane. Den vidare reduksjonen i 2008-overslaget skuldast endringar i talet på årsverk som inngår i utrekninga.

Kap. 1547 Gruppelivsforsikring

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter, overslagsløyving	70 104	78 700	84 000
	Sum kap. 1547	70 104	78 700	84 000

Allmenn omtale

Løyvinga gjeld § 23 i hovudtariffavtalen.

pelivsordninga skulle utbetalast innan 7 dagar etter at alle opplysningane var mottekne.

Rapport

I 2006 vart det utbetalalt forsikring etter 194 personar med til saman 70,1 mill. kroner. Eingongsbeløpa vart utbetalte i snitt 4 dagar etter at Statens Pensjonskasse hadde motteke alle opplysningane om kven som hadde rett til å motta summen. Resultatkravet i 2006 var at eingongsbeløpa etter grup-

Budsjett**Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**

Løyvinga gjeld erstatningsutbetalinger og kostnadene til SPK Forvaltningsbedrift for å administrere gruppelivsordninga, jf. omtale under kap. 2470.

Kap. 4547 Gruppelivsforsikring

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Premieinntekter	42 939	42 000	43 000
	Sum kap. 4547	42 939	42 000	43 000

Post 01 Premieinntekter

Posten gjeld dei verksemndene som betaler gruppelivspremie direkte til Statens Pensjonskasse.

Kap. 2470 Statens Pensjonskasse

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
24	Driftsresultat	-37 021	-25 026	-18 896
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	57 049	50 200	50 361
	Sum kap. 2470	20 028	25 174	31 465

Allmenn omtale

Statens Pensjonskasse administrerer den statlege tenestepensjonsordninga og pensjonsordningane for apoteketaten, statsrådar, stortingsrepresentantar, kunstnarisk personale ved Den norske Opera og følgjeperson i utanrikstenesta. Verksemda er i hovudsak regulert i lov om Statens Pensjonskasse, lov om folketrygd, lov om samordning av pensjons- og trygdeytingar, og ulike særlover knytte til dei andre ordningane som Statens Pensjonskasse administrerer.

Det er per 31.12.2006 ca. 938 000 medlemer som er knytte til pensjonsordningane som Statens Pensjonskasse administrerer. Av desse er det om lag 223 000 pensjonistar, 275 000 yrkesaktive medlemer og 440 000 med rett til framtidig pensjon. Medlemene er statstilsette, lærarar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen, arbeidstakarar i ein del fristilte statlege verksemder, og dessutan arbeidstakarar i ein del ikkje-statlege ideelle og humanitære verksemder.

Statens Pensjonskasse er ei forvaltningsbedrift. Det er eit klart skilje mellom pensjons- og forsikringsordningane og det administrative apparatet i verksemda som forvaltar og administrerer ordningane. Rekneskapsmessig er det skipa ei eining for pensjons- og forsikringsordningane, SPK Forsikring, og ei eining for administrasjonsapparatet, SPK Forvaltningsbedrift.

Løyvinga under dette kapitlet gjeld for SPK Forvaltningsbedrift som står for økonomien i driftsorganisasjonen. SPK Forvaltningsbedrift har ein aktivitetsbasert økonomimodell der verksemda får betalt for dei tenestene som vert utførte for pensjonsordningane. Fornyings- og administrasjonsdepartementet fastset prisane for tenestene.

Rapport

Statens Pensjonskasse hadde reine pensjonsutbetalinger for 14,41 mrd. kroner i 2006. Inkludert rente- og avskrivingskostnader, vart det utbetalt pensjonar for 14,47 mrd. kroner i 2006. Tilsvarande tal for 2005 var 13,44 mrd. kroner. Dette tilsvarar ein auke i pensjonsutbetalingerne på 7,5 pst. frå 2005 til 2006. Dei auka utbetalingerane kjem av at det har vorte fleire pensjonistar og verknaden av trygdeoppgjeren 2006. Det vart i 2006 sett i verk totalt 14 683 nye alders-, uføre- og etterlatepensjonar, mot 14 585 i 2005. Det tilsvarer ein auke på 0,7 pst.

Statens Pensjonskasse skal utbetale korrekt utrekna pensjon til rett tid. I 2006 vart alle nye pensjonar som er omfatta av utbetalingsgarantien til Statens Pensjonskasse, utbetalte til rett tid. Utbetalingsgarantien seier at dersom ein søker om pensjon i tide, skal pensjonen utbetalast første måna-

den etter lønsophøyr. Dette gjeld alderspensjonar, uførepensojonar og etterlatepensjonar.

Statens Pensjonskasse har prioritert arbeidet med å auke kvaliteten i pensjonsutrekninga, dvs. sørge for korrekt utrekning og utbetaling av pensjon. Av nye pensjonar skal minst 95 pst. utbetalast riktig ved fyrste gongs utbetaling. For 2006 vart resultatet 95 pst. I 2006 vart det utbetalat renter for til saman 16,3 mill. kroner. Av dei totale pensjonsutbetalingerne på 14,47 mrd. kroner tilsvarer dette 1,13 promille, noko som er 0,47 promillepoeng betre enn resultatkravet.

For dei andre ordningane som Statens Pensjonskasse administrerer, vert det vist til rapportdelen under dei respektive kapitla.

Statens Pensjonskasse har i all hovudsak gjennomført forsikringstekniske oppgjer innan fastsett frist for verksemder med fiktive fond i pensjonskassa.

Informasjon og service

I satsinga på fornying av offentleg sektor er ein sentral del å legge til rette for betre informasjon og service frå offentlege verksemder. Vidareutvikling av dei interaktive tenestene er i denne sammenhengen eit viktig verkemiddel.

Gjennom utvikling av internettloysingar arbeider Statens Pensjonskasse med å betre tilgang til og flyt av informasjon. Somme arbeidsgjevarar har direkte tilgang til å kontrollere og rette opp eigne data i systemet til Statens Pensjonskasse. Medlemene har høve til å kontrollere si eiga pensjonsopptening, og alle lånesøknader kan sendast elektronisk til Statens Pensjonskasse.

Kundesenteret i Statens Pensjonskasse svara på ca. 78 000 telefonar og 4 500 brev i 2006. I tillegg kom det 7 700 e-postmeldingar mot 7 100 i 2005.

Om lag 96,8 pst. av alle telefonar vart svara på ved fyrstegongs oppringning, mot 97,8 pst. i 2005. Brev vert i hovudsak svara på innan fire veker, eller med førebels svar innan fire veker.

Våren 2007 vart det gjennomført ei brukundersøking mot aktive medlemer og pensjonistar som gav god tilbakemelding på service, brev og brosjyrar.

Statens Pensjonskasse har prioritert ulike informasjonstiltak knytte til utvikling i pensjonsordninga til dei ulike premiebetalande medlemsverksemndene. Verksemder med tildelte fond får no betre oppfølging og informasjon enn tidlegare.

Kvalitetssikring av medlemsdata

Ei viktig oppgåve for Statens Pensjonskasse er å ta i mot og/eller ta vare på medlemsdata for alle medlemene. Kvar arbeidsgjevar har plikt til å sende inn

påkravde medlemsdata til Statens Pensjonskasse. Totalt omfattar dette i overkant av 1 600 arbeidsgjevarar.

Medlemsdata vert nytta til fleire føremål. Dei vert brukte til å rekne ut korrekt pensjonspremie for arbeidsgjevarane, rekne ut korrekt pensjon for pensjonistane, og gje informasjon om framtidig pensjon til medlemene. Vidare er medlemsdata kritisk for utrekning av forpliktingane og andre analyseføremål. Kvaliteten på medlemsdata er heilt sentral for at Statens Pensjonskasse skal kunne vere ein profesjonell, kunderetta aktør.

Kvaliteten på medlemsdata er framleis ikkje god nok. Statens Pensjonskasse har i fleire år arbeidd med å betre kvaliteten på historiske data. I tillegg til det interne arbeidet med å rette opp data, arbeider Statens Pensjonskasse saman med kundane for å betre rutinane for innrapportering.

Statens Pensjonskasse har ein stadig meir omfattande og kompleks systemportefølje som skal støtte opp under kjerneverksemda. For å oppretthalde driftsstabiliteten på denne systemporteføljen må både underliggjande infrastruktur og applikasjoner haldast teknisk oppdaterte, og det må finnast gode driftsrutinar og -verkty. Statens Pensjonskasse har i 2006 fokusert på å sikre ein god underliggjande infrastruktur for sistema. Dette arbeidet vert vidareført i 2007 og etablering av gode driftsrutinar vert sett i fokus. På applikasjonsnivå har Statens Pensjonskasse i 2006, gjennom arbeidet med nytt premieutreknings-system, starta på ei omlegging av eit av dei mest kritiske sistema til ny teknisk plattform i verksemda. Arbeidet med oppdatering av mellom anna teknisk plattform vil skje over fleire år, og gjere sitt til å sikre ein god driftsstabilitet i Statens Pensjonskasse.

Resultatmål

Statens Pensjonskasse skal i 2008:

- utbetale korrekt pensjon til rett tid
- drive målretta informasjon med særleg vekt på dei rettar og oppgåver/plikter som medlemene og arbeidsgjevarane har
- vidareføre arbeidet med å sikre driftsstabilitet ved kjerneverksemda sitt datasystem og med det redusere risikoen for problem i samband med tenesteproduksjonen
- vidareføre arbeidet med å betre kvaliteten i medlemsdatabasen. SPK Forvaltningsbedrift skal sørge for at medlemsopplysningane som vert henta inn og lagde i medlemsdatabasen, er av tilfredsstillande kvalitet. SPK Forvaltningsbedrift skal òg arbeide vidare med å rydde opp i gamle medlemsdata
- prioritere arbeidet med informasjon retta mot den premiebetalande delen av medlemsmassen, spesielt knytt til utviklinga i pensjonsordninga for kvar medlemsverksemnd
- prioritere arbeidet med forsikringstekniske utrekningar. Det skal gjennomførast årlege forsikringstekniske oppgjer innan 1. juni for verksemder med fiktive fond
- vidareføre arbeidet med service mot medlemene og generelt yte god service til enkeltmedlemer og arbeidsgjevarar målt i høve til å vere tilgjengelege ha låge restansar og høg brukartrivsel
- vidareutvikle informasjonsteknisk verktøy for å effektivisere drifta og yte tenester av høg kvalitet til medlemene
- handsame søknader om nye lån og refinansiering innan ein månad
- utbetale forsikringsbeløpa under gruppelivsforsikring innan ei veke etter at påkravd dokumentasjon er motteken
- utbetale minst 80 pst. av erstatningane under yrkesskadeforsikringa innan fire veker etter at påkravd dokumentasjon er motteken.

Budsjett

Post 24 Driftsresultat

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
24.1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-347 956	-369 558	-388 253
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	260 385	278 101	314 498
24.3	Avskrivingar	17 685	30 614	37 800
24.4	Renter av staten sin kapital	425	55	
24.5	Til investeringsformål	33 571	40 898	17 059
24.6	Til reguleringsfond	-1 131	-5 136	
Sum post 24		-37 021	-25 026	-18 896

Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Inntekta til SPK Forvaltningsbedrift er knytt til betaling for dei administrative tenestene som vert utførte for pensjonsordningar og andre produkt i SPK Forsikring.

Ca. 88 pst. av inntekta kjem frå administrasjon av dei ulike pensjonsordningane, der inntekt knytt til den statlege pensjonsordninga etter lov om Statens Pensjonskasse utgjer det aller meste.

Inntektsauken kjem i hovudsak av auka volum og av at dei administrative prisane for 2008 er justerte opp som følgje av kostnadsutviklinga (pris- og lønsvekst) og ei styrking av den IT-relaterte delen av driftsramma.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Per 31.12.2006 hadde SPK Forvaltningsbedrift ca. 275 årsverk. Lønskostnader utgjer om lag halvparten av driftskostnadene i verksemda.

Dei auka driftsutgiftene kjem i hovudsak av venta pris- og lønsvekst, og dessutan av ein naudsynt auke i IKT-kostnadene. Inkludert i driftsutgiftene er kostnader knytte til investeringsprosjekta som ikkje kan aktiverast.

Underpost 24.3 Avskrivingar

Statens Pensjonskasse gjer avskrivingar av aktive driftsmidlar. Avskrivingane startar året etter kjøpsåret. Det vert nytta lineære avskrivingar der historisk kostpris på aktive driftsmidlar vert avskriven med satsar på 15 pst. for inventar og 25 pst. for kontormaskinar (inkludert IKT-utstyr og programvare).

Underpost 24.4 Renter av staten sin kapital

I samsvar med reglane for forvaltningsbedrifter skal det svarast rente for den kapitalen som er investert i bedrifta.

Underpost 24.5 Til investeringsformål

Posten omfattar avsetning til eigenfinansierte investeringar, jf. kap. 5470, post 30.

Underpost 24.6 Til reguleringsfond

Reguleringsfondet skal nyttast til å dekkje swingingar i verksemda sin økonomi mellom ulike år, og til å dekkje effektane av lønsoppgjer og uføresette utgifter i kvart budsjettår. Fondet er ein del av eigenkapitalen til forvaltningsbedrifta. Ein legg til grunn at reguleringsfondet kan brukast til gjennkjøp av mellom anna systemløysingar. Ein gjer vidare framlegg om at det vert gjeve høve til å omdisponere inntil 10 mill. kroner frå reguleringsfondet til investeringsformål, jf. forslag til vedtak III.

Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga under posten skal gå til dei tre strategiske utviklingsprogramma for kvalitet og prosess, IKT og elektronisk samhandling.

Løyvinga skal særleg dekkje IKT-investeringar relatert til ny plattform for Statens Pensjonskasse sitt pensjonssystem og naudsynte tilpassingar til NAV sitt pensjonsprogram i 2008.

Tabell 2.2 Balanse Statens Pensjonskasse

	Rekneskap 2005	Rekneskap 2006
Eigedelar:		
<i>Omløpsmidlar</i>		
Fordringar	24 151 070	27 869 657
<i>Anleggsmidlar</i>		
Driftsmidlar	51 621 011	90 984 638
Sum eigedelar	75 772 081	118 854 295
Gjeld og eigenkapital:		
<i>Kortsiktig gjeld</i>		
Kortsiktig gjeld	6 859 693	11 709 044
<i>Langsiktig gjeld</i>		
Statens renteberande kapital	6 068 407	11 861 525
Sum gjeld	12 928 100	23 570 569
<i>Eigenkapital</i>		
Reguleringsfond	17 291 377	16 160 613
Eigenkapital elles	45 552 604	79 123 113
Sum eigenkapital	62 843 981	95 283 726
Sum gjeld og eigenkapital	75 772 081	118 854 295

Kap. 5470 Statens Pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
30	Avsetning til investeringsformål	33 571	40 898	17 059
	Sum kap. 5470	33 571	40 898	17 059

Post 30 Avsetning til investeringsformål

Løyvinga gjeld avsetningar til investeringsformål til inntekt i statsrekneskapen, jf. omtale under kap. 2470, underpost 24.5.

Kap. 5607 Renter av bustadlånsordninga for statstilsette

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
80	Renter	360 643	465 000	772 000
	Sum kap. 5607	360 643	465 000	772 000

Allmenn omtale

Kapitlet er budsjettering av renteinntekter knytte til bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse, jf. kap. 1544. Frå 01.05.2007 har renta vore 4,25 pst. Renta vart sett opp til 4,75 pst. frå 1. juli 2007.

Budsjett**Post 80 Renter**

Posten gjeld renteinntekter knytte til bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse, jf. kap. 1544.

Auken i utrekna renteinntekter i 2008 i høve til saldert budsjett 2007, kjem mellom anna av oppdaterte prognoser for utlånsveksten i 2007, i tillegg til renteauke. Utlånsveksten i 2007 er forventa å verte høgare enn den løyvde ramma i saldert budsjett, jf. kap. 1544. I utrekna inntekt for 2008 er det lagt til grunn ein vekst i utlånsporteføljen, jf. kap. 1544, og ei utlånsrente på 4,75 pst.

Programkategori 01.50 Konkurransopolitikk

Utgifter under programkategori 01.50 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	Pst. endr.
		2006	budsjett 2007	2008	07/08
1550	Konkurransetilsynet	105 706	83 112	84 209	1,3
	Sum kategori 01.50	105 706	83 112	84 209	1,3

Inntekter under programkategori 01.50 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	Pst. endr.
		2006	budsjett 2007	2008	07/08
4550	Konkurransetilsynet	2 937	193	201	4,1
	Sum kategori 01.50	2 937	193	201	4,1

Allmenn omtale

Satsinga på handhevinga av konkurranselova og EØS-konkurranselova held fram som før. Sjå meir om dette i omtalen under kap. 1550 Konkurransetilsynet.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har det overordna ansvaret for gjennomføringa av konkurransopolitikken. Dette inneber mellom anna eit ansvar for:

- utforming og forvaltning av den norske konkurranselova, pristiltakslova, EØS-konkurranselova, lov om offentlege innkjøp og lov om offentleg støtte med føresegner m.m.
- gjennomføring av konkurransereglane i EØS-avtala i norsk rett
- overordna styring av Konkurransetilsynet, inkludert sekretariatet til Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA)
- å syte for at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde.

Det er i hovudsak Konkurransetilsynet som står for den daglege utøvinga av konkurransopolitikken gjennom handheving av konkurranselova og andre føresegner. I det følgjande er det i all hovudsak departementet sitt arbeid på det konkurransepoli-

tiske området som skal omtalast. Verksemda til Konkurransetilsynet vert omtala under kap. 1550.

Føresegner på konkurranseområdet

Koncurranselova

Føremålet med konkurranselova er å fremje konkurranse for å få effektiv bruk av ressursane i samfunnet, med særleg vekt på forbrukarane sine interesser. Viktige trekk ved konkurranselova er:

- konkurranselova forbyr samarbeid som avgrennar konkurransen mellom føretak og forbyr føretak å utnytte ei dominerande stilling på ein uhøvisk måte
- konkurranselova gjev Konkurransetilsynet høve til å gje pålegg om gebyr for brot på lova. Gebyret skal ligge på same nivå som dei tilsvarende bøtene EU-kommisjonen kan gje. Perioden frå brotet vert avdekt til reaksjon er kort ned ved at Konkurransetilsynet ikkje lenger må melde brota til påtalemakta
- konkurranselova opnar for å redusere gebyret for dei som melder frå om brot på konkurranselova og samarbeider med Konkurransetilsynet om oppklåring av brota
- Konkurransetilsynet skal gripe inn mot føretakssamanslutningar som vil føre til eller forsterke ei vesentleg innskrenking av konkurrans-

sen. Meldeplikta for føretakssamanslutningar gjev Konkurransetilsynet høve til å overvake strukturendringar i næringslivet

- i 2005 evaluerte Konkurransetilsynet meldeplikta for å sikre ei best mogleg tilpassa ordning og ei enklast mogleg innrapportering for næringslivet. Evalueringa viste at for mange føretakssamanslutningar var omfatta av meldeplikta, utan at dette førte til fleire inngrep. Dette resulterte i at meldeplikta vart monaleg innskrenka i 2006, ved at omsetningsgrensene vart dobla. Føremålet med dette var å lette børene for næringslivet, samstundes som Konkurransetilsynet sine ressursar vert utnytta meir effektivt.

EØS-konkurranselova

EØS-avtala er av særskilt konkurransepolitisk rekkjevidd. 19. mai 2005 tok den nye EØS-konkurranselova til å gjelde. Dermed har Konkurransetilsynet fått heimel til å handheve forboda i EØS-avtala mot samarbeid som minskar konkurransen mellom føretak og mot uhøvisk utnytting av ein dominerande posisjon. Lova slår fast ei plikt til å bruke desse føreseggnene når det er påkravd. Konkurransereglane i EØS og Noreg svarar til konkurransereglane i EU.

Revidert regelverk om offentlege innkjøp

Offentleg forvaltning i Noreg kjøper varer og tenester for nærmere 270 mrd. kroner i året. Føremålet med regelverket for offentlege innkjøp er å sikre at offentlege midlar vert nytta best mogleg gjennom kostnadseffektive innkjøp, mellom anna ved bruk av konkurranse og ved at offentleg sektor ikkje skal gjere skilnad på leverandørar. Regelverket skal òg medverke til at det offentlege opptrer med stor integritet, slik at allmenta har tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte.

Regjeringa har innført eit nytt og betre regelverk for offentlege innkjøp som tok til å gjelde 1. januar 2007. Bruk av elektroniske forretningsprosessar og ehandel er nå jamstelte med tradisjonelle innkjøp. Det er òg innført eigne reglar om gjennomføring av elektroniske auksjonar og rammeavtalar, og ein eigen prosedyre for særleg kompliserte innkjøp. Det er innført ei plikt til å skrive protokoll for alle innkjøp som kostar over 100 000 kroner. Ved innkjøp over denne summen er det òg krav om at alle tilbydarane leverer skatteattest, og at den leverandøren som får kontrakten, leverer HMS-eigenmelding.

Den nye føresegna om gebyr mot ulovlege direkte innkjøp tok til å gjelde 1. januar 2007. Det inneber at oppdragsgjevaren kan straffast med eit gebyr på inntil 15 pst. av verdien på kjøpet dersom kunngjeringsplikta vert brote. Gebyret skal hindre at innkjøparar med vilje eller grovt aktlaust set regelverket til side, og motverke korrupsjonsliknande praksis.

Ei anna nyskaping i regelverket, er eit krav om at innkjøparar skal ta omsyn til universell utforming under planlegginga av innkjøpet. Dette skal føre til at produkt og omgjevnader vert utforma slik at dei kan nyttast av alle, òg av personar med nedsett funksjonsevne.

Regelverket om offentleg støtte

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvar for reglane om offentleg støtte. Hovudregelen i EØS-avtalen er at offentleg støtte til næringsverksemد ikkje er tillate. Det er likevel gjort ei rekkje unntak frå hovudregelen, mellom anna støtte til føremål som FoU, miljø, regionar og kompetanseheving. Støttegjevar, det vil seie departement, fylkeskommune eller kommune, har ansvar for at støtte vert gjeve i samsvar med regelverket og for at støtte vert godkjent av ESA når det er påkravd. Fornyings- og administrasjonsdepartementet sikrar norske interesser i saker (notifisasjons- og klagesaker) mellom norske styresmakter og ESA på området og koordinerer sakshandsaminga.

Departementet har òg ansvar for at EU-reglane på feltet vert gjennomførte i norsk rett. I samband med utforminga av nye reglar i EU-kommisjonen arbeider departementet med å sikre norske interesser i prosessen. Det inneber at departementet syter for å klårgjere norske interesser internt og freistar å påverke regelverksutforminga i Kommisjonen ved å delta på arbeidsmøte og gje skriftlege innspel. Ei ny rettleiing for offentleg støtte er utarbeidd av departementet i 2007.

Hovudlinjer i konkurransepolitikken

Styresmaktene legg rammene for kvar det skal vere konkurranse og korleis konkurransen skal verke på ulike område ved utforming og handheving av konkurranseregelverket og ved utforming av andre offentlege reglar og tiltak som påverkar konkurransen.

Konkurranse gjev i hovudsak positive verknaðer. Ressursane vert utnytta godt, marknadsaktørane vert meir effektive, og vert dermed meir konkurransedugande på internasjonale marknadar.

der. Konkurranse gjev forbrukarane tilbod om varer og tenester av god kvalitet til rett pris.

Samstundes er det viktig å hugse på at konkurranse ikkje alltid er eit riktig verkemiddel for å nå viktige samfunnsmål. For å løyse problem knytte til marknadssvikt som til dømes forureiningar, naturlege monopol som i kraftnettet og tilverking av kollektive gode som vegar, er det påkravd med offentleg styring og kontroll. Marknaden åleine tek heller ikkje tilstrekkeleg omsyn til fordeling av velferd. Difor har Regjeringa i Soria Moria-erklæringa slege fast at ein innan viktige område som helse, omsorg og utdanning, og tryggleik mellom anna i jernbanesektoren, skal byggje på felleskapsløysingar og styrkje ansvaret til det offentlege.

I mange marknader treng ein ikkje å setje i verk særskilde tiltak for å nå spesielle samfunnsmål. Offentlege tiltak kan gjennomførast for å korrigere marknadssvikt utan stor innverknad på konkurranse. Avgift på forureiningar er eit døme på korrigering av marknadssvikt. I slike marknader vert konkurranse regulert gjennom konkurranselova. I tillegg gjer regelverket for offentlege innkjøp sitt til å stimulere konkurranse.

I omregulerte marknader, som til dømes i telesektoren, er det i tillegg til reglane i konkurranselova særlege konkuranseregler som vert handssama av sektorstyresmaktene. Når marknader vert omregulerte og opna for konkurranse, inneber det ei utviding av det praktiske verkeområdet til konkuranselova. Då er det viktig med ei god samordning mellom sektorstyresmakter og konkuransestyresmaktene for å unngå motstridande politiske signal og ulik handheving av regelverket.

På ein del område er det påkravd å setje i verk offentlege tiltak som grip inn i marknads- og konkuransetilhøva. Det kan til dømes vere konsejsjonsordningar som skal sikre at marknadsaktørane har tilstrekkelege kvalifikasjonar, men som gjer det vanskelegare å etablere seg for nye konkurrentar. Her set både konkuranselova og dei offentlege reguleringane rammer for konkurranse.

Konkuransestyresmaktene skal peike på konkuranseskadelege verknader av offentlege reguleringar og føreslå tiltak som kan avgrense dei skadelege verknadene. I mange konkurancesaker vil verknadene vere små for den einskilde forbrukar og større for den næringsdrivande. Dei sistnemnde vil òg drive meir aktiv lobbyverksemnd. I utøvinga av konkurransepoltikk må vi difor vere særleg merksame på veginga av omsyn til forbrukarane opp mot næringsomsyn. Dei offentlege tiltaka må òg ligge innanfor rammene av konkurran-

sereglane i EØS-avtala og EØS-regelverket om offentlege innkjøp og offentleg støtte.

Sunne konkurransemarknader vert best sikra gjennom ei streng konkuranselov og eit effektivt tilsyn frå konkuransesyresmaktene. Konkuranselova og EØS-konkuranselova skal motverke handlingar som hindrar marknadsmekanismane i å verke, slik som misbruk av marknadsmakt og konkurranseavgrensande avtalar mellom føretak. Saman med regelverket for offentleg støtte til næringslivet og regelverket for offentlege innkjøp skapar dette ein heilskapleg konkurransepoltikk.

Hovudmål og strategiar

I dei marknadene der Regjeringa ynskjer konkurranse, skal konkuransesyresmaktene føre ein aktiv konkurransepoltikk for å sikre gode og rimelege varer og tenester til forbrukarane og fremje effektivitet i desse marknadene.

For å oppnå dette, arbeider departementet mot desse hovudmåla på det konkurransepoltiske området:

- konkuranselova, EØS-konkuranselova, regelverket om offentlege innkjøp og regelverket om offentleg støtte skal utviklast i samsvar med internasjonale plikter og vere effektive verkemiddel for å fremje konkurranse
- etatstyringa av Konkuransetilsynet skal ha klare mål, ei tydeleg oppfatning av rollefordelinga mellom departement og tilsyn, og resultattoppfølging som sikrar ei effektiv utøving av konkurransepoltikken og handheving av lova
- norske interesser skal takast omsyn til når ESA handsamar klager og notifikasjonar etter regelverket om offentleg støtte
- departementet og Konkuransetilsynet skal saman syte for at det vert lagt vekt på konkurranseomsyn der Regjeringa ynskjer konkurranse. Mellom anna skal departementet:
 - stimulere til konkurranse og grunnlag for nyetablering ved offentlege innkjøp
 - hindre tildeling av ulovleg offentleg støtte og motverke skadeleg støtte
 - synleggjere omsynet til konkurranse ved offentlege tiltak.

Vidareutvikling av regelverket

Regjeringa vurderer å gjere framlegg om endring av § 21 i konkuranselova. Føresegna gjev rett til å omgjøre Konkuransetilsynet si avgjerd i saker om føretakssamanslutningar som har prinsipiell eller stor samfunnsmessig verdi, dersom andre viktige samfunnsmessig talar for det. Bakgrunnen for vurderingane er eit ynskje om å tydeleggjere handsaminga av desse sakene.

Departementet sendte sommaren 2007 på høring eit framlegg om ny forskrift i medhald av konkurranselova § 16 femte ledd om verksemda til ein forvaltar. Retten tilsynet har til å velje ein forvaltar til å hjelpe til ved gjennomføringa av inngrep mot føretakssamanslutningar vart innført i konkurranselova av 2004. Tilsynet har nutta seg av retten i to tilfelle. Forskrifta skal gje nærmare retningslinjer om vernet og verksemda til ein forvaltar. Bakgrunnen for reglane om forvaltar er mellom anna ynskja om å konsentrere ressursane til tilsynet om kjerneverksemda. Røynsla syner at oppfølginga av inngrep mot føretakssamanslutningar kan binde opp monalege ressursar og krevje særleg kompetanse som det ikkje er sjølv sagt at tilsynet har.

Departementet har òg bede Konkurransestilsynet greie ut om det skal gjevast ei føreseggn om unnatak frå konkurranselova § 10 slik at busselskap kan samarbeide om fylkeskryssande ekspressbussruter.

Handheving av forbodsføreseggnene i konkurranselova

Det er nå tre år sidan den gjeldande konkurranselova tro i kraft. Lova førte til eit generelt forbod mot konkurransebegrensande samarbeid og at uhøvisk utnytting av dominerande posisjon vart forbode. Tidligare måtte tilsynet gripe inn og forby mis bruk av marknadsmakt i kvart hove. Endringane har skapa nye utfordringar for tilsynet og ført til at ein større del av verksemda vert retta inn mot avdekking av lovbro. Sidan tilsynet kan velje å skrive ut gebyr for lovbro, i staden for politimelding, vil fleire saker kunne avsluttast i tilsynet.

Inngrep mot føretakssamanslutningar

Koncurranselova av 2004 innebar ein strengare kontroll med føretakssamanslutningar og det vart innført meldeplikt for fusjonar og oppkjøp. Konkurransestilsynet skal gripe inn mot føretakssamanslutningar dersom desse fører til eller styrker ein vesentleg avgrensing av konkurransen. Departementet er klageinstans i desse sakene. Tilsynet gjer mange vedtak om gebyr for ikkje melde eller for seint melde føretakssamanslutningar, i 2006 var det 66 slike vedtak.

Internasjonalt arbeid

Konkurransestymaktene deltek i EU-kommisjonen og EFTAs overvåkningsorgan si utvikling av nytt konkurranseregelverk og handheving av konkurransereglane i enkeltsaker. EU har etablert eit nettverk av konkurransestymakter (European

Competition Network) for å gjere handhevinga av konkurransereglane i EU så effektive som mogleg. EFTA-pilaren er ikkje medlem i nettverket. For at konkurransetilsynet i EFTA-landa og EFTAs overvåkningsorgan likevel og i størst mogleg grad skal kunne delta i møter i nettverket, der det vert utveksla konfidensiell informasjon mellom konkurransestymaktene, er det teke inn ei føreseggn i protokoll 23 EØS som sikrar utveksling av konfidensiell informasjon som er innhenta på grunnlag av artikkel 81 og 82 EF også med EFTA-pilaren.

Konkurransestymaktene deltek i samarbeidet i OECD. Tema som særleg har vore handsama i 2007 er konkurransepolitikk i finansmarknadene, samspelet mellom konkurransepolitikk og energipolitikk, samarbeid mellom konkurransestymakter og påtalemakt, resultat av konkurransestymaktene arbeid, tiltak mot brot på konkurransereglane ved offentlege anskaffingar og fusjoner og fusjonspolitikk.

Dei nordiske konkurransestymaktene har årlege konferansar og drøfter saker av felles interesse.

Prioriterte område

Styrking av Klagenemnda for offentlege innkjøp – KOFA

Klagenemnda er eit uavhengig organ med 10 medlemer oppnemnde av Kongen i statsråd. Nemnda handsamar klager om brot på lov om offentlege innkjøp med forskrifter. Sekretariatet til nemnda ligg i Konkurransestilsynet. Regjeringa har både i 2006 og 2007 gjeve ekstra løyingar til KOFA.

Med hjelp av ekstra tilsettingar i sekretariatet har restansane i KOFA minka. Frå hausten 2007 skal ressursane i sekretariatet reduserast til eit nivå som ein meiner er tilstrekkeleg for å halde sakshandsamingstida innanfor dei måltala som er sett for gjennomsnittleg sakshandsamingstid for nye saker i perioden etter hausten 2007. Dette vil i seg sjølv betre etterlevinga av reglane. Den sanksjonen om ilegging av gebyr på inntil 15 pst. av ulovleg direkte innkjøp som KOFA har til rådvelde frå 2007, vil òg medverke til betre etterleving av reglane. Sjå elles omtale av KOFA under kap. 1550 Konkurransestilsynet.

Innsats mot konkurranskriminalitet

Brot på konkurranselova (koncurranskriminalitet) fører med seg omfattande kostnader for samfunnet, men er vanskeleg å avdekkje. Koncurranskriminalitet blir kjenneteikna ved at seljarane på ulike måtar koordinerer åtferda si med sikte på å lure kjøparane, som er forbrukarar, offentlege inn-

kjøparar eller private føretak. Regelverket for offentlege innkjøp skal hjelpe til slik at midlane vert nytta på ein best mogleg måte, men det er avdekt alvorlege brot på innkjøpsregelverket. Svært mykje korrupsjon er kjenneteikna ved at representantar for kjøparar tek imot ulike former for ytingar, mot at seljarane slepp å konkurrere om oppdrag i ein fungerande marknad.

Resultatet er auka kostnader for stat og kommune, därlegare konkurranseevne for norsk næringsliv og svekkja tillit til offentleg forvaltning. Departementet vil difor be Konkurransestilsynet setje inn auka ressursar og styrke etterforskinga retta mot avdekking av konkurransekriminalitet. Departementet vil òg be Konkurransestilsynet vurdere samanhengen mellom konkurransekriminalitet og brot på regelverket for offentlege innkjøp.

Faktabasert gjennomgang av innretninga på konkurransepoltikken

I budsjettinnstillinga for 2006 frå Næringskomiteen ber fleirtalet i komitéen Regjeringa om å ta ein ny og faktabasert gjennomgang av innretninga på konkurransepoltikken. Departementet følgjer opp dette med å gjennomføre ei evaluering av heving av nasjonal terskelverdi og ei konsekvensutgreiing av eventuelle ytterlegare terskelverdihevingar og innføring av forenkla kunngjøringsplikt for offentlege innkjøp under nasjonal terskelverdi. I tillegg vil departementet gjennomføre ei faktabasert utgreiing av røynsler med konkurranseutsetjing i eit utval av marknader.

Etatstyring av Konkurransestilsynet

Nytt økonomiregelverk og auka fokus på forvalningsrevisjon har forsterka krava til oppfølging av Konkurransestilsynet sine faglege prioriteringar, ressursdisponeringar og resultatrapportering. Som ein del av arbeidet med å forbetre Konkurransestilsynet si resultatrapportering og synliggjeringa av den nyten konkurransepoltikken har i marknader som er tilrettelagde for konkurranse, er departementet i gang med ei evaluering av etatstyringa av Konkurransestilsynet. Alle sider av etatstyringa av Konkurransestilsynet vert evaluert. Evalueringane er støtta av eksterne utgreiingar.

Oppfølging av visse marknader

Konkurranse er eit viktig verkemiddel for å nå sentrale samfunnsmessige mål om effektiv bruk av

ressursane i økonomien. Nokre marknader som har fått særleg stor merksemd i den seinare tida vil bli omtala her.

Tiltaka som konkurransestyresmaktene har gjennomført i innanriks luftfart er eit døme på at auka konkurranse gjev omfattande føremoner som lågare prisar og meir effektiv ressursbruk. Fornyings- og administrasjonsdepartementet fastsette 20.06.2007 ei ny forskrift som kjem i staden for tidlegare vedtak og som gjev eit varig forbod mot oppfølging av bonuspoeng på innanlandske flyreiser. Forskrifta gjeld frå 01.08.2007 for alle flyselskap med flyreiser innanlands i Noreg. Bakgrunnen for forbodet er at oppfølging av bonuspoeng bind kundane til eitt selskap på ein måte som svekkjer konkurranse. For å hindre konkurransevriding mellom norske etablerte selskap og utanlandske aktørar er det gjeve eit totalforbod i forskrifta som gjeld alle selskap utan omsyn til marknadsdel.

Regjeringa ynskjer å sikre breidde på talet utgjevingar i bokbransjen og gjere sitt til at mange bokhandlarar kan halde oppe drifta. Dette veg opp mot omsynet om auka konkurranse og lågare bokprisar. Endringane som er gjennomførte i bokmarknaden synest òg å ha ført til ein meir aktiv konkurranse, sjølv om aktørane framleis får høve til å gjennomføre konkurranseavgrensande tiltak i denne marknaden. Frå 01.01.2005 mista bokklubbane eineretten til å gje rabattar på ny norsk litteratur. Under den nye bransjeavtala har alle salskanalane lov til å gje 12,5 pst. rabatt på fastprisen på lærebøker, skjønnlitteratur og sakprosa. Gjeldande unnatak frå § 10 i konkurranselova for samarbeid om faste vidaresalsprisar for lærebøker til høgskular og universitet er vidareført fram til 01.07.2008 ved kongeleg resolusjon av 27. 06. 2007.

Konkurransestilsynet har evaluert effekten av regelverksendringane, og resultata viser at regelverksendringane har verka stimulerande. Ei ny evaluering skal gjennomførast i 2007.

Meierisektoren er av landbrukspolitiske omsyn underlagt eit omfattande og komplisert reguleringssystem. Sjølv om det landbrukspolitiske regelverket har opna for konkurranse, er konkurranseintensiteten framleis låg, og Tine er dominerande i dei fleste produktsegment. Regjeringa har vedteke å endre element i regelverket for marknadsordninga for mjølk med verknad frå 01. 07. 2007. Endringane inneber at Konkurransestilsynet må bruke meir ressursar på å følgje opp konkurranse i meierisektoren.

Kap. 1550 Konkurransetilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	79 017	78 112	79 209
22	Flyttekostnader, <i>kan overførast</i>	21 661		
23	Klagenemnda for offentlege innkjøp	5 028	5 000	5 000
	Sum kap. 1550	105 706	83 112	84 209

Generell omtale

Konkurransetilsynet skal føre tilsyn med konkurransetilhøva i norsk økonomi. Det rettslege grunnlaget for tilsynet si verksomhet er konkurranselova og EØS-konkurranselova. Tilsynet skal mellom anna føre kontroll med føretakssamanslutninger og handheve forboda mot misbruk av dominerande stilling og mot konkurranseavgrensande samarbeid.

Rapport

Handheving av forboda i konkurranselova

Konkurransetilsynet har meldt 46 saker om brot på forbodsforesegnene til politiet sidan 1986. Samla er det ilagt bøter på 125 mill. kroner. Dei fleste sakene gjeld samarbeid mellom konkurrentar. Det er vesentleg at tilsynet sitt arbeid på dette området gjev ein avskrekende effekt slik at aktørane i næringslivet avstår frå kartellverksem. Tilsynet prioriterer difor dette arbeidet innanfor gjevne rammer.

I 2006 skreiv Økokrim ut forelegg på til saman 36 mill. kroner, og fekk gjennomført inndraging på 5,6 mill. kroner mot ni entreprenørar i asfaltbransjen og byggebransjen. Sakene, som vart melde til politiet av Konkurransetilsynet, gjaldt grove brot på konkurranselova for mellom anna ulovleg marknadsdeling og pris- og anbodssamarbeid. Skanska og Veidekke har vedteke dei utmålte forelegg på til saman nærmare 18 mill. kroner. Konkurransetilsynet har innvilga lemping etter konkurranselova i ei sak. Saka er framleis under etterforskning.

I den seinare tida har tilsynet mellom anna pålagt opphør av samarbeidet om ekspressbussruta Kystbussen som trafikkerer strekninga Bergen – Stavanger. Årsaka til vedtaket er at Kystbussen er det einaste ekspressbusstilbodet på strekninga, og at samarbeidet mellom anna omfattar pris og kapasitet. Konsekvensen var at samarbeids-partane Tide og Veolia ikkje konkurrerte om ekspressbusstransport på strekninga, noko som kunne føre til høgare priser, mindre innovasjon og mindre effektiv drift. Departementet har no bede

Konkurransetilsynet greie ut om det skal gjevast ei føresagn om unnatak frå konkurranselova § 10 slik at busselskap kan samarbeide om fylkeskryssande ekspressbussruter.

Vidare har tilsynet vurdert å gripe inn mot daglegvarekjedene si utveksling av prisinformasjon kvar veke gjennom analysebyrået ACNielsen. Slik informasjonsutveksling kan redusere konkurransen mellom partane. Etter å ha vorte orientert om tilsynet sine vurderingar, har partane sjølv valt å endre praksis. Det vert ikkje lenger mogleg å sjå prisane for kvar kjede og rapportane vil no berre kome kvar fjerde veke. Dermed vert informasjonen som vert utveksla mindre detaljert og mindre fersk, og som følgje av dette mindre eigna til å avgrense konkurransen.

Med konkurranselova av 2004 har det vorte innført eit forbod mot misbruk av marknadsdominans. Tilsynet har gjort vedtak i to store saker om brot på dette forboden: SAS-Braathen si prisåtferd på ruta Oslo-Haugesund og mogleg misbruk av marknadsmakt frå TINE si side i samband med årsavtalar med daglegvarekjedene. SAS tok saka om prisåtferd til Oslo tingrett, som konkluderte med at SAS ikkje hadde brote konkurranselova sitt forbod mot misbruk av marknadsdominans. Tilsynet har anka denne domen til lagmannsretten. TINE har òg gått rettens veg med saka om årsavtalane.

Korrupsjon og kartell vert ofte avslørt etter tips frå offentlege innkjøparar. Konkurransetilsynet legg difor vekt på å gjere offentlege innkjøparar medvitne om dei moglegheitene dei har til å avsløre ulovleg kartellverksem. Kor viktig dette er, går fram av at offentlege innkjøp utgjer over 270 mill. kroner i året. På eit seminar som KOFA heldt for offentlege innkjøparar, la tilsynet vekt på at medvitne innkjøparar kan ha ein preventiv effekt på ulovleg kartellsamarbeid.

Kontroll med føretakssamanslutningar

Verksemder og andre næringsdrivande har plikt til å melde frå til tilsynet om føretakssamanslutningar

i form av fusjonar, oppkjøp og avtalar som fører til kontroll i andre selskap. I 2005 vart i alt 623 føretakssamanslutningar melde til Konkurransestilsynet. Seks selskap fekk gebyr fordi dei ikkje melde frå slik dei har plikt til å gjere. Våren 2006 gjorde tilsynet vedtak om gebyr til 28 selskap til. Det høgste gebyret var på 90 000 kroner. Til saman har tilsynet gjeve over 2 mill. kroner i gebyr på dette området. I vurderinga av storleiken på gebyra, tek tilsynet omsyn til omsetnaden til føretaka og til kor grovt lovbrotet er, og kor lenge det har vara. Det vert òg lagt vekt på at gebyra skal ha ein preventiv effekt. I etterkant av at Konkurransestilsynet har gjeve desse gebyra, har talet på meldingar auka med om lag 45 pst.

Frå 01.01.2007 har reglane vorte endra slik at meldeplikta berre gjeld når dei involverte føretaka har ein samla årleg omsetnad i Noreg på minst 50 mill. kroner og begge føretaka omset for meir enn 20 mill. kroner årleg.

- våren 2006 varsla Konkurransestilsynet forbod mot fusjonen mellom Gilde og Prior. Tilsynet meinte at fusjonen ville føre til vesentleg mindre konkurranse i fjørfemarknaden, fordi Gilde ikkje lenger ville vere ein potensiell konkurrent til Prior i denne marknaden. Tilsynet gjorde seinare vedtak om å forby fusjonen. Vedtaket vart påklaga til departementet, som var ueinig i tilsynet si vurdering av at Gilde var ein potensiell konkurrent til Prior, og gjorde om vedtaket
- hausten 2006 forbaud Konkurransestilsynet Falck Danmark sitt oppkjøp av Viking Redningsteneste. Etter oppkjøpet ville Falck/Viking få ein svært stor marknadsandel i bedriftsmarknaden, medan NAF framleis ville vere den største aktøren i abonnementsmarknaden. Vedtaket vart påklaga til departementet, som i januar 2007 påla Falck å selje Viking Redningssteneste
- våren 2007 forbaud Konkurransestilsynet den planlagde fusjonen mellom Trondertaxi AS og Sør-Trøndelag Taxi AS. Tilsynet meinte at ein allereie svekt konkurranse i marknaden for drosjetransport i Sør-Trøndelag vil verte enda meir svekt ved ein fusjon. Trondertaxi AS er den største aktøren i marknaden for drosjetransport i Sør-Trøndelag. Vedtaket vart påklaga til departementet som opprettheldt tilsynet sitt vedtak
- våren 2007 sette Konkurransestilsynet strenge vilkår for å godkjenne Findus Norge AS sitt oppkjøp av Gro Industrier AS. Findus fekk plikt til å levere råvarer til eksisterande og eventuelle nye konkurrentar i marknaden for blanding og pakkning av fryste grønsaker til marknaden for daglegvarehandel og storhushaldning. Findus kan ikkje levere til dårlegare vilkår enn det Gro

Industrier AS gjer i dag. Grunnen til inngrepet var at konkurransen i den aktuelle marknaden allereie var vesentleg svekt og at talet på større tilbydarar gjekk frå tre til to. Findus vart den klart største aktøren med Norrek som den einaste større konkurrenten.

Offentlege reguleringar og reguleringsreform

Etter konkurranselova § 9e skal Konkurransestilsynet peike på konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak, eventuelt ved å leggje fram forslag med sikte på å styrke konkurransen og å gjere det lettare for nye konkurrentar å kome inn på marknaden. Tilsynet har teke opp ei rekke saker på dette grunnlaget.

Konkurransestilsynet har stilt seg positiv til eit lovforslag om felles pensjonskasser, der fleire uavhengige føretak kan gå saman om å etablere ei felles pensjonskasse for pensjonsordningane sine. Marknaden for pensjonsordningar til private føretak har historisk sett vore prega av få tilbydarar. Det vert difor viktig å stimulere til auka konkurranse ved å leggje til rette for nye aktørar i marknaden.

Konkurransestilsynet har ved fleire høve bede om at tinglysingsebyret vert redusert for å medverke til auka konkurranse om bustadlån. Lågare gebyr gjer at det er lettare å flytte lånet til ein annan bank, og legg til rette for auka konkurranse mellom bankane. Det gjer det òg lettare for nye bankar å etablere seg innan bustadlån.

Konkurransestilsynet publiserte i samarbeid med dei andre nordiske konkurransestyresmakene i 2006 rapporten «Competition in Nordic Retail Banking». Undersøkingane viste at forbrukarar ofte opplever at det er krevjande å gjere ei direkte samanlikning mellom bankane sine tilbod. Rapporten tilrådde difor at det vert etablert ein internettportal som skal hjelpe forbrukarane å samanlikne bank- og forsikringsprodukt. Rapporten slår òg fast at kundemobiliteten i den nordiske bankmarknaden er etter måten låg. Dette kan verke avgrensande på konkurransen og det vert difor oppfordra til tiltak som minkar kundane sine ulemper ved byte av bank. Finansdepartementet har bede ei arbeidsgruppe vurdere tiltak og ordningars som kan medverke til å redusere ulempene ved bankbyte og auke konkurranse i sektoren.

I 2006 gjennomførte Konkurransestilsynet på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet ei vurdering av konkurransetilhøva i marknaden for skadeforsikring. Undersøkingane viste at særnorske krav til kapitaldekning kan vere etableringshindrande. Konkurransestilsynet tilrådde ei vurdering av om desse krava kan seinkast. Med

bakgrunn i endra EU-direktiv om kapitaldekningskrav gjorde Finansdepartementet i 2006 framlegg om endringar i det norske regelverket. I den samanhengen uttalte departementet at ein vil leggje stor vekt på konkurransemessige omsyn ved utarbeidning av endelege føresegner.

Klagenemnda for offentlege innkjøp – KOFA

KOFA vart etablert i 2003 fordi Stortinget og regjeringa ville auke etterlevinga av regelverket om offentlege innkjøp. Målet med ordninga var å etablere ein alternativ modell for twisteløysing, der leverandørane fekk ei rask og rimeleg klagemøggleheit på eit lågt konfliktnivå. Offentlege innkjøp utgjer mellom 200 og 300 mrd. kroner i året. Reglane for offentlege innkjøp skal sikre reell konkurranse om leveransar til stat og kommune, slik at desse pengane vert utnytta mest mogleg effektivt. Konkurransetilsynet overtok ansvaret for sekretariatet for KOFA våren 2005.

I 2006 vart klagenemndforskrifta endra. Endringane inneber mellom anna at klagenemnda no kan gje gebyr på inntil 15 pst. av kontraktverdien i klagesaker som gjeld ulovlege direkte innkjøp. I det fjerde driftsåret 2006 mottok klagenemnda 158 saker. Dette er langt mindre enn tidlegare då det kom inn 260–280 saker i året. Sakene som no kjem inn er på den andre sida meir omfattande og dermed meir arbeidskrevjande.

Regjeringa har auka løvyingane slik at KOFA har kunne auka bemanninga. På grunn av dette er talet på handsama saker i månaden meir enn dobla i 2. halvår 2006. I januar 2007 hadde gjennomsnittleg sakshandsamingstid gått ned fra 405 dagar til 281 dagar. Departementet har bestemt at før hausten 2007 er omme, skal gjennomsnittleg sakshandsamingstid ikkje vere over tre månader. Tilsynet reknar vidare med at etterslepet i form av talet på uoppgjorte saker vil verte avvikla hausten 2007. Bemanninga i sekretariatet vil deretter reduserast til eit nivå som sikrar sakshandsamingstid i samsvar med dette.

Kvalitetssikring av verksemda

Konkurransetilsynet har i 2006 halde fram med arbeidet med å utvikle system og rutinar for å måle og synleggjere resultatet av konkurransepolitiken. Tilsynet samarbeider med departementet om gjennomføring av etatstyringsprosjektet, som har som hovudmål å utvikle styringsdialogen mellom departementet og Konkurransetilsynet, mellom anna gjennom utvikling av formålstenlege rutinar for resultatevaluering.

I mai 2006 sluttførte tilsynet arbeidet med ei omfattande eigenevaluering av alle delar av eigen organisasjon. Det vert systematisk arbeidd vidare med innføring og bruk av Balansert Målstyring som verkty for strategisk styring og med dette utvikling av tydelege resultatmål og aktivitetar for å oppnå måla. Det er knytte konkrete forbetningsaktivitetar til alle overordna mål, og aktivitetsplanen vert følgd opp i leiargruppa.

For å møte utfordringane med innføring av forbodslov, har Konkurransetilsynet satsa sterkt på å effektivisere sakshandsaminga. Det har vorte innført nye rutinar for prioritering av saker og det er lagt ned mykje ressursar i dokumentasjon av alle sakshandsamingsprosessar og utvikling av nytt kjeldearkiv.

Konkurransetilsynet har i 2006 teke i bruk dei fyrste elementa i tilsynet sin nye verksemdsportalen, som har fått namnet «Telegrafen». Gjennom Telegrafen har tilsynet fått tilgang til ny infrastruktur og programvare som plattform for det vidare arbeidet med intern effektivisering i verksemda. Tilsynet sine nye internetsider vart sett i produksjon 1. februar 2007, og representerer eit stort framsteg med omsyn til moglegheiter for betre dialog med brukarane.

Flytting

Konkurransetilsynet gjennomførte i 2006 flyttinga til Bergen. Tilsynet har vore nøydd til å balansere trøngen for å bygge ned verksemda i Oslo med trøngen for å halde på erfarte medarbeidarar. Ein har lukkast med dette gjennom aktiv bruk av individuelle verkemiddel.

Alle tilsette i Oslo har hatt tilbod om å flytte med til Bergen, og 16 medarbeidarar hadde ved utgangen av 2006 nytta seg av tilboden. 12 av desse var tilsette i tilsynet før Stortinget gjorde sitt flyttevedtak. I tillegg er det inngått flytteavtale for 13 medarbeidarar som har avtale om pendling frå Oslo ut 2007. Alle desse representerer kritisk kompetanse som tilsynet har hatt trøng for å halde på for ein lengre periode.

For dei som har valt å ikkje flytte med til Bergen, har Konkurransetilsynet sidan sommaren 2003 gjennomført ei rekke tiltak med sikte på å gjere omstillingssprosessen lettare for dei det gjeld, og for å styrke moglegheitene for at desse skal få anna arbeid. Ved utgangen av 2006 var det ingen tilsette som hadde gått ut i arbeidsløyse. Tilsynet hadde ved utgangen av 2006 fire personar på heiltids jobbsøking.

Resultatmål og krav

Konkurransetilsynet skal handheve konkurranselova og EØS-konkurranselova effektivt for å få til

velfungerande konkurranse mellom føretak. Sentrale verkemiddel er konkuranselova sine forbod mot konkuranseavgrensande avtalar og utilbørleg utnytting av dominerande stilling, i tillegg til inngrep mot konkuranseavgrensande føretaks-samanslutningar. Konkurransetilsynet skal peike på konkuranseavgrensande verknader av offentlege reguleringar og fremje forslag til tiltak for å bøte på skadelege verknader. Regelverket for offentlege innkjøp skal stimulere til konkurranse og leggje til rette for nytableringar.

Regjeringa ynskjer ikkje ei kommersialisering av viktige velferdsområde som utdanning, helse og omsorg.

Desse fire arbeidsområda vil vere dei viktigaste for det arbeidet Konkurransetilsynet skal gjøre i 2007:

- handheving av konkuranselova med tilhøyrande forskrifter og oppfølging av EØS-konkuranselova

- synliggjere resultata av Konkurransetilsynet sitt arbeid
- følgje opp intensjonane med flyttinga av Konkurransetilsynet til Bergen
- sikre nok ressursar til sekretariatsarbeidet for Klagenemnda for offentlege innkjøp.

Budsjett

Post 01 Driftsutgifter

Konkurransetilsynet hadde per 01.07.2007 tal på tilsette svarande til 88 årsverk. Posten dekkjer løns- og driftsutgifter for vanleg drift i Konkurransetilsynet.

Post 23 Klagenemnda for offentlege innkjøp

Posten dekkjer løn og driftsutgifter til sekretariatet for KOFA. Vidare vert det dekt honorar og andre utgifter for medlemene av nemnda.

Kap. 4550 Konkurransetilsynet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
02	Ymse inntekter	100	193	201
03	Lovbrotsgebyr	1 490		
16	Refusjon av fødselpengar/adopsjonspengar	730		
18	Refusjon sjukepengar	617		
	Sum kap. 4550	2 937	193	201

Post 02 Ymse inntekter

Posten gjeld inntekter for gebyr i tilknyting til Klagenemnda for offentlege innkjøp.

Post 03 Lovbrotsgebyr

Gebyr kan mellom anna ileggjast ved brot på konkuranselova sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurransen, utilbørleg utnytting av dominerande stilling og påbodet om alminneleg melding av føretakssamanslutningar. Etter at EØS-konkuranselova av 2004 vart sett i verk, kan Kon-

kurransetilsynet også gje gebyr ved brot på dei tilsvarende føresegnene i EØS-avtalen artikkel 53 og 54.

Ved dei alvorlegaste brota kan det ileggjast gebyr på inntil 10 pst. av den årlege omsetnaden til eit føretak.

For å tvinge fram oppretthalding av enkeltvedtak etter konkuranselova av 2004, kan Konkurransetilsynet gje tvangsmulkt som går til tilhøvet er retta. Det same gjeld for å sikre at pålegg om å gje opplysingar etter krava i lova vert oppfylte.

Det er uvisst kor stor den samla summen for gebyr og tvangsmulkt kan verte. Det er difor ikkje gjort framlegg om løying på denne posten.

Programkategori 01.60 IKT-politikk

Utgifter under programkategori 01.60 fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2006	budsjett 2007	2008	Pst. endr. 07/08
1560	Spesielle IKT-tiltak	138 891	152 546	60 899	-60,1
1561	Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram	6 441	10 500	22 500	114,3
1562	Elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosessar	1 400	1 400	1 400	0,0
1563	IKT-tryggleik	4 000	4 000	4 000	0,0
	Sum kategori 01.60	150 732	168 446	88 799	-47,3

IKT er grenseoverskridande og grip inn på alle sektorar og samfunnsmiljøet. Med god vilje til koordinering gjev dette store moglegheiter for gevinstar ved samordna utnytting av dei samla ressursane i samfunnet.

I desember 2006 la Regjeringa fram St.meld. nr. 17 (2006–2007) Eit informasjonssamfunn for alle (IKT-meldinga) for Stortinget. Meldinga var handskuma i Stortinget 16.04.2007, jf. Innst.S. nr. 158 (2006–07).

Eit sentralt poeng i IKT-meldinga er trøngan for fellesløysingar og fellesinnsats. Det kan gje store gevinstar både for brukarane, som får enklare og betre tenester, og for det offentlege gjennom lågare kostnader. Ei godt døme på dette er Miside-prosjektet som er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire etatar i offentleg sektor. Innbyggjarportalen Miside (www.miside.no), tilbyr innbyggjarane ein felles nettstad for dialog med det offentlege, og gjev innbyggjarane moglegheit til å få utført mange offentlege tenester på ein stad. Ei velfungerande Miside-løysing er difor viktig i arbeidet for å brukarorientere offentleg sektor sitt elektro-niske tenesteinnhald på internett.

I IKT-meldinga synleggjer Regjeringa at ho òg er oppteken av at alle skal kunne delta i informasjonssamfunnet, og ynskjer å bruke IKT aktivt til å redusere skilnadene i samfunnet. Det er ei stor oppgåve å byggje ned digitale skilje og auke den digitale kompetansen. Det er tendensar til at til dømes eldre menneske, og menneske med lågare

utdanning og inntekt, ikkje alltid kan nyttiggjere seg dei moglegheitene informasjonssamfunnet gjev. Dette er ei utfordring Regjeringa tek på alvor, som gjeld mange fagdepartement, og som forutset godt samarbeid med eksterne aktørar og organisasjonar. Eit døme på slikt samarbeid er foreininga Seniornett sitt arbeid med eldre og IKT.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvaret for å forme IKT-politikken og legge til rette for at ein skal kunne handtere dei utfordringane informasjonssamfunnet står framfor. I arbeidet framover vil departementet leggje vekt på følgjande konkrete initiativ for å sikre samordnande løysingar på IKT-området:

- sterkare prioritering av arbeidet for å redusere digitale skilje gjennom å sikre universell utforming, tilgang til IKT-baserte tenestetilbod for alle, og auka satsing på digital kompetanse
- samordna tilgang til offentlege e-tenester for innbyggjarane og bedriftene gjennom felles portalar, som Miside og AltInn
- utvikling av fellesløysingar for elektronisk ID og elektronisk signatur
- sikring av at offentlege IKT-løysingar kan kommunisere gjennom bruk av felles, opne standardar og samordna IKT-arkitektur
- prioritering av nasjonale tiltak knytte til personvern, informasjonstryggleik, datavern og –misbruksfare
- samordne det førebuande arbeidet med informasjonstryggleik på tvers av sektorane

- auke innsatsen for utvikling og arbeid med offentlege e-tjenester gjennom etableringa av Direktorat for forvaltning og IKT.

Kap. 1560 Spesielle IKT-tiltak

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
22	Samordning av IKT-politikken, <i>kan overførast</i>	20 102	30 899	50 899
50	Breiband, <i>kan overførast</i>	118 789	121 647	10 000
	Sum kap. 1560	138 891	152 546	60 899

Budsjett

Post 22 Samordning av IKT-politikken, kan overførast

Løvinga dekkjer utgifter til samordning av IKT-politikken.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet utformer IKT-politikken og har eit hovudsvar for at innsats og prioriteringar på IKT-området støttar opp om ein heilskapleg politikk og fremjar utviklinga på IKT-området. Samordningsansvaret som departementet har for IKT-politikken inneber m.a. å:

- vere pådrivar i høve til andre departement på IKT-området og støtte opp om aktivitetar i regi av desse departementa
- identifisere og følge opp sektorovergripande spørsmål knytte til informasjonssamfunnet og initiere og koordinere tiltak av tverrgåande karakter
- arbeide for samordning av IKT-arkitekturen i offentleg sektor medrekna standardisering og felles grunndata
- samordne breibandspolitikken
- vere pådrivar for utviklinga av elektroniske tenester i offentleg sektor
- følgje opp Nasjonale retningsliner for informasjonstryggleik for å medverke til utbreiing av ein tryggleikskultur for heile det norske samfunnet
- arbeide for å etablere ein offentleg infrastruktur for elektronisk ID og elektroniske signaturar, og sjå til at den vert teke i bruk.
- arbeide for etablering av universelt utforma IKT-løysingar i samfunnet
- utarbeide oversikter og statistikk for utvikling av den samla IKT-politikken
- koordinere internasjonal deltaking på IKT-området

- tilrettelegge for meir vidarebruk av offentleg informasjon
- arbeide for auka bruk av fri programvare i offentleg sektor og stimulere framvekst av løysingar basert på fri programvare.

Allmenn omtale

Regjeringa meiner at utvikling og gjennomføring av ein heilskapleg og samordna IKT-politikk trengst for å nå målet om eit informasjonssamfunn for alle. St.meld. nr. 17 (2006–2007) varslar av den grunn eit sterkare samarbeid og sterkare styring av IKT i offentleg sektor. Direktoratet for forvaltning og IKT vil på IKT-området primært ha operative oppgåver knytte til gjennomføring av politikken (jf. nyt kap. 1521).

Fagansvarleg departement har gjennom åra utarbeidd IKT-planar for mange sektorar. eNoreg-planane la grunnlag for ei offensiv tilnærming til IKT-utfordringane som samfunnet sto framfor på ulike område. Dette er ført vidare med eit meir heilskapleg perspektiv i IKT-meldinga. Meldinga gjev retninga for mange område av IKT-politikken i åra som kjem, til dømes digital inkludering og deltaking i informasjonssamfunnet, døgnopen elektronisk forvaltning, IKT-tryggleik, IKT-forsking, kunnskapsorientert næringsliv og personvern.

Resultatrapport

eNoreg 2009

Fyrste underveisrapporten for eNoreg 2009 vart offentleggjort i oktober 2006, og rapporten viser at det er ei markant utvikling med omsyn til å nå måla. Vi er i fremste rekke internasjonalt mellom anna når det gjeld tilgang til Internett, offentlege tenester på nett, spreiing av mobilteknologi, bruk av IKT i industri og næringsliv, gode offentlege register og effektive betalingsløysingar. Bruken av

offentlege digitale tenester har vorte ein naturleg del av kvarldagen til innbyggjarane og verksem-dene.

For kommunesektoren har eNoreg 2009 vore ein rettleiande overbygning. Kommunesektoren, ved KS, la fram ein eigen IKT-plan, eKommune 2009, hausten 2005. Dei to planane er godt samkjørte. Innan kommunesektoren har det vore ei positiv utvikling i IKT-bruken dei siste tre-fire åra. Kommunane har ansvar for hovuddelen av tenestene til innbyggjarane. Mykje tyder på at den positive utviklinga har halde fram, og skote fart i 2006. Men det er vesentlege skilnader kommunane imellom når det gjeld IKT-bruk, og det står mykje att før alle moglegheiter er utnytta. Kommunane står òg framfor viktige utfordringar når det gjeld bruk av IKT innanfor tunge sektorar som helse og omsorg og utdanning, og når det gjeld å utvikle elektroniske tenester til innbyggjarar og næringsliv.

Arkitektur og opne standardar

Realiseringa av ei døgnopen elektronisk forvalting krev at det vert etablert overordna nasjonale rammer med auka fokus på samarbeid på tvers ved etablering av IKT-løysingar. Det er difor trong for å etablere ein overordna IKT-arkitektur for offentleg sektor som set rammeverkåra for IKT-utviklinga i offentlege verksemder og sektorar. Ein overordna IKT-arkitektur vil skape ei meir koordinert utvikling av offentleg IKT-infrastruktur, og klarleggje grenseflater, ansvarstilhøve og retningsliner for offentleg IKT-utvikling. For at IKT-systema i offentleg sektor skal kunne samhandle seg imellom og med omverda på ein effektiv måte, må dette skje på ein føreseeileg måte for alle partar. Ein viktig måte å oppnå dette på, er gjennom standardisering. Regjeringa har vedteke ein overordna politikk for bruk av opne IKT-standardar i offentleg sektor. Det er etablert eit standardiseringsråd som gjev departementet tilrådingar på dette området. Rådet har laga eit forslag til ein referansekatalog over IKT-standardar til bruk i offentleg sektor. Katalogen omfattar IKT-standardar som er obligatoriske og/eller tilrådde for offentlege verksemder. Det fyrste temaet i katalogen er bruken av opne dokumentformat for publisering av informasjon til publikum. Det skal gjerast utgreiingsarbeid på ei rekke andre område.

Fri programvare

Regjeringa ynskjer at offentlege verksemder i større grad tek i bruk løysingar baserte på fri programvare. Grunnen til dette er mellom anna at

bruk av fri programvare kan gjøre det mogleg med gjenbruk av løysingar på tvers av offentlege verksemder, og at framvekst av denne type løysingar kan vere med på å styrke konkuransen innanfor programvaremarknaden. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har i 2007 løyva 2 mill. kroner til Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare, og har i tillegg støtt fleire prosjekt der fri programvare er nytta.

Utvikling av persondata

I 2006 vart det nedsett ei departemental arbeidsgruppe som i juni 2007 la fram ein rapport med framlegg til tiltak for å betre dagens folkeregister. Mål for arbeidet er å sikre god kvalitet på registerinnhaldet og kostnadseffektiv elektronisk samhandling i og med offentleg sektor. Rapporten frå arbeidsgruppa med framlegg til tiltak vert truleg sendt på høyring og handsama i Regjeringa i 2008.

Elektronisk ID og signatur i offentleg sektor

Ei arbeidsgruppe som er sett ned av departementet, leverte vinteren 2007 eit framlegg til ny strategi for eID og e-signatur i offentleg sektor. Framlegget har vore på ei omfattande høyring samstundes med høyringa av framlegget om eit nytt nasjonalt ID-kort som vert fremma av Justisdepartementet. Strategiframlegget tilrådde mellom anna bruk av nasjonalt ID-kort for tilgang til offentlege tenester på nett. Departementet er no i gang med å sluttføre ein ny strategi for bruk av elektronisk ID og signatur i offentleg sektor. Strategien skal vere på plass hausten 2007.

Nasjonale retningsliner for å styrke informasjonstryggleik i Noreg

Førmålet med å gje ut nasjonale retningsliner for informasjonstryggleik er å skape ei sams forståing for kva slag tryggleiksutfordringar vi står framfor på IKT-området, og identifisere kvar det trengst å gjøre ein ekstra innsats for å styrke informasjonstryggleiken i Noreg. Dei siste åra har det skjedd ei utvikling som fører med seg at samfunnet har vorte meir sårbart ved svikt i IKT-infrastrukturen. Nettkriminalitet er eit veksande fenomen og det er i større grad vinningsføremål som ligg bak. Sterk auke i nettbruk, og nye måtar å bruke nettet på, har ført med seg sterkare trøng for kunnskaps-spreiing og medvitsgjering kva gjeld IKT-tryggleik.

Retningslinene skal såleis medverke til god trygging av kritisk infrastruktur og støttesystem for kritiske samfunnsfunksjoner, høg kompetanse

og fokus på forsking om informasjonstryggleik, og dessutan utvikling av tryggleikskultur ved bruk av informasjonssystem og ved elektronisk informasjonsutveksling.

Koordineringsutval for førebyggjande IKT-tryggleik (KIS) vil ha eit ansvar for å halde oversikt over gjennomføringa av tiltak på innsatsområda, og kan via Fornyings- og administrasjonsdepartementet rapportere til Regjeringa om samla status når det trengst.

Retningslinene skal gjelde for perioden 2007–2010.

Vidarebruk av offentleg informasjon

Offentlege data kan vere ei viktig kjelde til verdiskapning og utvikling av kunnskapsbaserte næringer.

EU-direktiv 2003/98/EU om vidarebruk av offentleg informasjon er gjennomført i norsk lovgeving gjennom føresegner i ny offentleglov med forskrifter, som trer i kraft 01.01.2008. Føremålet med direktivet er å legge til rette for vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor. Eit grunnprinsipp er at det ikkje skal diskriminerast mellom ulike aktørar som ynskjer å vidarebruke offentleg informasjon, mellom anna er det fastsett ein hovudregel om forbod mot einerettavtalar og et øvre pristak.

Digital deltaking og inkludering

Det er ei målsetting for Regjeringa er at alle skal kunne ta del i informasjonssamfunnet. Som det går fram av Stortingsmelding nr. 17 legg Regjeringa tre prinsipp (tilkomst, universell utforming, digital kompetanse) til grunn for sitt arbeid med digital inkludering. Dette er prioriterte oppgåver for Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008, som vil verte følgt opp i nært samarbeid med dei aktuelle fagdepartementa, eksterne organisasjonar og foreiningar.

Universell utforming

Universell utforming er eit prinsipp for Regjeringa sitt arbeid med digital inkludering. Arbeidet med universell utforming er ei viktig utfordring på alle samfunnsområda, og trengst for å skape naudsynte rammevilkår slik at alle skal kunne delta i informasjonssamfunnet.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider saman om eit framlegg om lovfesting av krav om at all IKT retta mot allmenta skal vere universelt utforma. Arbeidet er ei oppfølging av det arbeidet som Syseutvalet starta opp (NOU 2005:8 Like-

verd og tilgjengelighet) og vart sendt på høyring sommaren 2007. Det er gjort framlegg om at lovkravet skal takast inn i ny lov om diskriminering og tilgang. I tilknyting til lovarbeidet er ein no i gang med arbeidet med å skaffe fram standardar/retningsliner på ei rekkje teknologiområde knytte til IKT, og ein er òg i gang med arbeidet med å utarbeide indikatorar. Målet er at ei avgjerd om universell utforming av all IKT retta mot allmenta, kan tre i kraft 01. 01. 2011. Det er i dag både ein kompetansetrong i forvaltninga, og ein informasjonstrong ut mot marknaden med omsyn til eit slikt krav.

eNoreg-Forum

eNoreg-forum er oppretta som ein arena for dialog og debatt omkring viktige spørsmål om informasjons- og kunnskapssamfunnet. eNoreg-forum har medlemer fra privat sektor, interesseorganisasjonar, fagforeiningar og FoU-miljø og er leia av Fornyings- og administrasjonsministeren. Forumet vart oppretta i mars 2006 med funksjonstid til 1. juli 2007 og har ført viktige diskusjonar om mellom anna digital kompetanse og generelle innspel knytte til utvikling av Stortingsmelding nr. 17 (2006–2007). Fornyings- og administrasjonsdepartementet skal vidareføre forumet med eit nytt mandat og ny samansetjing hausten 2007, og forumet vil spele ei viktig rolle i den vidare politikkutforminga.

Koordineringsorganet for eForvaltning

Koordineringsorganet for eForvaltning vart etablert som eit rådgjevande organ i desember 2004. Koordineringsorganet gjev tilrådingar på områda elektroniske tenester, IKT-arkitektur, elektronisk autentisering/signatur og IKT-tryggleik i offentleg sektor. Koordineringsorganet var viktig for å skape eit godt samspel i samband med etableringa av Miside, og spelar no mellom anna ei viktig rolle i arbeidet med å skape aksept for felles standardar og arkitektur.

Koordineringsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik

Koordineringsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik (KIS) vart stifta i mai 2004. Utvalet har representantar frå seks departement, Statsministerens kontor og ti direktorat. Utvalet sitt arbeid omfattar alt frå alminneleg førebyggjande IKT-tryggleik til spørsmål kring tryggleiken i riket, vitale nasjonale tryggingsinteresser og kritiske samfunnsfunksjonar. Utvalet skal koordinere vidareutvikling av tryggingsregelverket på IKT-området,

få fram felles standardar, normer, metodar og verkty for IKT-tryggleik og skape betre samordning av tilsynspraksisen. Utvalet skal òg drøfte aktuelle spørsmål som har med risiko og misbruksfare å gjere, og mellom anna medverke til koordinering av informasjonstiltak og planlegging av tryggingstiltak. Utvalet har ingen operative funksjonar.

Resultatmål

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil i 2008 særleg ha merksemda retta mot oppfølginga av Stortingsmelding nr. 17 (2006–07) *Eit informasjonssamfunn for alle*. Kvart fagdepartement er ansvarleg for å nå målsetjingane i stortingsmeldinga og eNorge2009-planen på sine område.

I tråd med meldinga ynskjer departementet mellom anna å styrke arbeidet med å realisere ei døgnopen elektronisk forvaltning. Gode og sikre offentlege elektroniske tenester trengst for å kunne realisere dette målet.

Arkitektur og opne standardar

Departementet vil arbeide for å få etablert ein overordna IKT-arkitektur for offentleg sektor. Med IKT-arkitektur meiner vi eit rammeverk for oppbygging av IKT-system og samhandling mellom systema. For å sikre betre elektronisk samhandling i det offentlege, må det etablerast nokre overordna og sektorovergripande arkitekturprinsipp som skal gje føringar til IKT-utviklinga i offentleg sektor. IKT-arkitekturen skal baserast på ein såkalla tenesteorientert IKT-arkitektur.

Eit sentralt område er utvikling av felles IKT-komponentar for offentleg sektor. Det desentraliserte ansvaret for utvikling av elektroniske tenester må støttast opp av tiltak og fellesløysingar på tvers av sektorgrenser og forvaltningsnivå. Felleskomponentane skal kunne brukast i elektronisk tenesteproduksjon i offentlege verksemder. Arbeidet med å etablere ein overordna IKT-arkitektur og felles IKT-komponentar vil vere eit langsiktig arbeid.

Eit anna område departementet vil ha fokus på, er ein vesentleg forsterka innsats rundt bruk av opne standardar. For å leggje til rette for ei stadig meir kompleks elektronisk samhandling mellom individ, applikasjonar og IT-system, vil departementet i 2008 halde fram med å styrke arbeidet med å etablere forvaltningsstandardar for offentleg sektor som er baserte på opne standardar. Standardiseringsrådet for IKT i det offentlege, som vart etablert av departementet i 2006, har no gjeve sine tilrådingar om kva som bør verte forvaltningsstandardar for offentlege verksemder i form av ein

referansekatatalog. Over tid er det venta at systematisk bruk av opne standardar skal føre til ei betre og meir effektiv data- og informasjonsutveksling i og med offentleg sektor. Dette vil vere positivt for tenesteytinga og tenesteutviklinga i det offentlege, og vil tene både næringsliv og innbyggjarar på ein god måte. Vidare vil opne standardar gje meir lik tilgang til offentlege tenester uavhengig av type teknologiplattform, reduksjon av leverandørbindingar og betre konkurranse og dessutan ein auka valfridom ved IT-kjøp. Opne standardar er òg viktig for å leggje til rette for opne systemarkitekturar og auka bruk av fri programvare. Løyvinga på 10 mill. kroner til opne standardar og fri programvare er ført vidare i 2008.

Elektronisk ID og signatur i offentleg sektor

Målet med arbeidet er at elektronisk ID (eID) vert gjort tilgjengeleg for dei fleste innbyggjarane, og kan nyttast av alle statlege og kommunale tenester på nett. Dette er eit viktig vilkår for realisering av elektronisk forvaltning på ein brukarvenleg måte. Ein heilskapleg strategi for korleis eID skal gjerast tilgjengeleg for innbyggjarane og takast i bruk av alle statlege og kommunale verksemder med tenester på nett, trengst for å kunne hauste gevinstar av elektronisk forvaltning. Gjennomføring av strategien startar i 2008. I fyrste omgang skal eID på mellomhøgt nivå distribuerast til innbyggjarane. Det skal òg etablerast ei felles løysing for bruk av eID. Løysinga skal gjere det mogleg å verifisere eID på ulike tryggleiksnivå og tilby pålogging med ein eID til mange tenester. Tiltak på dette området må koordinerast med vidareutvikling av dei offentlege tenesteportalane Altinn og Miside. Vidare må tiltaka koordinerast med eventuell utvikling av eit nasjonalt ID-kort for innbyggjarar i regi av Justisdepartementet. Til arbeidet med eID er det løyvd 20 mill. kroner i 2008.

Digital deltaking og inkludering

Ei målsetjing for Regjeringa er at alle skal kunne ta del i informasjonssamfunnet, men statistikk syner at det framleis er skilje mellom innbyggjarane knytte til faktorar som inntekt, utdanning og alder (SSB 2007, Nøkkeltall for informasjonssamfunnet 2006).

I IKT-meldinga er digital kompetanse trekt fram som eit særskilt viktig tema og departementet har i den vidare oppfølginga sett i gang fleire konkrete initiativ. Til dømes vil departementet setje i gang tiltak som rettar seg mot kvinner med minoritetbakgrunn. Eit fokus på kvinner med minoritetbakgrunn er viktig både for å kunne identifisere

barrierar mot bruk av IKT, og minst like viktig for å utløyse dei ressursane som finst i denne gruppa. Det vert òg særskilt viktig å dokumentere røynsler frå denne typen tiltak. Kan hende er det røynsler som ein kan nytte i høve til andre delar av samfunnet òg.

Andre prosjekt knyter seg til tema som nye brukarmønstre og medievanar, bruk av IKT og nye digitale medium i barnehagane, eldre på nett, kor viktig IKT er når det gjeld økonomi, vekst og produktivitet. Gjennom desse prosjekta ynskjer departementet å få eit betre kunnskapsgrunnlag på viktige samfunnsområde, samstundes som dei kan danne eit utgangspunkt for dialog og debatt med engasjerte miljø også utanfor offentleg forvaltning.

Universell utforming

Universell utforming er viktig for å få eit informasjonssamfunn der alle kan delta. Departementet vil ha ein styrkt innsats rundt utvikling av universelt uforma IKT-standardar på utvalde område for å førebu dei krava som vil verte føreslege i lov om diskriminering og tilkomst på IKT-området.

Fri programvare

Fri programvare er òg eit område departementet vil ha stor fokus på. Arbeidet vil vere knytt til å vurdere vilkåra for å kunne føre ein preferansepolitikk for fri programvare. I tillegg vil departementet vurdere etablering av generelle prinsipp om at programvare som vert utvikla på oppdrag frå det offentlege, skal gjerast tilgjengeleg som fri programvare. Departementet vil framleis ha fokus på auka kompetanse om fri programvare, jf. omtalen av «Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare».

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare

Den største barrieren for auka bruk av fri programvare i offentlege verksemder knyter seg til kompetanse. Det er difor trøng for å styrkje kunnskapen om fri programvare hos avgjerdstakarar og IKT-fagfolk i offentlege verksemder.

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare vart etablert sommaren 2007. Initiativtakarane bak senteret er Buskerud fylkeskommune, Rådet for Drammensregionen, Høgskulen i Buskerud, Troms fylkeskommune, KS og IKT-Noreg.

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare har som mål å betre kompetansen og informasjonstilgangen knytt til fri programvare, for såleis å fremje bruken av fri programvare. Kompetansesenteret si målgruppe er hovudsakeleg offentleg

sektor, men skal òg vere ei drivande kraft for heile nasjonen.

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare skal mellom anna ha ei rolle som tilretteleggjar og pådrivar for at:

- fri programvare skal kvalitetssikrast og gjerast tilgjengeleg for alle
- det skal finnast rettleiing og informasjonstjenester knytte til fri programvare
- det skal haldast internasjonale, nasjonale og regionale konferansar og seminar
- det skal byggjast og drivast kompetansenettverk
- det skal etablerast kurs og studietilbod innanfor fri programvare
- det skal utviklast, finansierast og realiserast innovasjonsprosjekt
- det skal initierast nyskaping og bedriftsetablering.

Senteret skal arbeide i lag med tilsvarende senter i andre land, relevante utdannings- og forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt, verksemder som har spisskompetanse innan fri programvare, og med lokale næringshagar, kunnskaps- og forskingsparkar.

Av løvinga på 10 mill. kroner til opne standardar og fri programvare, løyver departementet 4 mill. kroner til Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare i 2008.

Betre elektronisk samhandling mellom kommunal sektor og staten – nytt 3-årig program

Det vert stadig meir elektronisk samhandling i offentleg sektor, og kompleksiteten i denne samhandlinga er stor. Alle kommunane tek sjølvstendige avgjerder på IKT-området. KS oppgjev at det i kvar kommune finst 80–100 ulike IKT-system. Det er òg store IKT-utfordringar i grenseflata mellom kommunane og dei statlege etatane. Statsetatane har mellom anna ulike krav og forventingar til kommunane på IKT-området, jf. til dømes pleie og omsorg, og utdanning. Samstundes er det auka forventingar om fleire og meir samanhengande elektroniske tenester frå både kommunane og frå statlege etatar. Samla sett gjev dette store utfordringar, men òg eit stort potensiale for gevinst gjennom ombruk av data og felles løysingar.

Eit betre IKT-samspel i kommunal sektor og mot statleg sektor vil krevje ein samordna innsats. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil difor starte opp eit 3-årig utviklingsprogram som skal støtte opp under konkrete prosjekt for betre samordning på IKT-området i grenseflata mellom

kommunal sektor og staten. I 2008 vert det sett av minimum 5 mill. kroner til dette arbeidet. Arbeidet vil òg utgjere ein mogleg mekanisme for kommunal implementering av felles offentlege forvalningsstandardar, arkitekturprinsipp og ev. fellessøysingar. Tiltaket er i tråd med signal som er gjeve i IKT-meldinga. Sekretariatsfunksjonen for utviklingsprogrammet vert lagt til Direktoratet for forvaltning og IKT.

Mogeleg innføring av elektronisk faktura til staten

Det sendast kvart år eit stort antall fakturaer frå privat sektor til statlige verksemder, og frå staten til privatpersonar. Ein overgang til bruk av elektronisk faktura kan gi store innsparingar for alle som det får verknad for. For at samfunnet skal kunne hente ut ein slik gevinst, må det etablerast ein kritisk masse av verksemder som bruker elektronisk faktura. Det må òg takast i bruk felles standardar.

Våren 2007 blei det sett ned ei interdepartemental gruppe med representantar frå Finansdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet, som skal utgreie eit mogeleg pålegg om bruk av elektronisk faktura ved fakturering til staten. Danmark har allereie gjennomført og Sverige vedteke liknande pålegg, og med utgangspunkt i det skal gruppa vurdere mogelege lov- og forskriftsheimlar, nødvendige standard og merkantil infrastruktur som må til for å gjennomføre dette i Norge. Gruppa skal levere utgreiinga si rundt årsskiftet.

Post 50 Breiband, kan overførast

Allmenn omtale

Høykom-programmet sin siste vedtekne programperiode var 2005–2007. Sidan breibandsdekninga no nærmar seg 100 pst. og det enno ikkje er klårt kor høg dekninga vil vere etter at dei prosjekta som er sett i gang er ferdige, vil programmet i 2008 primært drive oppfølging av prosjekter som er sett i gang. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil ut frå ei vurdering av behov og ved hjelp av interne omprioriteringar, kunne bidra med ytterlegare midlar til breiband i 2008. Departementet tar sikte på å avvikle HØYKOM-sekretariatet i NFR i 2008.

Resultatrapport

Gjennom programperioden 2005–2007 har det framleis vore område med særskilt trøng for stimulering av breibandsutviklinga. Regjeringa gjorde difor framlegg om ytterlegare 100 mill. kroner til

breiband gjennom Høykom i revidert budsjett for 2007.

Arbeidet med kunnskapsdanning og dokumentasjon av erfaringar er vidareført. Det er innanfor programmet gjeve stønad til utvikling av effektive rettleiingstenester og formidling av røynsler og resultat, medrekna gevinstar. Programmet har hatt stor utløysande effekt, god geografisk spreiing og gjeve opphav til omfattande samarbeid i det offentlege og i nokon grad med private. Resultatmåla til programmet (ordinære Høykom og Høykom-distrikt) for 2006 var:

Implementere elektroniske publikumstenester

Det store fleirtalet av desse prosjekta dreier seg om offentleg tenesteyting. I tillegg til å implementere tenester innretta mot publikum, har mange av desse prosjekta eit internt effektiviseringsaspekt.

Utvikle samarbeidsrelasjoner

I alt var over 400 ulike aktørar i offentleg og privat sektor involvert i Høykomprosjektet i 2006. Om lag 280 av desse aktørane var samarbeidspartnarar i prosjekt som var nye i 2006.

Prosjekt der private verksemder er involverte

Private verksemder inngår først og fremst i prosjekta som leverandørar av IKT-løysingar og ulike konsulenttenester. Mange Høykomprosjekt fører òg til positive lokale ringverknader for næringslivet, til dømes ved at breibandsnett vert tilgjengelig på stader som tidlegare mangla eit slikt tilbod. Fleire av prosjekta etablerer offentlege tenester på nett som òg rettar seg mot private verksemder.

Geografisk spreiing

Prosjekter, lokalisert i alle fylka, har motteke løyvingar i 2006.

Prosjekt med forventa kvantitative nytteeffektar

48 prosjekt har i 2006 rapportert på planlagde gevinstar ut frå ein eigen standardisert metodikk. Ein stor part av prosjekta ventar seg gevinstar i form av reduserte timeverk. Ein ventar dei største innsparingane i form av redusert manuell publikumskontakt ved innføring av digital serviceportal (100%), men òg elektronisk postmottak og elektronisk sending er forventa å gje høg prosentvis reduksjon i talet på timeverk (14–70%).

Røynslespreiing

Programmet sitt informasjonsarbeid er i stor grad basert på å spreie røynsler og god praksis frå programporteføljen gjennom rapportar, brosjyrar, foredrag og fagartiklar. Det Høykom-finansierte Kompetansesenteret for breibands bruk, www.hoyvis.no har i 2006 på ein god måte hjelpt til med å handtere kunnskapsspreiing og trong for rettleiing hos kommunar og andre offentlege verksemder over heile landet.

Særskilde resultatindikatorar for Høykom distrikt/infrastruktur

Kommunar som inngår i samarbeidsprosjekt med andre kommunar

15 av dei 19 prosjekta innanfor Høykom-distrikt/infrastruktur i 2006 er prosjekt der fleire kommunar samarbeider enten i regi av regionråd, fylkeskommune eller anna interkommunalt samarbeid. 123 kommunar samarbeidde aktivt gjennom desse infrastrukturprosjekta under Høykom-distrikt i 2006.

Tal på nye breibandsliner

Løyvingane til 19 breibandsprosjekt i september 2006 medverka, i følgje tal frå sokjarane, til at nær 30 000 nye husstandar fekk tilbod om breiband.

BTV-ordninga

Som del av eit forsøk med oppgåvedifferensiering har eit eige regionråd for fylka Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV-regionen) hatt ansvar for vedtak om Høykom-prosjekt i eigen region. Det var 9 prosjekt under BTV ordninga i 2006.

Mål og strategiar

2007 var siste virkeår av programperioden 2005–2007. Tildelinga frå Høykom i september 2007 av 100 mill. kroner frå RNB 2007 inneber oppfølging som vil vare inn i 2008. Programmet sine aktivitetar i 2008 vil vere å følgje opp desse prosjekta som er i gang, medverke til å måle verknadene av prosjekta og å summere og synleggjere kunnskap frå prosjekta.

Kap. 1561 Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskudd til internasjonale program, <i>kan overførast</i>	6 441	10 500	22 500
	Sum kap. 1561	6 441	10 500	22 500

Budsjett

Allmenn omtale

Forslaget til løyving gjeld program i regi av EU som Noreg kan ta del i etter EØS-avtalen, og som er knytt til utviklinga av informasjonssamfunnet og elektronisk forvaltning. Løyvingsforslaget dekkjer programkontingentar og andre utgifter til følgjande EU-program:

- CIP (rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon)
- IDABC (Elektroniske tenester mellom forvalting, næringsliv og innbyggjarar)
- ENISA (Europeisk nettverks- og informasjonstryggleiksbyrå).

Noreg si deltaking i det omfattande europeiske samarbeidet på IKT-området, irekna statistisk samarbeid og politiske samarbeidsarenaer, er i hovudsak knytt til desse programma. Løyvinga dekkjer òg tilskot til andre IKT-relaterte aktivitetar og sam-

arbeidsområde og dekning av utgifter til nasjonale ekspertar i EU-kommisjonen og nasjonale oppfølgingsaktivitetar.

For å hjelpe til at aktuelle norske miljø kan dra nytte av EU-programma IDABC og CIP og medverke til norsk utteljing i prosjektløyvingar, har Fornyings- og administrasjonsdepartementet for 2007 bede Noregs forskingsråd vere nasjonalt kontaktsenter.

CIP – EUs rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon – IKT-politisk støtteprogram (2007–2013)

Mål og strategiar

Noreg slutta seg i 2007 til EU sitt nye rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon (CIP), jf. St.prp. nr. 50 (2006–2007). CIP er eit omfattande program med nye og meir samlande grep for å realisere Lisboa-prosessen, og for å sikre vekst og sys-

selsetjing gjennom å fremje konkurranseseevne og innovasjon. Programmet omfattar fleire politikk-område og omfattar tre sjølvstendige delprogram med eigne budsjettlinjer og styringsgrupper:

- entreprenørskaps- og innovasjonsprogrammet (hovudansvar Nærings- og handelsdepartementet)
- energiprogrammet (hovudansvar Olje- og energidepartementet)
- IKT-programmet (hovudansvar Fornyings- og administrasjonsdepartementet).

Sjølv om delprogramma på fleire måtar synes ulike i innretningane sine, vil Regjeringa sikre at det vert etablert ordningar for samarbeid og integrering slik at dei nasjonale initiativa er best mogleg samordna, ikkje minst fordi bruk av IKT står sentralt i alle delprogramma.

IKT-delen av CIP består mellom anna av ei vidareføring av EU-programma Modinis og eTEN som Noreg tidlegare har teke del i under EØS-avtalen. I tillegg vil den tematiske vidareføringa av EU-programmet eContent (Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjettkapittel, jf. St.prp. nr. 61 (2004–2005) bli innlema i IKT-programmet frå 2009. Det IKT-politiske støtteprogrammet har som føremål å framskunde utviklinga av eit konkurransedyktig, innovativt og inkluderande informasjonssamfunn.

EU legg sterkt vekt på verdien av IKT som verkemiddel for fornying av offentleg sektor og som drivar for økonomisk vekst. IKT-programmet er kopla nært til prioriteringar innan EU sin strategiske overbygning for informasjonssamfunnet, det såkalla i2010-initiativet. Arbeidet skjer i tett samarbeid med EU/EØS-landa og blir koordinert gjennom CIP-programmet. Noreg deltek aktivt i vidareutvikling og implementering gjennom ulike fora knytte til i2010-initiativet.

IKT-programmet har eit særleg fokus på finansiering av større pilotprosjekt med sikte på utvikling av paneuropeiske elektroniske løysingar. Utlysingane i 2007 vart knytte til mellom anna offentlege elektroniske innkjøp, elektronisk identifikasjon, og elektroniske tenester innan helsesektoren.

I tillegg til dei større transnasjonale pilotane, vil ei rekke tematiske nettverk etablerast innan ulike IKT-politiske fagområde. Programmet finansierer også samarbeid om statistikk og analysar av IKT-utviklinga.

På IKT-området ligg Noreg langt framme, med ei rekke gode offentlege og private IKT-løysingar. På fleire område av IKT-politikken ser EU til Noreg, mellom anna innan områda eHelse og eGovernment. Gjennom deltaking i programmet ynskjer Regjeringa mellom anna å få til ei meir strategisk tilnærming til IKT- og forvaltningsutvikling.

For næringslivet gjev deltaking høve til å vise produkta sine i ein europeisk samanheng og etablere nye marknader.

Programdeltakinga fører også med seg dekning av tre nasjonale ekspertar i Europakommisjonens generaldirektorat for informasjonssamfunnet (DG INFSO) og dekning av oppfølgingsaktivitetar nasjonalt.

Resultatrappport 2006

CIP-programmet starta opp i 2007 og varer ut 2013. Samstundes var det aktivitet knytt til forlauparane MODINIS og eTEN. Begge programma vart formelt avslutta i 2006, men fleire prosjekt heldt fram i 2007 og 2008. I 2006 fokuserte MODINIS på å utvikle erfaringsgrunnlag og erfaringsoverføring mellom landa. Gjennom arbeidet med referansetesting i tilknyting til i2010, vart det gjennomført nasjonale undersøkingar om IKT-utviklinga i Noreg sammenlikna med landa i EU.

eTEN har til no vore EU sitt program for å fremje telekommunikasjonsbaserte nettverk basert på elektroniske tenester med ein europeisk dimensjon. Programmet finansierer utvikling og implementering av nettbaserte tenester retta mot folkesetnad og næringsliv i Europa innanfor tema som eHealth, eGovernment, eLearning, inkludering, tryggleik og små og mellomstore verksemder. Fleire norske verksemder tok del i eTEN-programmet i 2006.

ENISA

Det europeiske nettverks- og informasjonstryggleikbyrået (ENISA) vart formelt oppretta i mars 2004. ENISA har som føremål å betre EU si evne til å adressere og respondere på nettverks- og informasjonstryggleiksproblem. Noreg deltek i ENISA sitt Management Board med representantar fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Dei årlege kostnadene for deltaking i ENISA vert delt like mellom dei to departementa.

Elektroniske tenester mellom forvaltning, næringsliv og innbyggjarar (IDABC) (2005–2009)

Mål og strategiar

EU-programmet IDABC (Interoperable Delivery of European eGovernment Services to public Administrations, Businesses and Citizens) skal fremje elektroniske tenester mellom forvaltningane, næringsliv og innbyggjarar. Programmet er det tredje i rekka og skal vare ut 2009. Noreg tek del i programmet frå og med 2006, jf. St.prp. nr. 54 (2005–2006).

IDABC tek hand om infrastruktur og standardar for utveksling av informasjon innan offentleg forvaltning og med næringsliv og innbyggjarar. Programmet sett normer for samhandlinga innan EU/EØS og medverkar til fellesløysingar på fleire sektorar.

IDABC er ei vidareføring av tidlegare IDA-program. Dei har vortne evaluerte, og framheva som nokre av EUs mest vellukka program. IDABC-programmet støttar utviklinga av e-forvaltingstenester og underliggjande infrastruktur på to måtar:

- programmet utviklar og implementerer prosjekter innan elektroniske tenester som er vedtekne av dei ulike fagsektorane og som skal gjennomførast av EU og medlemslanda i samarbeid. I arbeidsprogrammet for 2007 var det 41 konkrete prosjekt
- programmet utviklar òg ei rekke tverrgåande prosjekt til felles nytte for medlemslanda. I 2007 var det 25 slike horisontale prosjekt, til dømes informasjonsportalen Your Europe, etablering av eit sikkert elektronisk nettverk (TESTA) mellom administrasjonane i medlemslanda, etablering av standardar for felles dokumentformat i Europa o.a.

IDABC (2005–2009) har eit EU-budsjett på 148,7 mill. euro. Noreg har teke del i programmet frå

2006. Finansiering av den norske deltakinga, går fram av omtalen i St.prp. nr. 1 (2006–2007) Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Resultatrapport 2006

Noreg har teke del i tidlegare IDA-program sidan 1997. Det var i 2006 stor aktivitet både innan dei horisontale aktivitetane og innan dei særskilte sektorprosjekta.

Særleg viktig for Noreg var førebuingane til overgangen til ei ny sikker plattform for elektronisk kommunikasjon, det såkalla sTESTA-nettverket. sTESTA er ein horisontal aktivitet innan IDABC som har som målsetjing å etablere eit sikkert nettverk mellom administrasjonar i deltakarlanda. Det skal etablerast eit felles aksesspunkt til kvart land, og dette er avgjerande for den kommunikasjonen ei rekke statlege verksemder har med EU-land.

Budsjett

Løyvinga skal dekkje norsk deltaking i IKT-delen av CIP-programmet pluss norsk deltaking i EU-programmet IDABC og EU-byrået ENISA. Løyvinga vil dekke estimert årskontingent for norsk deltaking, utgifter til nasjonale ekspertar ved Europakommisjonen og nasjonal oppfølging.

Kap. 1562 Elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosessar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskot NorStella	1 400	1 400	1 400
	Sum kap. 1562	1 400	1 400	1 400

NorStella sitt arbeid som pådrivar for betre elektronisk samhandling i og med offentleg sektor, og forenkling av forretningsprosessar i næringslivet nasjonalt og internasjonalt, er viktig for heile samfunnet. NorStella har ei tredelt oppgåve:

1. å mobilisere norsk næringsliv og offentleg sektor til å påverke utviklinga av relevante standardar internasjonalt
2. å ta vare på norske interesser og formidle norske synspunkt i ulike typar av standardiseringsarbeid internasjonalt
3. å oppmøde til at nye felles standardar vert tekne i bruk i næringslivet og i offentleg sektor.

Resultatrapport

NorStella har i 2006:

- vore «leiar» for eit stort EU-prosjekt for standardiserte meldingar gjennom heile transportkjeda. NorStella si rolle i dette arbeidet har vore å sikre at UN/CEFACT syter for at desse standardane blir globale, og dessutan sikre at norske verksemder får ta del i denne utviklinga
- vore med i Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt Standardiseringsråd
- teke del i ei faggruppe for fri programvare, som har laga ein Referansekatalog for fri programvare/open source.

Det vart inngått ein samarbeidsavtale mellom Standard Norge og NorStella gjeldande frå 1.3.2007. Formålet er betre koordinering av det internasjonale arbeidet og betre samordning av konkrete prosjekter.

Målsetjingar med tilskotet

Tilskotet til NorStella i 2008 skal nyttast til å:

- sikre deltaking i nasjonale og internasjonale fora relatert til stiftinga sitt ansvar som informasjonsformidlar, og som pådrivar for bruk av

internasjonale (de facto eller godkjende) standardar i næringslivet og i offentleg sektor

- gjennomføre prosjekt som nyttar slike standardar – implementeringsprosjekt. Typiske eksempel er EU-prosjektet for standardiserte meldingar innan sjøtransport (ShortSeaXML) som NorStella leier, og det arbeidet verksemda gjer for bygg- og anleggsbransjen gjennom BIT-programmet
- fortsette kunnskapsspreiing om den samfunnsøkonomiske verdien av standardar for elektro-nisk samhandling.

Kap. 1563 IKT-tryggleik

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	(i 1 000 kr)	Forslag 2008
70	Tilskot til Norsk senter for informasjonssikring (NORSIS)		4 000	4 000	4 000
	Sum kap. 1563		4 000	4 000	4 000

Norsk senter for informasjonssikring

Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS) har som overordna mål å betre tryggleiken og gjere informasjons- og kommunikasjonsteknologi i samfunnet mindre sårbar. NorSIS skal gjere brukarane medvitne om trugslar og sårbare punkt. NorSIS skal også opplyse om sikringstiltak og påverke til gode haldningar gjennom kompetanseutvikling, informasjonsutveksling og rådgjeving av førebyggjande art. NorSIS si målgruppe er primært små og mellomstore verksemder i privat sektor, og offentleg sektor inkludert kommunane. NorSIS skal dessutan så langt som mogleg møte innbyggjarane med hjelp når det trengst. Informasjon frå NorSIS skal vere «open», og alle samfunnsgrupper skal kunne dra nytte av NorSIS sine tenester (web, rettleiingar, rapportar, kurs, konferansar o.a.) NorSIS samarbeider med og nyttar media i stor grad for å nå målgruppa, som er omfattande. NorSIS arbeider også for å auke tryggleikskompetansen hos innbyggjarane generelt.

Resultatrapport

Senteret har i perioden hatt vidfemnande møte-verksemde med verksemder og samarbeids-partnarar i målgruppa. Senteret har også halde ei rekkje kurs og foredrag. Verksemda har utvikla fleire haldningsskapande produkt (rettleiingar o.a.) som har vorte lagt ut på www.norsis.no. NorSIS har hyppig kontakt med media, og vert jamleg brukt som ein ressurs av journalistar frå fjernsyn,

radio og aviser i samband med saker som gjeld informasjonstryggleik.

For å styrke innsatsen på kommunal sektor, har NorSIS etablert eit formelt samarbeid med Foreningen Kommunal Informasjonssikkerhet (KInS). Dette samarbeidet gjer at NorSIS i enda større grad når ut med informasjon, råd og rettleiing til kommunar som treng hjel til å styrke informasjonstryggleiken.

Mål og strategiar

NorSIS skal saman med NorCERT (Norwegian Computer Emergency Response Team) i Nasjonal sikkerhetsmyndighet spele ei viktig rolle i samband med nasjonal koordinering av varsling og rådgjeving for informasjonstryggleik. NorSIS skal gjennom sitt arbeid mellom anna:

- fremje ein tryggleikskultur hos brukarar av informasjonssystem og nettverk gjennom å auke merksemda deira omkring risikoar og trangen for rutinar, tiltak og prosedyrar
- spreie kunnskap om sårbare data og risikoar for å auke medvitet om trangen for god informasjonstryggleik
- etablere og vidareutvikle arenaer for informasjonsutveksling om informasjonstryggleik på tvers av sektorar
- utarbeide råd og rettleiingar og dessutan gje informasjon om konkrete tiltak med tanke på å førebu eller oppdatere system og nett mot ulike trugslar
- knyte kontakt med tilsvarande kompetanse-miljø nasjonalt og internasjonalt.

Programkategori 01.70 Personvern

Utgifter under programkategori 01.70 fordele på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
1570	Datatilsynet	24 264	25 059	25 443	1,5
1571	Personvernennemnda			1 600	
	Sum kategori 01.70	24 264	25 059	27 043	7,9

Personvern er å verne om den personlege integriteten og privatlivet til det einskilde menneske. Det er brei semje om at personvern er ein grunnleggjande rett som det er viktig å verne om. Samstundes gjer den teknologiske og samfunnsmessige utviklinga at personvernet vert sett under press, og ynskja om å registrere og handsame personopplysninga er stadig aukande.

For å vere førebudd til å møte dei utfordringane personvernet vert utsett for, har Regjeringa oppretta ein personvernkommisjon, sjå St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle (IKT-meldinga)*. Kommisjonen skal gjere ei heilskapleg vurdering av dei utfordringane personvernet møter i samfunnet, og kartlegge og vurdere verkemidla vi har i dag for å ta vare på personvernet. Kommisjonen kan òg foreslå nye verkemiddel, men skal ikkje revidere personopplysningslova. Arbeid med lova ligg til Justisdepartementet, som har lovansvar for personopplysningslova. Personvernkommisjonen skal levere rapporten sin til Fornyings- og administrasjonsdepartementet innan 15.12.2008.

Datatilsynet skal sjå til at personvernet vert teke tilfredstillande omsyn til når personopplysnin-

gar vert handsama. Tilsynet held eit høgt aktivitetsnivå, og arbeidet i etaten er omfatta av stor interesse. Fleire undersøkingar dei seinare åra viser at innbyggjarane har låg kjennskap og merksemd om personvern. Datatilsynet legg difor vekt på informasjonsarbeid. Departementet har løyvd særskilde middlar til Datatilsynet for å styrke informasjonsverksemda, med vekt på informasjonstiltak retta mot barn og unge og mot verksemder som handsamar personopplysningar.

Regjeringa la fram IKT-meldinga hausten 2006. Meldinga peiker på dei mange personvernutfordringane, og viser til ei rekke tiltak Regjeringa vil setje i verk for å ta vare på personvernet. Mellom anna vert det vist til informasjonstiltak retta både mot innbyggjarane og næringslivet. Støtte til arbeid med å utvikle og fremje bruk av personvernfremlænde teknologi er eit satsingsområde for Regjeringa. For å trygge sentrale personvernomsyn ved utarbeiding av nytt regelverk, arbeider departementet dessutan med ein rettleiar til Utgreiingsinstruksen som gjeld personvernkonsekvensar.

Kap. 1570 Datatilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	24 264	25 059	25 443
	Sum kap. 1570	24 264	25 059	25 443

Allmenn omtale

Gjennom tilsyn og sakshandsaming skal Datatilsynet kontrollere at lover og forskrifter for handsaming av personopplysningars vert følgde, og at feil og manglar vert retta. Tilsynet skal halde seg orientert og informere om den nasjonale og internasjonale utviklinga i handsaming av personopplysningar. Vidare skal Datatilsynet identifisere farar for personvernet og gje råd om korleis ein kan unngå eller motverke dei. Deltaking i råd og utval er difor ein viktig del av arbeidet til Datatilsynet. Som høyringsinstans i saker som kan ha konsekvensar for personvernet, har Datatilsynet òg innverknad på samfunnsutviklinga.

Departementet si satsing på å styrkje informasjonsverksemda i Datatilsynet, særleg retta mot barn og unge og verksemder, er eit godt døme på korleis etaten når fram til viktige brukargrupper, mellom anna med kampanjen «du bestemmer». Kampanjen er omtala i rapportdelen.

Datatilsynet hjelper bransjeorganisasjonar med å utarbeide bransjevisse normer for framferd, og gjev bransjar og verksemder råd om sikring av personopplysningar. Datatilsynet motiverer og hjelper verksemder til å velje sine eigne personvernombod. Datatilsynet har òg ei viktig ombodsrolle. Personar som tek kontakt med tilsynet, får råd og informasjon. Publikum vert i fyrste rekjkje nådd gjennom aktiv mediekontakt og publisering på eigen nettstad. For å skape merksem og interesse omkring personvernspørsmål, deltek Datatilsynet aktivt i den offentlege debatten.

Nokre prinsipp står sentralt i oppbygginga av personvernlovgjevinga. Prinsippa byggjer på eit grunnleggjande ideal om at alle skal ha råderett over personopplysningar om seg sjølv.

Blant dei sentrale prinsippa er:

- handsaming av personopplysningar skal vere sakleg grunngjeve. Opplysningane skal samlast inn til klåre og legitime føremål, og brukast i samsvar med desse
- registrering av personopplysningar skal i størst mogleg grad vere basert på friviljug, tydeleg og informert samtykke. Opplysningar i offentlege register der registrering er pliktig, skal vere lovheimla
- ved innhenting av personopplysningar har alle rett til uoppfordra å få vite om det er friviljug eller obligatorisk å gje frå seg personopplysningane, kva føremål opplysningane skal brukast til og om dei vil verte utleverte til andre
- den som er ansvarleg for at data vert registrerte skal hjelpe den registrerte med å gje innsyn i

kva for opplysningar som er lagra, kva dei skal brukast til og kvar dei er henta frå

- opplysningar som vert registrerte skal vere korrekte. Ukorrekte opplysningar skal endrast, slettast eller sperrast. Overskotsinformasjon og opplysningar som ikkje lenger trengst for føremålet med registreringa, skal slettast
- informasjonstryggleiken skal takast vare på
- innbyggjarane skal ha krav på å kunne ferdast anonymt. Når nye teknologiske løysingar vert tekne i bruk, skal retten til anonym ferdsel takast vare på.

Det skjer ei stadig meir omfattande registrering og intensiv bruk av personopplysningar. Ny teknologi gjer det mogleg å registrere og lagre store mengder personopplysningar mellom anna i samband med utvikling av nye tenester. Krav om gode offentlege tenester som er tilpassa kvar einskild, effektiv sakshandsaming, innsyn og openheit kan i nokre tilfelle kome i konflikt med personvernet. Det er ei stor utfordring å finne fram til rutinar, praktiske løysingar og til dømes bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi som tek omsyn til personvernet og samstundes medverkar til betre tenester og ein meir effektiv offentleg sektor.

I 2005 vart det undersøkt korleis innbyggjarane og offentlege og private verksemder stiller seg til personvern. Personvernundersøkinga viste at folk stoler på at andre tek vare på personvernet deira, og at fleirtalet trur at dei fleste verksemndene i Noreg følgjer krava i personopplysningslova. Dei fleste verksemndene kjenner på si side ikkje til krava til informasjonstryggleik og krava dei har etter lova til å gje informasjon til dei personane opplysingane gjeld.

Justisdepartementet, i samarbeid med Fornyings- og administrasjonsdepartementet, reviderer no personopplysningslova og -forskrifta.

Rapport

St.meld. nr. 8 (2006–2007) Om Datatilsynet og Personvernemnda sine årsmeldingar for 2005 gjev utfyllande informasjon.

Tilsynsaktiviteten

Tilsynsverksemda er eit verkemiddel i Datatilsynet sitt arbeid med å fremje eit godt personvern i samfunnet. I tillegg til å kontrollere om verksemndene etterlever regelverket, er tilsyn òg ein viktig kanal for dialog og kunnskapsoverføring. Datatilsynet gjennomførte 150 tilsyn i 2006.

Informasjonsverksemda

Kommunikasjon vert vektlagd som verkemiddel, mellom anna gjennom mediekontakt, Datatilsynet si heimeside og ei juridisk svarteneste på telefon og e-post. Med bakgrunn i personvernundersøkinga har Datatilsynet utarbeidd ein handlingsplan for målretta informasjon om plikter og rettar innan personvern. I samarbeid med Utdanningsdirektoratet og Teknologirådet utvikla Datatilsynet i 2006 ein eigen nettstad «www.dubestemmer.no». Det vart sendt ut materiell til alle ungdomsskular og vidaregåande skular, som har meldt tilbake at det òg trengs informasjon utover den gruppa materiellet er retta inn mot. I 2007 er Datatilsynet tildelt ekstra midlar for å gjennomføre fleire informasjonsprosjekt. Prosjekta handlar om å auke merksemda om personvern gjennom kunstnariske uttrykksformer og å utvide kampanjen «du bestemmer».

Internkontroll

I undersøkingane retta mot verksemder og einskilde personar i 2005 kom det fram at det var ein stor skilnad mellom tilliten til handsaming av personopplysningar i verksemndene og den faktiske etterlevinga av regelverket. Særleg vart pliktane om internkontroll og informasjonssikring i liten grad etterlevd.

Datatilsynet starta difor hausten 2006 eit informasjonstiltak om internkontroll og informasjonssikring. Dette tiltaket inkluderte utarbeiding av temahefte, rettleiingar, malar og støtteverktøy.

Som ein del av prosjektet kontakta Datatilsynet ulike verksemder gjennom e-post for direkte oppfølging. Det vart vidare arrangert tre seminar i ulike byar om temaet internkontroll og informasjonssikring. Prosjektet vart avslutta våren 2007.

Fristar for sakshandsaminga

Målet om sakshandsaming innan 5 veker for enkle saker og 10 veker for kompliserte saker vart i

hovudsak nådd. Det er gjennomført stikkprøver som viser at tidsbruken ikkje overstig desse fristane.

Høyningsfråsegner

Datatilsynet gav 123 høyningsfråsegner. Fleire var svært ressurskrevjande med svarfristar så korte at det i nokre tilfelle vart vurdert om det var tilrådeleg å gje tilsvær. Datatilsynet si oppfatning er at det sjeldan vart teke omsyn til merknader som vart gjeve i høyningsfråsegner.

Internasjonalt arbeid

Datatilsynet merkar i aukande grad eit internasjonalt engasjement i personvernsørsmål. EU, Europarådet, OECD o.a. set i dag standarden for mykje av den personverntenkinga som vert gjeldande her til lands. Det er difor viktig for Datatilsynet å kunne delta i internasjonale fora.

Resultatmål

Datatilsynet skal i 2008:

- gjennomføre minst 130 tilsyn innan prioriterte område
- medverke til at personvernet vert tilstrekkeleg vektlagt, mellom anna ved å delta i råd, utval og samarbeidsfora nasjonalt og internasjonalt og gjennom høyningsfråsegner
- vidareføre satsinga på kommunikasjonstiltak for å skape merksemnd og gje kunnskap om plikter og rettar etter personvernlovgjevinga
- handsame enkle saker innan 5 veker og kompliserte saker i gjennomsnitt innan 10 veker.

Budsjett

Post 01 Driftsutgifter

Løyvingsforslaget dekkjer løns- og driftsutgifter.

Kap. 1571 Personvernemnda

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter			1 600
	Sum kap. 1571			1 600

Personvernemnda vart oppretta i 2001 med heimel i personopplysninglova, lov av 14. april 2000 nr. 31.

Personvernemnda er klageorgan for vedtak fatta av Datatilsynet. Personvernemnda skal handsame klager på vedtak som Datatilsynet fattar i medhald av personopplysninglova og andre lover. Personvernemnda fattar fortløpende vedtak etter mottatte klager. I 2006 handsama nemnda 15 klagesaker. Det vart etablert eit fast sekretariat i 2006.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvingsforslaget dekkjer utgifter til sekretariat for nemnda og godtgjersle til medlemene i nemnda. Utgiftene i samband med personvernemnda har til og med 2007 vorte dekte over kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet, post 01 Driftsutgifter.

Programkategori 01.80 Statsbygg

Utgifter under programkategori 01.80 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2006	budsjett 2007	2008	Pst. endr. 07/08
1580	Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga	1 142 085	1 500 236	1 561 616	4,1
1581	Eigedomar til kongelege føremål	113 072	84 765	59 457	-29,9
1582	Utvikling av Fornebuområdet	72 003	57 500	44 500	-22,6
1583	Utvikling av Pilestredet Park	7 421			
2445	Statsbygg	1 100 801	1 248 804	1 094 404	-12,4
	Sum kategori 01.80	2 435 382	2 891 305	2 759 977	-4,5

Inntekter under programkategori 01.80 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2006	budsjett 2007	2008	Pst. endr. 07/08
4581	Eigedomar til kongelege føremål	337	120	125	4,2
5445	Statsbygg	1 020 589	1 335 555	900 000	-32,6
5446	Sal av eigedom, Fornebu	30 908	7 400		-100,0
	Sum kategori 01.80	1 051 834	1 343 075	900 125	-33,0

I 2008 vert det gjort framlegg om ein reduksjon i løvvinga under kategori 01.80 Statsbygg. Hovudårsaka er at fleire større byggje- og utviklingsprosjekt no er i sluttfasen. Særleg gjeld dette Prosjekt Nytt Operahus, der Den Norske Opera startar innflyttinga i desember 2007.

Allmenn omtale

Statsbygg skal ta hand om dei ambisiøse målsetjingane til Regjeringa innan miljøvenleg bygging, energieffektive løysingar og arkitektonisk kvalitet. Statsbygg skal dessutan vere leiande når det gjeld universell utforming, og sikre tilkomst for alle i bygningane dei forvaltar.

Statsbygg skal tilby gode og funksjonelle lokale til statlege verksemder. Statsbygg skal gje råd ved kjøp og leige av lokale, vere byggherre på vegne av departementa, syte for god forvaltning av eigedome i den statlege husleigeordninga og sikre stat-

lege interesser i større eigedomsutviklingsprosjekt.

Statsbygg er ei forvalningsbedrift og har om lag 700 tilsette, hovedkontor i Oslo og regionkontor i Porsgrunn, Bergen, Trondheim, Tromsø og Oslo. Inntektene til Statsbygg er i hovudsak leigeinntekter frå statlege verksemder, og utgjer om lag 2,7 mrd. kroner. Samla investeringsbudsjett for 2007 er om lag 3,1 mrd. kroner.

Hovudutfordringar og utviklingstrekk

Fornying og omstilling av offentleg sektor kan føre med seg trøng for omorganisering og nye lokale. Dette set store krav til Statsbygg når det gjeld rask og fleksibel oppfølging ved ynske om endringar. Statsbygg må difor halde fram med å utvikle rådgivingskompetansen i høve til departementa og andre statlege verksemder. Dette gjeld mellom anna assistanse i samband med vurdering av trøng

for nye lokale, marknadsundersøkingar, alternativvurderingar og kostnadsanalysar.

På byggherresida er den viktigaste utfordringa å sikre god styring av kostnader, kvalitet og framdrift i prosjekta. Marknaden er prega av sterkt aukande prisar som følgje av høg aktivitet i byggebransjen. Dette gjev Statsbygg store utfordringar i gjennomføringa av byggeprosjekta, ikkje minst fordi kostnadssammene i prosjekta vert fastsette lenge før arbeida vert kontraherte. Det vert difor lagt stor vekt på risikostyring i alle fasar av prosjektgjennomføringa.

I alle byggeprosjekta vert det arbeidd systematisk med å implementere krava til universell utforming (tilkomst for alle). Det er laga ein handlingsplan for å sikre funksjonshemma tilkomst i bygnigar som Statsbygg forvaltar.

Innanfor eigedomsforvaltinga er dei sentrale utfordringane å tilpasse eigedomsmassen til det brukarane treng, syte for effektiv arealbruk, redusere energibruken og unngå bruk av miljøfarlege stoff.

Dei viktigaste utfordringane innan eigedomsutviklinga er å skaffe stabile rammer over tid, avklare eventuell statleg trøng for eigedomen, gjennomføre ryddige prosessar ved sal av eigedom og syte for bindande planavklaringar der både statlege og lokal ynskje vert rimelig balanserte og sikra.

Hovudmål og strategiar

Innanfor vedtekne rammer for økonomi, kvalitet og framdrift skal Statsbygg:

- syte for rådgjeving og utgreiing i statleg sivil sektor i samband med leige av lokale og planlegging av byggjeprosjekt
- utføre byggherrenester i statleg sivil sektor ved å organisere, planleggje og gjennomføre byggjeprosjekt innanfor vedtekne rammer
- sikre kostnadseffektiv drift og eit verdiivaretakande vedlikehald av eigedomane
- syte for at universell utforming og omsynet til miljø, arkitektur og kulturhistoriske verdiar vert vurdert og sikra
- syte for miljøriktig materialbruk, som mellom anna inneber å unngå bruk av tropisk tømmer
- syte for effektiv utnytting av dei eigedomane Statsbygg forvaltar, gjennom eigedomsutvikling, kjøp og sal
- ta hand om statlege interesser i større eigedomsutviklingsprosjekt gjennom å gje råd, organisere, planleggje og gjennomføre slike prosjekt, og på denne måten realisere verdiar som vert frigjorde ved ny bruk av statlege eigedomar
- gjennom si verksemد medverke til effektivisering av bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa (BAE-næringa).

Mål og resultatkrav for 2008

Fornyings- og administrasjonsdepartementet set følgjande krav til Statsbygg sitt arbeid i 2008:

Mål	Resultatindikatorar	Resultatkrav 2008
God budsjettdisiplin	Sluttkostnad i prosent av styringsramma på byggjeprosjekta under kap. 1580, 1581 og 2445. Overføring av unytta løyvingar til neste budsjettermin under kap. 1580, 1581, 1582 og 2445.	Sluttkostnaden på prosjekta skal samla sett ikkje overskride styringsramma med meir enn 1 pst. Overføringane til neste budsjettermin skal ikkje overstige 7,5 pst. av disponibel løyving.
Tilfredsstillande avkastning på totalkapitalen	Resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittleg investert kapital for året. Prosentdel uteleigde areal i forhold til totalarealet.	Minimum 6 pst. rentabilitet av totalkapitalen. 98 pst.
Nøgde leigetakrar	Prosentdel leigetakrar som er nøgde med Statsbyggs eigedomsforvaltning.	95 pst.
Effektiv energibruk i bygningar forvalta av Statsbygg	Klimakorrigert energiforbruk	210 kWh/kvm
Ivaretaking av samfunnsmessige føringar	Rapport om ivaretaking av miljø ¹ , arkitektur, kulturminne, universell utforming m.m	Rapport som viser om Statsbygg oppfyller kvalitative føringar

¹ Rapport som gjeld miljøarbeid er gjeve under del III.

Rapport

Nedanfor følger rapportering på dei resultatkrava som vart sett for Statsbygg i perioden 2003–2006:

Mål: God budsjettdisiplin – riktig styring innanfor kostnadsramma

Resultatindikator:	Sluttkostnad i prosent av styringsramma (gjeld både kap. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga og kap. 2445 Statsbygg).
Resultatkrav 2006:	Sluttkostnad på prosjekta skal samla sett ikkje overskride styringsramma med meir enn 1 pst.

2003	2004	2005	2006
1,1 pst	-6,0 pst	-8,7 pst	-4,4 pst

Av i alt sju ferdigstilte bygg under kap. 1580 og 2445 har fire prosjekt fullført på styringsramma, to prosjekt har fullført under styringsramma, og eitt prosjekt har overskride styringsramma. Høgskulen i Nesna oversteig styringsramma med 2,2 pst.

som følgje av därlege grunntilhøve. Dette svarar til Statsbyggs uviseavsetjing i prosjektet. Samla sett var det ei total innsparing i høve til styringsrammene på 4,4 pst. for ferdigstilte bygg i 2006.

Mål: God budsjettdisiplin – låge overføringer frå ein termin til den neste

Resultatindikator:	Overføring av unytta løyvingar til neste budsjettermin under kap. 1580, 1581, 1582 og 2445.
Resultatkrav 2006:	Overføringsane til neste budsjettermin skal ikkje overstige 7,5 pst av disponibel løyving.

2003	2004	2005	2006
7,0 pst	0,3 pst	6,9 pst	12,9 pst

Overføring av prosjektløyvingar frå 2006 til 2007 var på 12,9 pst. Målsettinga på 7,5 pst. er dermed ikkje oppnådd. Årsaka er press i leverandørmarknaden og til tider mangel på enkelte byggjevarer,

som har ført til ei seinare framdrift i prosjekta enn opphavleg planlagd, og dermed ei auke i overføringsane av ubrukte midlar.

Mål: Tilfredsstillande avkastning på totalkapitalen

Resultatindikator:	Resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittleg investert kapital for året
Resultatkrav 2006:	Minimum 6 pst rentabilitet av totalkapitalen

2003	2004	2005	2006
6,3 pst	6,3 pst	6,9 pst	6,6 pst

Rentabiliteten av totalkapitalen er definert som resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittleg investert kapital for året. Rentabiliteten av

totalkapitalen var i 2006 på 6,6 pst. Målsettinga på 6 pst. er nådd.

Mål: Tilfredsstillande avkastning på totalkapitalen – høg utleigegrads

Resultatindikator: Prosentdel utleigde areal i forhold til totalarealet.
Resultatkrov 2006: 98 pst

2003	2004	2005	2006
98,4 pst	97,6 pst	97,5 pst	98,6 pst

Statsbygg hadde i 2006 ein utleigegrads på 98,6 pst.

Dette er bra kapasitetsutnytting av den samla eigedomsmassen. Ein må rekne med at lokale står

tomme i periodar ved rehabilitering, klargjering, avhending, ferdigstilling av eigedomar, bygningar og anna.

Mål: Nøgde leigetakrar

Resultatindikator: Prosentdel leigetakrar som er nøgde med Statsbyggs eigedomsforvaltning¹
Resultatkrov 2006: 95 pst

¹ Med nøgde meiner ein heilt nøgd, svært nøgd eller ganske nøgd.

2003	2004	2005	2006
95,0 pst	95,2 pst		94 pst

I 2006 vart det gjennomført målingar for å få vite kva kundane meinte om Statsbyggs eigedomsforvaltning i 2006. Målingane viste at 94 pst. av kun-

dane var nøgde. Dette er litt under kravet på 95 pst. Det ligg ikkje føre samanliknbare tal for 2005.

Mål: Effektiv energibruk i bygningar forvalta av Statsbygg

Resultatindikator: Klimakorrigert energiforbruk
Resultatkrov 2006: 210 kWh/kvm

Indikator	2003	2004	2005	2006
Talet på eigedomar	159	167	158	177
Brutto golvareal i kvm	1 484 532	1 544 351	1 305 601	1 578 515
Årleg energiforbruk (MWh)	284 668	307 539	259 369	308 141
Klimakorrigert energiforbruk (kWh/ kvm/år)	201,4	210,6	212,4	211,4

Resultatkrovet for 2006 var at energiforbruket ikkje skulle overstige 210 kWh/kvm, BTA (brutto-areal). Kravet gjeld gjennomsnittleg energibruk med bygningane i normal dagleg bruk. Resultat frå 2006 for Statsbygg sine 177 registrerte eigedomar var 211,4 kWh/kvm. Dette er ein reduksjon på 0,5 pst. i høve til 2005. Hovudårsaka til at målsetjinga for 2006 ikkje er nådd er at bygningane er i bruk stadig større delar av døgnet.

I 2006 vart det gjennomført kompetansegevande enøk-kurs for driftspersonell og sett i verk ei rekke tiltak for å redusere energibruken. Ei nær-

are analyse av korleis brukstida for bygningane har utvikla seg, er starta opp.

**Mål: Ivaretaking av samfunnsmessige føringer
Arkitektur**

Statsbygg skal leggje til rette for god arkitektur i alle prosjekt, både som byggherre, eigedomsutviklar og forvaltar. Det er lagt vekt på auka bevisstgjering av samspelet mellom utomhusareal, bygningar og interiør.

I 2007 er det sett i gang ei evaluering av konkurranseformer for kontrahering av arkitektar og rådgjevarar. Evalueringa skal avdekkje bruk av ressursar og krav til dokumentasjon ved kontrahering og oppfølging.

Kulturminnevern

Gjennom den daglege forvaltninga og drifta av eigedomane har Statsbygg ansvar for at dei kulturhistoriske verdiane vert tekne vare på. Statsbygg er òg byggherre for mange utviklings- og rehabiliteringsprosjekt på staten sine kulturhistoriske eigedomar. Kulturminnevern er eit prioritert område for Statsbygg, og det vert arbeidd kontinuerleg for å auke medvitet og kompetansen hos dei tilsette når det gjeld tilrettelegging for levande bruk av kulturhistoriske eigedomar. Det vert lagt vekt på oppfølging av St.meld. nr. 16 (2004–2005) «Leve med kulturminner», gjennom auka fokus på det potensialet for verdiskaping som er knytt til dei kulturhistoriske eigedomane som Statsbygg forvaltar. Gjennom utarbeiding av verneplanar for andre sektorar vert òg verneverdiane i Statsbygg sin eigen eigedomsmasse kartlagde. Dette legg grunnlag for framtidige vurderingar knytte til vern, vedlikehald, ombygging og bruk.

Universell utforming

Universell utforming vil seie at alle skal få lik tilgang til dei bygga Statsbygg forvaltar. Ny handlingsplan for universell utforming for perioden 2007–2010 er utarbeidd av Statsbygg. Om lag 6 pst. av midlane til vedlikehald av eigedomane vil vere

øyremerka tiltak for universell utforming. I 2006 vart det gjennomført tiltak for 21 mill. kroner, som er 7 pst. av midlane til vedlikehald. Statsbygg er i sluttfasen i arbeidet med å utvikle eit nyt og betre system for registrering av tilkomst i bygga. I løpet av 2007 vil det vere mogleg å få oversikt over tilkomst til publikumsrelaterte bygningar på Internett.

Miljø

Statsbygg arbeider aktivt med miljøspørsmål både som byggherre, eigedomsforvaltar, eigedomsutvilkår og rådgjevar. Statsbygg har dei siste to åra etablert eit miljøstyringssystem. I 2006 vart verksemda sertifisert etter ISO 14001. Statsbygg er med dette den største offentlege byggherren som er miljøsertifisert etter denne standarden. Eit av prinsippa i miljøstandarden ISO 14001 er at ein kontinuerleg skal betre miljønivået på alle plan innanfor verksemda. For å halde på sertifikatet må Statsbygg arbeide aktivt og målbevisst med miljøaspektet i åra framover.

Det er utarbeidd tydelegare miljøkrav i kontraktdokumenta, slik at eksterne rådgjevarar og entreprenørar tek betre omsyn til miljøkrava til Statsbygg. 2006 var det fyrste året ein hadde månadleg miljørapportering frå alle byggjeprosjekt om oppnåing av miljømål, bruk av farlege stoff og avfallshandtering. Dette er gått inn i miljørekneskapen til Statsbygg, som jamleg vert evaluert. Det vert arbeidd med ein utviklingsplan som skal gjere Statsbygg i stand til å vere i front for utviklinga på miljøfeltet.

Kap. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	9 869	15 316	15 316
31	Igangsetjing av byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>	24 301		15 000
33	Vidareføring av byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>	1 078 748	1 407 400	1 443 600
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	10 046	12 520	12 000
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	14 121	65 000	75 700
70	Tilskot til Hovedstadsaksjonen	5 000		
Sum kap. 1580		1 142 085	1 500 236	1 561 616

Allmenn omtale

Løyvingsforslaga gjeld investeringar i bygg utanfor husleigeordninga der Statsbygg er byggherre, medan oppdragsgjevaren sjølv skal forvalte eigedomen etter at prosjektet er ferdigstilt.

Budsjett**Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast**

Posten vert nytta til prosjektering av prioriterte byggjesaker som ikkje har øyremerkts prosjekteringsløying. I 2008 er det mellom anna lagt opp til å nytte midlane til prosjektering av Universitetet i Tromsø Medisin og helsefag Trinn 2 og til å vidareføre prosjekteringen av universitetsutbygginga i Gaustadbekkdalen i Oslo. I tillegg skal det nyttast midlar til koordinering av statleg planarbeid for delar av terminalområdet i Groruddalen i Oslo.

Post 31 Igangsetjing av byggjeprosjekt, kan overførast

Posten vert nytta til igangsetjing av prioriterte byggjeprosjekt etter fullført forprosjekt. Det er fore-

slått å løyve 15 mill. kroner til igangsetjing av eit prosjekt som gjeld renovering av Plantevernbygningen i Ås fase 2.

Renovering av Plantevernbygningen fase 2

Fase 1 av renovering av Plantevernbygningen på Ås hadde ei kostnadsramme på 135 mill. kroner og vart ferdigstilt i 2004. Fase 2 omfattar mellom anna nasjonalt plantevernbibliotek, kantine og kontor. Ein gjer framlegg om ei startløying på 15 mill. kroner i 2008 til fase 2, og vil kome attende med framlegg om endelige kostnadsramme for prosjektet før igangsetjing.

Post 33 Vidareføring av byggjeprosjekt, kan overførast

Posten omfattar løyingar til å vidareføre prosjekt som Stortinget har vedteke å starte opp i tidlegare år, og skal sikre optimal framdrift i desse prosjekta. Oversikten nedanfor viser korleis forslaget til løying fordeler seg på dei ulike prosjekta.

Tabell 2.3 Oppstarta byggjeprosjekt under kap. 1580 (i mill. kr)

Prosjekt	Kostnadsramme per 1.7.2008	Styringsramme per 1.7.2008	Løyvd tidlegare	Forslag 2008 ²
<i>Bygg under KKD:</i>				
Prosjekt Nytt Operahus ¹	4 356,0	3 686,0	3 335,0	492,0
<i>Bygg under KD:</i>				
UiB, Studentsenter	352,4	322,8	342,8	9,6
UiO, Institutt for informatikk II (IFI II)	1037,1	953,0	309,4	330,0
UMB, Sørhellingsa	216,9	206,7	119,6	82,0
<i>Bygg under JD:</i>				
Halden fengsel	1 435,6	1 353,1	214,5	530,0
Samla forslag post 33				1 443,6

¹ Prisbasis per 01.07.08. Justering av kostnads- og styringsramma er i tråd med føresetnadene i St.prp. nr. 48 (2001–2002).

² Budsjettforslaget er basert på at sluttløying i byggjeprosjekta vert gjeve i fyrste garantiåret.

Kostnadsrammene for dei ulike prosjekta vert kalkulerte etter gjennomført forprosjekt og fastsette slik at det skal vere 85 pst. sannsynleg at kostnadsrammene vert haldne. Gjennomføringa av prosjekta skal likevel vere basert på ei styringsramme som gjev rom for 50 pst. risiko for overskridingar. Differansen mellom kostnadsramma og styringsramma utgjer uvisseavsetjinga i prosjekta.

Prosjekt Nytt Operahus

Prosjektet går tidhøveleg heilt etter planen. Innflytting for Den Norske Opera er planlagt sett i gang i desember 2007, men allereie i august/september tok Operaen i bruk delar av bygget. Opningsframstillinga er sett til 12.04.2008. Prosjektet har vore grensesprengande på fleire område. Det er mon-

tert avansert teaterteknisk utstyr og trearbeida i den store salen set svært høge krav til overflatehandsaming og geometrisk utforming.

Kledning av fasadar, som omfattar granitt og marmor, metall og glas, vart i all hovudsak avslutta ved årsskiftet 2006/2007. Utomhusareala vert avslutta i løpet av hausten 2007. Året 2007 elles har vore prega av omfattande innreiings- og installasjonsarbeid.

Kostnadsramma er på 4 356 mill. kroner i prisnivå per 01.07.2008. Siste overslag på sluttkostnaden er 3 836 mill. kroner i prisnivå per 01.07.2008. Dette er godt under kostnadsramma, men 150 mill. kroner høgare enn styringsramma. Statsbygg er difor gjeve løyve til å disponere ytterlegare 150 mill. kroner av den resterande uvisseavsetjinga på 670 mill. kroner.

Dei viktigaste årsakene til endringa skriv seg frå to tilhøve:

- kapasitetsproblem og uvanleg sterk prisstigning i byggjebransjen sidan 2004
- kompleksiteten i operaprosjektet har gjeve omfattande endringar og tillegg i entreprisane i sluttfasen.

Prosjektet er elles omtala i budsjettproposisjonen frå Kultur- og kyrkjedepartementet. For nærmare omtale av brukarutstyr, sjå omtale under post 45.

Universitetet i Oslo, Institutt for informatikk 2 (IFI2)

Lokala for informatikkstudentane er for små i høve til studenttalet og vert difor utvida med nybygg i Gaustadbekkdalen i Oslo. Gjennomføringa av IFI2 vil realisere eit heilskapleg miljø for informatikkstudia. IFI2 har ei brutto arealramme på 28 251 kvm, inkludert parkeringsareal.

Indeksregulert fram til september 2006 er kostnadsramma på 979,3 mill. kroner og styringsramma på 900,7 mill. kroner. Dei første kontraheringane i prosjektet viste høgare priser enn berekna. Som følgje av auken i kostnader vart 55 mill. kroner av uvisseavsetjinga utløyst i januar 2007. Etter at tilbod for hovuddelen av dei resterande entreprisane er komne inn, er uvisseanalysen for prosjektet oppdatert i juni 2007. Analysen viser at det neppe er mogleg å gjennomføre prosjektet innanfor kostnadsramma. Marknadssituasjonen har allereie ført til lengre byggetid enn planlagt. Ved å gjere bruk av dei tilboda som no ligg føre på fleire entreprisar kan ein unngå at byggetida og kostnadene aukar ytterlegare. Regjeringsa har difor gjeve Statsbygg høve til å teikne kontraktar for prosjektet som går ut over den ramma Stortinget har vedtatt. I kontraktane er det tatt atterhald om samtykke frå Stortinget. Det er

lagt fram ein eigen proposisjon for Stortinget med framlegg til ny kostnads- og styringsramme for IFI2. I framleggget til bevilgning til IFI2-prosjektet i St.prp. nr. 1 (2007–2008) er det lagt til grunn at kostnadsramma for prosjektet vert auka til 1 080 mill. kroner.

Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB), Sørhellingsa

Det trengst store forbetingar for å ta att etterslep i vedlikehald av bygningane ved UMB og tilpasse dei til dagens krav til undervisnings- og forskingsbygg. I ei samla vurdering av trongen for vedlikehald og renovering er rehabilitering av Sørhellingsa-bygget, som vart oppført i 1979–80, gjeve fyrsteprioritet. Etter ombygginga skal heile Institutt for naturforvaltning få plass i bygningen. Bruttoarealet er på 10 170 kvm og inkluderer nye tekniske rom som vert lagt på taket.

Rivingsarbeidet vert gjort hausten 2006, og byggjestart var i januar 2007. Bygget vil venteleg stå ferdig våren 2008. Kostnads- og styringsramma er på 216,9 og 206,7 mill. kroner per 01.07.2008. Prosjektet er elles omtala i budsjettproposisjonen frå Kunnskapsdepartementet.

Halden fengsel

Halden fengsel skal oppførast på ei 300 mål stor tomt med ein bygningsmasse på 27 500 kvm. Fengselet vil få 251 plassar.

Halden fengsel har i 2007 fått auka kostnads- og styringsramma, jf. St.prp. nr. 84 (2006–2007) *Om Halden fengsel*. Ny kostnads- og styringsramme i prisnivå 01.07.2008 er 1 384,1 og 1 305,1 mill. kroner. Auken i kostnadene kjem som følgje av at prisstigninga i byggjemarknaden har vore høgare enn det som vart lagt til grunn i den tidligare godkjende kostnadsramma.

Det har i 2007 vore gjennomført detaljprosjettering og dessutan kontrahering av dei største bygge- og tekniske entreprisane. Byggjestart var i juni 2007, og fengselet skal overleverast til Justisdepartementet i april 2010. Prosjektet er elles omtala i budsjettproposisjonen frå Justis- og politidepartementet.

Studentsenteret ved Universitetet i Bergen

Studentsenteret i Bergen har ei kostnadsramme på 352,4 mill. kroner. Bygget vert ferdigstilt hausten 2007. Som følgje av uventa omstende rundt fundamenteringsarbeidet og manglar i prosjekteringsgrunnlaget, vil totalkostnaden for prosjektet over-

stige kostnadsramma. Regjeringa kjem attende til saka på ein eigna måte.

Gaustadbekkdalen – avtale om infrastruktur

Statsbygg og Oslo kommune har forhandla fram ein avtale om bygging av veg og annan infrastruktur knytt til etablering av statlege verksemder ved Universitet i Oslo og i Gaustadbekkdalen. Avtalen erstattar tidlegare vegavtale mellom Oslo kommune og Staten om bygging av gjennomfartsveg med tunnel (jf. St.prp. nr. 58 (1995–96)), og avsluttar alle statlege infrastrukturpliktar i høve til Oslo kommune i området.

Den nye avtalen omfattar tilkomst til universitetsområdet og Gaustadbekkdalen frå Ring 3, gang- og sykkelveg, grøntområde og tilskott til bekkeopning og miljøgate. Tiltaka i avtalen vert finansiert gjennom bidrag frå eksisterande og framtidige byggjeprosjekt i området. Samla kostnadsoverslag er på 34 mill. kroner. Om lag 6 mill. kroner vil kome frå byggjeprosjekt under kap. 1580. Om lag 12 mill. kroner vert aktivert på ubygde eigedom på kap. 2445, der det vert planlagt 70–80 000 kvm bygg for Universitetet i Oslo. Resten av kostnadene vert refunderte av andre eigalar i området. Tiltaka i avtalen vert gjennomførte i perioden 2009–2012.

Post 36 Kunstnarisk utsmykking, kan overførast

Løyvinga skal nyttast til kunstnarisk utsmykking av statlege bygg, utanom Prosjekt Nytt Operahus som blir handtert av Kultur- og kyrkjedepartementet. Ettersom midlar til kunstnarisk utsmykking ikkje vert tekne med ved utrekninga av husleige, gjeld løyvinga òg byggjeprosjekt som vert finansierte over kap. 2445 Statsbygg. Tildelinga til kvart prosjekt skjer etter føresegnene som er gjeve i kongeleg resolusjon av 05. 09. 1997, der ulike typar bygg er klassifiserte i fem kategoriar. Dei midlane som vert løyvd til kunstnarisk utsmykking til prosjekta tilsvavarar frå 0,5 til 1,5 pst. av kostnadsramma, avhengig av kva kategori bygget tilhøyrer.

Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld brukarutstyr til Prosjekt Nytt Operahus. Store delar av kontraheringa av brukarutstyret er gjennomførde. Montering og installering av utstyret vert gjennomført hausten 2007 og tidleg i 2008. Kostnads- og styringsramme per 01.07.2008 er 178,7 og 165,7 mill. kroner.

Kap. 1581 Eigedomar til kongelege føremål

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	22 165	20 685	21 224
30	Ekstraordinært vedlikehald, Bygdøy Kongsgard, <i>kan overførast</i>	78 319	49 500	
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 588	14 580	38 233
	Sum kap. 1581	113 072	84 765	59 457

Allmenn omtale

Statsbygg tek hand om Stiftsgarden i Trondheim, Gamlehaugen i Bergen, Det Kgl. Slott, Bygdøy Kongsgard og Oscarshall slott i Oslo. For eigedomane i Trondheim og Bergen har Statsbygg ansvaret for bygningar, interiør og utomhusareal. For eigedomane i Oslo har Statsbygg ansvaret for ytre vedlikehald, tekniske installasjonar og større vedlikehaldsarbeid. Det er inngått skriftlege avtalar mellom Det Kongelege Hoff og Statsbygg.

Avtalane skal sikre klare ansvarstilhøve innanfor eigdomsforvaltninga.

Budsjett

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje Statsbygg sine kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald av statlege eigedomar som vert nytta til kongelege føremål.

Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal dekke større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid av investeringsmessig karakter. Prioriterte tiltak i perioden er vidareføring av oppgraderinga ved Oscarshall slott og rehabilitering av taket på Det Kongelege Slott.

Oscarshall slott er eigmद av staten og underlagt H.M. Kongens disposisjonsrett. Rehabilitering av

bygningsmassen ved Oscarshall slott starta i 2007, og siktet er at rehabiliteringa skal vere ferdig i 2009. Anlegget har høg antikvarisk og kulturhistorisk verdi. Prosjektet vert utført i nært samarbeid med antikvariske styremakter.

Etter avtale mellom Statsbygg og Det Kongelege Hoff er Statsbygg ansvarleg for utvendig rehabilitering og teknisk infrastruktur.

Kap. 4581 Egedomar til kongelege føremål

				(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Ymse inntekter	337	120	125
	Sum kap. 4581	337	120	125

Post 01 Ymse inntekter

Posten omfattar inntekter frå husleige og omvisning ved Stiftsgarden og Gamlehaugen.

Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet

				(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 187	1 500	1 000
30	Investeringar, Fornebu, <i>kan overførast</i>	54 629	56 000	43 500
70	Erstatningar og oppgjer, <i>kan overførast</i>	16 187		
	Sum kap. 1582	72 003	57 500	44 500

Allmenn omtale

Kapitlet omfattar løyvingar til Statsbygg si administrering av prosjektet, investeringar i infrastruktur og opprydding i forureina grunn i samband med utvikling av dei statlege egedomane på Fornebu i Bærum kommune.

Rapport

Utviklingsprosjektet på Fornebu vert i hovudsak avslutta i 2007. Opprydding i forureiningar og salet av statens tomter er avslutta.

Utbygginga av vegar, teknisk infrastruktur og grøntområde vert vidareført etter planen. Det meste vil vere ferdigbygd i 2008, men noko vil stå

att til seinare år i påvente av at andre utbyggjarar får avslutta prosjekta sine. Alle dei offentlege vegane vert overleverte til Statens vegvesen eller Bærum kommune innan utgangen av 2008, medan det vil stå att noko arbeid på grøntområda.

Prosjektet legg stor vekt på ombruk av massar frå eige attvinningsanlegg på området. Attvinningsanlegget tek imot massar frå utbygginga og produserer ferdigvarer til bruk ved bygging av vegar, anlegg for vatn og avløp og grøntområde på Fornebu. Ved avslutta produksjon er det sidan starten i 2001 produsert 259 000 tonn jord, 494 000 tonn pukk/betong/stein og 103 000 tonn ombruksasfalt på anlegget.

Budsjett**Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast**

Løyvinga skal dekkje Statsbygg sine administrative utgifter i samband med arbeidet med etterbruk av Fornebu. For 2008 gjeld dette utgifter knytte til ymse etterarbeid etter prosjektavsluttinga, som intern administrasjon og kjøp av juridiske tenester ved oppfølging av avtalar.

Post 30 Investeringar, Fornebu, kan overførast

Løyvinga skal dekkje Statsbygg sine oppryddings-tiltak, naudsynte investeringar i infrastruktur i området, kostnader som er knytte til frådeling av tomter etter regulering, og utgifter til drift og vedlikehald av statens eigedomar på Fornebu.

Kap. 1583 Utvikling av Pilestredet Park

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		-540	
30	Investeringar, Pilestredet Park, <i>kan overførast</i>		7 961	
	Sum kap. 1583		7 421	

Allmenn omtale

Kapitlet vart oppretta for å gje oversikt over staten sine investeringar og driftsutgifter ved utviklinga av området til det tidlegare Rikshospitalet i Oslo, no Pilestredet Park, jf. St.prp. nr. 1 (1999–2000). Statsbygg sitt prosjekt vart avslutta i 2006 og gjenomført innanfor kostnadsramma.

Rapport

Utbrygginga av infrastrukturen og uteområda i Pilestredet Park er gjennomførte i takt med utbygginga elles i området. Eit miljøoppfølgingsprogram som gjeld for heile området, har lege til grunn for utbygginga. Programmet utgjer eit rammeverk for

miljømedviten satsing og har vore grunnlaget for planlegging og bygging. Alle planlagde sal av statlege eigedomar i Pilestredet Park er gjennomførte. Staten v/Statsbygg har motteke fleire miljø- og arkitekturprisar for prosjektet. I 2007 vart Statsbygg og Oslo kommune tildelt Statens byggjeskikk-pris for Pilestredet Park. Prisen vil bli gjeven til sameige Pilestredet Park og skal gå til tiltak for universell utforming av uteområda.

Budsjett

Kostnadsramma for prosjektet var på 149,8 mill. kroner per 01.07.2006, og midlane vart sluttløyvde i 2006.

Kap. 2445 Statsbygg

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
24	Driftsresultat	-313 702	-346 422	-447 422
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	58 776	72 971	54 971
31	Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>	17 122		70 000
32	Igangsetjing av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	44 954	130 500	38 000
33	Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>	373 962	472 400	280 000
34	Vidareføring av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	478 020	730 300	909 800
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	113 255	89 068	89 068
49	Kjøp av eideomar, <i>kan overførast</i>	328 414	99 987	99 987
	Sum kap. 2445	1 100 801	1 248 804	1 094 404

Allmenn omtale

Kap. 2445 omfattar Statsbygg sitt driftsbudsjett, som mellom anna omfattar administrasjon, drift og vedlikehald av eideomane. I tillegg inneheld kapitlet investeringsbudsjett med løyingar til byggjeprosjekt som skal inngå i den statlege husleigeordninga.

Statsbygg organiserer, planlegg og gjennomfører for tida om lag 220 større og mindre prosjekt i ulike fasar. Inntektene til Statsbygg er i hovudsak leigeinntekter frå statlege verksemder, og utgjer om lag 2,7 mrd. kroner. Samla investeringsbudsjett for 2007 er om lag 3,1 mrd. kroner. Dette gjeld

både investeringar på eideomar Statsbygg forvaltar (innanfor husleigeordninga) og på eideomar som vert forvalta av andre statlege verksemder (utanfor husleigeordninga), jf. kap. 1580 og 1581.

Statsbygg er i stor grad ein innkjøpsorganisasjon. Dette gjeld særleg i byggjeprosjekta, der så godt som alle innsatsfaktorane vert kjøpte etter konkurranse i marknaden. Innan eideomsforvaltinga vert om lag 70 pst. av dei utførte tenestene kjøpte. Eigenproduksjonen innanfor eideomsforvaltinga utgjer med andre ord om lag 30 pst., og omfattar i hovudsak eige driftspersonell med ansvar for den daglege drifta på eideomane.

Budsjett**Post 24 Driftsresultat**

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
24.1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-2 570 889	-2 650 929	-2 719 876
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	866 495	961 116	966 976
24.3	Avskrivningar	386 399	398 445	397 399
24.4	Renter av staten sin kapital	53 379	61 800	51 327
24.5	Til investeringsformål	1 020 589	880 000	900 000
24.6	Til reguleringsfondet	-69 675	3 146	-43 248
	Sum post 24	-313 702	-346 422	-447 422

Resultatrekneskapen omfattar berre den delen av drifta som kjem inn under Statsbygg sitt eige kapittel (kap. 2445 Statsbygg) i statsrekneskapen. På same måte omfattar balansen berre dei bygnin-

gane som Statsbygg forvaltar, der nesten alle er inntektsgjevande eideomar innanfor statens husleigeordning.

Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Inntektene er i hovudsak husleige fra statlege leigetakarar og inntekter fra sal av eigedomar.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Driftsutgiftene dekkjer utgifter til drift, planlagt vedlikehald og administrasjon og forvaltning av eigedomsmassen.

Statsbygg har ansvar for å forvalte einskilde ikkje-inntektsjlevande eigedomar utan særskild løyving. Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av denne eigedomsmassen vert dekt av midlar frå dei inntektsjlevande eigedomane.

Underpost 24.3 Avskrivningar

Alle aktiva som kan avskrivast, vert avskrivne lineært, men med ulik avskrivingstid. Innanfor alle avskrivingsgruppene vert avskrivingane rekna ut og førde første gongen året etter ferdigstilling eller overtaking. Nedanfor følger ei nærmere spesifisering:

- nybygg og kjøpte inntektsjlevande eigedomar vert avskrivne lineært over 60 år
- ombygging og ekstraordinært vedlikehald vert avskrive lineært over 30 år
- alle eigedomar som var forvalta av Statsbygg før omgjeringa til forvaltningsbedrift vart i 1999 aktiverte i balansen. Desse eigedomane vart avskrivne frå og med år 2000. Avskrivingstida for desse eigedomane er sett til 40 år
- i 2001 vart alle utanlandseigedomane som Statsbygg har teke over drifta av aktiverte i balansen. Avskrivingstida varierer, basert på ei vurdering av forventa brukstid
- tomter, bustader og ikkje inntektsjlevande bygg vert bokførte i balansen til kostpris og ikkje avskrivne
- andre driftsmiddel vert aktiverte i balansen ved kjøp, med beløpsgrense og avskrivingstid i samsvar med tilrådingane i reknesakslova.

Underpost 24.4 Renter av statens kapital

Løyvinga er i samsvar med gjeldande retningsliner for utrekning av renter i statlege forvaltningsbedrifter.

Underpost 24.5 Til investeringsformål

Posten dekkjer avsetning til investeringsføremål, jf. omtale under kap. 5445 post 39.

Underpost 24.6 Til reguleringsfondet

Fondet vert nytta til å kompensere eventuelle avvik i driftsinntekter og driftsutgifter. Vidare skal fondet nyttast til å dekkje skadetilfelle på dei eigedomane Statsbygg forvaltar. I høve til fullmakt til å overskride gjevne løyvingar, kan Statsbygg òg nytte midlar frå fondet til å utvide ramma for investeringsbudsjettet under kap. 2445 Statsbygg, jf. framlegg til vedtak V og IX.

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Løyvinga dekkjer prosjektering av bygg fram til fullført forprosjekt og omfattar prosjekt som ikkje har øyemerkt prosjekteringsløyving.

Post 31 Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt, kan overførast

Posten vert nytta til igangsetjing av prosjekt som skal leigast ut og forvaltast av Statsbygg, der leigetakaren må ha heil eller delvis husleigekompensasjon. I 2008 gjer ein framlegg om å løyve 70 mill. kroner til å setje i gang eit byggjeprosjekt for å samle fleire departement i regjeringskvartalet.

Utvining av Regjeringskvartalet – R6

Det er utarbeidd eit forprosjekt for å setje i stand eigedomane i Keysersgate 6–8 og Teatergata 9 til bruk for Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. R6 skal legge grunnlag for eit godt og rasjonelt fysisk og elektro-nisk tryggleiksnivå og ein effektiv logistikk. Lokala i R6 vil kome i staden for leigelokale som departementa har andre stader enn i Regjeringskvartalet, og gjere det mogleg å innplassere Miljøverndepartementet i Regjeringskvartalet. Prosjektet har eit bruttoareal på 21 162 kvm. R6 vil i tillegg til kontorlokale for dei to departementa omfatte redundant datarom for Servicesenteret for departementa som skal tene heile Regjeringskvartalet.

På grunnlag av forprosjektet og ekstern kvalitetssikring (KS2) gjer ein framlegg om ei kostnadsramme på 870 mill. kroner og ei styringsramme på 800 mill. kroner for prosjektet R6.

Post 32 Igangsetjing av kurantprosjekt, kan overførast

Løyvinga omfattar midlar til byggjestart for prosjekt som skal forvaltast av Statsbygg, der leigetakaren eller det ansvarlege fagdepartementet dekker den tilhøyrande husleiga innanfor eksisterande økonomiske rammer (kurante byggjeprosjekt).

Prosjekta vert gjennomførde med bakgrunn i husleigeavtalar mellom Statsbygg og leigetakarane. Ordninga vert regulert i det tilhøyrande forslaget til fullmakt til å gjennomføre byggjeprosjekt utan framlegging av eiga kostnadsramme for Stortinget (kurantordninga), jf. framlegg til vedtak VIII.

Post 33 Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt, kan overførast

Løyvinga omfattar vidareføringsløyvingar til ordinære prosjekt som Stortinget tidlegare har vedteke å setje i gang. Bygga skal leigast ut og forvaltast av Statsbygg. Løyvinga for 2008 skal sikre framdrifta i desse prosjekta:

Tabell 2.4 Ordinære byggjeprosjekt under kap. 2445

Prosjekt	Kostnads- ramme per 01.07.2008	Styringsramme per 01.07.2008	(i mill. kr)	
			Løyvd tidlegare	Forslag 2008 ¹
<i>Bygg under KD:</i>				
Høgskulen i Vestfold	666,3	544,1	146,0	70,0
Samisk vitskapsbygg, Kautokeino	335,6	310,5	122,6	84,0
<i>Bygg under FAD:</i>				
Regjeringa sitt representasjonsanlegg	303,3	276,8	156,8	117,0
Regeringskvartalet fellesarbeid				9,0
Sum samla forslag post 33				280,0

¹ Budsjettforlaget er basert på at sluttløyving i byggeprosjekta vert gitt i første garantiåret, og ikkje som tidlegare når bygget vert ferdigstilt.

Kostnadsrammene for nye prosjekt vert kalkulerte på bakgrunn av eit gjennomført forprosjekt og fastsette slik at det skal vere 85 pst. sannsynleg at kostnadsramma vert halden. Gjennomføringa av prosjekta skal likevel baserast på ei styringsramme som gjev rom for 50 pst. risiko for overskridningar. Differansen mellom kostnadsramma og styringsramma utgjer uvisseavsetninga i prosjektet.

Høgskolen i Vestfold

Høgskulen i Vestfold skal samlast på Bakkenteigen i Horten kommune. Bruttoarealet for utbygginga er på 15 850 kvm, som vert knytt til eksisterande anlegg. Utbygginga har ei kostnadsramme på 666,3 mill. kroner og styringsramme på 544,1 mill. kroner per 01.07.2008. Det er bygd vegkryss og parkeringsareal. Byggestart for hovudbygningen er utsett som følgje av marknadssituasjonen. Byggestart er no planlagt i 1. kvartal 2008. I så fall kan bygget stå ferdig ved semesterstart våren 2010.

Samisk vitskapsbygg i Kautokeino

Samisk vitskapsbygg i Kautokeino fekk oppstarts- løyve ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 1 (2005–2006). Bygget har ei arealramme på 8 637

kvm. Bygget vil romme Samisk høgskule, Nordisk Samisk Institutt, Samisk Arkiv, Sametinget si opplærings- og språkavdeling, Samisk spesialpedagogisk støtte, Kompetansesenter for rettane til urfolk og Internasjonalt fag- og formidlingscenter for reindrift. Føremålet med å samle desse samiske institusjonane er ønsket om å få ein synergieffekt for samisk språk, kultur, forsking og utdanning. Detaljprosjektet og grunnarbeida er ferdigstilte. Byggestart er utsett på grunn av marknadssituasjonen og ferdigstilling av prosjektet er berekna til mai 2009.

Kostnads- og styringsramma er på 335,6 og 310,5 mill. kroner per 01.07.2008. Prosjektet er nærmere omtala i Kunnskapsdepartementet sin budsjettproplosisjon.

Regjeringa sitt representasjonsanlegg

Regjeringa sitt representasjonsanlegg fekk oppstarts- løyve i samband med Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 65 (2003–2004). Anlegget omfattar eigedomen Inkognitogate 18, Ridder- voldsgate 2, delar av Parkveien 45, samt hagen i Parkveien 45 og 47 i Oslo. Inkognitogate 18 skal huse statsministeren. Prosjektet hadde byggestart i november 2006. Anlegget skal vere ferdig haus-

ten 2008. Kostnads- og styringsramma per 01.07.2008 er 303,3 og 276,8 mill. kroner.

Post 34 Vidareføring av kurantprosjekt, kan overførast

Løyvinga vert nytta til vidareføring av kurantprosjekt som er starta opp i tidlegare budsjetterminar. Løyvinga skal sikre optimal framdrift i pågående prosjekt. Kurantprosjekta er kjenneteikna ved at brukaren eller det ansvarlege fagdepartementet dekkjer den tilhøyrande husleiga innanfor sine gjeldande økonomiske rammer. Prosjekta inkluderer så vel tilpassing/rehabilitering av eksisterande lokale som tilbygg og nybygg. Det er for tida 46 slike byggjeprosjekt.

Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal dekkje kostnader til mindre ombyggingar, utvidingar, brukartilpassingar og installering av tekniske anlegg av investeringsmessig karakter. Løyvinga omfattar tiltak på alle eideomar som Statsbygg forvaltar innanlands og utanlands.

Post 49 Kjøp av eideomar, kan overførast

Løyvinga vert nytta til kjøp av eideomar og tomter i tilknyting til aktuelle byggjeprosjekt.

Tabell 2.5 Statsbyggs balanse

	Rekneskap 2005	Rekneskap 2006	Overslag 2007	Overslag 2008
Eideilar:				
Omløpsmidlar	469 093	417 243	443 168	430 206
Sum omløpsmidlar	469 093	417 243	443 168	430 206
<i>Inntektsgivande eideomar:</i>				
Bygg under arbeid	3 067 800	1 023 761	1 200 230	1 642 069
Ferdigstilte bygg/eideomar	15 785 254	18 846 509	19 807 675	20 614 313
Sum inntektsgivande eideomar	18 853 054	19 870 270	21 007 905	22 256 382
<i>Ikkje-inntektsgivande eideomar:</i>				
Bygg under arbeid	62 721	63 837	63 837	63 837
Ferdigstilte bygg/eideomar	83 630	83 630	83 630	83 630
Obligasjonar/leigebuarinnskot	30 865	30 865	30 248	29 643
Sum ikkje-inntektsgivande eideomar	177 216	178 332	177 715	177 110
Inventar og utstyr	14 977	24 778	26 455	26 452
Sum anleggsmidlar	19 045 247	20 073 380	21 212 075	22 459 943
Sum eideilar	19 514 340	20 490 623	21 655 243	22 890 149
Gjeld og eigenkapital:				
Kortsiktig gjeld	157 505	175 360	157 505	157 505
Renteberande gjeld staten	1 126 254	1 132 653	1 130 812	1 323 572
Ikkje renteberande gjeld staten	259 774	260 889	260 889	260 889
Sum langsigkt gjeld	1 386 028	1 393 542	1 391 701	1 584 461
Reguleringsfond	311 559	241 884	164 930	118 643
Eigenkapital elles	17 659 248	18 679 837	19 941 107	21 029 540
Sum eigenkapital	17 970 807	18 921 721	20 106 037	21 148 183
Sum gjeld og eigenkapital	19 514 340	20 490 623	21 655 243	22 890 149

Kap. 5445 Statsbygg

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
30	Sal av eigedom		455 555	
39	Avsetning til investeringsformål	1 020 589	880 000	900 000
	Sum kap. 5445	1 020 589	1 335 555	900 000

Post 39 Avsetning til investeringsformål

Under denne posten er det ført avsetningar til investeringsformål til inntekt i statsrekneskapen, jf. omtale under kap. 2445 post 24, underpost 24.5.

Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Leigeinntekter, Fornebu	386		
40	Salsinntekter, Fornebu	30 522	7 400	
	Sum kap. 5446	30 908	7 400	

Post 40 Salsinntekter, Fornebu

Dei siste eigedomane vart selde i 2006. Inntekter under denne posten vil i 2008 berre omfatte innbe-

talingar i samband med infrastrukturbidrag frå andre deltagarar i prosjektet og eventuelt etteroppgjer frå tidlegare sal.

*Del III
Orienteringar*

3 Omtale av særlege emne

Oppmodingsvedtak nr. 247

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for å øke takten i bredbåndsutbyggingen slik at målet om bredbånd til alle husstander, bedrifter og offentlige institusjoner kan nås i løpet av 2007. Regjeringen bes kommentere status for framdrift i budsjettene.»

Konsulentelskapet Teleplan har på oppdrag fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet oppdatert status og prognosar for breibandsutviklinga i Noreg per juni 2007. Undersøkinga er den mest omfattande som er gjort av den norske breibandsmarknaden og gjev estimat for breibandsdekninga i alle norske kommunar. I tillegg er det for første gong henta inn dekningsdata som er gjort offentlege i form av grafiske plott i kart. Dekningskarta kan hentast ned via heimesida til Fornyings- og administrasjonsdepartementet på Internett (www.regjeringen.no/fad)

Teleplan har i undersøkinga definert breiband som kapasitetar over 640 kbit/s. Kapasitetsgrensa er Teleplan si tolking av den bruksorienterte breibandsdefinisjonen Stortinget vedtok i samband med handsaming av breibandsmeldinga (St.meld. nr. 49 (2002–2003) Breiband for kunnskap og vekst). Denne definisjonen stiller krav til høve til å overføre levande bilete, og Teleplan har lagt til grunn den kapasiteten som trengst for å overføre direkte sendingar frå Stortinget – 640 kbit/s.

Rapporten frå Teleplan viser at 98,3 pst. av husstandane i Noreg hadde tilgang til breiband i juni 2007. Dette talet inkluderar òg mobilt breiband. Mobilt breiband gjev per i dag ikkje garantert breibandskapasitet etter Teleplan sin definisjon, men som for andre breibandsteknologiar skjer det ei

kontinuerleg teknologiutvikling som ifølgje Teleplan vil gje betre kapasitet over tid. Undersøkinga viser òg at 95,3 pst. av husstandane per juni 2007 hadde fast breibandsaksess. Rapporten reknar med at 99,0 pst. av husstandane vil ha eit breibandstilbod, fast eller mobilt, per 31.12.2007. Talet for faste breibandstilknytingar per 31.12.2007 er estimert til 95,8 pst.

Rapporten inkluderer ikkje effekten av løvinga til breibandsutbygging i revidert nasjonalbudsjett for 2007. 255 mill. kroner er her øyremerkte breibandsutbygging, noko som vil utløyse ein minst like stor prosentdel frå lokale styresmakter og næringsliv. Utrekningane under inkluderer heller ikkje effekten av fordelte løvingar frå Høykom til breibandsprosjekt som det ikkje er sikkert at vert ferdig utbygde i 2007.

Førebelse utrekningar, basert på tal frå søkerane til Høykom, viser at over 99 pst. av innbyggjarane vil få tilbod om fast breibandsaksess inkludert effekten av RNB-løvingane.

Undersøkinga frå Teleplan viser at nær 93 pst. av husstandane kan få breiband via ADSL, 33 pst. via kabel-TV, 8 pst. via fiber og 13,5 pst. via fast radioaksess (ikkje medrekna mobilt breiband).

Breibandspenetrasjonen (faktiske tilknytingar) i privatmarknaden i juni 2007 var om lag 1,2 mill. abonnentar eller om lag 60 pst. av husstandane. Sidan fleire kan dele ei tilknyting, og ein del tilknytingar til husstandar kan vere registrerte på firma (slik at dei ikkje inngår i desse tala) er det reelle talet truleg høgare.

Tabellen¹ under viser breibandsdekning per fylke.

Tidl.estimater	Bredbåndsdekning ved fast aksess			Bredbåndsdekning inkludert mobilt bredbånd	
	2006	30-Jun-07	31-Dec-07	30-Jun-07	31-Dec-07
Oslo	99%	99%	99%	>99,5%	>99,5%
Østfold	94%	96%	96%	>99,5%	>99,5%
Akershus	96%	96%	96%	99%	99%
Hedmark	94%	94%	94%	98%	99%
Oppland	96%	93%	93%	98%	99%
Buskerud	95%	93%	94%	97%	99%
Vestfold	97%	98%	98%	99.5 %	>99,5%
Telemark	89%	91%	92%	98%	99%
Aust-Agder	95%	96%	96%	>99,5%	>99,5%
Vest-Agder	95%	96%	96%	99%	>99,5%
Rogaland	98%	98%	98%	99%	99%
Hordaland	96%	96%	96%	98%	99%
Sogn og Fjordane	92%	95%	95%	97%	97%
Møre og Romsdal	91%	97%	98%	98%	99%
Sør-Trøndelag	97%	96%	97%	98%	99%
Nord-Trøndelag	90%	94%	94%	97%	98%
Nordland	89%	91%	92%	96%	98%
Troms	90%	91%	91%	94%	95%
Finnmark	88%	90%	91%	95%	96%
Norge totalt	94.9 %	95.5 %	95.8 %	98.3 %	99.0 %

¹ Tabell: Breibandsdekning på fylkesnivå.

Kjelde: Teleplan 2007.

Sektorovergripande miljøvernpolitikk

Servicesenteret for departementa (DSS)

Servicesenteret for departementa innførde i 2005 eit system for miljøstyring, og systemet er under kontinuerleg utvikling. Føremålet med utviklingsarbeidet er å betre miljøstyringa internt i verksemda, å kvalitetssikre miljødata som departementa etterspør, og dessutan å identifisere eit høveleg og praktisk system for miljøstyring for departementa i regjeringskvartalet.

Eit system for miljøstyring skal sikre at verksemda er medviten om miljøpåverknaden som eigenproduserte varer og tenester har eller kan ha, og at verksemda arbeider systematisk med desse for å sikre kontinuerleg betring av eigen miljøprestasjon.

Servicesenteret for departementa har ein eigen miljøkoordinator som arbeider med miljøprestasjoner i verksemda innan områda energi, avfall, innkjøp og transport.

Desse områda er identiske med dei som vart identifiserte under Grøn Stat-arbeidet. Miljøkartlegginga som vart gjennomført i Servicesenteret for departementa i samband med innføringa av miljøstyring, resulterte i ein miljøhandlingsplan med krav til indikatorar for kvart miljøtiltak. Desse indikatorane viser mellom anna at etter fleire år med nedgang, auka talet på videokonferansar med 67 pst. frå 2005 til 2006, og at den totale mengda avfall frå regjeringskvartalet minka med 10 pst. i same periode. Verksemda sitt system for miljøstyring syter for at desse og andre miljødata vert registrerte og samla inn, og brukte som grunnlag for det kontinuerlege miljøarbeidet.

Servicesenteret for departementa vil årleg utarbeide ein miljørapporrt som viser resultatet av tiltaka innan kvart fokusområde som er nemnt ovenfor, og som gjev grunnlag for nye eller endring av pågående miljøtiltak.

Statsbygg

Viktige miljøutfordringar

Farlege stoff

Bygg- og anleggsnæringa nyttar rundt 50 000 ulike produkt og 19 pst. av desse er klassifisert som helse- og miljøskadelege. Styresmaktene har prioritert å redusere eller fase ut bruken av eit utval av desse stoffa.

Energiforbruk

Oppføring av nybygg er ein viktig årsak til auka energibruk i Noreg. Det er utfordringar knytt til utforming og tekniske løysingar for nye bygg, og til energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse. Bruk av fossilt brennstoff som energikjelde for oppvarming i offentlege bygg har ein klimapåverknad.

Material- og ressursforbruk

Byggjenæringa bruker store mengder byggjematerialar og er årleg opphav til over 1,5 mill. tonn byggjeavfall. 90 pst. av avfallet går til deponi. I tillegg vert store mengder materialar skifta ut etter kort tid som følgje av vatn- og fuktksadar. Byggjekostnadsprogrammet har vurdert at fukt- og vatnrelaterte byggjeskadar årleg kostar 12–15 mrd. kroner. Byggjematerialar med riktig kvalitet og innslag av resirkulerte materialar er viktige element for å få ned ressursbruken i byggjenæringa.

Klimaendring

Noreg skal redusere utslepp av klimagassar. Undersøkingar viser at bygg- og anleggsnæringa står for 13,5 pst. av klimapåverknaden i landet. Ca. 7 pst. av dette kjem frå produksjonen av byggjematerialar. Om lag 4 pst. av klimagassutsleppa frå BAE-næringa kjem frå drift av bygg. Mange offentlege bygg nyttar olje som oppvarmingskjelde. Utbygging av fjernvarme og betre marknadsvilkår for bruk av varmepumper og biobrenselanlegg vil gjøre det mogleg å redusere desse utsleppa.

For perioden 2005–2009 har Statsbygg følgjande mål:

- avgrense miljøbelasting ved val av produkt og materiale
- redusere miljøbelastinga som følgje av avfallsproduksjon og -handtering
- redusere energibehov og -bruk i bygg
- implementere eit miljøstyringssystem som er sertifisert etter NS-EN ISO 14001.

Resultat i 2006 i høve til fastsette miljømål

Det er utarbeidd ein miljørekneskap for Statsbygg for 2006. Leiinga gjennomfører ei vurdering av dei oppnådde resultata kvart halvår og tilpassar om det trengs tiltak, mål og styringssystem. Hovudresultata så langt i målperioden er:

FoU-satsing

- Statsbygg si FOU-satsing er i 2006 om lag 12 mill. kroner. Om lag 15 pst. av desse midlane var øyremerket prosjekt som kan vere til hjelp for ei berekraftig utvikling innan byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa. Arbeidet med utvikling av web-basert verktøy for miljøprogrammering i byar og tettstader, «Miljøprogram.no.», vart ferdigstilt i 2006 og gjort tilgjengeleg for BAE-næringa
- i 2006 initierte Statsbygg eit FOU-prosjekt der hovudmålet er å utvikle ein modell for klimagassrekneskap for utbyggingsprosjekt. Modellen kan verte eit tenleg verktøy for framtidig resultatrapportering av mellom anna verksemda til Statsbygg. Prosjektet vert ferdigstilt våren 2007
- nytt verktøy og database for miljømedvitne produktval, «ECOproduct», vart ferdigstilt i 2006.

Kulturminne

Statsbygg har ei stor satsing på kulturminne. Området har eigen strategi og eigne planar og er i gang med eit omfattande arbeid med å registrere kulturhistoriske eigedomar.

Kompetanseheving

Det er gjennomført omfattande opplæringstiltak i organisasjonen for å auke kompetansen rundt alle tema i miljømåla våre.

Avgrensing av miljøbelasting ved val av produkt og materiale

- Statsbygg sine standardkontraktar set no krav til å unngå bruk av farlege stoff som er oppførde på styresmaktene si obs-liste. Det skal rapporterast til Statsbygg dersom leverandørar ynskjer å nytte slike stoff
- Statsbygg har innført forbod mot bruk av tropisk trevirke i bygg og på byggjeplassar for å redusere faren for bruk av trevirke frå regnskog. Resultata frå 2006 viser at dette kravet vert etterlevd

- Statsbygg har nytta FOU-midlar og eigeninnsats til utvikling av nytt IT-program for miljømedvitne produktval, «ECOproduct».

Redusere miljøbelastinga som følge av avfallsproduksjon og -handtering

- det er utvikla eigne prosjekteringsrettleiringar for riveoppdrag. Desse rettleiingane vert nytta i alle relevante prosjekt
- det er innført krav til kjeldesortering, avfallsmengder og kvartalsvise avfallsrekneskap i alle byggjeprosjekta. Resultat frå 2006 viser at ein ligg godt an i høve til målsetjinga om 60 pst. kjel desortering.

Redusere energitrong og -bruk i bygg

Det er innført krav om energimål i alle nye byggjeprosjekt. Statsbygg har òg eit resultatkrav i høve til energibruk i heile eigedomsmassen. Energibruken skal vere maksimalt 210 kWh/m². Energiforbruket var i 2006 ca. 211,7 kWh/m², som er høgare enn resultatkravet. Noko av årsaka til det høge talet er stadig aukande brukstid på eigedomane.

Innføre miljøstyringssystem

Statsbygg vart i 2006 miljøsertifisert etter ISO 14001.

Aktuelle miljøtiltak på kort og lang sikt

I 2008 er følgjande tiltak planlagde:

- auke miljøkompetansen internt i organisasjonen, hos eksterne samarbeidspartnerar og leigetakarar. Miljøkompetanse i Statsbygg sin eigen organisasjon er viktig, men Statsbygg er òg avhengig av miljøkompetansen i bransjen og hos leverandørar. Utvikling av miljøkompetanse i bransjen er difor eit fokusområde
- vidareutvikle og vedlikehalde miljøstyringssystemet
- gjennom FOU-satsing bidra til berekraftig utvikling og reduserte klimagassutslepp i heile verdikjeda
- vidareutvikle systematikk i høve til miljøvern ved innkjøp av varer og tenester i statlege bygg
- vidareutvikle miljøomsyn i kontraktrutinar.

Grøn stat

Statsbygg har innført miljøleiing som ein integrert del av styringssistema i organisasjonen. Prinsippa i miljøstandarden ISO 14001 er nytta som basis for miljøleiingssystemet. Denne standarden krev at

organisasjonen gjennomfører ei kartlegging av dei viktigaste miljøpåverknadene og set seg miljømål for å forbetra desse. Vidare krev standarden at organisasjonen vurderer arbeids- og innkjøpsprosedyrane for å sikre viktige miljøtilhøve. Statsbygg vil framover ha fokus på å vidareutvikle og vedlikehalde miljøleiingssystemet.

Forsyning, organisasjons- og strukturendring i statsforvaltninga

Nedanfor følger ei oversikt over forsyningstiltak på Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt fagområde:

Regjeringa har bestemt at alle publikumsretta statlege etatar skal gjennomføre brukarundersøkingar og at resultata som hovudregel skal offentleggjerast. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil no i samarbeid med departement og etatar setje i verk ei ny, større undersøking av kor nøgne brukarane er med offentlege tenester. Undersøkinga er meint å gje tenesteytarar og styresmakter betre von om å vidareutvikle kvaliteten på tenestene.

Det skal utarbeidast ein rettleiar som skal gje råd til dei offentlege etatane om korleis offentleg sektor kan verte betre både på brukarretting og brukarmedverknad.

Indikatorar for statleg ressursbruk, resultat, effektivitet og kvalitet skal synleggjerast på Internett ved hjelp av systemet StatRes. Systemet vert lansert hausten 2007 med fire pilotområde, og i 2008 vil det primært verte arbeidd med å fase inn fleire delar av statleg sektor.

Alle relevante elektroniske tenester som har innbyggjarar som målgruppe, skal vere tilgjengelege frå høvesvis innbyggjarportalen Miside og næringslivsportalen Altinn seinast innan utgangen av 2009.

Forsøk med redusert arbeidstid med tilbod til 330 tilsette som er 62 år eller eldre i staten er sett i gang. Forsøka skal gå over to år og gjennomførast i Skatteetaten, Statens vegvesen, fylkesmannsembeta og to bispedøme.

Direktoratet for forvaltning og IKT vert etablert for å styrke arbeidet med forsyning, IKT, leding, organisering og omstilling, informasjonspolitikk og innkjøpspolitikk, og sørge for at arbeidet på desse områda vert meir heilskapleg.

Bidra til gjennomføring av forvaltningsreforma, der fleire oppgåver skal flyttast frå statleg nivå til nye folkevalde regionar.

Forenkle klagehandsaminga i nokre føretaks samanslutningar der det er klårt at Konkurransetilsynet sitt vedtak vil verte omgjort, jf. endringane i konkurranselova § 21 som trer i kraft frå 2008 .

Ein brei gjennomgang av statens personal- og forvaltningspolitikk er sett i gang. Denne skal gje grunnlag for å identifisere trong for endring og reformer med sikte på betre oppgåveløysing og klårare rolledeling. Røynsler med omstillingsprosessar skal kartleggjast med sikte på å styrke omstillingsevna i forvaltninga. Det skal utviklast ei plattform for leiarane i staten og høvelege verkemiddel som kan styrke arbeidet deira med fornying og omstilling i samarbeid med tilsette og brukarar.

Oppfølging av § 1a i likestillingslova

Nedanfor vert arbeidet med likestilling internt i departementet, likestilling i staten og likestilling under Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine politikkområde omtalt.

Likestilling i Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Kjønn fordelt på ulike stillingskategoriar

Det er ei nokså jamn fordeling mellom kjønn i departementet sett under eitt. Av 226 tilsette er 105 kvinner. Dette utgjer 46,5 pst.

Leiing

Den øvste administrative leiaren i departementet, departementsråden, er ei kvinne. Alle ekspedisjonssjefane er menn. Av mellomleiarar med personalansvar er det 6 kvinner i avdelingsdirektørstillingar. Dette utgjer 33,3 pst. av denne stillingskategorien. Når ein reknar med underdirektørstillingar med personalansvar og arkivleiar, utgjer kvinnedelen på mellomleiarnivå 40,9 pst. Av alle leiarane i departementet er 33,3 pst. kvinner.

Sakshandsamarar

I sakshandsamargruppa er kjønnsfordelinga relativt jamn når det gjeld rådgjevarane, der 46,6 pst. er menn. Menn er overrepresenterte i gruppa seniorrådgjevarar med 62,7 pst., og departementet har berre kvinnelege fyrstekonsulenter. Alle spesialrådgjevarane er menn.

Sekretærar

Departementet har berre kvinner i sekretærstillingar.

Løn

Innanfor dei ulike stillingskategoriane er det ingen vesentlege lønnskilnader mellom kvinner og menn.

I dei fleste stillingskategoriane utgjer lønnskilnaden mellom kvinner og menn i underkant av eitt lønssteg. Unnataket er rådgjevarstillingane der differansen er 1,8 lønssteg til beste for kvinner. Samla ligg gjennomsnittsløna på lønssteg 55,2 for kvinner og på lønssteg 61,9 for menn per november 2006. Hovudforklaringa på ulikskapen er ei sterk overvekt av kvinner i dei lågare stillingskategoriane (sekretærar, fyrstesekretærar, seniorsekretærar og konsulentar) og ei overvekt av menn i avdelingsdirektør- og seniorrådgjevarstillingar.

Forhandlingar etter Hovudtariffavtalen pkt. 2.3.3 i 2006

Departementet gjennomførte lokale lønsforhandlingar etter HTA pkt. 2.3.3 i 2006. 50 kvinner og 44 menn vart forhandla fram. 52,37 pst. av dei totale lønsmidlane gjekk til kvinner.

Dei lokale lønsforhandlingane gav stillingsopprykk til 25 medarbeidarar; 12 menn og 13 kvinner. Kjønnsfordelinga til ulike stillingskategoriar var ikkje like jamn. Dobbelt så mange menn som kvinner gjekk opp til stilling som seniorrådgjevar, medan opprykk til dei ulike konsulentstillingane berre omfatta kvinner. Opprykk til stilling som rådgjevar var jamt fordelte mellom kjønna.

Forhandlingar etter Hovudtariffavtalen pkt. 2.3.4 i 2006

Ved gjennomføring av 2.3.4 forhandlingar vart 12 menn og 10 kvinner justerte opp i løn. Ei kvinne vart forhandla fram to gonger.

Kvinne fekk 41,7 pst. av lønsstega og gjekk i snitt opp 4,1 lønssteg, medan menn i snitt fekk ein auke på 5,3 lønssteg.

Rekruttering

Departementet hadde 15 faste tilsetjingar. Av desse var 9 kvinner og 6 menn. Kvinnedelen av dei nytilsette i 2006 var 60 pst.

Overtid

Menn nytta overtid i større grad enn kvinner, både i høve til tal på timer overtid og tal på medarbeidarar som jobba overtid. 34,2 pst. av overtida er registrert på kvinner.

Deltid

Per desember 2006 var 7 menn og 17 kvinner i deltidstilling. Kvinnedelen av deltidstilsette er 70,8 pst.

Bruk av kompetansehevande tiltak

Sentrale stipendmidler for 2006 er fordelt på 7 kvinner og 4 menn. Eit stipend vart òg gjeve til Norsk tenestemannslag. 70 pst. av midlane gjekk til kvinner.

Deltaking i større prosjekt og arbeidsgrupper

Fleire tilsette er med i større prosjekt og arbeidsgrupper. Deltaking i slike arbeidsformer kan både gje stor grad av medverknad, status og kompetanseheving. For 2006 er kvinnedelen totalt på 34,7 pst. for deltaking i interne, interdepartementale, nasjonale og internasjonale arbeidsgrupper og prosjekt. Kvinnedelen i internasjonale arbeidsgrupper og prosjekt er på 37,2 pst.

Likestillingstiltak

Departementet ynskjer å stimulere likestillingsarbeidet på viktige personalpolitiske område. I kunningsjeringar av ledige leiarstillingar vert kvinner oppmoda til å søkje. Kvinnelege avdelingsdirektørar deltek i sjefsmøta i verksemda. Det vert lagt vekt på at kvinner får utviklingsoppgåver på lik line med menn. Departementet tilbyr individuell coaching til kvinnelege avdelingsdirektørar. Ved samansettjing av interne grupper og prosjekt legg ein vekt på å få ei lik kjønnsfordeling. Departementet har lagt til rette for heimekontor/fjernaksess som gjer det mogleg å arbeide heimanfrå. Dette vert mellom anna gjort for å leggje til rette for og støtte arbeidssituasjonen for tilsette i spesielle livsfasar,

t.d. i samanheng med omsorg for små barn. Likestillingstal for departementet vert kunngjorde på intranettet med jamne mellomrom.

Likestilling i staten

Likestilling mellom kvinner og menn i det statlige tariffområdet

Fornyings- og administrasjonsdepartementet er overordna arbeidsgjevar og tariffpart i det statlige tariffområdet. Departementet har som overordna statleg arbeidsgjevar eit særleg ansvar for å leggje til rette for at den statlege personalpolitikken fører til likestilling mellom kjønna. Det at arbeidslivet legg til rette for at alle får høve til å utfalte seg, er ein viktig føresetnad for likestilling mellom kvinner og menn.

Likestillingstiltaka innan det statlige området har dei siste åra særleg vore retta mot å fremje likeløn mellom kvinner og menn, og mot målet om 40 pst. representasjon av begge kjønn i leiande stillingar i staten.

Likeløn i staten

Når det gjeld løn og kjønn, syner tal fra Statens Sentrale Tenestemannsregister (SST) for perioden 01.10.2002 til 01.10.2006 at kvinner har hatt ein høgare vekst enn menn i gjennomsnittleg inntening i månaden. I same periode har kvinnene auka sin del av utførte årsverk frå 42,7 pst. til 45,6 pst. Dette skuldast strukturelle endringar i det statlige tariffområdet og at prosentdelen av deltidsarbeidande kvinner er redusert.

Tabell 3.1 Tal årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk 01.10.2002–01.10.2006


	Tal årsverk	Gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk				Endring 2002-2006
		01.10.2002	01.10.2006	01.10.2002	01.10.2006	
Alle	114 094	119 234	26 613	30 905	16,1 %	
Kvinner	48 674	54 427	24 665	29 123	18,1 %	
Menn	65 420	64 807	28 063	32 402	15,5 %	

Staten er den sektoren i norsk økonomi som har minst skilnad i løn mellom kvinner og menn. Institutt for samfunnsforskning (ISF) har følgt lønsutviklinga i staten gjennom fleire år, og mellom anna særleg sett på lønsskilnadene mellom menn og kvinner.

Figur 3.2. presenterer tre ulike mål på lønsskilnaden mellom kvinner og menn i staten for perioden 1987–2006. Den øvste kurva viser bruttoløns-

gapet. Denne måler skilnaden i gjennomsnittsløn mellom kvinner og menn. I 1987 var gjennomsnittleg timeløn for kvinner 20,6 pst. lågare enn for menn. Denne lønsskilnaden er redusert til omrent 11 pst. i 2006. Den neste kurva måler lønsskilnaden mellom menn og kvinner når vi òg kontrollerer for alder, utdanning, yrkesfaring, ansiennitet, og arbeidstid. Denne kurva viser difor utvikling i ulik løn mellom kvinner og menn med elles lik

utdanning, yrkeserfaring, ansiennitet og arbeidstid. Netto lønsskilnad mellom menn og kvinner er redusert fra 10 pst. i 1987 til 6,64 pst. i 2006. Den nedste kurva viser til slutt ulik løn mellom menn og kvinner i staten når vi øg kontrollerer for stilling. Vi ser at det er mindre skilnader i løn mellom kvinner og menn som har same stilling, og dette har halde seg stabilt i heile perioden 1987–2006.



Figur 3.1 Tre mål på lønsskilnader mellom kvinner og menn i staten 1987–2006. Prosent lågare timeløn for kvinner

Brutto lønsskilnad – viser statistisk skilnad mellom utbetalt løn for kvinner og menn utan kontroll for alder, utdanning, yrkeserfaring, ansiennitet eller arbeidstid.

Netto lønsskilnad – viser ulik løn mellom kvinner og menn når det er kontrollert for alder, utdanning, yrkeserfaring, ansiennitet og arbeidstid.

Innan stilling – viser netto lønsskilnad innan same type stillinger.

Kjelde: Institutt for samfunnsforskning/SST

I lønsregulering for andre avtaleåret 2007 i staten vart det inngått avtale mellom staten og hovudsamanslutningane om at i dei lokale forhandlingane skulle kvinner ha ein større del av potten enn ei pro rata fordeling tilsa. Konklusjonen vart at i dei lokale forhandlingane bør det leggjast særleg vekt på å vurdere tilhøvet mellom innpassering av kvin-

ner og menn i/og mellom stillingskodar ut ifrå tilsvarende kvalifikasjonar, oppgåver og ansvar, for å sikre at lønsopprykk til beste for kvinner ikkje kjem i strid med likestillingslova. I tillegg vart det gjeve 1 lønstrinn til alle på lønsrammer. Denne justeringa vart gunstig for kvinnelege tilsette, da fleire kvinner enn menn er plasserte i lønsrammer.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har øg gjennom Hovudavtalen i staten, som er inngått med hovudsamanslutningane i staten, lagt stor vekt på at alle dei statlege verksemndene, gjennom sine tilpassingsavtalar, skal sjå til at det vert gjeve reglar om likestilling mellom kjønna. Dette er særleg viktig når det gjeld kompetanseutviklingstiltak slik at kvinner vert tildelte kvalifiserande arbeidsoppgåver på line med menn, og at arbeidsgrupper og prosjekt vert sette saman av begge kjønn. Vidare skal det i kvar verksemd finnast kjønnsnøytrale kriterium for lønsfastsetting. Det skal øg på kvar arbeidsplass leggjast til rette for at kvinner og menn kan kombinere yrkesaktivitet med ulønt omsorgsarbeid. Vidare har dei statlege verksemndene eit særleg ansvar for å sjå til at det ikkje skjer diskriminering av gravide, eller av kvinner og menn som har omsorgsoppgåver.

Kvinner til leiarstillingar

I det statlege tariffområdet har kvinnedelen samla sett vore aukande frå 2000 til 2006, frå 26 pst. i 2000 til 37 pst. ved utgangen av 2006, sjå tabell 3.3. Det totale talet på kvinner har hatt ein svak auke, medan talet på menn er redusert. Kjønnsfordelinga i statleg sektor sett under eitt er tilfredsstillande og utviklinga er positiv frå eit likestillingsperspektiv. Det har difor ikkje vore naudsynt å gjere noko for å auke delen av kvinner i statleg forvaltning generelt. Nokre statlege etatar kan likevel ha utfordringar i høve til ei god fordeling mellom kjønna, og tiltak må difor skje på den einskilde arbeidsplass.

Tabell 3.2 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2000–2006

Leiargrupper	Kjønn	1.1.00	1.1.01	1.1.02	1.1.04	1.1.05	1.10.06
Alle leirarar i staten	Kvinner	26	29	28	34	36	37
	Menn	74	71	72	66	64	63
Toppleiarar	Kvinner	16	20	21	23	25	27
	Menn	84	80	79	77	75	73

Kjelde: Statens sentrale tenestemannsregister

Ulike regjeringar har sett det som lite tilfredsstillande at kvinnedelen i leiande stillingar i statleg sektor har vore for låg. Det er sett eit måltal om at det skal vere 40 pst. representasjon av begge kjønn til leiarstillingar i statleg sektor innan 1. juli 2006. Sidan 2000 har prosentdelen av kvinner i leiande stillingar i staten auka jamt. Ved utgangen av 2006 var 37 pst. av dei ca. 9 000 leiarane i staten kvinner. I toppleiarstillingane er kjønnsfordelinga dårlegare. Av dei 300 toppleiarane med leiarlønskontrakt i staten var 27 pst. kvinner ved utgangen av 2006. Innsatsen dei siste åra har difor særleg vore retta mot å auke kvinnedelen i desse viktige stillingane.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har avslutta eit coachingprosjekt for kvinnelege avdelingsdirektørar som kan tenkje seg å søkje ein toppleiarjobb i staten. Tiltaket vart etablert etter at det i ei spørjeundersøking gjennomført av departementet, kom fram at om lag 40 pst. av kvinner i mellomleiarstillingar i staten ynskjer vidare leiar-karriere. Tiltaket vart avslutta med ei evaluering våren 2007.

Likstilling i politikkområda under Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Datatilsynet / personvernombordet

Fagområdet til Datatilsynet har innverknad på alle innbyggjarane, og det kan ikkje seiast å vere skilnad på kvinner og menn når det gjeld til dømes verdiar, normer, rettar, medverknad eller representasjon. Likevel vil nokre av områda som Datatilsynet arbeider med vere meir retta mot eitt av kjønna. Til dømes vil bruk av personopplysningar ved krisesentra og diskusjonen rundt etablering av eit abortregister i hovudsak gjelde kvinner, og eit DNA-register vil i hovudsak gjelde menn.

Fylkesmannsembeta

Fylkesmannen arbeider innanfor ei rekke fagområde som har stor relevans for kommunane sitt arbeid og i høve til tenesteyting til borgarane, til dømes innanfor jordbruk, miljø, utdanning, helse og på barne- og familieområdet. Fylkesmannen skal arbeide aktivt og målretta for å fremje likstilling og påverke kommunane til det same på alle politikkområda. Det vil òg i 2008 verte arbeidd med informasjonstiltak, mellom anna i form av kurs, for å betre innsatsen til Fylkesmannen etter kravet i likestillingslova om aktivitetsplikt.

Fylkesmannen skal stimulere til lokalt omstilings- og fornyingsarbeid og medverke til å skape ein kultur for omstilling i kommunane. Fylkesmen-

nene sitt arbeid med omstilling og fornying må òg sjåast i samband med arbeidet knytt til likestilling.

Det må gjerast ei særskild vurdering innanfor dei spesifikke fagområda for å sjå om det trengst kjønnsespesifikke tiltak. Dette er delegert til fylkesmennene.

Servicesenteret for departementa

Innanfor fagområdet til Servicesenteret for departementa vil omtale av kjønnsperspektivet ikkje ha særleg relevans. Grunngjevinga er at Servicesenteret for departementa tek hand om tenesteytande oppgåver innanfor den interne departementsvaltninga. Ingen av desse oppgåvene har, slik departementet ser det no, formål eller innhald som gjev grunnlag for særskilde likestillingsspolitiske mål eller tiltak.

Statens Pensjonskasse

Det er fleire aspekt knytta til kjønnsnøytralitet innanfor pensjon og forsikring. I hovudtrekk går det på to element; kostnader for arbeidsgjever og storleiken på ytinga for mottakar. For at ei ordning skal kunne kallast kjønnsnøytral må:

- dei faste ytingane vere like for begge kjønn
- arbeidsgjever betale lik premie uavhengig av kjønn.

Utfordringa ligg på risikoelementa. Kvinner lever lengre og har høgare risiko for å verte uføre. Dette fører til at krava til forsikringsmessig avsetning til alders- og uførepensjon er høgare for kvinner enn for menn. Når det gjeld etterlatnedekning er situasjonen motsett. Fordi kvinner lever lengre enn menn er kostnaden for etterlatnedekning for ein kvinneleg tilsett lågare enn for ein mannleg tilsett. Dette vert fanga opp forsikringsmessig gjennom bransjetariffen. Ut frå reelle erfaringsbaserte skilnader i risikoelementa mellom kvinner og menn, er det ein motsetnad mellom det å ha like faste ytingar for begge kjønn og det at arbeidsgjever skal betale lik premie uavhengig av kjønn. Skal premien vere lik må krava til dei forsikringsmessige avsetningane vere like. Kvinner vil i så fall få ei lågare fast yting, men over fleire år enn menn. Skal den faste ytinga vere lik vert premien ulik.

Bruttoordninga i Statens Pensjonskasse er kjønnsnøytral for medlemene fordi den faste pensjonen er lik for kvinner og menn. Det same gjeld for netto yttingsbaserte pensjonar i marknaden elles. Når det gjeld kostnaden for arbeidsgjever er den ikkje kjønnsnøytral. For dei av Statens Pensjonskasse sine kundar som har fiktive fond vil den einskilde kunden kunne påverke premien gjennom

å endre kjønnsfordelinga blant dei tilsette. Tilsvarande vil det vere for netto yttingsordningar i marknaden elles. For dei av Statens Pensjonskasse sine kundar som er ein del av eit premiefellesskap, vil ikkje kvar kunde sjølv kunne påverke kostnaden for si verksemde direkte, men for fellesskapet. Kjønnsnøytraliteten ligg i synleggjeringa av tala og

kunden sitt høve til å påverke / diskriminere på grunnlag av kjønn. Dei reelle underliggjande skilnadene i levealder og uføreuttag er gjeldande og vert tekne omsyn til, men på eit aggregert nivå.

Nedanfor blir storleikar viste frå Statens Pensjonskasse sin statistikk for 2006, fordelt på kjønn.

Pensjonsart	Brutto utbetalt %	Mengda pensjonar	Mengda pensjonar %
Uførepensjon			
Menn	8,8%	17 854	8,0%
Kvinner	13,1%	37 193	16,7%
Enkje/enkjemannspensjon			
Menn	0,7%	5 700	2,6%
Kvinner	14,2%	40 196	18,1%
Annan pensjon			
Menn	41,7%	66 598	29,9%
Kvinner	21,5%	55 029	24,7%
Sum			
Menn	51,2%	90 152	40,5%
Kvinner	48,8%	132 418	59,5%
Totalt	100,0%	222 570	100,0%

Annan pensjon består av alderspensjon, avtalefesta pensjon, spesiell førtidspensjon og bar nepensjon.

Statsbygg

Statsbygg er ein viktig bidragsytar innan statleg tenesteproduksjon og forvaltning, mellom anna gjennom rådgjeving, byggherrearbeid, forvaltning av statleg eigedom, utviklingsprosjekt og arealplanlegging. I høve til desse oppgåvene er det ei sentral utfordring å jamleg tilpassa eigedomsmassen til det brukarane treng, inkludert tilkomst for rørslehemma.

Ei særskild vurdering av kjønn trengst ikkje, då særskilde omsyn vert tekne opp i vurderinga av det brukarane treng.

Konkurransetilsynet

Konkuranselova gjeld næringslivet, og forvaltinga av lova skil ikkje mellom kjønna. Ein har ikkje vurdert nærmare om Konkurransetilsynet, med eller utan medvit, legg vekt på saker frå marknader som har ulik deltaking frå dei ulike kjønna.

Omtale av tilsettjingsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemder

Statskonsult AS

Administrerande direktør mottok i 2006 løn på 1 128 000 kroner. Pensjonsutgiftene til Statens pensjonskasse utgjorde 203 000 kroner og andre ytningar utgjorde 21 000 kroner. Administrerande direktør har avtale om etterløn for ein periode på inntil 12 månader.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2008 vert dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470	Kr	17 343 656 000
b. Sum inntekter under kap. 4510–4550, 5445–5446, 5470 og 5607	Kr	2 004 352 000

**Forslag
til vedtak om løyving for budsjettåret 2008,
kapitla 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470, 4510–4550,
5445–5446, 5470 og 5607**

I
Utgifter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Det kongelege hus				
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga			
	01 Apanasje	8 256 000		
	50 Det Kongelege Hoff	122 299 000		
	51 Særskilde prosjekt ved Det Kongelege Hoff	15 375 000	145 930 000	
2	H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa			
	01 Apanasje	6 166 000		
	50 H.H.K. Kronprinsen og H.H.K. Kronprinsessa sin stab mv.	14 121 000	20 287 000	
	Sum Det kongelege hus		166 217 000	
Administrasjon mv.				
1500	Fornyings- og administrasjons- departementet			
	01 Driftsutgifter	154 232 000		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	112 867 000		
	22 Forskning, <i>kan overførast</i>	10 000 000	277 099 000	
1503	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde			
	70 Tilskot	91 219 000		
	71 Bidrag frå arbeidstakarane	24 129 000	115 348 000	
	Sum Administrasjon mv.		392 447 000	
Fylkesmannsembeta				
1510	Fylkesmannsembeta			
	01 Driftsutgifter	1 098 108 000		
	21 Spesielle driftsutgifter	15 398 000	1 113 506 000	
	Sum Fylkesmannsembeta		1 113 506 000	
Forvaltnings- og IKT-utvikling				
1521	Direktoratet for forvaltning og IKT			
	01 Driftsutgifter	90 660 000		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	9 283 000		
	22 Miside, <i>kan overførast</i>	13 000 000	112 943 000	

Kap.	Post		Kr	Kr	Kr
1522		Servicesenteret for departementa			
	01	Driftsutgifter	318 840 000		
	22	Fellesutgifter for R-kvartalet	77 119 000		
	45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	40 288 000	436 247 000	
1523		Tilskot til kompetanseutvikling			
	70	Tilskot, <i>kan overførast</i>	20 000 000	20 000 000	
		Sum Forvaltnings- og IKT-utvikling			569 190 000
		Partistøtte			
1530		Tilskot til dei politiske partia			
	01	Driftsutgifter	960 000		
	70	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar	211 200 000		
	71	Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjonar	27 457 000		
	73	Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar	59 970 000		
	75	Tilskot til partia sine fylkesungdomsorganisasjoner	17 047 000		
	76	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar	6 369 000	323 003 000	
		Sum Partistøtte			323 003 000
		Pensjonar m.m.			
1541		Pensjonar av statskassa			
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	23 800 000	23 800 000	
1542		Tilskot til Statens Pensjonskasse			
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	8 794 000 000		
	22	Sluttoppgjer, <i>overslagsløyving</i>	545 000 000		
	70	For andre medlemer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	104 000 000	9 443 000 000	
1543		Arbeidsgjevaravgift til folketrygda			
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	843 000 000		
	70	For andre medlemer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	9 000 000	852 000 000	
1544		Bustadlån for statstilsette			
	90	Lån, <i>overslagsløyving</i>	1 300 000 000	1 300 000 000	
1546		Yrkesskadeforsikring			
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	85 000 000	85 000 000	
1547		Gruppelivsforsikring			
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	84 000 000	84 000 000	

Kap.	Post		Kr	Kr	Kr
2470	Statens Pensjonskasse				
24	Driftsresultat				
	1 Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-388 253 000			
	2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	314 498 000			
	3 Avskrivingar	37 800 000			
	5 Til investeringsformål	17 059 000	-18 896 000		
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		50 361 000	31 465 000	
	Sum Pensjonar m.m.			11 819 265 000	
		Konkurransepolutikk			
1550	Konkurransetilsynet				
01	Driftsutgifter	79 209 000			
23	Klagenemnda for offentlege innkjøp	5 000 000	84 209 000		
	Sum Konkurransepolutikk			84 209 000	
		IKT-politikk			
1560	Spesielle IKT-tiltak				
22	Samordning av IKT-politikken, <i>kan overførast</i>	50 899 000			
50	Breiband, <i>kan overførast</i>	10 000 000	60 899 000		
1561	Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklings- program				
70	Tilskudd til internasjonale program, <i>kan overførast</i>	22 500 000	22 500 000		
1562	Elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosesser				
70	Tilskot NorStella	1 400 000	1 400 000		
1563	IKT-tryggleik				
70	Tilskot til Norsk senter for informasjons- sikring (NORSIS)	4 000 000	4 000 000		
	Sum IKT-politikk			88 799 000	
		Personvern			
1570	Datatilsynet				
01	Driftsutgifter	25 443 000	25 443 000		
1571	Personvernemnden				
01	Driftsutgifter	1 600 000	1 600 000		
	Sum Personvern			27 043 000	

Kap.	Post		Kr	Kr	Kr
Statsbygg					
1580	Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga				
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>		15 316 000		
31	Igangsetjing av byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>		15 000 000		
33	Vidareføring av byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>		1 443 600 000		
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>		12 000 000		
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		75 700 000	1 561 616 000	
1581	Eigedomar til kongelege føremål				
01	Driftsutgifter		21 224 000		
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		38 233 000	59 457 000	
1582	Utvikling av Fornebuområdet				
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		1 000 000		
30	Investeringar, Fornebu, <i>kan overførast</i>		43 500 000	44 500 000	
2445	Statsbygg				
24	Driftsresultat				
	1 Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-2 719 876 000			
	2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	966 976 000			
	3 Avskrivningar	397 399 000			
	4 Renter av staten sin kapital	51 327 000			
	5 Til investeringsformål	900 000 000			
	6 Til reguleringsfondet	-43 248 000	-447 422 000		
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>		54 971 000		
31	Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>		70 000 000		
32	Igangsetjing av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>		38 000 000		
33	Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>		280 000 000		
34	Vidareføring av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>		909 800 000		
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		89 068 000		
49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>		99 987 000	1 094 404 000	
	Sum Statsbygg			2 759 977 000	
	Sum departementets utgifter				17 343 656 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kr	Kr
Samlede inntekter				
4510	Fylkesmannsembeta			
01	Inntekter ved oppdrag	2 360 000		
02	Ymse inntekter		13 001 000	15 361 000
4521	Direktoratet for forvaltning og IKT			
01	Salg av informasjonstjenester	22 000		
02	Andre inntekter		5 000 000	5 022 000
4522	Servicesenteret for departementa			
02	Diverse inntekter	2 469 000		
06	Brukarfinsansierte tenester		131 701 000	
07	Parkeringsinntekter		1 414 000	135 584 000
4546	Yrkesskadeforsikring			
01	Premieinntekter		116 000 000	116 000 000
4547	Gruppelivsforsikring			
01	Premieinntekter		43 000 000	43 000 000
4550	Konkurransetilsynet			
02	Ymse inntekter		201 000	201 000
4581	Eigedomar til kongelege føremål			
01	Ymse inntekter		125 000	125 000
5445	Statsbygg			
39	Avsetning til investeringsformål		900 000 000	900 000 000
5470	Statens Pensjonskasse			
30	Avsetning til investeringsformål		17 059 000	17 059 000
5607	Renter av bustadlånsordninga for statstilsette			
80	Renter		772 000 000	772 000 000
	Sum Samlede inntekter			2 004 352 000
	Sum departementets inntekter			2 004 352 000

Fornyings- og administrasjonsdepartementets alminnelege fullmakter

II
Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1510 post 21	kap. 4510 postane 01 og 02
kap. 1521 post 01	kap. 4521 postane 01 og 02
kap. 1522 post 01	kap. 4522 postane 02 og 06

III
Fullmakt til overskridning

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan overskride løyvinga under kap. 2470 Statens Pensjonskasse, post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, med inntil 10 mill. kroner mot dekning i reguleringsfondet.

Andre fullmakter

IV
Fullmakt til nettobudsjettering

Stortinget samtykkjer i at:

- kvart einskilt departement som eit ledd i ordninga med bonus og rabattar, i 2008 kan nettoføre som utgiftsreduksjon på vedkommande utgiftspost tilbakebetalt bonus og rabatt, også om tilbakebetalinga refererer seg til kjøp i tidlegare år.
- Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 21 Spesielle driftsutgifter, refusjonar av utgifter til fellestenester der fylkesmannen samordnar utgiftene.

Bygge- og eigedomsfullmakter**V****Fullmakter til å overskride gitte løyvingar**

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan:

- overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–49, med inntil 175 mill. kroner, mot dekning i reguleringsfondet.
- overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–49, med beløp som tilsvarer inntekter frå sal av eigedommar, samt medrekne ubrukte inntekter frå sal av eigedom ved berekning av overført beløp.

VI**Omdisponeringsfullmakter**

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan omdisponere:

- under kap. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigordninga, mellom postane 30 til 45.
- under kap. 1581 Eigedommar til kongelege føremål, mellom postane 01, 30 og 45.
- under kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet, frå post 21 til post 30.
- under kap. 2445 Statsbygg, mellom postane 30–49.

*Fullmakter til å setje i gang eller utvide byggjeprosjekt***VII**

Fullmakt til å gjennomføre investeringsprosjekt innanfor gitte kostnadsrammer

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan gjennomføre byggjeprosjekt og andre investeringsprosjekt, mellom anna forplikte staten innanfor dei gitte kostnadsrammene, under følgjande kapittel og postar:

Kap.	Post	Nemning
1580		Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga
	31	Igangsetjing av byggjeprosjekt
	33	Vidareføring av byggjeprosjekt
	45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald
1581		Eigedommar til kongelege føremål
	30	Ekstraordinært vedlikehald, Bygdøy Kongsgard
1582		Utvikling av Fornebuområdet
	30	Investeringar, Fornebu
2445		Statsbygg
	31	Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt
	32	Igangsetjing av kurantprosjekt
	33	Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt
	34	Vidareføring av kurantprosjekt

VIII

Fullmakt til å setje i gang byggjeprosjekt utan å leggje fram eiga kostnadsramme – kurantordninga

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan setje i gang nye byggjeprosjekt innafor husleigeordninga under kap. 2445, post 32, utan å leggje fram kostnadsramme for kvart einskilt prosjekt for Stortinget, på følgjande vilkår:

1. Brukardepartementet/leigetakar har naudsynte husleigemidlar innafor gjeldande budsjettrammer.
2. Samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar utover gitte løvingar overstig ikkje 1 500 mill. kroner.

*Andre fullmakter***IX**

Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 kan:
 - a) godskrive kvart einskilt byggje- og eigendomsprosjekt med innbetalt dagmulkt, konvensjonalbot og erstatning for misleghalden entreprise, ved at innbetalinga blir postert i statsrekneskapen på vedkommande investeringspost som ein utgiftsreduksjon.

- b) godkjenne sal, makeskifte og bortfeste av statens eigedom på Vestbanetomta i Oslo.
- c) godkjenne sal, makeskifte eller bortfeste av eigedom forvalta av Statsbygg eller av andre statlege verksemder som ikkje har eiga salsfullmakt, for inntil 500 mill. kroner totalt i budsjettåret.
- d) godkjenne kjøp av eigedom finansiert ved salsinntekter, innspara midlar eller midlar

- frå reguleringsfondet for inntil 150 mill. kroner for kvart einskilte tilfelle, og for inntil 300 mill. kroner totalt, utover løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49 Kjøp av eigedom.
- e) overdra statlege spesialskoleeigedommar til underpris eller vederlagsfritt til kommunar og fylkeskommunar, dersom ansvaret for skoledrifta vert overteke av kommunen eller fylkeskommunen.
- f) foreta bortfeste, sal og makeskifte av eigedommar så langt det er naudsynt ved disponering av statens eigedommar på Fornebu for inntil 500 mill. kroner.
- g) korrigere Statsbyggs balanse i dei tilfella prosjekterings- og investeringsmidlar førte på kap. 2445 Statsbygg vert overførte til andre budsjettkapittel eller prosjekta ikkje vert realiserte.
- h) avhende statleg fast eigedom til barnehageformål direkte til kommunar til marknadstakst.
2. Kongen i 2008 kan selje statleg eigedom til lågare pris enn marknadspris der særlege omsyn tilseier det.
-

Vedlegg 1**Tal på arbeidstakarar/årsverk i staten per 01.03.2007****A. Generelt**

Stortinget vedtok 19.06.1997 mellom anna å oppheve § 10 i løvingsreglementet som omhandler stillingar som budsjettretsleg omgrep. Vilkåret i Innst.S. nr. 243 (1996–97) frå Stortingets president-skap, er at det i tilknyting til det årlege budsjettfor-slaget vert gjeve ei oversikt over talet på tilsette i statlege verksemder.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har utarbeidd ei oversikt på grunnlag av data per 01.03.2007 frå Statens Sentrale Tenestemannsregister (SST).

B. Arbeidstakarar som vert lønte etter staten sitt lønsregulativ

Staten sitt sentrale tenestemannsregister (SST) omfattar alle arbeidstakarar som vert lønte etter Lønnsregulativ for staten (statleg tariffområde), dvs. både faste og kortvarige (engasjerte) heiltids- og deltidstilsette arbeidstakarar. Statsaksjeselskap, statsføretak og statlege verksemder som er

omgjorde til stiftingar, er ikkje omfatta av dette registeret. Tilsette ved dei statlege grunn- og vidaregåande skulane og spesialpedagogiske kompetansesentra inngår i talmaterialet.

Tilsette i leiarstillingar og tilsette i dommarstillingar er innrapporterte til SST, men inngår ikkje i tabellane. Desse er likevel med under pkt. C her.

Statistikken for statleg tariffområde omfattar i alt 131 423 regulativlønte arbeidstakarar per 01.03.2007. Av desse er 108 261 (82 %) heiltidstilsette og 23 162 deltidstilsette.

42 % av dei tilsette på heiltid er kvinner medan kvinnedelen av dei deltidstilsette utgjer 68 %. Ovan-nemnde grupper utførde 121 162 årsverk, fordelt på 55 444 (46 %) årsverk for kvinner og 65 718 (54 %) årsverk for menn.

C. Samandrag – talet på tilsette i staten per 01.03.2007 målt i talet på personar og årsverk

Alle som er haldne utanfor datagrunnlaget i dei to siste tabellane, er med i tabellen under.

	Tal	Årsverk
Faste og mellombels tilsette regulativlønte arbeidstakarar	131 423	121 162
Tilsette lønt etter overenskomst, timelønte, tilsette permitterte med redusert lønn og tilsette som staten har arbeidsgiveransvaret for, men som ikke får løn gjennom statsbudsjettet ¹	4 873	3 842
Toppleiarar og dommarar på eigne kontraktar	844	837
Statlege arbeidstakarar i alt	137 140	125 841

¹ Årsverkalet er eit overslag

D. Tabell 1.1 viser tilsette etter kjønn, tenesteforhold, årsverk og etat/institusjon i tenestemannsregisteret. Utførde årsverk er utrekna på grunnlag av innrapportert dellønnsprosent (stillingsdel) for kvar einskild arbeidstakar

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet										
	Pr. 1.3.2007		Menn			Kvinner			Årsverk pr. 1.3.		
			Tilsette	Årsverk	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Heiltid	Deltid	
<i>I alt</i>	131 423	121 162,35	69 981	62 680	7 301	65 718,26	61 442	45 581	15 861	55 444,09	
<i>Statsministerens kontor</i>	61	58,10	29	29	0	29,00	32	20	12	29,10	
<i>Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID)</i>	290	282,07	100	99	1	99,80	190	158	32	182,27	
Aetat arbeidsdirektoratet	317	309,41	150	147	3	149,50	167	140	27	159,91	
Aetat spesialenheter	239	224,08	88	78	10	83,88	151	117	34	140,20	
Rikstrygdeverket	631	612,52	302	289	13	296,92	329	279	50	315,60	
NAV arbeid	3 788	3 523,59	1 301	1 202	99	1 259,27	2 487	1 827	660	2 264,32	
NAV arbeidslivssentre	392	379,65	171	163	8	168,60	221	187	34	211,05	
NAV arbeidsrådgivning	140	131,30	60	53	7	57,30	80	60	20	74,00	
NAV fylkene	1 022	902,37	427	318	109	366,98	595	434	161	535,39	
NAV helsetjenesteforvalting	326	304,12	74	68	6	72,20	252	197	55	231,92	
NAV hjelpemiddelsentrale	1 111	1 044,88	506	476	30	494,18	605	445	160	550,70	
NAV trygd	5 127	4 618,10	996	898	98	952,52	4 131	2 911	1 220	3 665,58	
NAV utland	174	162,28	51	47	4	48,87	123	91	32	113,41	
Arbeids- og velferdsetatens innkrevingsentral	130	125,55	52	50	2	51,00	78	64	14	74,55	
Arbeidsretten	2	2,00	0	0	0	0,00	2	2	0	2,00	
Direktoratet for arbeidstilsynet	478	453,80	219	206	13	213,00	259	208	51	240,80	
Direktoratet for arbeidstilsynet	66	64,40	26	25	1	25,80	40	35	5	38,60	
Arbeidstilsynets regionale administrasjon	412	389,40	193	181	12	187,20	219	173	46	202,20	
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	120	112,45	43	40	3	42,10	77	61	16	70,35	
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	80	76,50	29	27	2	28,30	51	44	7	48,20	
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet indre østland	9	8,30	2	2	0	2,00	7	5	2	6,30	
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet sør	7	6,50	3	3	0	3,00	4	3	1	3,50	
Integreringsog mangfoldsdirektoratet vest	8	7,10	6	5	1	5,80	2	0	2	1,30	

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Kvinner				
	Tilsette	Årsverk	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	Heiltid	Deltid
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet midtnorge	9	7,05	0	0	0,00	9	5	4	7,05	
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet nord	7	7,00	3	3	0	3,00	4	4	0	4,00
Internasjonalt fag- og formidlingscenter for rein-drift	3	2,10	2	1	1	1,10	1	1	0	1,00
Ressurssenter for natur- og reindriftstjenester	1	1,00	1	1	0	1,00	0	0	0	0,00
Kompetansesenteret for urfolks rettigheter	4	4,00	1	1	0	1,00	3	3	0	3,00
Nasjonalt dokumentasjonssenter for personer med nedsatt funksjons-evne	6	5,50	2	1	1	1,50	4	4	0	4,00
Pensjonstrygden for sjø-menn	36	33,70	17	15	2	16,10	19	15	4	17,60
Petroleumstilsynet	159	149,77	84	79	5	81,10	75	52	23	68,67
Riksmeklingsmannen	2	2,00	0	0	0	0,00	2	2	0	2,00
Sametinget	118	114,17	42	41	1	41,40	76	66	10	72,77
Sametinget administra-sjon	49	48,30	20	20	0	20,00	29	27	2	28,30
Sametinget kultur- og næringsavdeling	13	13,00	5	5	0	5,00	8	8	0	8,00
Sametinget opplærings-avdeling	35	33,17	8	8	0	8,00	27	21	6	25,17
Sametinget miljø- og kul-turvernavdeling	21	19,70	9	8	1	8,40	12	10	2	11,30
Statens arbeidsmiljøinsti-tutt	114	105,45	59	51	8	56,70	55	35	20	48,75
Trygderetten	69	65,10	27	26	1	26,90	42	31	11	38,20
Utlendingsdirektoratet	668	647,59	206	197	9	203,20	462	398	64	444,39
Utlendingsdirektoratet	621	602,09	197	188	9	194,20	424	364	60	407,89
Utlendingsdirektoratet region indre øst	7	7,00	1	1	0	1,00	6	6	0	6,00
Utlendingsdirektoratet region sør	9	9,00	2	2	0	2,00	7	7	0	7,00
Utlendingsdirektoratet region vest	11	10,60	2	2	0	2,00	9	8	1	8,60
Utlendingsdirektoratet region midt-norge	9	8,60	2	2	0	2,00	7	6	1	6,60
Utlendingsdirektoratet region nord	11	10,30	2	2	0	2,00	9	7	2	8,30
Utlendingsnemda	162	159,90	52	52	0	52,00	110	99	11	107,90

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Kvinner				
	Tilsette	Årsverk	I alt	Av denne	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Av denne	Årsverk pr. 1.3.		
<i>Barne- og likestillingsdepartementet (BLD)</i>	138	131,98	39	37	2	38,40	99	75	24	93,58
Barne- ungdoms- og familedirektoratet	139	134,11	48	47	1	47,80	91	76	15	86,31
Barne- ungdoms- og familieetaten regionene	4 013	3 502,96	1 377	1 015	362	1 221,08	2 636	1 710	926	2 281,88
Barneombudet	12	11,50	2	2	0	2,00	10	9	1	9,50
Forbrukerombudet	30	29,30	16	15	1	15,50	14	13	1	13,80
Forbrukerrådet	141	126,93	57	51	6	55,40	84	47	37	71,53
Fylkesnemndene for sosiale saker	74	69,35	18	17	1	17,80	56	44	12	51,55
Likestillings- og diskrimineringsombudet	37	35,60	11	9	2	10,60	26	21	5	25,00
Likestillings- og diskrimineringsnemda	2	2,00	1	1	0	1,00	1	1	0	1,00
Sekretariatet for markedsrådet og forbrukertutvalget	8	7,80	4	4	0	4,00	4	3	1	3,80
Statens institutt for forbruksforskning sifo	50	46,50	17	14	3	15,20	33	26	7	31,30
<i>Finansdepartementet (FIN)</i>	281	272,80	158	147	11	154,10	123	102	21	118,70
Folketrygdfondet	21	19,90	11	10	1	10,60	10	8	2	9,30
Kredittilsynet	206	198,60	100	95	5	98,00	106	81	25	100,60
Senter for statlig økonomistyring	289	280,75	119	115	4	117,40	170	144	26	163,35
Skatteetaten	6 481	6 075,19	2 435	2 295	140	2 382,93	4 046	2 926	1 120	3 692,26
Skattedirektoratet	796	780,07	409	400	9	406,00	387	332	55	374,07
Sentralskattekontorene	197	188,46	86	81	5	84,60	111	82	29	103,86
Fylkesskattekontorene	1 243	1 183,61	503	480	23	495,17	740	557	183	688,44
Skattefogdkontorene	512	485,19	170	163	7	166,80	342	263	79	318,39
Likningskontorene	3 733	3 437,86	1 267	1 171	96	1 230,36	2 466	1 692	774	2 207,50
Statens innkrevingssentral	342	326,10	93	88	5	91,70	249	193	56	234,40
Statistisk sentralbyrå	1 006	947,90	462	421	41	445,10	544	408	136	502,80
Toll- og avgiftsetaten	1 753	1 681,18	919	890	29	908,95	834	616	218	772,23
Toll- og avgiftsdirektoratet	256	246,95	121	115	6	118,20	135	112	23	128,75
Tollregionene	1 497	1 434,23	798	775	23	790,75	699	504	195	643,48
<i>Fiskeri- og kystdepartementet (FID)</i>	107	103,39	47	45	2	46,00	60	47	13	57,39
Fiskeriadministrasjonen	464	422,71	249	229	20	240,41	215	135	80	182,30

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Kvinner				
	Tilsette	Årsverk	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	Heiltid	Deltid
Fiskeridirektoratet administrasjon	194	181,59	88	80	8	84,25	106	73	33	97,34
Regionale enheter	270	241,12	161	149	12	156,16	109	62	47	84,96
Havforskningsinstituttet	313	294,67	211	194	17	202,04	102	76	26	92,63
Kystverket	1 009	962,02	855	809	46	834,21	154	103	51	127,81
Kystdirektoratet	95	92,15	61	57	4	59,75	34	29	5	32,40
Kystverkets distriktsadministrasjon	766	725,57	652	618	34	635,96	114	69	45	89,61
NIFES, nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning	118	112,08	40	37	3	38,20	78	57	21	73,88
<i>Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD)</i>	195	186,75	102	93	9	100,16	93	67	26	86,59
Datatilsynet	34	33,20	14	14	0	14,00	20	15	5	19,20
Departementenes servicesenter (DSS)	478	459,37	256	245	11	253,10	222	176	46	206,27
Fylkesmannsembetene	2 213	2 068,36	963	845	118	913,62	1 250	959	291	1 154,74
Konkurransetilsynet	94	93,20	45	45	0	45,00	49	45	4	48,20
Norge.no	26	25,38	11	11	0	11,00	15	13	2	14,38
Statens pensjonskasse (SPK)	289	281,10	114	108	6	111,90	175	158	17	169,20
Statsbygg	673	652,22	450	428	22	440,97	223	176	47	211,25
Statsbygg hovedkontor	310	301,15	155	151	4	153,50	155	127	28	147,65
Regionadministrasjonen	72	70,40	41	40	1	40,80	31	26	5	29,60
Drift av statseiendommer	291	280,67	254	237	17	246,67	37	23	14	34,00
<i>Forsvarsdepartementet (FD)</i>	330	324,65	230	227	3	229,00	100	80	20	95,65
Forsvaret forsvarrets militære organisasjon fmo	14 617	14 166,48	12 393	11 883	510	12 056,07	2 224	1 936	288	2 110,41
Forsvarets forskningsinstitutt (FFI)	617	593,00	453	427	26	441,85	164	120	44	151,15
Forsvarsbygg	1 344	1 283,89	765	751	14	759,16	579	446	133	524,73
Nasjonal sikkerhetsmyndighet	127	125,00	90	89	1	89,80	37	28	9	35,20
<i>Helse- og omsorgsdepartementet (HOD)</i>	200	191,25	67	64	3	66,05	133	105	28	125,20
Bioteknologinemda	8	6,00	4	2	2	2,60	4	2	2	3,40
Dispensasjons- og klagenemnd for behandling i utlandet	1	1,00	0	0	0	0,00	1	1	0	1,00

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Kvinner				
	Tilsette	Årsverk	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Heiltid	Deltid	Årsverk pr. 1.3.	
Nasjonalt folkehelseinstitutt	581	530,86	189	153	36	168,88	392	295	97	361,98
Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten	105	93,05	40	26	14	32,60	65	50	15	60,45
Norsk pasientskadeerstatning	84	80,50	26	23	3	24,10	58	52	6	56,40
Pasientskadenemda	23	21,73	9	8	1	8,93	14	11	3	12,80
Sosial- og helsedirektoratet	515	483,60	170	150	20	160,06	345	283	62	323,54
Statens autorisasjonskontor for helsepersonell	30	28,92	7	7	0	7,00	23	20	3	21,92
Statens helsepersonell-nemd	5	5,00	0	0	0	0,00	5	5	0	5,00
Statens helsetilsyn	91	86,05	34	32	2	32,40	57	43	14	53,65
Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS)	41	39,80	12	12	0	12,00	29	22	7	27,80
Statens legemiddelverk	195	185,05	58	52	6	54,80	137	107	30	130,25
Statens strålevern	87	82,20	42	36	6	40,50	45	36	9	41,70
<i>Justis- og politidepartementet (JD)</i>	316	305,87	130	125	5	128,76	186	147	39	177,11
Den militære påtale- og disiplinærmyndighet	5	5,00	5	5	0	5,00	0	0	0	0,00
Den civile påtalemyndighet	138	129,70	59	56	3	57,30	79	61	18	72,40
Det nasjonale statsadvokatembetet for bekjempelse av org./ annen krim	4	4,00	2	2	0	2,00	2	2	0	2,00
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	613	575,87	376	358	18	367,10	237	172	65	208,77
Dsbs skoler	81	75,70	52	51	1	51,50	29	17	12	24,20
Regionale enheter	36	33,85	26	26	0	26,00	10	4	6	7,85
Sivilforsvarets hovedmagasin og sivilforsvarsleire	14	11,61	10	9	1	9,50	4	1	3	2,11
Sivilforsvarsdistrikten	258	236,46	162	153	9	157,60	96	62	34	78,86
Domstoladministrasjonen	84	80,90	40	39	1	39,80	44	36	8	41,10
Førsteinstansdomstolene	1 259	1 161,45	357	332	25	346,90	902	665	237	814,55
Justissekretariatene	36	33,16	5	4	1	4,60	31	22	9	28,56
Kommisjonen for gjenoppnakelse av straffesaker	11	11,00	4	4	0	4,00	7	7	0	7,00
Konfliktrådene	62	58,55	18	18	0	18,00	44	35	9	40,55

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet										
	Pr. 1.3.2007		Menn			Kvinner			Årsverk pr. 1.3.		
			I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.			
	Tilsette	Årsverk		I alt	Heiltid	Deltid		I alt	Heiltid	Deltid	Årsverk pr. 1.3.
Konfliktrådene i fylkene	52	48,55	14	14	0	14,00	38	29	9	34,55	
Kontoret for voldsoffererstatning	22	20,00	8	7	1	7,50	14	11	3	12,50	
Kriminalomsorgen KIA/KIf	3 552	3 369,51	2 129	2 013	116	2 081,00	1 423	1 072	351	1 288,51	
Kriminalomsorgens it-tjeneste (KITT)	29	27,60	15	15	0	15,00	14	8	6	12,60	
Kriminalomsorgens utdanningssenter	414	412,30	220	218	2	219,30	194	190	4	193,00	
Lagmannsrettene	116	109,81	10	10	0	10,00	106	84	22	99,81	
Namsfogdkontor	186	181,00	57	57	0	57,00	129	113	16	124,00	
Norges grensekommis-sær	5	5,00	3	3	0	3,00	2	2	0	2,00	
Kripos	391	380,93	202	196	6	200,20	189	158	31	180,73	
Politi- og lensmannsetaten	11 817	11 301,71	7 219	7 060	159	7 153,24	4 598	3 366	1 232	4 148,47	
Oslo politidistrikt	2 733	2 667,59	1 703	1 663	40	1 688,74	1 030	852	178	978,85	
Østfold politidistrikt	513	490,97	319	311	8	315,18	194	138	56	175,79	
Follo politidistrikt	316	298,95	163	159	4	161,30	153	104	49	137,65	
Romerike politidistrikt	566	544,38	312	306	6	308,43	254	208	46	235,95	
Hedmark politidistrikt	386	360,35	232	226	6	229,01	154	103	51	131,34	
Gudbrandsdal politidis-trikt	149	139,49	96	96	0	96,00	53	35	18	43,49	
Vestoppland politidistrikt	213	198,09	126	124	2	124,60	87	55	32	73,49	
Nordre buskerud politi-distrikt	170	159,72	97	93	4	95,50	73	51	22	64,22	
Søndre buskerud politi-distrikt	397	378,77	221	218	3	219,70	176	126	50	159,07	
Asker og Bærum politi-distrikt	352	337,83	186	181	5	184,30	166	119	47	153,53	
Vestfold politidistrikt	487	462,06	290	285	5	287,84	197	130	67	174,22	
Telemark politidistrikt	416	400,43	264	259	5	261,87	152	120	32	138,56	
Agder politidistrikt	617	579,26	401	386	15	393,78	216	137	79	185,48	
Rogaland politidistrikt	642	610,89	398	385	13	393,84	244	163	81	217,05	
Haugaland og Sunnhord-land politidistrikt	243	231,78	147	143	4	146,00	96	69	27	85,78	
Hordaland politidistrikt	888	848,67	580	569	11	576,00	308	207	101	272,67	
Sogn og Fjordane politi-distrikt	198	184,46	117	116	1	116,60	81	50	31	67,86	
Sunnmøre politidistrikt	229	214,31	141	139	2	139,40	88	52	36	74,91	
Nordmøre og Romsdal politidistrikt	246	232,87	146	145	1	145,36	100	70	30	87,51	

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Kvinner				
	Tilsette	Årsverk	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Heiltid	Deltid	Årsverk pr. 1.3.	
Sør-Trøndelag politidistrikt	553	534,26	358	353	5	356,79	195	146	49	177,47
Nord-Trøndelag politidistrikt	300	280,86	188	184	4	186,00	112	74	38	94,86
Helgeland politidistrikt	188	175,27	112	111	1	111,50	76	49	27	63,77
Salten politidistrikt	180	170,45	106	102	4	103,90	74	56	18	66,55
Midtre hålogaland politidistrikt	261	252,84	163	161	2	162,20	98	83	15	90,64
Troms politidistrikt	287	276,00	179	173	6	176,40	108	86	22	99,60
Vestfinnmark politidistrikt	118	112,78	69	68	1	68,50	49	40	9	44,28
Østfinnmark politidistrikt	169	158,38	105	104	1	104,50	64	43	21	53,88
Politidirektoratet	150	148,10	92	92	0	92,00	58	50	8	56,10
Politiets data- og materielltjeneste (PDMT)	176	172,00	112	111	1	111,60	64	51	13	60,40
Politiets utlendingsenhet	211	208,60	121	120	1	120,80	90	81	9	87,80
Politihøgskolen	212	198,70	104	95	9	100,20	108	80	28	98,50
Redningstjenesten	41	41,00	32	32	0	32,00	9	9	0	9,00
Hovedredningssentralen i sør-norge	23	23,00	19	19	0	19,00	4	4	0	4,00
Hovedredningssentralen nord-norge	18	18,00	13	13	0	13,00	5	5	0	5,00
Siviltjenesteadministrasjonen og forskolen for sivile vernepliktige	26	25,30	10	9	1	9,50	16	15	1	15,80
Spesialenheten for politisaker	21	20,80	13	13	0	13,00	8	7	1	7,80
Sysselmannen på Svalbard	25	25,00	17	17	0	17,00	8	8	0	8,00
Utrykningspolitiet	41	39,10	24	24	0	24,00	17	11	6	15,10
Økokrim (sentr. enhet for e.forskn. og påtale av øk.krim. og miljøkrim.)	123	120,40	71	69	2	70,30	52	46	6	50,10
<i>Kommunal- og regionaldepartementet (KRD)</i>	149	142,26	56	55	1	55,80	93	71	22	86,46
Den norske stats husbank	352	343,00	138	135	3	136,90	214	186	28	206,10
Husleietvistutvalget	5	5,00	1	1	0	1,00	4	4	0	4,00
Statens bygningstekniske etat	50	49,13	23	23	0	23,00	27	23	4	26,13
<i>Kultur- og kirkedepartementet (KKD)¹</i>	148	143,58	57	57	0	57,00	91	71	20	86,58
Abm-utvikling	62	61,20	23	23	0	23,00	39	34	5	38,20

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Årsverk pr. 1.3.	Kvinner			Årsverk pr. 1.3.
			I alt	Av desse	Heiltid		I alt	Av desse	Heiltid	
	Tilsett	Årsverk								
Arkeologisk museum, stavanger	69	59,77	22	20	2	21,00	47	29	18	38,77
Arkivverket	252	232,53	115	105	10	111,00	137	101	36	121,53
Riksarkivet	116	109,20	62	57	5	60,00	54	41	13	49,20
Statsarkivet i Oslo	11	10,60	6	6	0	6,00	5	4	1	4,60
Statsarkivet i Hamar	14	12,40	5	4	1	4,80	9	5	4	7,60
Statsarkivet i Kongsberg	10	10,00	4	4	0	4,00	6	6	0	6,00
Statsarkivet i Kristian- sand s	15	13,22	8	8	0	8,00	7	4	3	5,22
Statsarkivet i Stavanger	23	21,00	8	6	2	7,20	15	11	4	13,80
Statsarkivet i Bergen	24	20,53	5	4	1	4,50	19	12	7	16,03
Statsarkivet i Trondheim	25	23,00	10	9	1	9,50	15	13	2	13,50
Statsarkivet i Tromsø	12	11,50	6	6	0	6,00	6	5	1	5,50
Sami arkiva/samisk arkiv	2	1,08	1	1	0	1,00	1	0	1	0,08
Bispedømmerådene og kirkerådet	261	225,78	118	102	16	110,30	143	83	60	115,48
Bunad- og folkedraktrå- det	7	6,00	2	1	1	1,80	5	2	3	4,20
Det praktisk-teologiske seminar	14	12,98	9	7	2	7,98	5	5	0	5,00
Forvalningsorganet for opplysningsvesenets fond	39	38,00	23	23	0	23,00	16	13	3	15,00
Lotteri- og stiftelsestilsy- net	60	59,40	29	29	0	29,00	31	28	3	30,40
Nasjonalbiblioteket	343	321,69	147	136	11	141,88	196	147	49	179,81
Nasjonalbiblioteket avd rana	189	180,93	97	93	4	95,50	92	69	23	85,43
Nasjonalbiblioteket avd oslo	154	140,76	50	43	7	46,38	104	78	26	94,38
Nidaros domkirkes restaurerings arbeider	44	43,50	27	27	0	27,00	17	14	3	16,50
Norsk filmfond	22	21,30	11	11	0	11,00	11	9	2	10,30
Norsk filminstitutt	79	74,33	35	31	4	32,90	44	36	8	41,43
Norsk filmutvikling	8	6,40	2	1	1	1,50	6	3	3	4,90
Norsk kulturråd	83	80,70	44	44	0	44,00	39	32	7	36,70
Norsk lokalhistorisk institutt	6	5,20	3	2	1	2,40	3	2	1	2,80
Norsk lyd- og blinde- skriftbibliotek	50	46,18	19	18	1	18,80	31	19	12	27,38
Norsk språkråd	26	23,60	13	11	2	12,30	13	9	4	11,30
Presteskapet	1 402	1 334,40	1 069	986	83	1 029,03	333	267	66	305,37
Rikskonsertene	50	48,90	27	24	3	26,40	23	22	1	22,50

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Kvinner				
	Tilsette	Årsverk	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Heiltid	Deltid	Årsverk pr. 1.3.	
Riksteatret	30	30,00	7	7	0	7,00	23	23	0	23,00
Statens medieforvaltning	42	40,60	21	21	0	21,00	21	18	3	19,60
Utsmykkingsfondet for off. bygg	16	14,55	5	4	1	4,30	11	7	4	10,25
<i>Kunnskapsdepartementet (KD)</i>	316	299,61	114	106	8	111,50	202	159	43	188,11
Arkitektur- og design-høgskolen	118	99,30	66	45	21	53,70	52	38	14	45,60
Foreldreutvalget for grunnskolen fug	5	5,00	0	0	0	0,00	5	5	0	5,00
Grunnskolen, kombinerte barne- og ungdomsskoler	16	12,38	3	2	1	2,50	13	6	7	9,88
Kunsthøgskolen i bergen	93	70,54	49	27	22	38,54	44	18	26	32,00
Kunsthøgskolen i oslo	197	156,69	99	66	33	82,81	98	52	46	73,88
Meteorologiske institutt	273	257,35	173	160	13	168,35	100	68	32	89,00
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen nokut	49	47,20	18	17	1	17,80	31	27	4	29,40
Norges handelshøgskole	380	313,95	251	188	63	205,80	129	88	41	108,15
Norges idrettshøgskole	211	179,40	123	94	29	105,80	88	57	31	73,60
Norges musikkhøgskole	261	164,84	168	66	102	102,55	93	48	45	62,29
Norges teknisk vitenskapelige universitet	5 831	4 423,57	3 582	2 303	1 279	2 625,32	2 249	1 371	878	1 798,25
Norges veterinærhøgskole	463	422,32	177	155	22	165,55	286	200	86	256,77
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velfrd og aldring nova	97	85,20	39	29	10	33,40	58	46	12	51,80
Norsk utenrikspolitisk institutt nupi	57	51,00	35	28	7	31,90	22	15	7	19,10
Senter for internasjonalisering av høyere utdanning	57	54,85	20	18	2	19,30	37	33	4	35,55
Statens lånekasse for utdanning	335	313,95	126	121	5	123,70	209	146	63	190,25
Statlige høgskoler	10 103	8 989,99	4 531	3 675	856	4 050,04	5 572	3 990	1 582	4 939,95
Statlige spesialpedagogiske kompetansesentre	885	791,05	236	194	42	214,26	649	466	183	576,79
Universitetet for miljø- og biovitenskap	868	775,11	471	384	87	417,70	397	295	102	357,41
Universitetet i Bergen	3 557	3 021,13	1 853	1 395	458	1 551,75	1 704	1 192	512	1 469,38
Universitetet i Oslo	6 715	5 592,18	3 526	2 597	929	2 873,64	3 189	2 303	886	2 718,54
Universitetet i Stavanger	981	861,35	471	373	98	406,24	510	374	136	455,11

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Årsverk pr. 1.3.	Kvinner			Årsverk pr. 1.3.
			I alt	Heiltid	Deltid		I alt	Heiltid	Deltid	
Universitetet i Tromsø	2 208	1 912,59	1 164	914	250	994,73	1 044	796	248	917,86
Utdanningsdirektoratet	248	239,85	90	88	2	89,60	158	134	24	150,25
Videregående skoler	137	110,51	54	36	18	47,35	83	34	49	63,16
Vox – nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	96	89,72	32	27	5	29,55	64	52	12	60,17
<i>Landbruks- og matdepartementet (LMD)</i>	162	154,49	69	67	2	68,00	93	68	25	86,49
Norsk institutt for skog og landskap	214	201,76	135	113	22	128,77	79	58	21	72,99
Bioforsk	398	354,72	208	168	40	190,90	190	115	75	163,82
Mattilsynet	1 541	1 411,59	611	539	72	581,18	930	650	280	830,41
Mattilsynet hovedkontoret	160	152,90	55	51	4	53,20	105	88	17	99,70
Mattilsynet regionene	1 381	1 258,69	556	488	68	527,98	825	562	263	730,71
Norsk institutt for landbruks økonomisk forskning	65	58,52	39	31	8	34,62	26	19	7	23,90
Reindriftsforvaltningen	59	55,24	32	27	5	29,90	27	23	4	25,34
Statens landbruksforvaltning	193	188,70	85	85	0	85,00	108	88	20	103,70
Veterinærinstituttet	328	308,21	103	95	8	99,30	225	176	49	208,91
Veterinærinstituttets distriktsadm.	21	19,60	5	4	1	4,50	16	13	3	15,10
<i>Miljøverndepartementet (MD)</i>	226	217,42	92	84	8	90,20	134	106	28	127,22
Direktoratet for naturforvaltning	221	216,27	135	131	4	134,50	86	66	20	81,77
Norsk kulturminnefond	2	2,00	1	1	0	1,00	1	1	0	1,00
Norsk polarinstitutt	120	112,66	78	70	8	73,70	42	34	8	38,96
Norsk polarinstitutt tromsø	106	98,70	68	60	8	63,70	38	31	7	35,00
Norsk polarinstitutts reg. enheter	14	13,96	10	10	0	10,00	4	3	1	3,96
Produktregisteret	23	21,80	11	10	1	10,80	12	7	5	11,00
Riksantikvaren	134	129,63	58	54	4	57,13	76	63	13	72,50
Statens forurensningstilsyn (SFT)	256	245,16	99	94	5	97,60	157	117	40	147,56
statens kartverk	721	682,97	349	324	25	340,20	372	274	98	342,77
<i>Nærings- og handelsdepartementet (NHD)</i>	189	185,44	90	89	1	89,80	99	84	15	95,64
Bergvesenet med bergmesteren for Svalbard	18	18,00	11	11	0	11,00	7	7	0	7,00

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet										
	Pr. 1.3.2007			Menn			Kvinner				
	Tilsette	Årsverk	I alt	Av desse	Årsverk pr. 1.3.	I alt	Heiltid	Deltid	Årsverk pr. 1.3.		
Brønnøysundregistrene	451	432,91	176	169	7	172,95	275	222	53	259,96	
Garanti-instituttet for eksportkreditt (giek)	35	33,80	21	21	0	21,00	14	10	4	12,80	
Justervesenet	81	77,54	55	54	1	54,50	26	20	6	23,04	
Justervesenet	42	41,80	23	23	0	23,00	19	18	1	18,80	
Justerkamrene	39	35,74	32	31	1	31,50	7	2	5	4,24	
Norges geologiske undersøkelse (ngu)	220	208,00	144	130	14	138,90	76	53	23	69,10	
Norsk akkreditering	18	18,00	9	9	0	9,00	9	9	0	9,00	
Norsk romsenter	21	20,10	14	13	1	13,50	7	5	2	6,60	
Sjøfartsdirektoratet	304	295,71	200	195	5	197,90	104	87	17	97,81	
Sjøfartsdirektoratet	203	200,50	129	127	2	128,20	74	68	6	72,30	
Sjøfartsdirektoratet distrikturene	101	95,21	71	68	3	69,70	30	19	11	25,51	
Skipsregistrene	16	15,80	5	5	0	5,00	11	10	1	10,80	
Styret for det industrielle rettsvern	260	249,13	91	89	2	90,73	169	116	53	158,40	
<i>Olje- og energidepartementet (OED)</i>	124	121,30	60	59	1	59,80	64	56	8	61,50	
Gassnova	4	4,00	3	3	0	3,00	1	1	0	1,00	
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	431	420,25	278	263	15	273,35	153	130	23	146,90	
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	305	295,50	180	169	11	176,25	125	105	20	119,25	
Regionkontorene	90	89,25	62	60	2	61,60	28	25	3	27,65	
Anleggsheter	36	35,50	36	34	2	35,50	0	0	0	0,00	
Oljedirektoratet	191	184,83	113	108	5	111,40	78	57	21	73,43	
<i>Samferdselsdepartementet (SD)</i>	125	122,45	61	58	3	60,20	64	54	10	62,25	
Havarikommisjonen for civil luft fart og jernbane (HSLB)	28	26,15	18	15	3	16,80	10	7	3	9,35	
Jernbaneverket	2 904	2 876,68	2 458	2 435	23	2 446,35	446	411	35	430,33	
Jernbaneverket	260	255,80	127	125	2	126,40	133	122	11	129,40	
Jernbaneverket infrastruktur	1 664	1 645,03	1 559	1 543	16	1 549,40	105	91	14	95,63	
Jernbaneverket trafikk	670	668,40	535	534	1	534,80	135	130	5	133,60	
Bane energi	46	46,00	40	40	0	40,00	6	6	0	6,00	
Jernbaneverket infrastruktur utbygging konsulentjenester	248	246,55	187	185	2	186,35	61	57	4	60,20	

Tabell 1.1 pr. 1. mars 2007

Etat/virksomhet	Antall tilsatte og antall utførte årsverk etter kjønn, tjenesteforhold og etat/virksomhet									
	Pr. 1.3.2007		Menn			Årsverk pr. 1.3.	Kvinner			Årsverk pr. 1.3.
			I alt	Av desse	Heiltid Deltid		I alt	Av desse	Heiltid Deltid	
Jernbaneverket norsk jernbanemuseum	16	14,90	10	8	2	9,40	6	5	1	5,50
Luftfartstilsynet	160	159,30	108	108	0	108,00	52	50	2	51,30
Post- og teletilsynet	165	159,51	114	111	3	112,65	51	40	11	46,86
Post- og teletilsynet avd oslo	148	142,71	97	95	2	95,85	51	40	11	46,86
Postog teletilsynet regionkontorene	17	16,80	17	16	1	16,80	0	0	0	0,00
Statens jernbanetilsyn	27	26,40	13	13	0	13,00	14	12	2	13,40
Vegvesenet	4 703	4 503,60	2 928	2 758	170	2 862,72	1 775	1 343	432	1 640,88
Vegdirektoratet	479	459,56	274	249	25	263,90	205	170	35	195,66
Region 1 øst	1 223	1 175,00	772	724	48	754,15	451	347	104	420,85
Region 2 sør	847	808,47	532	510	22	523,40	315	211	104	285,07
Region 3 vest	850	819,98	535	504	31	525,00	315	247	68	294,98
Region 4 midt-norge	675	635,71	424	395	29	413,07	251	170	81	222,64
Region 5 nord	629	604,88	391	376	15	383,20	238	198	40	221,68
<i>Utenriksdepartementet (UD)</i>	774	756,70	337	330	7	334,60	437	388	49	422,10
Det norske fredskorpset, sekretariatet	28	27,60	9	9	0	9,00	19	17	2	18,60
Direktoratet for utviklingssamarbeid – Norad	228	219,72	88	83	5	86,20	140	116	24	133,52
Utenrikstjenesten	659	656,80	354	350	4	353,20	305	298	7	303,60
<i>Høyesteretts kontor</i>	39	37,98	14	13	1	13,75	25	20	5	24,23
<i>Regjeringsadvokatembetet</i>	49	47,10	24	23	1	23,80	25	18	7	23,30
<i>Riksrevisjonen</i>	469	453,96	213	201	12	208,50	256	216	40	245,46

¹ Tala for KKD er per 1.10.2006

E. Tabell 1.2 viser tilsette etter tenesteforhold, kjønn, fylke og kommune. I denne tabellen er talet på sysselsette per 4. kvartal 2006, medan talet på statlege arbeidstakarar er registrert per 1. mars 2007

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte pr 1.3.07	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.		Heltid		Deltid		
			I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	
<i>Hele landet</i>	2 372 820	131 423	5,54	108 261	45 581	62 680	23 162	15 861	7 301
<i>01 Østfold</i>	113 698	3 474	3,06	2 803	1 272	1 531	671	549	122
0101 Halden	12172	656	5,39	531	216	315	125	89	36
0104 Moss	14676	703	4,79	568	257	311	135	110	25
0105 Sarpsborg	22486	860	3,82	693	311	382	167	140	27
0106 Fredrikstad	33912	815	2,40	658	346	312	157	134	23
0111 Hvaler	1088	31	2,85	25	1	24	6	5	1
0118 Aremark	367	7	1,91	4	1	3	3	2	1
0119 Marker	1311	49	3,74	43	16	27	6	6	0
0121 Rømskog	194	1	0,52	0	0	0	1	1	0
0122 Trøgstad	1447	49	3,39	42	9	33	7	5	2
0123 Spydeberg	1903	12	0,63	9	5	4	3	2	1
0124 Askim	5652	136	2,41	99	58	41	37	35	2
0125 Eidsberg	4871	65	1,33	53	23	30	12	9	3
0127 Skiptvet	952	7	0,74	6	4	2	1	1	0
0128 Rakkestad	3159	32	1,01	27	8	19	5	5	0
0135 Råde	2370	12	0,51	12	5	7	0	0	0
0136 Rygge	5018	15	0,30	14	5	9	1	1	0
0137 Våler	1057	12	1,14	9	4	5	3	3	0
0138 Hobøl	1063	12	1,13	10	3	7	2	1	1
<i>02 Akershus</i>	228 366	6 432	2,82	5 304	2 417	2 887	1 128	852	276
0211 Vestby	4900	87	1,78	65	48	17	22	15	7
0213 Ski	12304	431	3,50	354	170	184	77	69	8
0214 Ås	7280	1 384	19,01	1 082	484	598	302	180	122
0215 Frogn	3920	46	1,17	41	25	16	5	3	2
0216 Nesodden	4292	34	0,79	28	19	9	6	6	0
0217 Oppegård	8927	50	0,56	39	24	15	11	9	2
0219 Bærum	63398	1 145	1,81	951	458	493	194	158	36
0220 Asker	24072	230	0,96	187	87	100	43	40	3
0221 Aurskog-Høland	4564	52	1,14	35	22	13	17	15	2
0226 Sørum	3666	33	0,90	27	14	13	6	6	0
0227 Fet	2273	35	1,54	27	16	11	8	7	1
0228 Rælingen	2567	19	0,74	14	12	2	5	5	0

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjenestemenn pr 1.3.07	Tjenestemenn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0229 Enebakk	2451	22	0,90	18	8	10	4	4	0
0230 Lørenskog	15734	76	0,48	66	42	24	10	9	1
0231 Skedsmo	24742	1 907	7,71	1 637	667	970	270	205	65
0233 Nittedal	7262	42	0,58	33	19	14	9	9	0
0234 Gjerdrum	1320	6	0,45	3	3	0	3	3	0
0235 Ullensaker	20057	638	3,18	550	221	329	88	68	20
0236 Nes	5098	48	0,94	41	22	19	7	6	1
0237 Eidsvoll	6296	91	1,45	75	39	36	16	14	2
0238 Nannestad	2359	51	2,16	29	16	13	22	18	4
0239 Hurdal	884	5	0,57	2	1	1	3	3	0
<i>0301 Oslo</i>	<i>405931</i>	<i>37 025</i>	<i>9,12</i>	<i>31 124</i>	<i>15 252</i>	<i>15 872</i>	<i>5 901</i>	<i>4 075</i>	<i>1 826</i>
<i>04 Hedmark</i>	<i>83 220</i>	<i>3 513</i>	<i>4,22</i>	<i>2 801</i>	<i>1 279</i>	<i>1 522</i>	<i>712</i>	<i>552</i>	<i>160</i>
0402 Kongsvinger	8595	799	9,30	632	285	347	167	146	21
0403 Hamar	17740	1 432	8,07	1 188	541	647	244	174	70
0412 Ringsaker	13578	211	1,55	170	95	75	41	35	6
0415 Løten	1755	19	1,08	16	11	5	3	3	0
0417 Stange	6517	107	1,64	81	28	53	26	15	11
0418 Nord-Odal	1504	46	3,06	43	18	25	3	2	1
0419 Sør-Odal	2431	16	0,66	11	6	5	5	5	0
0420 Eidskog	1981	18	0,91	13	0	13	5	5	0
0423 Grue	1995	34	1,70	27	15	12	7	5	2
0425 Åsnes	2968	35	1,18	29	8	21	6	6	0
0426 Våler	1519	16	1,05	14	4	10	2	2	0
0427 Elverum	9096	448	4,93	344	172	172	104	84	20
0428 Trysil	2870	38	1,32	27	10	17	11	8	3
0429 Åmot	1736	107	6,16	75	34	41	32	20	12
0430 Stor-Elvdal	1070	48	4,49	29	6	23	19	11	8
0432 Rendalen	776	8	1,03	6	1	5	2	2	0
0434 Engerdal	634	19	3,00	13	6	7	6	5	1
0436 Tolga	631	7	1,11	6	5	1	1	1	0
0437 Tynset	3171	89	2,81	63	27	36	26	22	4
0438 Alvdal	1118	9	0,81	8	4	4	1	0	1
0439 Folldal	746	4	0,54	3	1	2	1	1	0
0441 Os	789	3	0,38	3	2	1	0	0	0
<i>05 Oppland</i>	<i>85 633</i>	<i>2 673</i>	<i>3,12</i>	<i>2 100</i>	<i>891</i>	<i>1 209</i>	<i>573</i>	<i>428</i>	<i>145</i>
0501 Lillehammer	15360	1 033	6,73	819	351	468	214	152	62

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid		Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner
0502 Gjøvik	15636	797	5,10	626	289	337	171	123
0511 Dovre	1393	26	1,87	26	9	17	0	0
0512 Lesja	958	14	1,46	12	3	9	2	2
0513 Skjåk	1129	8	0,71	6	3	3	2	2
0514 Lom	1245	13	1,04	9	4	5	4	3
0515 Vågå	1529	17	1,11	14	4	10	3	3
0516 Nord-Fron	2639	31	1,17	27	6	21	4	4
0517 Sel	3039	110	3,62	93	32	61	17	10
0519 Sør-Fron	1155	12	1,04	10	6	4	2	2
0520 Ringebu	2288	20	0,87	14	2	12	6	5
0521 Øyer	1815	17	0,94	14	4	10	3	3
0522 Gausdal	2380	17	0,71	12	4	8	5	4
0528 Østre Toten	4877	100	2,05	75	27	48	25	16
0529 Vestre Toten	6382	36	0,56	32	13	19	4	4
0532 Jevnaker	2177	19	0,87	14	9	5	5	3
0533 Lunner	2169	51	2,35	43	13	30	8	8
0534 Gran	5738	144	2,51	106	47	59	38	33
0536 Søndre Land	1902	19	1,00	13	5	8	6	6
0538 Nordre Land	2843	34	1,20	25	12	13	9	9
0540 Sør-Aurdal	1336	12	0,90	8	3	5	4	3
0541 Etnedal	497	6	1,21	6	4	2	0	0
0542 Nord-Aurdal	4125	93	2,25	62	30	32	31	25
0543 Vestre Slidre	929	20	2,15	17	7	10	3	3
0544 Øystre Slidre	1363	16	1,17	12	4	8	4	3
0545 Vang	729	8	1,10	5	0	5	3	2
<i>06 Buskerud</i>	<i>115 185</i>	<i>3 719</i>	<i>3,23</i>	<i>3 040</i>	<i>1 460</i>	<i>1 580</i>	<i>679</i>	<i>542</i>
0602 Drammen	33706	1 625	4,82	1 359	686	673	266	215
0604 Kongsberg	14323	344	2,40	272	129	143	72	59
0605 Ringerike	13751	981	7,13	793	376	417	188	143
0612 Hole	1824	16	0,88	13	4	9	3	2
0615 Flå	381	3	0,79	1	0	1	2	1
0616 Nes	1581	27	1,71	19	5	14	8	8
0617 Gol	2963	71	2,40	53	20	33	18	17
0618 Hemsedal	1029		0,00					
0619 Ål	2366	42	1,78	38	3	35	4	3
0620 Hol	2257	20	0,89	17	5	12	3	3
0621 Sigdal	1515	9	0,59	8	4	4	1	0

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0622 Krødsherad	929	7	0,75	5	1	4	2	2	0
0623 Modum	5220	106	2,03	90	46	44	16	10	6
0624 Øvre Eiker	5426	239	4,40	176	83	93	63	51	12
0625 Nedre Eiker	6546	53	0,81	44	22	22	9	8	1
0626 Lier	11032	90	0,82	82	39	43	8	6	2
0627 Røyken	4841	46	0,95	36	19	17	10	7	3
0628 Hurum	2849	20	0,70	16	8	8	4	4	0
0631 Flesberg	772	7	0,91	6	3	3	1	1	0
0632 Rollag	616	5	0,81	4	2	2	1	1	0
0633 Nore og Uvdal	1258	8	0,64	8	5	3	0	0	0
<i>07 Vestfold</i>	<i>99 919</i>	<i>3 487</i>	<i>3,49</i>	<i>2 782</i>	<i>1 263</i>	<i>1 519</i>	<i>705</i>	<i>562</i>	<i>143</i>
0701 Horten	10323	687	6,66	535	192	343	152	115	37
0702 Holmestrand	3968	148	3,73	99	62	37	49	45	4
0704 Tønsberg	26467	1 716	6,48	1 404	682	722	312	243	69
0706 Sandefjord	19871	358	1,80	289	120	169	69	55	14
0709 Larvik	17768	323	1,82	257	127	130	66	55	11
0711 Svelvik	1547	16	1,03	13	7	6	3	3	0
0713 Sande	2027	20	0,99	13	7	6	7	6	1
0714 Hof	924	55	5,95	43	8	35	12	10	2
0716 Re	2847	18	0,63	14	9	5	4	3	1
0719 Andebu	1784	10	0,56	5	1	4	5	4	1
0720 Stokke	4685	37	0,79	23	17	6	14	12	2
0722 Nøtterøy	5643	27	0,48	25	17	8	2	2	0
0723 Tjøme	1236	45	3,64	41	6	35	4	4	0
0728 Lardal	829	27	3,26	21	8	13	6	5	1
<i>08 Telemark</i>	<i>75 168</i>	<i>2 674</i>	<i>3,56</i>	<i>2 089</i>	<i>881</i>	<i>1 208</i>	<i>585</i>	<i>440</i>	<i>145</i>
0805 Porsgrunn	17691	575	3,25	467	191	276	108	90	18
0806 Skien	23921	1 105	4,62	870	381	489	235	182	53
0807 Notodden	5467	320	5,85	239	109	130	81	57	24
0811 Siljan	505	7	1,39	5	0	5	2	2	0
0814 Bamble	5442	51	0,94	44	20	24	7	6	1
0815 Kragerø	4436	98	2,21	81	34	47	17	15	2
0817 Drangedal	1170	20	1,71	19	5	14	1	1	0
0819 Nome	2314	19	0,82	16	5	11	3	3	0
0821 Bø	2563	233	9,09	165	56	109	68	40	28
0822 Sauherad	1470	30	2,04	25	3	22	5	4	1

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjenestemenn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0826 Tinn	2946	38	1,29	33	18	15	5	3	2
0827 Hjartdal	590	7	1,19	4	2	2	3	3	0
0828 Seljord	1589	25	1,57	20	14	6	5	5	0
0829 Kviteseid	1113	18	1,62	16	5	11	2	0	2
0830 Nissedal	580	8	1,38	6	3	3	2	2	0
0831 Fyresdal	577	21	3,64	16	3	13	5	3	2
0833 Tokke	1073	19	1,77	15	9	6	4	4	0
0834 Vinje	1721	80	4,65	48	23	25	32	20	12
<i>09 Aust-Agder</i>	44 952	1 603	3,57	1 265	488	777	338	262	76
0901 Risør	2577	50	1,94	41	22	19	9	6	3
0904 Grimstad	8206	439	5,35	361	120	241	78	57	21
0906 Arendal	19798	867	4,38	694	278	416	173	139	34
0911 Gjerstad	972	10	1,03	8	3	5	2	2	0
0912 Vegårshei	621	9	1,45	6	3	3	3	3	0
0914 Tvedstrand	2362	88	3,73	57	27	30	31	20	11
0919 Froland	1229	15	1,22	10	3	7	5	3	2
0926 Lillesand	3306	28	0,85	21	8	13	7	6	1
0928 Birkenes	1553	17	1,09	12	5	7	5	5	0
0929 Åmli	714	22	3,08	18	4	14	4	3	1
0935 Iveland	359	2	0,56	1	0	1	1	1	0
0937 Evje og Hornnes	1511	37	2,45	22	11	11	15	13	2
0938 Bygland	540	7	1,30	6	1	5	1	0	1
0940 Valle	666	9	1,35	6	3	3	3	3	0
0941 Bykle	538	3	0,56	2	0	2	1	1	0
<i>10 Vest-Agder</i>	79 636	2 793	3,51	2 149	856	1 293	644	493	151
1001 Kristiansand	45284	2 312	5,11	1 801	719	1 082	511	377	134
1002 Mandal	5854	116	1,98	85	32	53	31	29	2
1003 Farsund	3698	39	1,05	27	10	17	12	11	1
1004 Flekkefjord	4032	71	1,76	55	18	37	16	14	2
1014 Vennesla	4030	38	0,94	27	10	17	11	11	0
1017 Songdalen	1938	6	0,31	6	4	2	0	0	0
1018 Søgne	3290	32	0,97	26	9	17	6	6	0
1021 Marnardal	777	16	2,06	12	3	9	4	3	1
1026 Åseral	486	5	1,03	2	0	2	3	3	0
1027 Audnedal	674	7	1,04	4	2	2	3	3	0

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1029 Lindesnes	1911	12	0,63	11	3	8	1	1	0
1032 Lyngdal	3621	104	2,87	69	38	31	35	25	10
1034 Hægebostad	653	8	1,23	5	1	4	3	3	0
1037 Kvinesdal	2367	17	0,72	11	4	7	6	5	1
1046 Sirdal	1021	10	0,98	8	3	5	2	2	0
<i>11 Rogaland</i>	209 006	6 289	3,01	5 019	2 272	2 747	1 270	994	276
1101 Eigersund	6117	126	2,06	95	34	61	31	26	5
1102 Sandnes	30061	766	2,55	618	332	286	148	127	21
1103 Stavanger	73227	3 467	4,73	2 767	1 334	1 433	700	523	177
1106 Haugesund	20152	895	4,44	736	300	436	159	128	31
1111 Sokndal	1119	26	2,32	19	0	19	7	7	0
1112 Lund	1527	35	2,29	24	9	15	11	10	1
1114 Bjerkreim	1076	8	0,74	5	1	4	3	3	0
1119 Hå	6584	221	3,36	191	48	143	30	27	3
1120 Klepp	6001	43	0,72	29	10	19	14	11	3
1121 Time	6981	102	1,46	75	35	40	27	27	0
1122 Gjesdal	2899	22	0,76	14	8	6	8	7	1
1124 Sola	15035	141	0,94	123	49	74	18	17	1
1127 Randaberg	3402	27	0,79	16	11	5	11	8	3
1129 Forsand	516	2	0,39	2	1	1	0	0	0
1130 Strand	3726	41	1,10	31	14	17	10	8	2
1133 Hjelmeland	1469	8	0,54	6	4	2	2	2	0
1134 Suldal	1830	15	0,82	9	4	5	6	5	1
1135 Sauda	2036	32	1,57	20	11	9	12	9	3
1141 Finnøy	1311	11	0,84	6	0	6	5	5	0
1142 Rennesøy	991	16	1,61	12	5	7	4	4	0
1144 Kvitsøy	269	94	34,94	74	5	69	20	4	16
1145 Bokn	296	2	0,68	1	1	0	1	1	0
1146 Tysvær	3857	11	0,29	8	3	5	3	2	1
1149 Karmøy	14308	106	0,74	87	42	45	19	16	3
1151 Utsira	109	1	0,92	1	1	0	0	0	0
1160 Vindafjord	4107	71	1,73	50	10	40	21	17	4
<i>12 Hordaland</i>	230 459	10 933	4,74	8 545	3 990	4 555	2 388	1 577	811
1201 Bergen	146515	9 531	6,51	7 439	3 485	3 954	2 092	1 328	764
1211 Etne	1597	11	0,69	10	4	6	1	1	0
1216 Sveio	1157	9	0,78	5	2	3	4	4	0

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte pr 1.3.07	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1219 Bømlo	4493	19	0,42	11	6	5	8	8	0
1221 Stord	9021	366	4,06	272	143	129	94	71	23
1222 Fitjar	1060	5	0,47	5	2	3	0	0	0
1223 Tysnes	991	10	1,01	5	2	3	5	4	1
1224 Kvinnherad	5760	51	0,89	41	20	21	10	9	1
1227 Jondal	488	3	0,61	2	0	2	1	1	0
1228 Odda	3605	62	1,72	51	25	26	11	11	0
1231 Ullensvang	1366	68	4,98	56	30	26	12	10	2
1232 Eidfjord	412	6	1,46	5	4	1	1	1	0
1233 Ulvik	516	6	1,16	4	1	3	2	2	0
1234 Granvin	365	0	0,00						
1235 Voss	6342	143	2,25	126	32	94	17	16	1
1238 Kvam	3860	54	1,40	36	13	23	18	16	2
1241 Fusa	1824	14	0,77	9	4	5	5	4	1
1242 Samnanger	573	8	1,40	5	3	2	3	3	0
1243 Os	5329	50	0,94	45	25	20	5	4	1
1244 Austevoll	2231	44	1,97	32	15	17	12	10	2
1245 Sund	1466	6	0,41	6	5	1	0	0	0
1246 Fjell	8622	74	0,86	59	35	24	15	14	1
1247 Askøy	6151	67	1,09	56	34	22	11	10	1
1251 Vaksdal	1569	26	1,66	23	5	18	3	3	0
1252 Modalen	215	0	0,00						
1253 Osterøy	2535	50	1,97	37	14	23	13	12	1
1256 Meland	1797	6	0,33	5	4	1	1	1	0
1259 Øygarden	1267	9	0,71	6	2	4	3	3	0
1260 Radøy	1555	12	0,77	9	5	4	3	3	0
1263 Lindås	5979	127	2,12	106	58	48	21	17	4
1264 Austrheim	977	9	0,92	7	4	3	2	2	0
1265 Fedje	261	61	23,37	54	3	51	7	3	4
1266 Masfjorden	560	26	4,64	18	5	13	8	6	2
<i>14 Sogn og Fjordane</i>	52 402	1 817	3,47	1 401	609	792	416	320	96
1401 Flora	5344	115	2,15	103	51	52	12	10	2
1411 Gulen	1130	12	1,06	7	2	5	5	5	0
1412 Solund	393	4	1,02	3	2	1	1	1	0
1413 Hyllestad	708	6	0,85	4	1	3	2	2	0
1416 Høyanger	2146	27	1,26	20	12	8	7	6	1
1417 Vik	1289	29	2,25	21	5	16	8	6	2

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1418 Balestrand	604	7	1,16	3	1	2	4	3	1
1419 Leikanger	1327	441	33,23	346	145	201	95	68	27
1420 Sogndal	3872	356	9,19	259	110	149	97	66	31
1421 Aurland	806	40	4,96	38	3	35	2	2	0
1422 Lærdal	1053	15	1,42	14	5	9	1	1	0
1424 Årdal	2816	18	0,64	15	6	9	3	3	0
1426 Luster	1979	14	0,71	14	7	7	0	0	0
1428 Askvoll	1199	11	0,92	6	2	4	5	5	0
1429 Fjaler	1171	32	2,73	21	10	11	11	8	3
1430 Gauldalen	987	10	1,01	9	3	6	1	1	0
1431 Jølster	999	8	0,80	5	1	4	3	3	0
1432 Førde	8604	412	4,79	328	165	163	84	65	19
1433 Naustdal	642	4	0,62	2	2	0	2	2	0
1438 Bremanger	1579	13	0,82	10	3	7	3	3	0
1439 Vågsøy	2893	62	2,14	45	20	25	17	15	2
1441 Selje	1128	11	0,98	5	2	3	6	6	0
1443 Eid	2860	99	3,46	74	31	43	25	20	5
1444 Hornindal	478	2	0,42	2	1	1	0	0	0
1445 Gloppen	2686	41	1,53	26	9	17	15	12	3
1449 Stryn	3709	28	0,75	21	10	11	7	7	0
<i>15 Møre og Romsdal</i>	120 267	3 434	2,86	2 758	1 191	1 567	676	502	174
1502 Molde	15299	938	6,13	756	363	393	182	131	51
1503 Kristiansund	9701	300	3,09	251	115	136	49	38	11
1504 Ålesund	24369	1 020	4,19	880	315	565	140	101	39
1511 Vanylven	1456	18	1,24	15	8	7	3	2	1
1514 Sande	1153	6	0,52	3	1	2	3	3	0
1515 Herøy	3668	23	0,63	17	8	9	6	6	0
1516 Ulstein	4075	79	1,94	50	27	23	29	27	2
1517 Hareid	2020	5	0,25	2	1	1	3	3	0
1519 Volda	4014	360	8,97	264	103	161	96	56	40
1520 Ørsta	4491	121	2,69	94	52	42	27	25	2
1523 Ørskog	895	18	2,01	12	2	10	6	5	1
1524 Norddal	878	3	0,34	3	1	2	0	0	0
1525 Stranda	2393	42	1,76	35	17	18	7	7	0
1526 Stordal	625	1	0,16	1	0	1	0	0	0
1528 Sykkylven	3970	21	0,53	18	9	9	3	2	1
1529 Skodje	1092	6	0,55	4	3	1	2	2	0

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte pr 1.3.07	Tjenestemenn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1531 Sula	2563	18	0,70	13	4	9	5	5	0
1532 Giske	2318	14	0,60	10	5	5	4	4	0
1534 Haram	4124	24	0,58	20	10	10	4	4	0
1535 Vestnes	2851	66	2,31	43	21	22	23	12	11
1539 Rauma	3444	45	1,31	41	18	23	4	3	1
1543 Nesset	1185	11	0,93	7	5	2	4	4	0
1545 Midsund	780	5	0,64	3	1	2	2	1	1
1546 Sandøy	631	3	0,48	2	1	1	1	0	1
1547 Aukra	1389	11	0,79	10	1	9	1	0	1
1548 Fræna	3519	82	2,33	70	38	32	12	9	3
1551 Eide	1403	6	0,43	3	3	0	3	3	0
1554 Averøy	2082	17	0,82	12	5	7	5	5	0
1556 Frei	1122	5	0,45	5	3	2	0	0	0
1557 Gjemnes	815	11	1,35	7	2	5	4	4	0
1560 Tingvoll	1080	39	3,61	23	10	13	16	11	5
1563 Sunndal	3978	37	0,93	28	16	12	9	8	1
1566 Surnadal	2766	45	1,63	31	13	18	14	12	2
1567 Rindal	916	2	0,22	2	1	1	0	0	0
1571 Halsa	735	8	1,09	6	2	4	2	2	0
1573 Smøla	938	12	1,28	7	2	5	5	5	0
1576 Aure	1 529	12	0,78	10	5	5	2	2	0
<i>16 Sør-Trøndelag</i>	<i>146 561</i>	<i>10 854</i>	<i>7,41</i>	<i>7 912</i>	<i>3 279</i>	<i>4 633</i>	<i>2 942</i>	<i>1 483</i>	<i>1 459</i>
1601 Trondheim	100742	10 075	10,00	7 316	3 039	4 277	2 759	1 335	1 424
1612 Hemne	1722	20	1,16	15	5	10	5	3	2
1613 Snillfjord	369	5	1,36	5	0	5	0	0	0
1617 Hitra	1971	18	0,91	13	4	9	5	5	0
1620 Frøya	1945	31	1,59	26	13	13	5	5	0
1621 Ørland	2407	53	2,20	46	25	21	7	7	0
1622 Agdenes	753	2	0,27	1	0	1	1	1	0
1624 Rissa	2767	44	1,59	30	9	21	14	12	2
1627 Bjugn	1699	16	0,94	11	6	5	5	4	1
1630 Åfjord	1521	12	0,79	7	2	5	5	5	0
1632 Roan	421	4	0,95	2	0	2	2	1	1
1633 Osen	448	3	0,67	3	2	1	0	0	0
1634 Oppdal	3162	56	1,77	39	11	28	17	11	6
1635 Rennebu	1179	11	0,93	10	3	7	1	1	0
1636 Meldal	1507	37	2,46	28	12	16	9	5	4

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1638 Orkdal	5647	112	1,98	74	40	34	38	28	10
1640 Røros	3279	72	2,20	58	9	49	14	13	1
1644 Holtålen	725	17	2,34	15	5	10	2	1	1
1648 Midtre Gauldal	2764	70	2,53	58	17	41	12	9	3
1653 Melhus	4220	108	2,56	89	47	42	19	16	3
1657 Skaun	1321	16	1,21	13	6	7	3	3	0
1662 Klæbu	1236	19	1,54	14	8	6	5	5	0
1663 Malvik	2689	34	1,26	27	14	13	7	7	0
1664 Selbu	1684	17	1,01	11	2	9	6	5	1
1665 Tydal	383	2	0,52	1	0	1	1	1	0
<i>17 Nord-Trøndelag</i>	58 171	2 083	3,58	1 619	698	921	464	358	106
1702 Steinkjer	9844	913	9,27	710	299	411	203	154	49
1703 Namsos	6674	215	3,22	164	79	85	51	43	8
1711 Meråker	968	15	1,55	14	6	8	1	1	0
1714 Stjørdal	9428	200	2,12	160	67	93	40	29	11
1717 Frosta	891	8	0,90	6	3	3	2	2	0
1718 Leksvik	1499	12	0,80	9	7	2	3	3	0
1719 Levanger	8766	438	5,00	328	159	169	110	77	33
1721 Verdal	6088	78	1,28	66	23	43	12	12	0
1723 Mosvik	306	0	0,00						
1724 Verran	942	9	0,96	7	3	4	2	1	1
1725 Namdalseid	666	7	1,05	5	1	4	2	1	1
1729 Inderøy	1886	15	0,80	11	3	8	4	3	1
1736 Snåsa	937	29	3,09	22	10	12	7	6	1
1738 Lierne	663	9	1,36	7	3	4	2	2	0
1739 Rørvik	226	1	0,44	1	1	0	0	0	0
1740 Namsskogan	415	8	1,93	7	0	7	1	1	0
1742 Grong	1150	44	3,83	40	8	32	4	4	0
1743 Høylandet	502	0	0,00						
1744 Overhalla	1286	12	0,93	11	5	6	1	1	0
1748 Fosnes	231	1	0,43	0	0	0	1	1	0
1749 Flatanger	437	7	1,60	4	2	2	3	3	0
1750 Vikna	2212	32	1,45	26	10	16	6	6	0
1751 Nærøy	1901	24	1,26	18	7	11	6	5	1
1755 Leka	253	6	2,37	3	2	1	3	3	0

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
18 Nordland	110 496	5 487	4,97	4 635	2 180	2 455	852	635	217
1804 Bodø	25796	1 891	7,33	1 618	736	882	273	174	99
1805 Narvik	8824	474	5,37	399	146	253	75	43	32
1811 Bindal	655	7	1,07	6	2	4	1	1	0
1812 Sømna	893	5	0,56	4	2	2	1	1	0
1813 Brønnøy	3567	519	14,55	447	245	202	72	64	8
1815 Vega	489	5	1,02	2	2	0	3	2	1
1816 Vevelstad	188	1	0,53	1	1	0	0	0	0
1818 Herøy	828	8	0,97	6	5	1	2	2	0
1820 Alstahaug	3573	137	3,83	105	44	61	32	27	5
1822 Leirfjord	722	29	4,02	19	14	5	10	8	2
1824 Vefsn	6579	244	3,71	223	77	146	21	14	7
1825 Grane	554	17	3,07	17	5	12	0	0	0
1826 Hattfjelldal	669	21	3,14	12	8	4	9	8	1
1827 Dønna	570	6	1,05	4	2	2	2	2	0
1828 Nesna	836	151	18,06	125	63	62	26	18	8
1832 Hemnes	1496	11	0,74	11	6	5	0	0	0
1833 Rana	11666	988	8,47	837	466	371	151	129	22
1834 Lurøy	843	6	0,71	5	2	3	1	1	0
1835 Træna	207	1	0,48	0	0	0	1	1	0
1836 Rødøy	602	7	1,16	5	0	5	2	2	0
1837 Meløy	2959	29	0,98	22	9	13	7	7	0
1838 Gildeskål	782	9	1,15	7	2	5	2	2	0
1839 Beiarn	429	5	1,17	4	0	4	1	1	0
1840 Saltdal	2086	35	1,68	30	10	20	5	5	0
1841 Fauske	3550	166	4,68	139	64	75	27	17	10
1845 Sørfold	862	8	0,93	6	2	4	2	1	1
1848 Steigen	1024	13	1,27	5	1	4	8	5	3
1849 Hamarøy	773	12	1,55	9	4	5	3	2	1
1850 Tysfjord	815	21	2,58	21	9	12	0	0	0
1851 Lødingen	934	55	5,89	48	10	38	7	6	1
1852 Tjeldsund	458	50	10,92	42	12	30	8	8	0
1853 Evenes	654	4	0,61	1	0	1	3	3	0
1854 Ballangen	857	9	1,05	8	5	3	1	1	0
1856 Røst	310	2	0,65	2	2	0	0	0	0
1857 Værøy	350	7	2,00	5	1	4	2	2	0
1859 Flakstad	618	4	0,65	3	2	1	1	0	1

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1860 Vestvågøy	4667	79	1,69	65	32	33	14	12	2
1865 Vågan	4167	135	3,24	118	50	68	17	11	6
1866 Hadsel	3676	43	1,17	37	21	16	6	6	0
1867 Bø	1022	15	1,47	13	6	7	2	2	0
1868 Øksnes	1923	15	0,78	10	6	4	5	5	0
1870 Sortland	5053	217	4,29	174	95	79	43	36	7
1871 Andøy	2469	23	0,93	18	9	9	5	5	0
1874 Moskenes	501	3	0,60	2	2	0	1	1	0
<i>19 Troms</i>	<i>77 475</i>	<i>5 446</i>	<i>7,03</i>	<i>4 404</i>	<i>2 086</i>	<i>2 318</i>	<i>1 042</i>	<i>653</i>	<i>389</i>
1901 Harstad	11589	548	4,73	488	230	258	60	50	10
1902 Tromsø	37760	4 136	10,95	3 296	1 563	1 733	840	486	354
1911 Kvæfjord	1269	9	0,71	8	4	4	1	1	0
1913 Skånland	1005	11	1,09	11	4	7	0	0	0
1915 Bjarkøy	185	3	1,62	2	0	2	1	1	0
1917 Ibestad	567	8	1,41	5	3	2	3	3	0
1919 Gratangen	414	4	0,97	2	0	2	2	1	1
1920 Lavangen	349	3	0,86	2	1	1	1	1	0
1922 Bardu	1806	251	13,90	223	102	121	28	27	1
1923 Salangen	950	60	6,32	49	24	25	11	7	4
1924 Målselv	3667	37	1,01	31	16	15	6	5	1
1925 Sørreisa	1053	14	1,33	8	3	5	6	5	1
1926 Dyrøy	396	3	0,76	2	2	0	1	1	0
1927 Tranøy	529	5	0,95	4	2	2	1	0	1
1928 Torsken	415	3	0,72	3	0	3	0	0	0
1929 Berg	401	4	1,00	2	1	1	2	2	0
1931 Lenvik	5412	203	3,75	154	81	73	49	38	11
1933 Balsfjord	2257	31	1,37	25	16	9	6	5	1
1936 Karlsøy	940	9	0,96	7	2	5	2	2	0
1938 Lyngen	1223	7	0,57	5	1	4	2	2	0
1939 Storfjord	669	22	3,29	20	5	15	2	2	0
1940 Gaivuotna – Kåfjord	710	8	1,13	5	3	2	3	2	1
1941 Skjervøy	1221	14	1,15	9	2	7	5	3	2
1942 Nordreisa	2152	47	2,18	38	20	18	9	8	1
1943 Kvænangen	536	6	1,12	5	1	4	1	1	0

Tabell 1.2

Fylke/Kommune	Syssel-satte	Tjeneste-menn pr 1.3.07	Tjeneste-menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
<i>20 Finnmark</i>	35 004	2 341	6,69	1 976	965	1 011	365	287	78
2002 Vardø	931	74	7,95	63	27	36	11	8	3
2003 Vadsø	3155	465	14,74	393	196	197	72	58	14
2004 Hammerfest	5592	227	4,06	206	114	92	21	18	3
2011 Guovdage-aidnu-Kautokeino	1355	232	17,12	175	103	72	57	37	20
2012 Alta	9021	513	5,69	446	226	220	67	47	20
2014 Loppa	435	7	1,61	5	2	3	2	2	0
2015 Hasvik	396	9	2,27	4	2	2	5	5	0
2017 Kvalsund	350	7	2,00	5	2	3	2	1	1
2018 Måsøy	556	14	2,52	8	2	6	6	6	0
2019 Nordkapp	1445	91	6,30	84	26	58	7	4	3
2020 Porsanger	1920	62	3,23	53	28	25	9	8	1
2021 Karasjohka-Karasjok	1366	151	11,05	118	57	61	33	29	4
2022 Lebesby	585	17	2,91	12	6	6	5	5	0
2023 Gamvik	394	8	2,03	4	2	2	4	4	0
2024 Berlevåg	419	17	4,06	14	5	9	3	3	0
2025 Deatnu – Tana	1290	33	2,56	26	11	15	7	6	1
2027 Unjarga-Nesseby	357	14	3,92	12	8	4	2	1	1
2028 Båtsfjord	968	17	1,76	13	9	4	4	4	0
2030 Sør-Varanger	4469	383	8,57	335	139	196	48	41	7
<i>21 Svalbard</i>	1 267	66	5,21	64	17	47	2	2	0
2111 Spitsbergen	1255	53	4,22	51	14	37	2	2	0
2121 Bjørnøya	8	9	112,50	9	3	6	0	0	0
2131 Hopen	4	4	100,00	4	0	4	0	0	0
<i>2211 Jan Mayen</i>	4	4	100,00	4	1	3	0	0	0
<i>Utenriks tj.menn</i>		659		648	298	350	11	7	4
<i>Uoppgett</i>		14 617		13 819	1 936	11 883	798	288	510

Vedlegg 2

**Oppgåve frå departementa over konstitueringar
i embete og over mellombelse og oppretta stillingar i perioden
01.07.2006–30.06.2007**

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Ein dommar i Arbeidsretten er konstituert for perioden 1. mars 2007 til 31. august 2008, som ei prøveordning med ein tredje fast dommar.

Finansdepartementet

Ein avdelingsdirektør er framleis konstituert for ca. 1 år, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Ein avdelingsdirektør er konstituert i embetet fra 6. august 2007 til 31. januar 2008, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Forsvarsdepartementet

Ein underdirektør er konstituert i embetet fra 22. september 2006 til 5. september 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Helse- og omsorgsdepartementet

Ein fylkeslege er konstituert i embetet fra 7. september 2006 til 3. september 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har studiepermisjon.

Justis- og politidepartementet

1. Ein fyrstestatsadvokat er konstituert i embetet fra 4. august, men ikkje utover 31. des. 2006, fordi den faste stillingsinnehavaren skal gjere teneste i Eurojust.
2. Ein statsadvokat er konstituert i embetet fra 4. august, men ikkje utover 31. des. 2006, fordi den faste stillingsinnehavaren er langtidssjukmeldt.
3. Ein ekstraordinær lagdommar er konstituert i embetet fra 1. desember 2006 til og med 30. november 2008, fordi det var trong for ein ekstraordinær dommar.
4. Ein ekstraordinær lagdommar er konstituert i embetet fra 1. september 2006 til og med 31. august 2008, fordi det var trong for ein ekstraordinær dommar.
5. Ein dommar er konstituert i embetet fra 10. august og så lenge Høgsterett bestemmer, men ikkje utover 31. desember 2006.

6. Ein lagdommar er framleis konstituert i embetet frå 1. august til og med 31. desember 2006.
7. Ein ekstraordinær lagdommar er konstituert i embetet frå 1. desember 2006 til og med 30. november 2008, fordi det var trong for ein ekstraordinær dommar.
8. Ein ekstraordinær lagdommar er konstituert i embetet frå 1. november 2006 til og med 31. oktober 2008, fordi det var trong for ein ekstraordinær dommar.
9. Ein tingrettsdommar er konstituert i embetet frå 1. desember 2006 til 31. august 2007 med høve til forlenging, pga. sjukdom.
10. Ein dommar er framleis konstituert i embetet med tiltreding frå 1. januar 2007 og så lenge Høgsterett bestemmer, men ikkje utover 8. april 2007.
11. Ein sorenskrivar er framleis konstituert i embetet fordi strukturendringane i Stavanger er utsette til 1. juli 2007. Det er difor trong for ei forlenging av noverande konstitusjon.
12. Ein avdelingsdirektør er konstituert i embetet for inntil to år frå 1. januar 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren skal arbeide med ny strafelov.
13. Ein lovrådgjevar er konstituert i embetet for inntil to år frå 1. januar 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren er konstituert som avdelingsdirektør.
14. Ein direktør er konstituert i embetet til og med 31. desember 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren skal leie eit prosjekt.
15. Ein statsadvokat er framleis konstituert i embetet til og med 31. desember 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.
16. Ein statsadvokat er framleis konstituert i embetet til og med 30. juni 2007, fordi arbeidssituasjonen er svært hardt pressa og det er naudsynt å styrke bemanninga.
17. Ein lovrådgjevar er framleis konstituert i embetet til og med 30. juni 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

18. To statsadvokatar er framleis konstituerte i embeta til og med 30. juni 2007, fordi dei faste stillingsinnehavarane har permisjon.
19. Ein dommar er konstituert i embetet frå 16. april 2007 til og med 20. mai 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har fått permisjon utan løn.
20. Ein ekstraordinær lagdommar er konstituert i embetet frå 1. april 2007 til og med 28. februar 2009 fordi det var trong for ein ekstraordinær dommar.
21. Ein statsadvokat er framleis konstituert i embetet, men ikkje ut over 31. desember 2009, fordi den faste stillingsinnehavaren gjer teneste i Eurojust.
22. Ein dommar er konstituert i embetet frå 23. april 2007 til og med 17. juni 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren er sjukmeldt.
23. To ekstraordinære lagdommarar er konstituerte frå 1. juni 2007 til 31. mars 2009, fordi det var trong for ekstraordinære dommarar.
24. Ein statsadvokat er framleis konstituert i embetet til og med 28. februar 2008.
25. Ein lagdommar er konstituert i embetet frå 1. mai 2007 til 30. april 2008, fordi den faste stillingsinnehavaren er mellombels uføretrygda.
26. Ein tingrettsdommar er konstituert i embetet frå 14. mai 2007, førebels for eit år, med mogleg høve til forlenging.
27. Ein ekstraordinær lagdommar er konstituert i embetet frå 1. januar 2008 til og med 31. desember 2009, fordi det er trong for ein ekstraordinær dommar i lagmannsretten.
28. Ein ekstraordinær lagdommar er konstituert i embetet frå 1. august 2007 til og med 31. mai 2009, fordi det er trong for ein ekstraordinær dommar.
29. Ein visepolitimester er framleis konstituert i embetet fram til 1. januar 2008.

Kommunal- og regionaldepartementet

Ein underdirektør er konstituert i embetet frå 16. august 2007 til 15. august 2009, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Kunnskapsdepartementet

1. Ein avdelingsdirektør er konstituert i embetet frå 15. februar 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon for å arbeide i ei anna stilling fram til august 2008.
2. Ein avdelingsdirektør er konstituert i embetet frå 11. desember 2006 til 31. desember 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon for å leie sekretariatet til Stjernø-utvalet.

Kultur- og kyrkjedepartementet

Ein departementsråd er konstituert i embetet frå 10. april 2007 til og med 31. desember 2009, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Landbruks- og matdepartementet

Ein avdelingsdirektør er konstituert i embetet for inntil to år frå 26. februar 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Nærings- og handelsdepartementet

Ein avdelingsdirektør er konstituert i embetet frå 1. januar til 31. mai 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Olje- og energidepartementet

Ein avdelingsdirektør er konstituert i embetet frå 24. november 2006 og fram til 1. august 2007, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Samferdselsdepartementet

Ein underdirektør er konstituert i embetet frå 30. mars 2007 og ca. 1 år, fordi den faste stillingsinnehavaren har permisjon.

Embetsutnemningar – fordeling av stillinger i perioden 1. juli 2002 – 30. juni 2007

Område	2002–2003		2003–2004		2004–2005		2005–2006		2006–2007		Heile perioden 2002–2007							
	Totalt Kvinner	Menn	Totalt Kvinner	Menn	Totalt Kvinner	Menn												
SMK	2	1	1	0	0	0	2	0	2	1	0	1	0	0	5	1	4	
AAD	10	7	3	5	1	4	2	1	1	–	–	–	–	–	17	9	8	
BFD	3	2	1	2	0	2	3	2	1	1	1	0	–	–	9	5	4	
FIN	11	6	5	17	6	11	17	7	10	22	10	12	11	3	8	78	32	46
FID	2	0	2	3	0	3	0	0	0	–	–	–	–	–	5	0	5	
FD	72	4	68	66	4	62	47	0	47	28	2	26	27	6	21	240	16	224
JD	109	40	69	52	23	29	103	27	76	108	33	75	106	42	64	478	165	313
KRD	10	4	6	6	2	4	12	4	8	13	8	5	4	1	3	45	19	26
LD	13	5	8	15	6	9	2	0	2	–	–	–	–	–	30	11	19	
MD	3	1	2	5	3	2	2	1	1	4	3	1	7	5	2	21	13	8
NHD	8	5	3	1	1	0	5	3	2	5	0	5	8	4	4	27	13	14
OED	6	0	6	8	0	8	3	1	2	9	2	7	5	0	5	31	3	28
SD	5	2	3	5	0	5	3	1	2	4	2	2	8	3	5	25	8	17
UD	91	24	67	68	15	53	82	18	64	83	29	54	109	42	67	433	128	305
<i>Departement frå 1. januar 2002:</i>																		
HD	13	8	5	8	3	5	0	0	0	–	–	–	–	–	21	11	10	
KKD	6	3	3	6	2	4	13	5	8	13	4	9	14	7	7	52	21	31
SOS	3	2	1	5	2	3	1	0	1	–	–	–	–	–	9	4	5	
UFD	5	2	3	8	6	2	10	6	4	10	5	5	–	–	33	19	14	
<i>Departement frå 1. oktober 2004:</i>																		
ASD					10	3	7	5	0	5	–	–	–	15	3	12		
HOD					6	3	3	13	8	5	12	5	7	31	16	15		
MOD					6	3	3	3	0	3	–	–	–	9	3	6		
FKD					2	2	0	4	1	3	2	1	1	8	4	4		
LMD					8	4	4	7	3	4	4	0	4	19	7	12		
<i>Departement frå 1. januar 2006:</i>																		
AID								7	3	4	17	10	7	24	13	11		
BLD								2	2	0	2	0	2	4	2	2		
KD								10	6	4	7	5	2	17	11	6		
FAD								3	3	0	5	1	4	8	4	4		
Totalt	372	116	256	280	74	206	339	91	248	355	125	230	348	135	213	1694	541	1153

Prosentvis kjønnsfordeling på tilsette

2002–2003		2003–2004		2004–2005		2005–2006		2006–2007	
Kvinner	Menn								
31%	69%	26%	74%	27%	73%	35%	65%	39%	61%

Prosentvis kjønnsfordeling på *tilsett* for heile perioden 2002–2007 Kvinner 32% Menn 68%